

Ein vestnorsk intonasjonsfonologi

Jardar Eggesbø Abrahamsen

Dr.art.-avhandling
Institutt for språk- og kommunikasjonsstudium
Det historisk-filosofiske fakultet
Noregs teknisk-naturvitenskaplege universitet
Trondheim 2003

Prenta av NTNU-trykk, Trondheim

ISBN 82-471-5232-0

Innhald

| | |
|---|-----|
| Innhald | i |
| Føreord | v |
| 1 Innleiing | 1 |
| 1.1 Kva denne studien er og ikkje er | 1 |
| 1.2 Trykk og tone | 5 |
| 1.3 Eldre toneforskning i norsk | 8 |
| 1.4 Nyare toneforskning i norsk | 12 |
| 1.5 Datatilnærming og transkripsjonskonvensjonar | 14 |
| 2 Det prosodiske hierarkiet | 17 |
| 2.1 Trondheimsmodellen | 19 |
| 2.2 Ontologisk status | 22 |
| 2.3 Aksentfrase (AP) og prosodisk ord (ω) | 23 |
| 2.3.1 Den interne strukturen til AP | 24 |
| 2.3.2 Tonelag: ord eller AP? | 27 |
| 2.3.3 Prosodisk ord | 29 |
| 2.4 AP og IP | 41 |
| 2.4.1 Eigenskapar ved IP | 42 |
| 2.4.2 IP og ikkje IP: To slags neddrift | 44 |
| 2.4.3 Lyttetestar | 47 |
| 2.4.3.1 Generelt om lyttetestane | 49 |
| 2.4.3.2 Spesielt om lyttetestane | 52 |
| 2.4.3.3 Lyttetest for mediale AP-ar: dyret-testen | 55 |
| 2.4.3.4 Lyttetestar for finale AP-ar: «Renault-testen» og «gryte-testen» | 70 |
| 2.4.4 Oppsummering av lyttetestane | 83 |
| 2.4.5 Etter lyttetestane: litt meir fokus | 84 |
| 2.4.5.1 L] i fokus igjen | 84 |
| 2.4.5.2 Fokus i eit par andre høgtonedialektar | 87 |
| 2.4.6 Ei oppsummering av 2.4 | 94 |
| 2.5 IU og IP | 96 |
| 2.5.1 IU-grensetone | 96 |
| 2.5.2 Manglande neddrift | 100 |

| | | |
|--------------|--|-----|
| 3 | Assosiering | 105 |
| 3.1 | Prominenstonen og AP-grensetonen: data frå tonelag 1 | 105 |
| 3.2 | Prominenstonen og AP-grensetonen: data frå tonelag 2 | 109 |
| 3.3 | Den leksikalske tonen | 112 |
| 3.3.1 | Ein mogeleg parallell i latvisk | 114 |
| 3.3.2 | Ein optimalitetsteoretisk analyse | 116 |
| 3.4 | Tonelag 2-AP-ar med tre moraer: konsekvensar for AP-grensetonen | 120 |
| 3.5 | AP-grensetonen og IU-grensetonen | 129 |
| 3.6 | Ein kommentar om assosiering | 138 |
| 4 | Materiale utanfor AP | 141 |
| 4.1 | Anakrusar og ikkje-initiale parallellar | 143 |
| 4.1.1 | Anakrusar | 144 |
| 4.1.2 | AP-eksterne stavingar som ikkje er ytringsinitiale | 148 |
| 4.2 | IP-dominert H: konsekvensar for tonelag 2 | 155 |
| 4.2.1 | Restriksjonar på HL | 158 |
| 4.2.2 | Tonelag 2: ein ekstra tone eller ein «skillnad i timing»? | 165 |
| 4.2.3 | Er den leksikalske tonen ein leksikalsk tone? | 170 |
| 4.3 | IP-dominert H: eit spesialtilfelle ved tonelag 1 | 176 |
| 5 | Samansette ord | 181 |
| 5.1 | Oversyn | 181 |
| 5.2 | Diakron evidens | 184 |
| 5.3 | Synkron evidens | 186 |
| 5.4 | Morfologisk status og morfologiske tilhøve | 190 |
| 5.4.1 | Morfologi mot fonologi | 190 |
| 5.4.2 | Morfologiske strukturar | 193 |
| 5.4.3 | Det prosodiske ordet igjen | 197 |
| 5.5 | Metriske strukturar | 201 |
| 5.5.1 | Eit tilsynelatande spesialtilfelle | 201 |
| 5.5.2 | Blokking av morfologisk avhengig trykktilordning | 212 |
| 5.6 | Sluttmerknader om etterlekkstrykk | 214 |
| 6 | Sluttord | 217 |

| | |
|---|-----|
| Vedlegg | 221 |
| Tabellar over lyttetestane i delkapittel 2.4 | 221 |
| Lyttetest: Det store dyret åt den neddopa mannen | 222 |
| Lyttetest: Eg sette meg vitterleg inn i Renaulten | 232 |
| Lyttetest: Eg har stole ei gryte i Trondheim | 238 |
| Litteratur | 245 |

Føreord

Våren 1995 las eg korrektur på hovudfagsoppgåva til Ingunn Tronstad, *Myter og realiteter om norsk intonasjon* (Tronstad 1995). Jamvel om eg hadde hatt intonasjon på pensumet på lingvistikk grunnfag nokre år tidlegare, var det fyrst med Tronstad at den særlege interessa for intonasjonsfonologi vart vekt.

Etter fleire søkjerundar fekk eg den jolegåva i 1997 at Noregs forskingsråd hadde løyvt pengar til det individuelle doktorgradsstipendet eg hadde søkt om. Eg byrja i stipendiatstillinga 1. juni 1998, og slutta den 28. februar 2003. Sluttdatoen var noko forskuva i forhold til den opphavlege planen fordi eg undervegs hadde nokre sjukmeldingar og ein permisjon for å undervisa.

Eg har heile tida hatt arbeidsstad ved Lingvistisk institutt (frå hausten 2002: Institutt for språk- og kommunikasjonsstudium), universitetet i Trondheim (som formelt sett har det noko misvisande namnet NTNU). Som rettleiar hadde eg i starten professor Thorstein Fretheim ved same institutt, medan medrettleiaren var professor Curt Rice ved Engelsk institutt (sidan: Institutt for språkvitskap), Universitetet i Tromsø.

Den fyrste delen av stipendperioden var diverre mykje merkt av sjukdom. Etter kvart vart også rettleiarkabalen lagd på nytt, og frå august 2000 hadde eg professor Gjert Kristoffersen som hovudrettleiar (Nordisk institutt, Universitetet i Bergen). Som nye medrettleiarar hadde eg professor Wim van Dommelen (Lingvistisk institutt, Trondheim) og fyrsteamanuensis Randi Alice Nilsen (Institutt for nordistikk og litteraturvitskap, Trondheim).

Avhandlinga er sjølvstekt noko merkt både av rettleiarskiftet og av at arbeidet skaut fart i 2001, etter dei innleiande sjukdomsperiodane.

Dei fem rettleiarane har hatt ulike faglege bakgrunnar, og har sjølvstekt ytt ulike typar rettleiing. Alle skal takkast for sine respektive innsatsar, i tilfeldig rekkjefylgd:

Wim van Dommelen er fonetikar, og har fungert som fagleg kontakt på instituttet, ettersom hovudrettleiaren sat i Bergen. I rettleiarrolla har van Dommelen vore spesielt oppteken av at kommunikasjonen mellom Gjert Kristoffersen og meg skulle gå fint trass i den geografiske avstanden, og han har funne fram til relevant fonetisk litteratur for meg når eg har trunge det.

Randi Alice Nilsen har gjeve omfattande responsar (og sunn motstand), særleg på kapittel 2. Samtalane med henne har ikkje vore mange, men til gjengjeld har dei vore lange.

Gjert Kristoffersen skal takkast særskilt for (stundom fånyttas) å ha kome med kritiske, konstruktive og heilskaplege merknader til det eg har skrivne, og Curt Rice for måten han har oppmuntra meg på.

Thorstein Fretheim hadde nokre merknader til nokre tidlege utkast til det som no er byrjinga av kapittel 2, og var sjølv sagt òg den som i si tid gav meg den fyrste innføringa i intonasjon. Elles rakk ikkje det fyrste rettleiarparet å rettleia meg så mykje.

Det er ei sanning i klisjeen om at det er eg, som forfattar av avhandlinga, som er ansvarleg for alle veikskapane: Ulike fagfolk vil oppdaga ulike veikskapar, men det er eg, ikkje rettleiarane, som må svara for breidda i veikskapsrepertoaret. Rettleiarar kan i høgda berre hjelpe til med å luka ut delar av det veike, til dømes gjennom direkte påpeikingar og gjennom inspirasjon som eg kan ha vore både meir og mindre mottakeleg for. Og det som er att av veikskapar til slutt, kjem visseleg frå meg sjølv, vonleg saman med mesteparten av styrkane. Det må leggjast til at ei personleg fagleg utvikling heldigvis ikkje endar når ein leverer avhandlinga si.

I tillegg til å takka rettleiarane fortener instituttet som heilskap heider for den uformelle omgangstonen som gjer instituttet til ein triveleg stad å vera. Elles ville det ikkje ha vore like greitt å sitja og arbeida for seg sjølv.

Ei takk går òg til informantane, både dei eg har hatt inne på kontoret mitt, og dei som eg har analysert utan at dei har visst det, m.a. eit knippe budsjettdebatterande kommunestyrerepresentantar i Herøy på Sunnmøre som Bygderadio Vest skaffa meg opptak av.

Tusen takk til Judith, som har fungert både som medisin og som assisterande korrekturlesar.

Trondheim, 24. mars og 11. september 2003

Jardar Eggesbø Abrahamsen

Merknad

I denne endelege versjonen av avhandlinga er dei styggaste trykkfeila retta, og nokre få stader er det gjort nokre mindre endringar. Elles er alt som før disputasen (som fann stad 10. oktober 2003), medrekna pagineringa og alle veikskapane i teori og metode.

Trondheim, desember 2003

Jardar Eggesbø Abrahamsen

1 Innleiing

Menneskespråka har tonar. Når me snakkar, går grunntonefrekvensen vekselvis opp og ned ut gjennom ytringa. Denne variasjonen på ytringsnivå vert kalla **intonasjon**. Hadumod Bußmann (1990:352f) skriv m.a. dette i artikkelen om *Intonation*:

Intonation [lat. *intonāre* ›stimmen‹].

(1) Im weiteren Sinne: Gesamtheit der prosodischen Eigenschaften von sprachlichen Äußerungen, die nicht an einen Einzellaute gebunden sind (→Prosodie). Da intonatorische Merkmale die segmentierbaren Einzellaute überlagern, nennt man sie auch →Suprasegmentale Merkmale. [...] I. i. w. S. ist bezogen auf eine Silbe, ein Wort, ein Satzglied (eine Phrase) oder einen Satz.

[...]

(2) Im engeren Sinne (besonders in der Slawistik): auf morphologisch definierte Segmente (Morphe, Wörter) bezogene Erscheinungen der Tonhöhenverlaufs in →Tonsprachen.

Medan Bußmanns tronge definisjon 2 m.a. passar på det som me i norsk kjenner som *tonelag*, er det den vidare definisjon 1 som ligg nærast det som eg skal presentera i denne studien: tonegangen i ytringar og i delar av ytringar. Jamvel om dette også femner om tonelagsfenomenet i norsk, vil tonelag likevel verta presentert berre som ein del av ein større tonal heilskap i språket.

1.1 Kva denne studien er og ikkje er

Kolbjørn Slethei (1996:106) skriv m.a. dette om intonasjon:

Det er mulig å isolere minst **fire** forskjellige funksjoner intonasjon kan ha:

1. Intonasjon kan ha samme funksjon som en **syntaktisk operasjon**. Utsagnet «det regner» vil høres ut på to helt ulike måter om det er «Det regner!» sammenlignet med «Det regner?». I stedet for å forandre ordrekkefølgen har vi forandret intonasjonen, og oppnådd det samme: Vi har formulert et spørsmål.

Slethei legg til at det ikkje finst noko éin til éin-forhold mellom gjevne intonasjonsmønster og gjevne syntaktiske kategoriar. Tronstad (1995:51ff) kjem då òg fram til at det ikkje finst nokon eigen «spørsmålsintonasjon» i norsk.

1 Innleiing

Slethei held fram (utdrag):

2. Intonasjon kan signalisere **verdikoding** av ytringen. En kan indikere entusiasme og glede, surhet og tverrhet, skepsis og mismot. Vi bruker også stemmekvaliteter til slik verdikoding. Verdikodingen kan gjelde innholdet i ytringen, men den kan også gjelde den vi snakker til.
3. Vi kan også **adressere** talen til bestemte adressater, og utelukke andre adressater ved valg av intonasjonsmønster. Dette ser vi mest tydelig når en snakker til små barn eller dyr. Hvis det er åpenbart at barnet eller dyret ikke har mulighet for å delta i samtalen, kan vi adressere utsagnet ved å bruke intonasjonsmønster vi aldri ville bruke til andre.

Desse siste to punkta handlar om ein type pragmatisk og sosiolingvistisk funksjon, der noko kjem til uttrykk gjennom fonetiske eigenskapar ved intonasjonen. Det ligg nær å tenkja på det som i sosiolingvistikken er kjent som *baby talk* eller *caretaker speech*, som typisk kjem føre når ein vaksen snakkar til eit barn eller til kjærasten sin, og som er karakterisert m.a. av «sometimes [...] exaggerated INTONATION patterns» (Richards et al. 1985:34).

Slethei avsluttar med dette punktet:

4. Det finnes undersøkelser som tyder på at visse intonasjonsmønster kan være **kjønnsesifikke**. Det har ikke vært undersøkt for norsk, men det har vært hevdet at visse intonasjonsmønster i amerikansk engelsk er sosialt "forbudt" for menn. Hvis menn likevel bruker dem, vil de kunne bli oppfattet som feminine eller homofile.

Dette punktet seier òg noko om sosiolingvistisk funksjon. Det som likevel er sams for alle dei fire punkta han listar opp, er at dei tek utgangspunkt i *måten* som ulike tonale fenomen vert brukte på. Det kan vera snakk om å bruka eit høgt frekvensregister eller overdrivne tonerørsler som i *baby talk*; eller det kan vera *no big deal*-intonasjon, der ytringa byrjar heller høgt og fell fort nedover slik at ho sluttar heller lågt, noko som har ein bagatelliserande effekt, t.d. at det som ein bed om, kostar vedkomande lite å utføra (Nilsen og Fretheim 1992). Mønsteret er (om ein har sosiale antenner) avgrensa til heller intime kontekstar.

I denne studien kjem eg *ikkje* til å sjå på pragmatisk, psykolingvistisk eller sosiolingvistisk variasjon i intonasjonen. Eg kjem heller ikkje til å sjå på dei fonetiske karakteristika ved intonasjon i ulike pragmatisk eller sosiolingvistiske funksjonar.

Derimot skal eg sjå på det grammatiske grunnlaget for intonasjon, dvs. *dei fonologiske strukturane i tonegangen gjennom ytringar*. Eg skal sjå på *språkstruktur*, og ikkje på *bruksmåtar for språk*. Det kjem dermed ikkje på tale å leita etter t.d. situasjonsavhengige skilnader i distribusjonen av ulike

måtar å intonera på, og eg skal ikkje taka opp spørsmål av typen «kva tyder/signaliserer denne intonasjonen». Slike spørsmål vil sjølvsagt likevel vera relevante når ein skal presentera ulike fonologiske intonasjonsmønster, sidan ulike intonasjonsmønster vil vera relevante i ulike språklege kontekstar (sjå t.d. lyttetestane i delkapittel 2.4), men eg kjem ikkje til å analysa dei pragmatiske funksjonane.

Sameleis som ein morfolog ikkje vil bry seg om i kva grad ordet *trollet* representerer ein skapning i den verkelege verda, men i staden vil konsentrera seg om den morfologiske strukturen, så vil ikkje eg bry meg med kva eit gjeve intonasjonsmønster «tyder», men vil i staden konsentrera meg om den fonologiske strukturen. Eg vil freista å seia noko om korleis ulike fonologiske konstituentar¹ samhandlar, og sjølvsagt kva for konstituentar som *finst* i intonasjonsfonologien.

Eg held meg til generativ fonologi (autosegmental fonologi og nokre optimalitetsteoretiske analysar), og vil i tråd med dette operera med tonane H (Høg) og L (Låg). Autosegmental fonologi er velkjend i fagmiljøet, og vil ikkje verta gjort spesielt greie for. Optimalitetsteori vil få ein stutt presentasjon, men eg vil gå ut ifrå at lesaren er kjend med teorien frå før. Ein kan elles tilrå bøker som Kager (2001) og McCarthy (2002).

Det meste av tonal forskning som gjeld norsk språk, tek utgangspunkt i austnorske dialektar (austlandsk og trøndersk). I litteraturlista er dette fyrst og fremst representert av Alnæs (1916), Kristoffersen (1992, 2000), Tronstad (1995) og det meste av Thorstein Fretheim og Randi Alice Nilsen. Litt finst likevel om vestlandsk og nordnorsk (særleg Lorentz 1981, 1995; Hognestad 1997; Bakke 2001), men då stort sett med fokus på einskildord framfor fulle ytringar. Nilsen (2001) har studert det geografiske overgangsområdet mellom lågtone- og høgtonedialektar på Sørlandet, men med dialektologisk vinkling framfor fonologisk. Visse eldre, førgenerative studiar finst (Selmer 1921, 1948).

Alnæs (1916:2) konstaterte:

Jeg har begrenset mig til at skildre det østlandske maal, som er mit eget; det er man vistnok nødt til naar det gjælder saa fine og flygtige ting som de melodiske forhold. For de vestlandske og for de øvrige maa jeg nøie mig med at henise til hvad Storm, Larsen m. fl. har skrevet. Deres undersøkelser gjælder dog væsentlig det enkelte ords melodi, ikke sætningens. Naar der forhaabentlig blir foretat videre undersøkelser over sætningsmelodien i andre dialekter, vil det ha stor interesse at

¹Det vil dreia seg om hierarkisk ordna delstrenger (domene), der kvar domenetype er avgrensa og identifisert gjennom fonologiske eigenskapar, særleg tonale eigenskapar. Dette vil verta presentert i detalj i kapittel 2.

1 Innleiing

sammenligne med den rolle som ordmelodien spiller for de andre maals sætningsmelodi. — Det kan tenkes at en sammenligning av flere saadanne undersøkelsers resultater ogsaa kunde kaste lys over sætningsmelodiens utvikling i andre sprog, hvor ordmelodien nu er forsvunden.

Eg ynskjer å yta min skjerv i dette prosjektet, om enn med ei noko meir synkron vinkling enn den som Alnæs skisserte i siste delen av sitatet over. Hovudføremålet med studien er å skildra ein høgtonedialekt fonologisk, sjå nærare på dei fonologiske vilkåra som ligg til grunn for intonasjonen, med utgangspunkt i ein analysemodell som tidlegare er prøvd ut på austnorsk. Etter ei grunnstrukturering av den tonale fonologien, med fokus på intonasjon (kapittel 2 og 3), vil eg presentera nokre spesialtilfelle (kapittel 4 og 5) som kan fortelja oss meir om dei intonasjonsfonologiske strukturane som heilskap. Det vil vera eit mål å setja analysane mine inn i ein større språkleg samanheng, m.a. med referanse til andre dialektar og språk, der det er aktuelt.

Om den tekniske utviklinga er komen lenger i dag enn på Alnæs si tid, så er det framleis ein føremon å ha morsmålskompetanse i det språket som ein skal studera. Eit dataprogram kan trekkja ut F0 frå eit akustisk talesignal, men det er framleis forskaren som må analysera dei fonologiske tilhøva.



Når eg no skal sjå på intonasjonsfonologien i slikt som ikkje er lågtone-dialektar (sjå drøfting av høgtone- og lågtone-dialektar i delkapittel 1.3), dvs.

slikt som korkje er austlandsk eller trøndersk, fell det naturleg å taka utgangspunkt i den dialekten som eg sjølv har morsmålskompetanse i. Eg er vaksen opp i Herøy kommune på Ytre Søre Sunnmøre. Ytre Søre Sunnmøre femner om kommunane Herøy, Sande, Vanylven, Ulstein og Hareid. Indre Søre Sunnmøre er Volda og Ørsta.

I studien kjem eg til å bruka nemningane **sunnmørsk** og **søresunnmørsk** noko om kvarandre. Dei få gongene det vert referert til noko som er spesifikt nördresunnmørsk (det gjeld m.a eit par informantar i nokre lyttetestar i delkapittel 2.4), vil dette verta presisert.

Det sunnmørske materialet vil her og der verta jamført med data frå to andre høgtonedialektar, nemleg Gulen i Ytre Sogn og Vestvågøy i Lofoten, i tillegg til at det vil verta jamført med det me allereie veit om austnorsk intonasjonsfonologi.

1.2 Trykk og tone

Den som vil lesa noko om tonar i norsk, vil som regel òg støyta på trykkomgrepet. Ein seier gjerne at norsk har to tonelag, og at desse tonelaga berre kan realiserast ved primærtrykk. Norsk realiserer trykk i alle fall gjennom kvantitet, og dersom det fylgjer med ei tonal realisering i tillegg, kallar me det primærtrykk.

På ei anna side er stoda annleis i latvisk, der trykk vert uttrykt gjennom tonalitet åleine. Dersom trykk dermed kan realiserast på ulike måtar i ulike språk, kan det oppstå situasjonar der folk med ulikt morsmål kan ha ulike persepsjonar på éi og same ytring. I pedagogiske samanhengar kan ein t.d. seia det latviske ordet *avīze* /á.vì.zè/ ‘avis’ til eit auditorium med norskspråklege studentar (der ´ i den fonologiske transkripsjonen tyder ‘høg tone’, ` tyder ‘låg tone’ og punktum markerer stavingsgrenser). Studentane vil då kunna rapportera (det har mine studentar gjort) at ordet har trykk på den andre stavinga, som er lang. Ein latviskspråkleg informant vil derimot seia at ordet har trykket på fyrste stavinga, som har ein høg tone.

Dette gjer det relevant å stilla spørsmål om kva trykk som fenomen er for noko. Dersom trykk, til skilnad frå t.d. [\pm stemd] eller [\pm fremre], ikkje har eins fonetiske realiseringsmåtar i ulike språk, kva *er* då trykk?

Trykkfenomenet er sjeldan definert eksplisitt i faglitteraturen. Sidan visse tonar i norsk (særleg den tonaliteten som er knytt til tonelagsskilnaden og tonelagsrealisering) ser ut til å henga nøye saman med trykk, bør me i alle fall sjå litt nærare på korleis trykk vert omtala i nokre fonologiske verk.

1 Innleiing

Me kan byrja med Goldsmith (1990:186), som seier om språk som klassisk arabisk at det har «a stress system in which the first syllable is stressed, or, in the absence of any heavy syllables, the last syllable is stressed».

Etter dette skal trykk kunna ha noko å gjera med kor tunge stavingane er. Og stavingstygnd har igjen å gjera med morastruktur og korleis segmenta plasserer seg i stavingstemplatet i den aktuelle stavinga, noko som vil kunna variera frå språk til språk. Goldsmith (1990:157): «We suggested in section 2.3 above that many languages assign stress on the basis of the weight of the syllables in a given word. Weight, in turn, is intimately linked to the notion of quantity, the number of positions in the rhyme of the syllable.»

Samstundes skriv Goldsmith (1990:114):

Returning to the notion of syllable weight, we have noted that by far the most important function associated with this notion concerns the placement of stress. The principles that assign stress may generally be divided into those that (i) place stress on a fixed syllable location in each word, typically the initial (Finnish), the final (French), or the penultimate syllable (Swahili); (ii) assign stress on the basis of morphological structure; (iii) assign stress on the basis of the internal make-up of the syllable, rather than on (or in addition to) the syllable's linear position in the word. (See chapter 4 on the notion of quantity-sensitivity.)

Det tredje punktet her handlar om den allereie nemnde stavingstygnda. Men dei to fyrste punkta gjer stavingstygnd irrelevant. Til dømes har det finske ordet *minä* 'eg' trykk på fyrste stavinga, jamvel om ho er lett. Her har trykkrealiseringa med tonale tilhøve å gjera: Den fyrste stavinga skil seg ut berre tonalt. Merk då at Goldsmith ikkje har definert trykk enno, han viser berre til kva som kan avgjera *plasseringa* av trykket.

Katamba (1991:221) formulerer det slik at trykk er «primarily a matter of GREATER PROMINENCE». Og vidare (mine uthevingar i kursiv):

It is essentially a perceptual phenomenon, with ill-defined articulatory correlates. An element that is stressed is highlighted so that it becomes auditory more salient than the rest of the elements in the string of which it is a part. The main phonetic ingredients of stress are PITCH, LENGTH and LOUDNESS. Stressed syllables *tend to* have higher pitch and longer duration than their non-stressed counterparts. In addition, they *may* be somewhat louder than unstressed syllables; *but loudness is a much less important parameter than length*. There *may* be also increased respiratory energy in the production of a stressed syllable although this is by no means essential.

Katamba tek heile tida sine atterhald, og det er ikkje noko han meiner er eit eintydig teikn på trykk, sidan trykk handlar meir om persepsjon enn om

artikulasjon. Samstundes legg han vekt på at lengd er viktigare enn lydstyrke. Roca (1994:207) utbroderer det same poenget på denne måten:

A previously influential, now discredited, tradition identified stress with acoustic intensity [...]. The experimental evidence militates however against such a unique, direct physical correlate of stress. Specifically [...] stress is perceived on the basis of other phonetic properties besides intensity, such as duration, vowel quality and, above all, fundamental frequency.

Alt i alt finn me at mykje sprikjer når ein freistar å gjera greie for korleis trykk vert realisert. Det kan vera gjennom tonerørsle, men det kan òg vera gjennom lengd. Trykk er altså eit mentalt fenomen på line med t.d. autosegment i autosegmental fonologi. Men medan autosegment har konkrete fonetiske korrelat, og har rettgjort statusen sin i fonologisk teori med utgangspunkt i at mentale einingar som «runda» eller «stemd» har konkrete, fysiologiske ovringar, så har ikkje den mentale storleiken «trykk» noka eiga konkret ovring, i alle fall ikkje i eit tverrspråkleg perspektiv. Og dei ovringane som er nemnde, særleg lengd og tone, er slikt som me likevel er vane med å kunna analysera for seg sjølve, utan alltid å draga inn trykkomgrepet.

Chomsky og Halle (1968:25) seier såleis om trykk (s. 25):

There is little reason to suppose that the perceived stress contour must represent some physical property of the utterance in a point-by-point fashion; a speaker [...] should 'hear' the stress contour of the utterance that he perceives and understands, whether or not it is physically present in any detail.

Trykk ser då ut til å vera eit rytmisk element av eit slag. Hayes (1995:8) seier det slik, med referanse til Liberman (1975) og Liberman og Prince (1977):

[...] stress is the linguistic manifestation of rhythmic structure. That is, in stress languages, every utterance has a rhythmic structure which serves as an *organizing framework* for that utterance's phonological and phonetic realization. One reason for supposing that stress is linguistic rhythm is that stress patterns exhibit substantial formal parallels with extra-linguistic rhythmic structures, such as those found in music and verse; see § 3.1–2, § 4.5.

If the equation of stress and rhythmic structure is valid, then we automatically account for why there is no invariant physical realization for stress. The reason is that rhythm in general is not tied to any particular physical realization; one can detect and recognize rhythm irrespective of whether it is realized by (for example) drumbeats, musical notes, or speech. Because of this independence, we are not bound to the prediction that any particular phonetic correlate will invariably realize stress in any particular language.

Og sidan dette rytmiske elementet vert realisert på ulike måtar i ulike språk, kan det altså oppstå situasjonar av den typen me såg fremst i dette delkapittelet, der folk med ulikt morsmål kan ha ulike persepsjonar på éi og same ytring.

Skilnaden mellom norsk og latvisk i dette tilfellet er altså at norsk realiserer det rytmiske elementet *trykk* i alle fall gjennom kvantitet, medan latvisk realiserer det gjennom tonerørsler.

Latvisk har i tillegg noko som ser ut til å vera ein tyngdeføresetnad for å kunna skilja mellom ulike tonerørsler i trykkstavingar: Berre stavingar med anten lang vokal (ev. diftong), eller med stutt vokal etterfylgd av sonorant (/r, l, ʎ, m, n, ŋ/), kan skilja mellom *stieptā intonācija* ('strekt tone', dvs. jamn høg), *krītošā intonācija* ('fallande tone') og *lauztā intonācija* ('brotene tone', dvs. ein «cirkumflekstone» med stød), jf. t.d. Lasmane (1981:16) og Ekblom (1933:passim).¹

For norsk sin del kan ein då seia at trykk er avhengig av ei tung staving. I praksis vil ei tung staving vera bimoraisk, altså ha anten ein lang vokal (medrekna diftong) eller ein stutt vokal etterfylgd av moraisk konsonant. Primærtrykk er det dersom den tunge stavinga i tillegg lisensierer ei tonerørsle (eitt av dei to tonelaga). Om den tunge stavinga ikkje lisensierer noka tonerørsle, snakkar me om sekundærtrykk. I eit ord som *brannmannen* vil me då ha primærtrykk på den fyrste stavinga /bran:/, sekundærtrykk på den andre /man:/, og ikkje noko trykk på den tredje /en/. Sjå likevel ei stutt drøfting av trykkfenomenet i dei stutte fyrstestavingane i orda (rettare sagt samansetjingslekkane) *telefonen* og *parasollen* i underkapittel 5.5.1.

1.3 Eldre toneforskning i norsk

Flesteparten av norske talemål skil mellom to tonemønster i samband med realisering av primærtrykk. Det same og liknande fenomenet finn me i mesteparten av svensk, i tillegg til somme danske, tyske og nederlandske dialektar (Brøndsted 1967:44, Gussenhofen 2000:129). Av ikkje-germanske språk i vårt geografiske nærrområde kan ein nemna dei baltiske språka latvisk og litauisk, som i standarddialektane skil mellom tre slike tonemønster (t.d. Lasmane 1981, Ekblom 1930, Ekblom 1933, Kariņš 1996).

I nordisk samanheng har desse tonemønstra gjerne vorte kalla tonelag 1 og 2, fyrste og andre tonelag, enkelt og dobbelt tonelag, tonem 1 og 2, aksent 1 og 2, ordaksent 1 og 2. Eg kjem til å omtala dei som **tonelag 1 og 2**. Også

¹Ein lengre presentasjon av ordaksentar i latvisk finn ein i underkapittel 3.3.1.

termene *akuttaksent* (for tonelag 1) og *gravaksent* (for tonelag 2) er brukte (særleg i svensk), og i Norvegia vart dei to tonelaga markerte nettopp med ´ etter ei trykkstaving med tonelag 1, og ` etter ei tykkstaving med tonelag 2. Eg kjem til å bruka heva tal (¹ og ²) før trykkstavinga.

Den historiske distribusjonen av tonelaga er velkjend: Ord som i norrønt hadde éi staving, har i moderne norsk fått tonelag 1 (*ákr* > ¹*áker*; *strendr* > ¹*strender*), ord som i norrønt hadde minst to stavingar, har i moderne norsk fått tonelag 2 (*hani* > ²*hane*; *sorgir* > ²*sorger*).¹ Tonaliteten er ufølsam for det som i norrønt er den etterhengde bundne artikkelen (*sorg* > ¹*sorg*; *sorgin* > ¹*sorga*).

Som me skal sjå, er norsk tonalitet noko som har med meir å gjera enn berre det me finn i realiseringa av primærtrykk, men opp gjennom åra er det likevel desse trykkrelaterte fenomen som har vorte forska mest på. Årsaka kan vera så enkel som at dette fenomenet med to tonelag er sjeldsynt i den vitenskapulturelle sfæren som norske og nordiske lingvistar har halde seg i fram til den generative lingvistikken byrja å slå gjennom med sine universalistiske postulat dei siste tiåra av 1900-talet: Ikkje noko av dei andre standardspråka i det vestlege Europa har eit liknande fenomen å visa til, og norsk og svensk har dermed skilt seg frå t.d. engelsk og tysk på ein påfallande måte for nordiske og vesteuropeiske språkforskarar.

Ivar Aasen nemner fenomenet på denne måten i sunnmørsgrammatikken sin frå 1841 (Bondevik et al. 1992:64):

Den første Betonung er dyb eller lav (f.Ex. i Sagen, Tiden, Manden), den anden er høiere (som i Dage, Sider, Hammeren). Det er vanskeligt at forklare disse Betoninger skriftligen, og ligesaa vanskeligt at give Regler for deres Brug.

Dei to «Betoninger» som Aasen omtalar, kan me no skildra på noko andre måtar enn det Aasen hadde føresetnader for. I eit ordpar som *liva* (substantiv, bunden form fleirtal) mot *levande* (verb, presens partisipp) vil me i sunnmørsk finna ein tonal skilnad heilt til venstre: I *liva* vil me opna med ein høg tone (H), i *levande* med ein låg tone etterfylgd av ein høg tone (LH).² Dette konkrete dømet er illustrert i fig. (2.3.2) i underkapittel 2.3.1.

¹Unntak: korte komparativar av typen *lengre*, *større*.

²Det er òg vanskeleg å sjå Aasens motivasjon for etikettane «dyb eller lav» mot «høiere», som i eit moderne, autosegmentalt perspektiv liknar meir på slik me ville ha skildra *austlandsk*, ikkje sunnmørsk. Eit framlegg kan vera at Aasen opplevde det brå fallet HL i tonelag 1 som eit fall mot noko som er «dybt», medan den initiale LH i tonelag 2 kan ha vorte oppfatta som noko som alt i alt låg noko «høiere». At den initiale L i eit isolert tonelag 2-ord (LHL) er noko høgare enn den finale L (pga. neddrift, sjå nærare omtale fleire stader i kapittel 2), kan òg ha hatt sitt å seia.

1 Innleiing

Dette er det som skil mellom dei to tonelaga i sunnmørsk. Kva som skjer etter desse innleiande tonane, er ei anna historie, som me skal sjå nærare på både i kapittel 2 og seinare. Inntil vidare held det å nemna at i sunnmørsk kjem det ein låg tone etterpå, slik at me samla får HL ved tonelag 1 og LHL ved tonelag 2.

No er det ikkje alt norsk talemål som har ein slik opposisjon mellom to tonelag, og dei som har det, oppfører seg ikkje likt. I austlandsk vil ordet *livet* opna med ein låg tone (L), medan *levende* vil opna med ein høg tone etterfylgd av ein låg tone (HL), jf. den same fig. (2.3.2) i 2.3.1, med nærare omtale der.

Dialektologen Hallfrid Christiansen er den som har fått æra for å dela inn norske dialektar etter tonale eigenskapar. Ho skriv m.a. (1954:35):

Et typisk kjennetegn for de store dialektområder er som kjent *talemusikken*. Innenfor hovedtypene *lavtone* og *høytone* er det karakteristiske variasjoner, som kjennetegner ganske bestemte områder, og som sammen med andre målmerker danner karakteristiske komplekser.

Jamfør òg Christiansen (1976:33):

Tonelagene har ikke samme melodi over hele landet. I Østlandsk, midlandsmål og trøndsk ligger tonen på den aksentuerte stavingen lavere enn tonen på de trykkløse stavinger; vi kaller det **lavtone**. I nordnorsk og sørvestnorsk er det **høytone**; her ligger tonen på den aksentuerte stavingen høyest.

Om Christiansen var den som for alvor tok til å dela dialektane inn etter prosodiske kriterium, hadde ho likevel ein terminologi som var henta frå tidlegare forskning. Eit døme er Hofgaard (1890:40), sitert etter Jensen (1956:9):

Sterkest er glidningen paa de tunge stavelser, som udhæves baade ved udaandingstrykkets styrke og varighed og ved forandring i tonen. Forandringen foregaar enten saaledes, at tonen først hæves over og derpaa glider ned til stemmens almindelige høide (*høitone*), eller saa, at tonen først sænkes og derpaa igjen stiger (*lavtone*). **Høitone** er det almindelige i de europæiske sprog, ogsaa i dansk; men i norsk og tildels i svensk bruges **lavtone**.

Etter dette er det vanleg å snakka om høgtonedialektar og lågtonedialektar. Ein høgtonedialekt er ein dialekt som, lik sunnmørsk, har ein høg tone knytt til primærtrykkstavinga i realiseringa av tonelag 1. Ein lågtonedialekt er ein dialekt som, lik austlandsk, har ein låg tone knytt til primærtrykkstavinga i realiseringa av tonelag 1. Den same tonen er til stades også i realiseringa av tonelag 2, men då fylgjer han etter ein tone med motsett polaritet.

Jensen (1956) har sett nærare på måten termene *høgtone* og *lågtoner* har vorte brukte på i litteraturen. Eg kjem til å halda meg til det som er vanleg i dag: Termene «høg tone», «høgtone» eller «H» seier noko om tonehøgde, medan eg for dialekttypen vil bruka termen «høgtonedialekt». Det same gjeld «låg tone», «lågtoner» og «lågtonedialekt». Med «høgtoneintonasjon» vil eg forstå intonasjonen til ein høgttonedialekt.

Termene *høgtone* og *lågtoner* har òg vorte brukte på andre måtar. Til dømes bruker Svahn (1882) «högtön» om tonem 1 og «lågtön» om tonem 2, jf. Jensen (1956:13f). Denne annleise termbruken skal berre nemnast her, og eg kjem ikkje attende til dette nokon gong meir i denne studien.

Ein av dei fyrste som har sett på tonar i ein norsk høgttonedialekt, er Selmer (1921). Eit viktig poeng hjå han er (s. 5):

[...] er jeg dog tilbøielig til at tro at den musikalske akcent m i n d s t likesaa godt lar sig gjøre til gjenstand for undersøkelser helt uafhængig av den dynamiske akcent, som ikke sjelden forvirrer selv det fineste øre, idet sterke musikalske stigninger eller synkninger ofte identifiseres med trykforandringer, som kan, men ikke behøver at ledsage disse toneændringer.

Dette poenget, at tonar kan undersøkjast separat, kjem til å vera grunnleggjande for min studie: Jamvel om tonar kan byggja på metrisk trykk (jf. at tonelagsrealisering er avhengig av metrisk trykk), slik at dei to fenomenane gjerne kan sjåast i samanheng med kvarandre, så er det likevel viktig å skilja dei åt i analysen, rett og slett fordi t.d. kvantitet er noko anna enn tonar.

Selmer har delt undersøkinga si i to (s. 7–8):

I første del har jeg søkt at komme til klarhet over tonelagene som isolerte fænomener, knyttet til enkelte »leksikalsk« uttalte ord, i affektløst foredrag med gjennomsnitlig ca. 1 sekunds mellemrum mellem hvert ords optagelse paa kymografiet. [...] Den anden del inneholder korte sætninger, hvor avvekslende de forskjellige sætningsled er blit forsynet med den sterkeste dynamiske akcent; her er altsaa ordmelodien rykket ind under sætningsmelodiens lover, og de derav følgende avvikelser gjort til gjenstand for undersøkelse.

Selmer vil altså skilja mellom setningsmelodi og ordmelodi, noko som òg kjem til uttrykk i tittelen på arbeidet: *Tonelag og tonefald i Bergens bymaal*. Han viser då òg til Alnæs (1916), den fyrste eigentlege intonasjonsforskarer i norsk språkforskingssoge. Selmer omtalar (s. 3) Alnæs (1916) som «det mest utførlige som hittil er skrevet paa dette omraade». Men til skilnad frå Alnæs fokuserer Selmer nettopp på tonelaga. Og det Selmer er mest oppteken av, er ikkje skilnaden mellom dei to tonelaga, men den *stiging* han finn til slutt i

bergensk HLH (ved tonelag 1) og LHLH (ved tonelag 2).¹ Når Selmer då prøver ut setningar i andre delen av undersøkinga, oppdagar han at denne sluttstiginga ikkje alltid kjem (s. 64): «Ogsaa her har sætningsmelodien hindret ordmelodien i at utvikle fase IV og V: dypleie og stigning.»

Det fyrste som slår ein som les dette rundt åtti år etter at det vart skriva, er at Selmer tek utgangspunkt i «leksikalsk uttale, isolerte ord, og har altsaa prøvet at gi en ‘renkultur’ av de to tonelag» (s. 52). Når han seinare set orda saman til setningar, og ser at tonane oppfører seg på nye måtar, seier han at det er setningsmelodien som påverkar tonelaget.

Selmer har argumentert for å sjå på tonar som eit sjølvstendig fenomen i språket, han skil mellom tonelag og intonasjon, men har ikkje drøft korleis eit ord uttala i isolasjon kan unngå å få lagt på seg alle dei orduavhengige tonane som elles skulle ha vorte fordelte på ei heil ytring (setning). Dette er eit problem i mykje av eldre toneforskning i Noreg: Isolerte ord vert rekna som berarar av berre tonelag, fordi dei er uttala i isolasjon, jamvel om dei då vert uttala som ei avslutta ytring. Ei drøfting av ei moderne utgåve av Selmers problem er drøft i Abrahamsen (1998b).

Endeleg må det òg nemnast noko frå eldre toneforskning som, slik eg har opplevd det, har overlevd som ein seigiliva påstand fram til dags dato i somme miljø. Påstanden er formulert slik av Vanvik (1986:43): «For å få et tonem i norsk og svensk må vi ha én trykksterk stavelse fulgt av minst én trykksvak stavelse.» Og slik i Vanvik (1956, hans utheving):

Enstavelsesord og flerstavelsesord hvor siste stavelse bærer trykket, har ikke tonelag i norsk. [...] Vi trenger minst to stavelser for å få et av våre tonelag, én trykksterk stavelse etterfulgt av én eller flere trykksvake stavelser.

Denne påstanden byggjer på ein strukturalistisk analyse av isolerte ord. Og har me eit isolert ord på éi staving, så stemmer det jo for dei fleste dialektane i Noreg at me ikkje finn nokon tonelagsopposisjon, og me kan operera med det som etter Praha-strukturalismen kan kallast «arketonem». Og skulle me taka Vanvik alvorleg, ville me då få eit slikt arketonem i bokmålsoppmodinga *slå en*, sidan *slå* er trykksterkt og einstava, medan *en* er eit anna ord; samstundes skulle substantivet *slåen* få tonelag 1, trass i at uttalen er akkurat den same som i *slå en*.

¹Den finale H her er det som me sidan skal kjenna att som ein høg IU-grensetone, H%. Dette er knytt til ytringsnivået, og ikkje til einskildord eller einskilddelar av ytringa. IU-grensetonen kan i bergensk (og sunnmørsk) også vera låg, L%.

Ein slik analyse er ei modelltvinga tilsløring av den faktiske tonaliteten. Ein generativist vil seia at analysen blandar saman fonologiske og morfologiske einingar, og at kartet vert gjort meir gyldig enn terrenget. Eg kjem til å analysera døme som *slå en* og *slåen* likt: Begge har tonelag 1, til liks med einstavingsoppmodinga *slå*.

1.4 Nyare toneforskning i norsk

Den fyrste som systematiserte tilhøvet mellom tonelag og større prosodiske einingar i norsk, var Ivar Alnæs i doktoravhandlinga si frå 1916. Dette var rett nok kronologisk tidlegare enn Selmer, som er presentert under «eldre toneforskning», men faghistorisk høyrer Alnæs likevel inn under nyare toneforskning, gjennom måten han nærma seg det tonale materialet på.¹

Alnæs presenterer nemleg det han kallar «tonelagsgrupper», og observerer (1916:92):

[...] et sterkt betonet ord med ett eller flere let betonedede efter, danner i den almindelige daglige tale et s l a g s s a m m e n s æ t n i n g, hvor de svakt betonedede ord gaar ind som de svakere betonedede endestavelser.

Han nemner døme som *vente paa* og *vente paa os*, som tonalt sett dannar «sammensætninger av forskjellig længde, paa samme maate som *ventesal*, *venteværelse* osv.» Med trykksterkt «ingen» og trykklett substantiv nemner han òg at *ingen bønner* og *ingen bønder* vert uttala likt. Dei to orda ²*bønner* og ¹*bønder* er elles eit standarddøme på tonelagsopposisjon i faglitteraturen.

Ei tonelagsgruppe i Alnæs' terminologi er denne eininga med trykkstaving etterfylgd av eventuelle trykklette stavingar, der alle stavingane til saman er det domenet som dei relevante tonane vert realiserte innanfor. Om dette domenet er eit ord eller ei ordgruppe, er tonane likevel dei same.

Alnæs viste òg til at jamvel om val av tonelag skulle vera leksikalsk og morfologisk motivert, så kan ein i austlandsk likevel finna døme på at tonelaget kan vera uavhengig av ordnivået: Det heiter *Lo du til ham?* med tonelag 1 på *lo*, men *Slog du til ham?* med tonelag 2 på *slog*, trass i at *slog* er eit einstavingsord som i seg sjølv ikkje skulle borga for tonelag 2 (Alnæs 1916:97).

¹Ein parallell til dette kan vera «den fyrste grammatiske avhandlinga» (t.d. Benediktsson 1972), som rett nok er frå 1100-talet, men som gjennomfører ein strukturalistisk analyse som plasserer arbeidet saman med Ferdinand de Saussure på 1900-talet.

1 Innleiing

Såleis er tonelaget noko som vert realisert uavhengig av kor langt det einskilde ordet er, og det kan sameleis verta lisensiert av slikt som ligg utanfor det trykksterke ordet. Med andre ord skulle det finnast fleire tonale nivå å rekna med enn berre tonelag.

Dette vil få konsekvensar for Vanvik (1956) og påstanden om einstavingsord: Dersom det er som Alnæs seier, at tonelaget ikkje er avhengig av kor langt det einskilde ordet er, så har Vanvik analysert feil nivå, nemleg ordnivået i staden for det som Alnæs kallar tonelagsgrupper. Alnæs er før-strukturalistisk, men sjølv strukturalistisk lingvistikk opnar for hierarkiske analysar.

Tonelagsgruppene til Alnæs svarar til tonelagsvalda til Eilert Mo (1923). Mo er inne også på eit overordna domene, eit nivå over tonelagsvalda (1923:27): «Tvo tonelagsvald som står attmed kvarandre, merkjer vi ikkje ut med auka tyngd på bae. Vi let det fyrste av dei få normal tyngd, og det andre auka tyngd.»

Ei eksplisitt inndeling i hierarkisk ordna tonale domene finn me sidan fyrst og fremst i arbeida til Thorstein Fretheim og Randi Alice Nilsen. Fretheim (1981a) opererer med «accent units», som svarar til Alnæs' tonelagsgrupper og Mos tonelagsvald. I seinare arbeid frå Fretheim, og i Nilsen (1992), vert termen «tonal fot» nytta.

Den fonologiske delen av Fretheim og Nilsens tilrettelegging av denne analysemodellen er det grunnleggjande hjelpemiddelet mitt i dei fonologiske analysane som eg skal leggja fram. Analysemodellen vert presentert i delkapittel 2.1, saman med ei grunnstrukturering av sunnmørsk intonasjonsfonologi i delkapittel 2.3–2.5, med referansar til eit par andre høgtonedialektar. I kapittel 3 og 4 vil eg kartleggja intonasjonsfonologien ut over grunnstruktureringa, medan kapittel 5 tek føre seg ein tonal og (skisse til) metrisk analyse av samansette ord i sunnmørsk.

1.5 Datatilnærming og transkripsjonskonvensjonar

Arbeidsmetoden vil fyrst og fremst vera basert på introspeksjon, med dei klassiske problema det fører med seg, særleg faren for feilrapportering. Denne faren er årsaka til at eg i stor grad kjem til å supplera det introspektive grunnlaget mitt med fonetiske, empiriske data. Fokalitetsundersøkinga i delkapittel 2.4 byggjer dermed på lyttetestar med fonetisk manipulert materiale, medan eg i arbeidet elles, så langt det er mogeleg, prøver å dokumentera det fonetisk-empiriske grunnlaget for dei fonologiske analysane.

Sidan eg likevel har eit generativt utgangspunkt, vil det vera uaktuelt å gå for mykje i djupna på kollektive språknormer. Studien er fyrst og fremst kvalitativ, hovudinformaten min er framleis eg sjølv, og det må takast atterhald om i kva grad eg som individ er representativ for det som eg kollektivt omtalar som sunnmørsk. Slikt vil verta kommentert når eg omtalar fenomen som truleg kan variera geografisk eller sosiolingvistisk. Det vil òg verta kommentert i samband med lyttetestane i delkapittel 2.4 (særleg for den eine informaten), der eg bruker informantar som skal gjeva respons på talesignal som eg har produsert.

Den fonetiske transkripsjonen i denne studien er mellomgrov. Eg markerer ikkje aspirasjon, men tek til dels omsyn til vokalkvalitet t.d. ved stutte mot lange vokalar. Eg prøver å markera ustemde segment (som [ŋ]), fordi dette har konsekvensar for om F0 er til stades i figurane eller ikkje.

Talesignala som ligg til grunn for analysane, er produserte av meg, med mindre noko anna er presisert. F0-kurvane er trekte ut med dataprogrammet Praat av Paul Boersma og David Weenink.

F0-kurvane er segmenterte. Mellom kvart segment set eg ein stutt, loddbein strek, og mellom kvar staving set eg ein mellomlang strek. Mellom aksent-frasar (AP), som skal verta nærare definerte i delkapittel 2.3, set eg lang strek loddbeint gjennom heile figuren.

Segmenteringa og stavingsmarkeringa er gjorde for å letta lesinga av segment- og stavingsgrenser, særleg med tanke på kap. 3, som handlar om assosiering av tonar, og som dermed gjer det viktig å sjå F0-kurvane meir i samanheng med det segmentale.¹ IPA-teikna under F0-kurvane vert plasserte i venstre kant av kvart segment.

I ein segmentstreng som [hær:ɛ] ‘herre’ skal stavingsgrensa eigentleg gå inne i segmentet [r]. I F0-kurvane lèt eg likevel stavingsgrensene fylgja segmentgrensene, og ved geminatar som denne lèt eg stavingsgrense-streken stå etter segmentet. Dette er gjort fordi strekane er teikna for å gjera figurane lettare å lesa, og ikkje som del av nokon analyse av stavingsstruktur.

For å letta lesinga av dei sunnmørske døma generelt kan det nemnast at bunden form éintal av hankjønnord, som i skriftspråket svarar til suffikset *-en*, har i min varietet av søresunnmørsk suffikset */-ɪ/*. Nasalen i suffikset */-ɪŋ/* fall bort ein gong på 1800-talet, jf. Worren (1980).


¹Eit særskilt problem er sjølvstekt kvar ein skal passera «segmentgrensa» inne i diftongar og mellom [j] og ein vokal. Desse markeringane vert naturleg nok meir omtrentlege enn dei andre.

2 Det prosodiske hierarkiet

Me har vore inne på at trykk er eit rytmisk element som vert realisert ulikt frå språk til språk. I somme språk er trykk noko som er knytt til stavingslengd/stavingstyngd, i andre språk meir beinveges til tonale eigenskapar. Tradisjonelt er det òg vanleg å rekna med intensitet som ein måte å realisera trykk på, men Katamba (1991:221) kommenterer som nemnt om dette at trykkstavingar (mine uthevingar):

[...] *may be somewhat louder than unstressed syllables; but loudness is a much less important parameter than length.* There *may* be also increased respiratory energy in the production of a stressed syllable although this is by no means essential.

(2.0.1) Trykkstrukturen i *Apalachicola*, etter Roca (1994:278).



Intuitivt kan ein oppfatta fleire gradar av trykk. Chomsky og Halle (1968), òg kjend under avstytinga *SPE*, opererer såleis med primærtrykk, sekundærtrykk, tertiærtrykk osv. Medan andre distinktive trekk i *SPE* er binære, er altså trykk multivalent. Og medan andre trekk vert definerte i paradigmatiske matrisar, vert trykkgraden definert syntagmatisk, avhengig av

andre trykk i nærleiken. I dømet *Apalachicola* (namnet på ei amerikansk elv) sette *SPE* opp ei trykkfordeling med sekundærtrykk på fyrste stavinga, tertiærtrykk på tredje stavinga, og primærtrykk på den femte.

Liberman og Prince (1977) argumenterte på si side for at trykk ikkje var noko distinktivt trekk i det heile, men meir eit spørsmål om kva som er sterkast og svakast i ei gruppering av stavingar. Dei grupperte dei seks stavingane i *Apalachicola* parvis, kvar staving med etiketten «sterk» eller «veik» (avstytt *s* og *w* på engelsk). Stavingspara vart deretter grupperte seg imellom igjen med dei same etikettane, osv., som vist i (2.0.1) (etter Roca 1994:278). Stavingane er representerte gjennom teiknet σ .

Dette er eit hierarkisk ordna system av prosodiske eigenskapar, der det lågaste nivået over stavingane i praksis no er best kjent som (metrisk) fot. Det prosodiske hierarkiet finst i fleire variasjonar (t.d. Selkirk 1981, 1984, 1990; Nespor og Vogel 1982, 1986; Hayes 1989). I den opphavleg metriske bruken sin finn me m.a. desse nivåa, her referert frå Selkirk (1981) og Roca (1994:195ff):

Stavingane er grupperte til føter (og over-føter «super feet», som er grupperingar av føter). Føtene (eller over-føtene, om dette nivået finst i det aktuelle ordet) er deretter grupperte til prosodiske ord, som i praksis svarar til det morfologiske ordet. Desse er igjen grupperte til fonologiske frasar (eventuelt med det mellomliggjande nivået «klitikongruppe»), som er domenet for m.a. trykkforskuving ved trykkolisjonar i engelsk. Dei fonologiske frasane er vidare grupperte under intonasjonsfrasar, som er domene for m.a. deklinasjon/neddrift, dvs. eit globalt fall i F_0 , slik at både dei høge og dei låge tonane vert realiserte på stendig lågare frekvensar. Intonasjonsfrasane er til slutt grupperte under den fonologiske (eller prosodiske) ytringa, som femner om det heile.

Om modellen i utgangspunktet var basert på metriske forhold, har han altså òg vorte brukt på reint tonale tilhøve. Pierrehumbert og Beckman (1988) bruker modellen på japansk intonasjon, og har vore med på å inspirera Trondheims-miljøet sitt arbeid, med Thorstein Fretheim i spissen, m.a. Fretheim (1981a, 1990, 1993). Modellen er tilpassa norske tonale tilhøve, med utgangspunkt i lågtonedialektar, og går i den varianten under namnet Trondheimsmodellen.

I kapittel 2 skal me etablera det tonale prosodiske hierarkiet på bakgrunn av høgtonedialekten sunnmørsk. Dei strukturane som skal etablerast her, høyrer saman i sin eigen interne heilskap, og dei etterfylgjande kapitla vil meir markert vera eigne fordjupingar i grunnstrukturen som har vorte etablert i kapittel 2. Grunnstruktureringa av det tonale prosodiske hierarkiet ynskjer eg

difor å halda samla i eitt hovudkapittel. Kapittel 2 kjem difor til å verta det desidert største einskildkapittelet i avhandlinga, og eg vil be lesarane om å ha tolmod med denne måten å gjera det på.


2.1 Trondheimsmodellen

Det er Fretheim og Nilsens versjon av hierarkiet som kjem til å vera utgangspunktet for mine drøftingar.¹ Det kan neppe understrekast nok at det prosodiske hierarkiet i Trondheimsmodellen er tonalt, ikkje metrisk.

Fretheim (1981a) opererer med stavingar som er grupperte i «accent units», som svarar til Alnæs' tonelagsgrupper og Mos tonelagsvald (jf. delkapittel 1.4). I seinare arbeid frå Fretheim, og i Nilsen (1992), vert termen «tonal fot» nytta. Fretheim (1981a) grupperer sine «accent units» i «Intonational Phrases» (IP), som er «a prosodic category between the utterance level and the level of the accent unit». Termen IP er henta frå metrisk fonologi, sjølv nemner han dømet Selkirk (1981).

Då Randi Alice Nilsen kom med si doktoravhandling (Nilsen 1992), vart det prosodiske hierarkiet for norsk presentert med nivåa intonasjonsytring (eller intonasjonseining, IU), intonasjonsfrase (IP), tonal fot (F), prosodisk ord (ω) og staving (σ). Nilsen gjev (s. 23–24) tre døme på prosodisk representasjon av ytringa *Thorstein snakker bestandig om intonasjon*. Det eine dømet er attgjeve i faksimile i (2.1.1) hjå meg, saman med den tilsvarende austnorske F0-konturen i (2.1.2), begge henta frå Nilsen (1992:23–24).

(2.1.1)



¹Trondheimsmodellen deira er ein modell for informasjonsstrukturering, medrekna rolla til det prosodiske hierarkiet. Difor vil eg presisera at det er den fonologiske delen av modellen som er utgangspunktet mitt, og at eg med *prosodi* meiner (tonal, og i kapittel 5 òg metrisk) fonologi, ikkje fokusprojeksjon, informasjonsstrukturar eller anna som har å gjera med syntaks eller pragmatisk tilhøve.

(2.1.2) (((²thorstein_{AP}) (²snakker be-_{AP}) (¹standig om intona-_{AP})
 (¹SJON_{AP})IP)IU) L%



Kvart av desse domena har sine egne fonologiske eigenskapar. Stavinga vert rekna som den toneberande eininga. Det prosodiske ordet kjem fyrst i den tonale foten, og svarar til den stavinga som realiserer primærtrykk, saman med resten av ordforma til høgre for primærtrykkstavinga. Motivasjonen for å taka med det prosodiske ordet i dette hierarkiet er, som me skal sjå, fyrst og fremst informasjonsstrukturell, og vert i Trondheimsmodellen rekna som hovudet i den tonale foten.

Den tonale foten byrjar med ein ordaksent¹ (tonelag 1 eller 2), og varer til og med den siste stavinga før neste ordaksent (det finst unntak som me vil koma attende til). Merk at ein tonal fot dermed *ikkje* er det same som ein metrisk fot. For å unngå mistydingar vil eg i mitt eige arbeid omtala nivået «tonal fot» som **aksentfrase** (AP), i tråd med m.a. Pierrehumbert og Beckman (1988) og Kristoffersen (2000), som bruker termen *accentual phrase*.

Eit morfologisk ord med trykklette stavingar før ordaksenten (dvs. før primærtrykkstavinga) vil etter Fretheim og Nilsens definisjon få byrjinga av den tonale foten på primærtrykkstavinga, og det prosodiske ordet vil svara til den delen av det morfologiske ordet som er inne i den tonale foten.

Tonelaga vert altså realiserte innanfor grensene til den tonale foten, og berre éin gong for kvar tonale fot. I austnorsk, som både Fretheim og Nilsen har konsentrert seg om, kjem ordaksenten (L eller HL) til venstre i den tonale foten, medan det til høgre kjem ein H «fraseaksent». Dei stavingane som ligg mellom ordaksenten og fraseaksenten i austnorsk, vil etter deira analyse vera fonologisk tonalt frie, og den gradvise stinginga som går føre seg mellom den låge tonen i ordaksenten og den høge fraseaksenten i austnorsk, vil berre vera uttrykk for fonetisk transisjon, rett og slett ein interpolasjon, frå låg til høg tone.

¹Ordaksent tyder hjå Fretheim og Nilsen den tonen til venstre (ved tonelag 1) eller dei to tonane til venstre (ved tonelag 2) som vert realiserte i samband med eit primærtrykk.

Den høge fraseaksenten i austnorsk kan realiserast både som «høg» og som «ekstra høg». Når han er ekstra høg, handlar det om «fokal aksentuering» av den tonale foten, noko som gjer det fyrste ordet i den tonale foten spesielt prominent i informasjonsstruktureringa, for å seia det enkelt. Me vil koma attende til den fonologiske sida av dette meir i detalj seinare, men kan i fyrste omgang illustrera det med den prominensen som ordet *mannen* får i ein vanleg uttale av ytringa *det var MANNEN som gjorde det*. Termen *emfatisk trykk* har vore brukt i tradisjonell norsk prosodi, men den termen kan vera noko villeiande når me veit at det t.d. i austnorsk ikkje skjer noko spesielt på sjølve trykkstavinga.

Attende til Fretheim og Nilsen: Det ordet som informasjonsstrukturelt sett formidlar fokus i slike tilfelle, er det morfologiske ordet som det prosodiske ordet i den same tonale foten anten er identisk med eller er ein del av, jamvel om den høge fraseaksenten i austnorsk skulle koma mange stavingar seinare. Det er difor relevant å snakka om fokale tonale føter.

Medan den tonale foten er domene for fokale mot ikkje-fokale tonekonturar, kan fleire tonale føter samlast i éin **IP**. IP er i t.d. Fretheim (1993), Fretheim og Foldvik (1987) og Nilsen (1992) avgrensa mot høgre ved ein fokalt aksentuert tonal fot, som då fungerer som hovud for IP.¹ IP er domenet for fokus i informasjonsstrukturen. Fonologisk sett vil ein IP vera domenet for deklinasjon. Ved deklinasjon, eller neddrift, kjem både dei høge og dei låge tonane stendig lågare ut gjennom ytringa (sjå t.d. Cruttenden 1986:126f, Ladd 1998:75). I norsk vil det koma ei ny neddrift (med nytt høgt startpunkt) berre ved ei IP-grense.²

Alle desse nivåa sorterer til slutt under **IU**, som er avgrensa mot høgre av ein høg eller låg grensetone. Dei ulike nivåa i det prosodiske hierarkiet til Fretheim og Nilsen er altså avgrensa av ulike tonale kriterium.

Modellen til Fretheim og Nilsen har til no vorte brukt fyrst og fremst på lågtonedialektar.³ Eg vil taka utgangspunkt i den fonologiske delen av modellen, og vil prøva han ut på høgtonedialektar. Analysane vil i praksis stort sett basera seg på høgtonedialekten sunnmørsk.

¹I tidlegare arbeid, t.d. Nilsen (1988), vart IP brukt òg om ei postfokal gruppe av tonale føter som ikkje enda med nokon ny fokal fot. Slike tonale føter vert i Nilsen (1992) plasserte rett under neste nivå, IU. Slik kjem eg òg til å gjera det.

²Måten dette skjer på, vil variera frå dialekt til dialekt. I austnorsk (sjå t.d. Nilsen 1992) vil det normalt finnast neddrift berre i IP nr. 2 i ei ytring. Som me skal sjå i denne studien, vil det normalt alltid vera neddrift i sunnmørsk.

³Modellen er tidlegare brukt på avgrensa måte som analysereiskap for etablering av isoglossar mellom høg- og lågtonedialektar, Nilsen (2001).

2.2 Ontologisk status

Noko som framleis må avklarast, er den ontologiske statusen til det prosodiske hierarkiet og domena i det. Har me å gjera med eit hierarki av einingar som lisensierer tonar (H og L) og tonale eigenskapar (t.d. neddrift)? Eller har me å gjera med ein hierarkisk analyse av dei tonane og tonale eigenskapane som me har observert på førehand? Spurt på ein annan måte: Er det tonane som konstituerer hierarkiet, eller er det hierarkiet som konstituerer tonane?

Hierarkiet er bygt opp av ulike domene som er overordna eller underordna kvarandre. Kvar domene strekkjer seg over ein streng med stavingar, og domena vert avgrensa av slikt som desse stavingane har sams. Til dømes vil stavingar som til saman utgjer eit neddriftsområde, kunna verta grupperte til ein IP, medan stavingar som ordaksent og «frasetone» vert realiserte innanfor, vert grupperte til aksentfrasar (eller *tonale føter* i Fretheim og Nilsens terminologi).

Domena i det prosodiske hierarkiet er altså etablerte på empirisk grunnlag. Då kan ein òg postulera at domena gjenspeglar underliggjande og lingvistisk reelle strukturar, strukturar som avgjer nettopp kvar i den eindimensjonale strengen av stavingar ein vil finna dei og dei tonale fenomena. Sjølve utstrekninga til dei ulike domena som ein kan finna, er derimot (i genereringa) avhengig av i alle fall informasjonsstrukturar.

Fonologisk sett kan ein dermed ikkje predikera kva for ein tone ei gjeven staving vil få, men når ho fyrst har fått tonen, kan ein analysere strukturen i tonetildelinga.

Dei hierarkisk ordna domena dominerer då stavingane fonologisk. Domena genererer ikkje tonar, men kan sjåast på som ei gjenspegling av dei prosessane som genererer tonar. Noko enklare kan ein då seia at dei prosodiske domena lisensierer tonale eigenskapar, i tydinga 'slepp dei til', men altså ikkje sjølve produserer dei.

På det viset vil ikkje det prosodiske hierarkiet skilja seg frå ikkje-tonal fonologi: Ein spør aldri om kva som genererer autosegment som [+ stemd], men ein kan analysere trekket etter at det har vorte generert, og sjå korleis det t.d. kan ha spreitt seg frå éin skjelettposisjon til ein annan.

Kvar vert då tonar produserte? Dette spørsmålet vil altså vera jamgodt med spørsmålet om kvar [+ stemd] vert produsert. Dette er spørsmål som me for ein stor del må gå til leksikon for å få svar på, både når det gjeld spørsmålet om kvifor ordet *bera* har ein stemd konsonant inne i seg, og når det gjeld kva for eit tonelag eit gjeve ord skal ha når tonelag skal realiserast. For tonar i norsk må ein òg skoda til morfologi (jf. ulikt tonelag gjennom t.d. bøyning). Det finst i tillegg andre tonale eigenskapar (t.d. neddrift) som korkje har med leksikon eller morfologi å gjera, men direkte med intonasjonssystemet.

Eit hierarki av prosodiske domene gjenspeglar då den reelle strukturen i tonegenereringa, kvar no denne genereringa går føre seg. Men dette er altså berre den eine sida ved det prosodiske hierarkiet. Den andre sida er at denne «gjenspeglinga av strukturen» vert synleg nettopp gjennom gruppering av stavingar ut ifrå empirisk materiale, slik me ser det etter at tonane både har vorte genererte og har vorte assosierte til den eindimensjonale strengen av stavingar eller moraer.

2.3 Aksentfrase (AP) og prosodisk ord (ω)


AP er domenet for tonelagsrealisering og det som Nilsen (1992) kallar fraseaksent. AP er avgrensa mot venstre av eit tonelag, dvs. av ein førekomst av den tonen eller dei tonane som er spesifikt knytt(e) til eit primærtrykk. Terminologisk vil det seia at eit tonelag utgjer alle tonane i ein AP, med unntak av den siste tonen, som er L på sunnmørsk og H på austnorsk.

Når ei ny tonelagsrealisering kjem, byrjar ein ny AP, og den førre AP-en må ha teke slutt.


Førekomsten av eit primærtrykk i sunnmørsk vil tonalt manifestera seg som ein H for tonelag 1 og LH for tonelag 2, begge etterfylgde av ein L som svarar til Nilsens fraseaksent. I austlandsk er tonesekvensane motsette, med L for tonelag 1, HL for tonelag 2, og ein H til slutt, jf. dei stiliserte kurvene i fig. (2.3.1).¹

(2.3.1) Stiliserte kurver for AP-ar i sunnmørsk og austnorsk.

a) sunnmørsk tonelag 1-AP: HL b) sunnmørsk tonelag 2-AP: LHL



c) austnorsk tonelag 1-AP: LH d) austnorsk tonelag 2-AP: HLH



¹Kurvene er altså stiliserte, og tek ikkje omsyn til ulik utsjånad i ulike posisjonar.

Som me skal sjå seinare (kapittel 4), er det likevel noko for enkelt å avgrensa AP mot høgre ved at ein ny AP byrjar der, og då ser me bort ifrå at AP-ar kan stå finalt. Me kan difor fyrst som sist nemna den avgrensande rolla til den tonale eininga til høgre i AP-en. Dette er den låge tonen i sunnmørsk (og den høge i austnorsk), som m.a. hjå Nilsen (1992) heiter *fraseaksent*. Då termen *aksent* i litteraturen generelt som oftast viser til eit fenomen som er knytt til trykkstavingar, vil eg heller bruka ein term som seier meir direkte kva funksjon denne tonen har. «Fraseaksenten» er nemleg ikkje avhengig av nokon spesiell stavingstype (lett/tung). Nilsens fraseaksent skal difor her få gå under namnet **AP-grensetone** (som ikkje må blandast saman med IU-grensetonen i delkapittel 2.5.1, som hjå Nilsen berre heiter *grensetone*).





2.3.1 Den interne strukturen til AP

Der det i sunnmørsk og andre høgtonedialektar finst ein høg tone, vil det som regel finnast ein låg tone i austlandsk; og der det i sunnmørsk er ein låg tone, vil det som regel vera ein høg tone i austlandsk. Måten tonane fordeler seg på internt i AP, er òg noko som varierer. I alle fall i somme austnorske dialektar vil det såleis vera ei gradvis stiging, rett og slett ein fonetisk transisjon, frå den låge tonen i tonelaget (høvesvis L og HL) og opp til den høge AP-grensetonen på den siste stavinga. I sunnmørsk finst det ikkje tonalt frie stavingar med reint fonetiske transisjonar mellom (L)H og AP-grensetonen L. Alle stavingar etter den høge tonen er låge.

I (2.3.2) ser me AP-konturar på sunnmørsk (lesne inn av meg, mann, fødd 1970) og på austlandsk (kvinne, Halden, fødd 1974). Ver merksam på den tilsynelatande lågtonen på lateralen fremst i a) og d), som er reint fonetisk. Det fonologisk tonale materialet tek ikkje til før i stavingskjernen, vokalen.

Nilsen (1992:26) framstiller austnorsk tonelag 1 som L, etterfylgd av AP-grensetonen («fraseaksenten»), og tonelag 2 som HL, etterfylgd av AP-grensetonen. Men som Kristoffersen (2000:250–253) peiker på, med referanse til Lorentz (1995), inneheld begge dei to konturane (LH og HLH) ikkje berre ein final H, men òg ein L. Som Kristoffersen vel også eg å halda meg til Lorentz (1995), og skilja åt den fyrste og den andre tonen i tonelag 2. Eg skal òg halda meg Lorentz' termar: Den låge tonen som er sams for begge tonelaga i lågtonedialektar som dei austnorske, skal få gå under namnet **prominenstone**, medan den initiale tonen som er til stades ved tonelag 2, skal få gå under namnet **leksikalsk tone**.

(2.3.2) Tonelag 1-AP og tonelag 2-AP på sunnmørsk og austlandsk.

a) sunnmørsk: ¹livab) sunnmørsk: ²levandec) austlandsk: ¹livened) austlandsk: ²levende

Med andre ord vil eg rekna med at realisering av primærtrykk vil innebera at det dukkar opp ein gjeven tone i samband med trykket. Denne tonen, prominens-tonen, er eit intonasjonelt uttrykk for den rytmiske eininga primærtrykk. Somme ordformer er i tillegg leksikalsk eller morfologisk spesifiserte for ein annan tone. I dei tilfella vil den leksikalske tonen verta realisert før prominens-tonen, og me får det som me tradisjonelt kallar tonelag 2. Prominens-tonen og den leksikalske tonen er alltid motsette av kvarandre både i sunnmørsk og i austlandsk.


Medan AP-konturane i austnorsk då er LH ved tonelag 1 og HLH ved tonelag 2, er dei i høgtonedialekten sunnmørsk HL ved tonelag 1 og LHL tonelag 2. Nøgnare sagt: Den leksikalske tonen i sunnmørsk er L, prominens-tonen er H, og AP-grensetonen er L.

Måten tonane vert kopla til resten av talestraumen på (stavingar og moraer), skal me sjå på i kapittel 3. Det finst visse tradisjonar for å markera med stjerne den tonen som vert assosiert til trykkstavinga (t.d. L* H for austnorsk tonelag 1-AP, og H* L H for tilsvarande tonelag 2). Dette kjem eg ikkje til å gjera.


I det fylgjande vil eg skriva den leksikalske tonen som T_{lex} , prominens-tonen som T_P og AP-grensetonen som T , der T er anten H eller L. For sunnmørsk vil ein tonelag 2-AP då ha tonane $L_{lex} + H_P + L$, medan det tilsvarande for austnorsk er $H_{lex} + L_P + H$. Tonelag 1-AP-ar vil ha dei same tonane, minus den leksikalske tonen.

I tillegg til at tonane er motsette i sunnmørsk og i austnorsk, skal me òg merkja oss at i sunnmørsk er det ikkje nokon gradvis overgang gjennom fleire stavingar frå prominens-tonen til AP-grensetonen. Det er heller ikkje slik at AP-grensetonen viser seg berre på den siste stavinga i AP-en. I sunnmørsk er det prominens-tonen som berre viser seg på éi staving (rettare sagt éin mora, jf. kap. 3), medan resten av stavingane (eller moraene) til høgre i AP-en vert knytte til den låge AP-grensetonen. Me ser eit døme på dette ved tonelag 1 i (2.3.3), [$^1mɑ:nɪ lɔg pɔ \overset{1}{r}y j̥z̥ɪ nedi \downarrow lø:dɔ$] ‘mannen låg på ryggen nedi løa’; og ved tonelag 2 i (2.3.4), [$^2jæn:tɔ lɔg pɔ \overset{2}{m}ɑ:jɪ nedi \downarrow lø:dɔ$] ‘jenta låg på magen nedi løa’. Grensa mellom AP-ane er markert med ein lang, loddbein strek, jf. merknadene i delkapittel 1.5.

(2.3.3) [$^1mɑ:nɪ lɔg pɔ \overset{1}{r}y j̥z̥ɪ nedi \downarrow lø:dɔ$]



(2.3.4) [$^2jæn:tɔ lɔg pɔ \overset{2}{m}ɑ:jɪ nedi \downarrow lø:dɔ$]



2.3.2 Tonelag: ord eller AP?

Valet mellom tonelag 1 og 2 er dels leksikalsk avhengig, dels morfologisk avhengig. Tonelaget kan variera gjennom bøyning, t.d. ²*skrive* (verb, infinitiv) mot ¹*skrive* (presens, sunnmørsk); og det kan variera leksikalsk, t.d. ved at *materi¹ale* har tonelag 1, medan *fi²nale* har tonelag 2.

Aksentfrasen er m.a. domenet for *realisering* av tonelag, dvs. at tonelag berre kan realiserast inne i ein AP, og berre éin gong i kvar AP, slik AP har vorte definert, sjølv om det skulle finnast fleire ord i AP-en som er leksikalsk eller morfologisk spesifiserte for eit gjeve tonelag. Tonelag kan altså berre realiserast i samband med primærtrykk, og ord som ikkje har primærtrykk i seg, kan ikkje få realisert det tonelaget som ordet måtte vera spesifisert for. Eit døme er *løda* 'løa' i (2.3.4), som er eit hokjønnsord som er leksikalsk spesifisert for tonelag 2, ²*løda*. Her kjem det ordet inne i ein AP, men utan noko primærtrykk. Dermed kan ikkje tonelaget realiserast.

Etter drøftinga i 2.1 vil alt dette vera det same som å seia at AP er domenet for realisering av prominensstone (og AP-grensetone), med eller utan leksikalsk tone. Dette vil òg seia at tonelagsrealisering ikkje berre definerer venstregrensa for AP, men òg at tonelagsrealisering er eit AP-fenomen.


Når eg seier dette, har eg i tankane ein motsetnad til det at tonelagsrealisering skulle vera eit fenomen knytt til ordforma, slik det eksplisitt eller implisitt har vorte analysert av strukturalistar og prestrukturalistar. Me har sett litt på dette i eit tidlegare kapittel (delkapittel 1.3), korleis Vanvik (1956) la fram eit postulat som ville ha gjort det naudsynt for oss, om me tok det på alvor, å analysera *slå en* og *slåen* tonalt ulikt, trass i identisk uttale.

Alnæs (1916:92) nemnde i denne samanhengen at tonerørsla i austlandsk *vente paa* og *vente paa os* er den same som i respektive *ventesal* og *venteværelse*. På dette grunnlaget meinte han at tonerørsla ved dei to tonelaga (berre tonelag 2 i dette konkrete dømet) dermed må vera knytt til AP-en (Alnæs' term: tonelagsgruppa), og ikkje til ordet: Det er ikkje lengda på ordet som avgjer tonerørsla, men lengda på AP-en.¹


¹For austlandsk vil det t.d. seia at H til slutt i ordet *venteværelse* ikkje er knytt til sjølve ordet *venteværelse*, sidan den same H kjem til slutt i både *ventesal*, *vente paa* og *vente paa os*.

Om me no skodar til sunnmørsk, kan det ved fyrste augnekast likevel sjå ut som om det er ein ordavhengig skilnad mellom [ʔjæn:tɛ] ‘jenter’ (2.3.5) og [ʔjæn:tɿnɛ] ‘jentene’ (2.3.6), ved at *jenter* har to tonar på den fyrste stavinga, medan *jentene* har éin tone på kvar staving.

(2.3.5) *jenter* [ʔjæn:tɛ]




(2.3.6) *jentene* [ʔjæn:tɿnɛ]




Men med Alnæs i bakhovudet kan ein òg nemna sunnmørske døme som (2.3.7) [ʔɑŋ ¹so:g ʔjæn:tɛ ˌdæ:r] ‘han såg jenter der’ og (2.3.8) [ʔɑŋ ¹so:g ʔjæn:tɿnɛ] ‘han såg jentene’, som har akkurat den same tonerørsla. Det er altså ikkje eigenskapar ved sjølve ordet som avgjer måten som tonane vert realiserte på, men eigenskapar ved domenet AP, i dette tilfellet at AP-ane *jenter der* og *jentene* er på tre og ikkje på to stavingar.¹ Dermed landar L_{lex} på *jen*, H_P på *te* og L på *der* (2.3.7) eller *ne* (2.3.8).

¹AP-ar må innehalda og byrja med eit tonelag, dei trykklette *han* kjem difor utanfor AP-ane i (2.3.7) og (2.3.8).

(2.3.7) *han såg jenter der* [ʔaŋ¹so:g²jæn:te₁dæ:r̥]



(2.3.8) *han såg jentene* [ʔaŋ¹so:g²jæn:tiŋɛ]



For andre dialektar enn dei som allereie er omtala, må det sjølvsagt takast atterhald om kva som avgjer korleis tonane vert realiserte på dette nivået: om det er lengda på den AP-en som tonane til tonelaget vert realiserte innanfor, eller om det er lengda på det ordet som tonane til tonelaget er knytt til gjennom den trykkstavinga som trengst for å få realisert eit tonelag.


2.3.3 Prosodisk ord

Det prosodiske ordet (ω) er etter m.a. Nilsen (1992:68f) og Fretheim (1990:88) hovudet i AP-en, og ligg heilt til venstre i han. Mot venstre er det prosodiske ordet avgrensa av tonelaget, slik at både det prosodiske ordet og AP-en opnar med eit primærtrykk. Venstregrensene for dei to konstituenttypane er altså alltid synkroniserte. Eit morfologisk ord som har realisert tonelag på ei anna staving enn den fyrste (t.d. *kommune* [ku²mū:nɛ]), vil dermed verta delt slik at berre stavingane frå og med trykkstavinga kjem inn under den AP-en (i dette dømet *mune*). Mot høgre er det prosodiske ordet

avgrensa av den høgre enden til det morfologiske ordet. Det prosodiske ordet er altså hjå Nilsen og Fretheim definert både tonalt og morfologisk.

Det kan vera verdt å nemna at i litteraturen elles (t.d. Selkirk 1981) vil det prosodiske ordet vera ein *metrisk* konstituent, og at det vil svara til *heile* det morfologiske ordet, og vera domene for forhold som t.d. plasseringa av potensielle trykkstavingar inne i kvart einskilde morfologiske ord. Termen *prosodisk ord* har altså ein annan bruk hjå Fretheim og Nilsen, jf. ordet *bestandig* i fig. (2.3.9), som er ein representasjon av ytringa *Thorstein snakker bestandig om intonasjon*. Figuren er ein faksimilie frå Nilsen (1992:66). I det dømet finn me det prosodiske ordet *standig*, medan *be* kjem utanom. Hjå Selkirk og andre vil heile ordet *bestandig* vera eit prosodisk ord.

(2.3.9)



Motivasjonen som Nilsen og Fretheim har for det morfo-tonale domenet *prosodisk ord*, er i alle fall todelt. Fretheim (1990:88) skriv m.a.:

The ω is the domain of the morpholexically determined word-tone distinction between so-called Accent 1 and Accent 2.

Nilsen (1992:68) siterer dette, etter sjølv å ha lagt til:

Motivasjonen for å innføre ω -nivået i Trondheimsmodellens prosodiske hierarki er, som tidligere nevnt, blant annet grunnet i et ønske om bedre å kunne beskrive forbindelsen mellom fokusprojeksjon i syntaksen og trekket [\pm fokal] i det prosodiske hierarkiet. Dette krevde en finere inndeling av fotens oppbygging.

Statusen til det morfo-tonale prosodiske ordet¹ hjå Fretheim og Nilsen er interessant: Det tonale prosodiske hierarkiet deira er eksplisitt fonologisk motivert, jf. Nilsen (1992:25): «De ulike nivåene i det prosodiske hierarkiet er ene og alene definerte ut fra de *tonale* særtrekk som karakteriserer deres domener.» Nilsen (1995:112) modifierer dette av omsyn til det prosodiske ordet: «Formuleringen ‘ene og alene’ burde ha vært skiftet ut med ‘hovedsakelig’.» Det prosodiske ordet er både prosodisk og morfologisk definert.

Men som me ser i sitata frå Nilsen og Fretheim, handlar deira prosodiske ord ikkje berre om tonelagsrealisering og morfologi, men òg om både tonelagsdistinksjon (dvs. valet mellom dei to tonelaga) og om fokusprojeksjon.

Fokusprojeksjon er etter deira arbeid ein prosess som lèt tonale strukturar leggja premissane for korleis ein tolkar ein streng av ord etter diskursive kriterium som «tema» og «rema». Om noko er fokalt aksentuert (i austlandsk ved at AP-grensetonen vert ekstra høg), vil dette få konsekvensar for korleis ein tolkar informasjonsstrukturen i ytringa. Koplingspunktet for fokusprojeksjon frå ein fokal AP og inn i den syntaktiske² strukturen vil alltid vera det fyrste ordet i AP-en (jamvel om den relevante tonale eigenskapen, ekstra høg AP-grensetone, fyrst kjem mange stavingar seinare). Dermed treng Nilsen og Fretheim ein konstituent inne i AP som kan representera denne koplinga mellom det fokuserte ordet og den allmenne fokale tonestrukturen i AP.

Nilsen (1992:70) seier såleis:

Ved å anta det prosodiske ord som det obligatoriske hode i en fot, og si at det prosodiske ord i egenskap av å være hodet i foten, arver alle de egenskaper som karakteriserer den, så oppnår vi at fotens eventuelle fokale eller ikke-fokale egenskap via sitt hode (ω) overføres fra det fonologiske nivået til en tilsvarende formativ i den syntaktiske overflatestrukturen som derved spesifiseres for den samme egenskapen. Formativer, spesifisert som [+fokal] tjener som fokusekspONENTER (eller fokustilordnere) i det syntaktiske hierarkiet, og vil projisere [+fokal] oppover i treet i samsvar med fokusprojeksjonsprinsippet [...] som bestemmer hvor langt oppover i treet fokusekspONENTEN kan virke før projeksjonen hindres av tonalt baserte barrierer.

¹Fretheim og Nilsen skriv berre «prosodisk ord». Etiketten «morfo-tonalt» er mi presisering.

²Fokus hjå Fretheim og Nilsen er definert i syntaksen. Dette er i og for seg irrelevant for oss, sidan me ikkje skal sjå på informasjonsstrukturar, men på fonologi, t.d. korleis fokalitet oppfører seg fonologisk.

Fokusprojeksjon baserer seg på intonasjonsstrukturar og syntaks, og er i seg sjølv noko som sorterer under informasjonsstrukturering. Fokusprojeksjonen sluttar ikkje eingong ved det prosodiske ordet, men held fram i syntaksen heilt til han når ein barriere etter nærare definerte syntaktiske, tonale og informasjonsstrukturelle prinsipp (Nilsen 1992:37f).

Korkje Fretheim eller Nilsen ser på fokusprojeksjon som fonologi, og det gjer heller ikkje eg. Fokusprojeksjon kan difor, slik eg ser det, ikkje vera grunnlag for eit fonologisk domene av typen «(morfo-tonalt) prosodisk ord», som jamvel skal vera dels morfologisk avgrensa. Eit fonologisk domene må vera avgrensa av empirisk observerte fonologiske eigenskapar. Vel er det påvist at det fyrste ordet som er med i ein AP, på grunnlag av intonasjonen kan få tildelt visse informasjonsstrukturelle eigenskapar, og spreia desse i syntaksen etter gjevne prinsipp. Og vel vil då det ordet fungera som eit knutepunkt mellom fonologi og syntaks. Men det er langt frå dette og til å postulera eit eige prosodisk domene i det tonale hierarkiet. Så lenge det morfo-tonale prosodiske ordet likevel ikkje treng femna om heile det morfologiske ordet, skulle det heller ikkje vera noko i vegen for å lata den fyrste stavinga i AP, som dannar grunnlaget for tonelagsrealiseringa, fungera som knutepunkt i staden for det prosodiske ordet. Og det er då òg ein del av faghistoria at Trondheimsmodellen fyrst vart etablert utan noko prosodisk ord, og med fokusprojeksjon direkte frå det morfologiske ordet til venstre i AP (t.d. Nilsen 1988).

Fretheims siterte motivasjon er fonologisk. Han gjekk ut på at det prosodiske ordet er domenet til den morfoleksikalske ordtonedistinksjonen¹ mellom tonelag 1 og tonelag 2. Men me har allereie sett for sunnmørsk sin del at det ikkje er ordnivået som avgjer kva stavingar tonane ved primærtrykk vert realiserte på. Me har sett at *jenter der* i (2.3.7) har det same tonale mønsteret som *jentene* i (2.3.8). Dette er elles fullt i samsvar med studiane frå Fretheim og Nilsen.

Ein viktig motivasjon for det morfo-tonale prosodiske ordet i det tonale hierarkiet er elles å finna i fenomenet *tonelagsskifte* (Thorstein Fretheim, munnleg opplysning). Dette opptre i austlandsk m.a. i konstruksjonar med verb + verbpartikkel, t.d. ¹*slå* men ²*slå opp* (*i leksikonet*). Det vil framleis vera tonelag 2 dersom det kjem noko imellom verbet og partikkelen: ²*slå det opp*. Ut ifrå dette kan det vera nyttig med eit eige tonalt domene som femner om alt frå og med trykkstavinga og — i dette tilfellet — til og med partikkelen.


¹Dvs. tonelagsdistinksjonen.

I underkapittel 5.4.3 skal me sjå at verb med partikkel på sunnmørsk oppfører seg som samansette ord, og at dette kan analyserast med eit *metrisk* prosodisk ord. Eg ser difor ikkje noko i tonelagsskifte-fenomenet som talar for at ein må bruka eit eige, morfo-tonalt prosodisk ord i det reint tonale prosodiske hierarkiet, når ein truleg er like godt hjelpt med metriske analysar. Denne bruken av det morfo-tonale prosodiske ordet bryt elles med den morfologisk definerte høgreavgrensinga ved slutten på det fyrste morfologiske ordet som er representert i ein AP.

Ein kan likevel argumentera for det morfo-tonale prosodiske ordet på fleire måtar, om ikkje alle er i tråd med Fretheim og Nilsen.


Til dømes kan ein peika på at dei to fyrste tonane ($L_{lex}H_P$) faktisk vert realiserte innanfor det fyrste ordet i både *jenter der* (2.3.7) og *jentene* (2.3.8). Likevel kan ein ikkje koma forbi at tonemønsteret held seg uendra jamvel om det fyrste ordet skulle ha berre éi realisert staving: Om ordet med primærtrykk og tonelag 2 er einstava pga. bortfall av endestavinga (2.3.10) (*leve ikkje lenger* til *lev' ikkje lenger*), eller om det har vorte til tonelag 2 (altså om me har tonelagsskifte) pga. ein partikkel¹ (2.3.11) (*slo inn ei*), så er likevel prominensjonen i tonelag 2 realisert på staving nr. 2 frå venstre, så sant AP-en er på minst tre stavingar. Er det berre to stavingar der, vert tonerørsla den same som i dømet med det isolerte ordet *jenter*, jf. (2.3.12) (*slo ned*). Det viktige er dermed at det i det heile finst ei staving som er trykksterk, slik at tonelaget kan realiserast. At trykkstavinga naudsynleg må vera ein del av eit morfologisk ord, gjev ikkje dette ordet nokon uavleidd status i den fonologiske analysen.

(2.3.10) *han lev' ikkje lenger* [$ʔa_n 2le:v \textit{ic}\widehat{c}\varepsilon \textit{,l}\varepsilon\eta\textit{:g}\varepsilon\textit{r}$]




¹Slikt tonelag 2 er eit nyare fenomen i vestnorsk. I tradisjonell dialektologi vil verb med verbpartikkel få primærtrykket på verbpartikkelen på Vestlandet (Christiansen 1976:206).

(2.3.11) *ho slo inn ei tann på 'nom* [ʔu²slu: ɪŋ æɪ¹tɑp: pɔ nɔ]



(2.3.12) *ho slo ned guten* [ʔu²slu: ɲe: 1gʊ:tɪ]



Med andre ord kan ikkje det prosodiske ordet seiast å vera domene for realisering av tonelaget. Om ein i staden vel å tolka det prosodiske ordet hjå Fretheim og Nilsen som uttrykk for ein (morfo-)tonal konstituent som avgjer om det er tonelag 1 eller 2 som skal brukast, så vert ikkje nivået rettgjort av dette heller, sidan eit reint tonalt hierarki ikkje genererer tonar, men berre skildrar dei. Leksikalske tonar er i seg sjølve prosodiske konstituentar, og er ikkje henta frå andre prosodiske konstituentar, men frå leksikon (og morfologien) som ein del av dei fonologiske (og morfologiske) eigenskapane til ordet.

Kan då ikkje det prosodiske ordet seiast å skildra det at det er eit tonelag til stades? Jau, det kunne me seia, dersom berre dei stavingane som tonelaget vert realisert på, på nokon måte kunne danna ein streng som var tonalt avhengig av t.d. lengda på det morfologiske ordet. Men slik er det korkje i sunnmørsk eller (som me har sett det i Alnæs 1916:92) austlandsk.¹ Når «at eit tonelag er til

¹I kapittel 5 skal me likevel sjå på korleis morfologiske forhold i samansetjingar spelar ei stor rolle i metriske og tonale forhold. Der vert det likevel meir aktuelt å bruka det metriske prosodiske ordet enn Fretheim og Nilsens morfo-tonale prosodiske ord.

stades» i tillegg berre er ein annan måte å seia det på, at det finst eit primærtrykk, går tankane elles i metrisk retning.

Den fonologiske statusen til det prosodiske ordet er òg problematisk når det er dels fonologisk definert (den tonalt definerte avgrensinga mot venstre), dels morfologisk definert (avgrensinga mot høgre) og dels informasjonsstrukturelt definert (gjennom funksjonen i fokusprojiseringa).

Kan me i staden bruka det morfo-tonale prosodiske ordet slik at ein frå *o* og nedover finn dei leksikalske prosessane, medan ein frå AP og oppover finn dei postleksikalske? Vel, dette vert òg problematisk. Stavingane (eller moraene) i austlandsk og sunnmørsk vert ikkje assosierte til tonar på måtar som skulle tyda på leksikalsk-fonologiske prosessar: Me har allereie sett at i sunnmørsk vert tonane fordelte på det segmentale materialet alt etter kor lang AP er, ikkje etter korleis det morfologiske eller morfo-tonale ordet ser ut.


Det morfo-tonale prosodiske ordet har heller ikkje innverknad på tonane, anna enn at det representerer (ein del av) ei morfo-leksikalsk eining som for det meste er det som avgjer kva for eit tonelag som skal brukast. Men då er me igjen borte i tonegenerering i staden for skildring av område med sams tonale eigenskapar. I tillegg har me dermed å gjera med ei eining som er av eit anna slag enn dei andre einingane i det tonale prosodiske hierarkiet: Medan IU, IP, AP og stavingar nettopp representerer hierarkisk ordna tonale område av ein eindimensjonal streng, vil *o* representera ei tonegenererande eining som ligg i leksikon og i den tonale delen av morfologien (og morfologien er ikkje avgrensa til berre dei delane av ordet som kjem på og etter trykkstavinga), men altså *ikkje* som noko hierarkisk ordna område (domene) av ein streng.¹

For sunnmørsk vil eg difor ikkje rekna med Fretheim og Nilsens morfo-tonale prosodiske ord som domene i eit tonalt hierarki.

Det må likevel nemnast at det finst norske dialektar der det kan først fonologiske argument for å operera med eit slags prosodisk ord, ved at den morfologiske høgregrensa for det fyrste ordet som er med i AP-en, faktisk har fonologiske konsekvensar. Mellom anna i høgtonedialekten i Vestvågøy i Lofoten kan me finna eit tonalt mønster som treng nærare forklaring, jf. (2.3.13) og (2.3.14). Informanten min frå Vestvågøy er kvinne og fødd i 1970.


¹For meir omtale av det prosodiske ordet til Nilsen (1992) kan ein sjå Kristoffersen (1995:95, 101).

(2.3.13) Vestvågøy: *jentenivået va bra* [²jɛn:tɛn₁vo:ɛ va ¹bra:]



(2.3.14) Vestvågøy:

men jenta e så på, va bra, ja [mɛn ²jɛn:ta ε ,so: pɔ va ¹bra: ja]



I den fyrste AP-en i både (2.3.13) og (2.3.14), dvs. frå og med ordet *jenta*, har me konturen til ein tonelag 2-AP ($L_{lex} H_P L$). Det er like mange stavingar i den AP-en i dei to døma, og i tillegg til eit primærtrykk finn me eit sekundærtrykk. I begge døma er sekundærtrykket på den fjerde stavinga i AP-en.

Likevel er det skilnad på korleis tonane vert assosierte. I (2.3.13) går ein ikkje ned frå H_P til L] før ved sekundærtrykket i stavinga *vå*. Den litle uroa me ser på strengen «jentenivå» i ordet «jentenivået», kjem av mikroprosodiske forhold under artikulasjonen av *t* og *v*.

Mønsteret med fall på sekundærtrykket har ikkje noko å gjera med om det finst eit sekundærtrykk i AP-en. Ser me på (2.3.14), har den tilsvarande AP-en eit sekundærtrykk på den tilsvarande stavinga, men her fell tonen ned til L] allereie i den fyrste *trykklette* stavinga etter stavinga med primærtrykk.

Til fig. (2.3.14) vil eg nemna at ytringa opnar med eit *men* for å gjera det enklare for informanten å tenkja seg ein kontekst som dette kunne ytrast i (*guten eg såg på, var dårleg; men jenta eg såg på, var bra, ja*). Eg lét

informanten avslutta ytringa med eit etterhengt, trykklett *ja*. Dette vart gjort slik fordi informanten hadde ein tendens til å bruka knirkestemme på slutten av ytringane. Ved å gjera den slutten litt lengre, vart knirkestemma avgrensa til den siste stavinga, og konturen i siste AP-en vert ikkje tilrota på upedagogiske måtar.

Attende til analysen: Eg sa at det ikkje er avgjerande at det finst eit sekundærtrykk i AP-en. Det er likevel openbert ut ifrå (2.3.13) at det er sekundærtrykket som avgjer tidspunktet for overgangen frå T_p til T_j . Fenomenet er m.a. nemnt frå samansette ord i Tromsø (høgtonedialekt, Nord-Noreg) og Stockholm (lågtonedialekt, Sør-Sverige) i Lorentz (1981:168f).¹

Det som skil dei to døma frå kvarandre, er den morfologiske plasseringa av sekundærtrykket. I (2.3.14) er sekundærtrykket plassert i eit anna ord enn primærtrykket, noko som ikkje er tilfellet for (2.3.13). Sekundærtrykket har altså noko å seia for korleis tonane vert assosierte, men berre dersom sekundærtrykket er i det same morfologiske ordet som primærtrykket.

I slike dialektar vil det vera naturleg å operera med eit slags ω -nivå, jamvel om det vil trengast analysar for å slå fast om det er det metriske prosodiske ordet (i eit metrisk hierarki, og som dermed kan gå på tvers av tonale AP-grenser) eller Fretheim og Nilsens morfo-tonale prosodiske ord (i eit tonalt hierarki).²

Det vil vera naturleg å avgrensa ω mot høgre fonologisk, i og med at det er sekundærtrykket som er relevant for kor mange stavingar den høge prominensstenen fordeler seg på. Likevel kan ein ikkje avgrensa ω mot høgre berre på grunnlag av sekundærtrykket, sidan sekundærtrykket må ha den rette morfologiske plasseringa.

Kva då dersom det er fleire sekundærtrykk i det fyrste ordet? Informanten frå Vestvågøy fekk i oppdrag å tenkja seg at det finst eit «Institutt for jentenivå», og at dette instituttet har ein styrar, eller på dialekt med bokmålsk gloseinnlån: «bestyrer». Om det i tillegg finst slike institutt ved alle dei norske universiteta, skulle informanten karakterisera desse styrarane som bra, på same måten som informanten tidlegare hadde uttala seg om «jentenivåan». Resultatet vart som i (2.3.15), *jentenivåbestyreran va bra, ja*, og viser at det er det siste sekundærtrykket i ordet som er avgjerande: Tonen fell nettopp ved den siste sekundærtrykket. Dette vert stadfest av (2.3.16), *jentenivåbestyreran*

¹Fenomenet er òg kjent frå Agder, jf. Nilsen (2001:180), der ein informant frå Høvåg uttalar ordet *hjerteproblemer* med ein slik spreidd Hp. Figuren der er diverre ikkje segmentert, og fenomenet er heller ikkje drøft spesielt i artikkelen, men eg har høyrte opptaket.

²Sjå vidare drøfting i underkapittel 5.4.3.


e så på, va bra, ja, der den fyrste AP-en i tillegg har eit sekundærtrykk (nemleg *så*) som ikkje høyrer til det fyrste morfologiske ordet. Der fell tonen ved det siste sekundærtrykket i ordet, ikkje det siste sekundærtrykket i AP-en.

Dermed har me faktisk òg døme på at det er ordet, og ikkje AP, som avgjer korleis tonane vert fordelte på stavingane. Men det er likevel eit spesialtilfelle, og ein kan trygt seia at det ikkje var dette Vanvik (1956) tenkte på då han tilskreiv ordet rolla som domene for tonelag.


Eg vil difor inntil vidare føreslå at det i desse nordnorske dialektane finst eit fonologisk nivå som har å gjera med det morfologiske ordet. For å gjera det enkelt, kan me framleis kalla dette fonologiske nivået ω . Innanfor det prosodiske domenet ω er det då visse eigenskapar som er knytte til det siste sekundærtrykket.


Det kan vera aktuelt å hevda at denne fordelinga av tonar ikkje fyrst og fremst har med sekundærtrykket å gjera, men med at me har samansette ord. Dette er drøft nærare i delkapittel 5.4.

(2.3.15) Vestvågøy: *jentenivåbestyreran va bra, ja*
 [ʔjen:ten₁vo:be₁sty:ɛ:ɛɾan va ¹bra: ja]



(2.3.16) Vestvågøy: *jentenivåbestyreran e så på, va bra, ja*
 [ʔjen:ten₁vo:be₁sty:ɛ:ɛɾan ɛ₁so: pɔ va ¹bra: ja]



(2.3.17) Vestvågøy-analyse med prosodisk ord¹
jentenivåbestyreran e så på, va bra, ja

I alle fall har me openbert å gjera med ei fonologisk høgregrensa som fell saman med ei morfologisk høgregrensa. Den fonologiske høgregrensa er avleidd frå den morfologiske. Prinsipielt sett dreier det seg dermed ikkje om éi og den same høgregrensa, berre om eit samanfall av to grenser, på same måten som at venstregrensa til AP er avleidd frå venstregrensa til trykkstavinga.

Dette kan sjå ut som ei avvising av den kritikken eg har retta mot Fretheim og Nilsen, sidan det altså kan finnast prosodiske domene som baserer seg på morfologi. Det finst likevel ein skilnad: Eg observerer eit prosodisk domene som er avleitt frå morfologien, og der det skjer fonologiske prosessar som er karakteristiske for dette domenet. Domenet er altså konstituert av reint fonologiske kriterium, som rett nok kan relaterast dels til morfologiske. Dette skil seg frå Fretheim og Nilsens prosodiske ord, som er konstituert ikkje reint ut frå fonologiske kriterium, men direkte ut frå både fonologiske og morfologiske kriterium og utan fonologisk evidens (med unntak av tilfella med tonelagsskifte, som truleg kan tolkast som eit utslag av eit spesialtilfelle av metrisk ω), noko som i eit fonologisk perspektiv vert ei samanblanding av det fonologiske og det morfologiske nivået.

For austlandsk (og sunnmørsk!) vil eg då seia det så enkelt som at Fretheim og Nilsens prosodiske ord ikkje ser ut til å kunna forsvare plassen sin som *tonalt prosodisk domene* i analysen av tonale eigenskapar. Medrekna her er distribusjonen av tonelag 1 og tonelag 2, som heller er morfo-leksikalsk lisensiert enn avgjort av eit postulert domene i det tonale prosodiske hierarkiet.²

¹I dette tilfellet vil det metriske prosodiske ordet og den morfo-tonale prosodiske ordet i praksis ha det same utstrekninga.


²Strengt teke ville ein hypotese om at det morfo-tonale prosodiske ordet avgjer distribusjonen/valet av dei respektive tonelaga, implisera at det finst to slags morfo-tonale prosodiske ord, alt etter tonelaget, eventuelt at det morfo-tonale prosodiske ordet som

At det prosodiske ordet i Nilsen og Fretheims bruk kan vera relevant for fokusprojeksjon, vert ei anna sak, som har å gjera med informasjonsstruktur, og ikkje er reint fonologisk. Men det er òg klart at når ein analyserer fokusprojeksjon og informasjonsstruktur, så vert utgangspunktet likevel eit anna enn når ein konsentrerer seg om fonologi åleine. Kritikken min kan difor vera urimeleg, sidan eg har eit anna utgangspunkt enn Fretheim og Nilsen.

Inntil vidare¹ kan det sjå ut som Vestvågøy har eit slags prosodisk ord, men eg kjem altså ikkje til å taka med Fretheim og Nilsens prosodiske ord i det prosodiske hierarkiet for sunnmørsk. Det er kjent at ein i sunnmørsk har noko som fonetisk liknar på kurvene me har sett frå Vestvågøy, sjå t.d. LHL-konturen til venstre i (2.3.18), med H på stavinga *vå* (og berre der, til skilnad frå Vestvågøy). I kapittel 5 vil dette likevel verta analysert som noko anna, nemleg ei (metrisk) forskuving av primærtrykket, slik at dei tre fyrste stavingane ikkje sorterer under den AP-en som resten av ordet kjem inn under.

Dette vil i delkapittel 5.5 få konsekvensar for statusen til det *metriske* prosodiske ordet i sunnmørsk.

(2.3.18) Sunnmøre: *jentenivået va bra*.²



domene er til stades berre ved eitt av dei to tonelaga. Å leita etter den fonologiske lisensiatoren for t.d. den leksikalske tonen i ein gjeven AP ville vera som å leita etter ein fonologisk lisensiator til trekket [+ stemd] i [b], t.d. i ordet *bil* som motsetnad til *pil*. Distribusjonen av [+ stemd] i det dømet er leksikalsk avgjord, ikkje fonologisk.

¹Dette vil verta nærare drøft i underkapittel 5.4.3, og der vil eg konkludera med at eg ikkje finn nokon grunn til å halda på Fretheim og Nilsens morfo-tonale prosodiske ord heller enn det metriske prosodiske ordet.

²I figuren er det brukt ein lang loddbein strek for å markera AP-grense framfor *bra*. Etter analysen i kapittel 5 skal det vera ei AP-grense også føre *vå*.

2.4 AP og IP

IP, intonasjonsfrasen, er nivået over AP, aksentfrase. Ein IP grupperer AP-ar som har visse kjenneteikn sams. Etter Nilsen (1992), Fretheim (1981a) og fleire er det fokalitet som vil vera grunnlaget for denne grupperinga. Stutt sagt er IP ei gruppe av AP-ar, der den siste AP-en er fokal. Mot høgre er altså IP avgrensa av ein fokal AP. Venstregrensa for IP-en vil då anten falla saman med den fyrste AP-en i ytringa, eller grensa mot høgre grensa til ein føregåande IP. Dette er noko forenkla sagt her, me skal sidan sjå på materiale som er AP-eksternt (kap. 4).

I alle fall: Det obligatoriske hovudet i ein IP er ein fokal AP, medan ein IP òg har visse informasjonsstrukturelle funksjonar ved å generera fokusområde i syntaksen.

No har eg allereie nytta termen «fokal», adjektiv til «fokus» eller «fokalitet». Kikar me på oppslagsordet «Fokus» hjå Bußmann (1990:245f), finn me denne omtalen:

Bezeichnung für das »Informationszentrum« des Satzes, auf das die Mitteilungsinteresse des Sprechers gerichtet ist. Grammatische Mittel zur Kennzeichnung des F. sind vor allem →Wort- und Satzgliedstellung (vgl. →Topikalisierung) und →Akzent. Im Fragetest entspricht der F. in der natürlichen Antwort dem →Skopus der Wort-Frage, d.h. er besteht fast ausschließlich aus kontextuell ungebundenen Elementen: *Wer hat die meisten Stimmen erhalten? – Die am wenigsten damit gerechnet haben [haben die meisten Stimmen erhalten].* Vgl. auch →Funktionale Satzperspektive und →Thema vs. Rhema, →Topik vs. Prädikation.

Det er klart at i fonologisk intonasjonssamanheng er det ikkje den pragmatiske bruken av termen det er snakk om, men den fonologiske og fonetiske realiseringa av fokalitet. I sine innleiande ord om fokus i delkapittelet «Trykk, aksent, tone» innfører då òg Nilsen (1992:26) trekket [\pm fokal] gjennom praktiske døme, og ikkje gjennom nokon definisjon. For Nilsen, som ser på austnorsk, er ein fokal AP kjenneteikna av ein ekstra høg AP-grensetone (hjá henne: «fraseaksent»). I ein austnorsk tonelag 2-AP med tonane $H_{lex} L_P H$ kan altså H vera høg eller veldig høg. Er han veldig høg, er AP-en fokal. Pragmatisk sett vil fokus verta projisert frå den fyrste ordforma som er representert i AP-en, jamvel om denne siste høge tonen skulle koma fleire stavingar etter at dette ordet er ferdig. Dette var òg den viktigaste motivasjonen hjå Fretheim og Nilsen for å operera med eit prosodisk ord i Trondheimsmodellen: Det prosodiske ordet skulle fungera som kontaktpunktet i AP-en mellom syntaksen og fonologien.


I sin omtale av Trondheimsmodellen definerer Kristoffersen (2000:279) fokus på denne måten: «Focus can be defined as a syntactic or intonational means to foreground a discourse constituent.» Den type «foregrounding» som det typisk er snakk om, er (Nilsen 1991:39ff) tema (kjend informasjon) og rema (ny informasjon).

Med (fonologisk) fokus som det obligatoriske elementet i ein IP skal me no sjå på korleis IP og fokusmarkering opptre i sunnmørsk. Eg vil for det meste bruka termen *fokus* om fonologiske (ikkje informasjonsstrukturelle eller syntaktiske) forhold, i tydinga ‘fokal AP’.

2.4.1 Eigenskapar ved IP

Me har allereie vore innom ein informasjonsstrukturell funksjon som er knytt til IP: fokustilordning. Den fonologiske eigenskapen som er mest openberr, er at IP er domene for neddrift. I figur (2.4.1) ser me den sunnmørske ytringa *mannen som åt PØLSA mi, var ein dum TULLING*.¹ Ei slik ytring kan vera relevant i ein situasjon der det er snakk om ulike slags menn, men han som åt pølsa, vert nemnd for fyrste gong (rema, ny informasjon).

(2.4.1) (((¹mannen som_{AP}) (¹åt_{AP}) (²PØLSA mi_{AP})_{IP}) ((¹var ein_{AP}) (¹dumme_{AP}) (²TULLING_{AP})_{IP})_{IU})²



Både dei høge og dei låge tonane kjem gradvis lågare, men berre fram til IP-en er slutt. Når den nye IP-en byrjar, byrjar òg ei ny neddrift (*downdrift*). Det er vanleg å tolka neddrift som ei lågning av den høge tonen etter ein låg

¹Fokuseksponentar (dvs. det fyrste ordet som er representert i ein fokal AP) vert gjerne transkriberte med majusklar.

²Heilt til venstre i figuren er ein tilsynelatande lågtone. Dette er [m], og tonen er låg berre akustisk sett. Det fonologiske tonale materialet kjem ikkje før med vokalen.

tone, dvs. som ein partiell tonal assimilasjon. Termene *nedsteg* (*downstep*) og *deklinasjon* er òg vanlege, om enn t.d. Roca (1994:264) vel å skilja mellom desse tre på denne måten:

There are three phenomena involving a lowering of the pitch register. First, 'declination', a gradual fall in the tone baseline. Second, 'downdrift', a lowering of all H(s) after L. Third, 'downstep', a lowering of some H(s) not overtly preceded by Ls, usually attributed to the presence of a floating L.

Innanfor det autosegmentale tenkjesettet er det likevel ikkje nokon prinsipiell skilnad mellom ein flytande L og ein assosiert L. Eg vel å bruka termen **neddrift**, i tråd med Roca.¹ I arbeida til Randi A. Nilsen og Thorstein Fretheim er *deklinasjon* den vanlegaste termen.

Analysen av neddrift som assimilasjon byggjer på ein idé om H og L som fonologiske einingar som kan påverka kvarandre fonetisk. Trass alt byrjar den andre IP-en med ein høg topp, sjølv om den førre AP-en slutta heller lågt. I dette dømet ser me jamvel at den høge toppen fremst i andre IP er høgare enn den fyrste toppen i fyrste IP, sjølv om startfasen fremst i den fyrste IP-en naturleg nok byrjar fonetisk høgare enn den låge tonen til slutt i IP-en (som er den siste låge tonen før den fyrste toppen i den andre IP-en). Det kan dermed ikkje vera fonetisk låge frekvensar i seg sjølve som fører til at H vert lågare og lågare. Neddrifta må vera eit fonologisk fenomen.²

Slethei (1996:105) har ein alternativ, fonetisk analyse:

Selv om vi bruker en del muskelarbeid på å regulere denne luftmengden slik at vi ikke får en tilsvarende stor forskjell i lufttrykk under glottis, er det trolig ulikhetene i luftmengde og lufttrykk som er årsaken til at de fleste språk har en fallende tone over ytringen etterhvert som tiden går. (Østnorske dialekter er unntak fra denne hovedregelen.)

Det kan nemnast at også i austlandsk er IP domene for neddrift, men, som Slethei kjem inn på i parenteser sin, distribusjonen av neddrift er fonologisk annleis der enn i sunnmørsk og vestlandsk elles. Medan IP-grenser i sunnmørsk er grenser for åtskilde neddriftsområde, finst det i austnorsk

¹Jf. at det finst både sekvensar av L og L og sekvensar av H og H i sunnmørsk (kap. 4), og det skjer ikkje noko gradvis fall inne i ein slik sekvens. Det gradvise fallet gjennom neddriftsområdet skjer slik at ein tone med gjeven polaritet (t.d. H) kjem lågare enn førre slike tone dersom ein tone med motsett polaritet (L) står imellom dei.

²Mot slutten av 4.1.2 kjem ein fonologisk analyse som m.a. kan forklara at IP-grenser gjev ny neddrift i sunnmørsk.

område utan neddrift. Dette gjeld den fyrste IP-en i ei austnorsk ytring (Fretheim 1987:38).

Hadde det vore fysiologiske vilkår som låg til grunn for neddrift, ville me ikkje fått to neddriftsområde i figur (2.4.1), sidan denne ytringa er sagt på éin utpust. Det ville heller ikkje ha funnest «unntak» frå regelen. Det vil seia, ein kan framleis mistenkja at det ligg fysiologiske prosessar til grunn for *tendensen* til neddrift i verdas språk, men ein har altså fonologisk høve til å vika frå denne tendensen. Det som er vandt å forklara ut frå ein reint fonetisk analyse, er at ein kan ha to neddriftsområde på éin utpust.

I delkapittel 2.5.2 skal me sjå at det kjem føre IP-ar i sunnmørsk som ikkje har neddrift. I mellomtida skal me sjå nøgnare på neddriftsområde, og då særleg korleis fokus vert realisert i neddriftsområde i sunnmørsk.

2.4.2 IP og ikkje IP: To slags neddrift

Frå dømet over ser me i alle fall at IP vert realisert som eit neddriftsområde. Men vert fokus signalisert berre gjennom førekomsten av eit neddriftsområde? Me skal no sjå at svaret på dette spørsmålet openbert må vera nei, i alle fall for sunnmørsk sin del.

I (2.4.2) og (2.4.3) har me to alternative svar på spørsmålet: *Kven har stole ei gryte i byen?* Svaret i (2.4.2) er *EG har stole ei gryte i TRONDHEIM*. Dette svaret er aktuelt når svararen skjønar ordet «byen» slik at det refererer til ein annan by enn Trondheim, t.d. Namsos. For ein sunnmøring kunne det t.d. vera naturleg å tenkja på «byen» som Ålesund, slik at det må presiserast dersom tjuveriet faktisk fann stad i Trondheim. Bynamnet Trondheim vert her fokalt aksentuert, og vil verta oppfatta som ny informasjon av den som lyttar til svaret. Same kva den opphavlege spørsmålsstillaren tenkte på med ordet «byen», vil han eller ho no skjønna at svararen må ha forstått «byen» som noko anna enn Trondheim.

I (2.4.3) er svaret *EG har stole ei gryte i Trondheim*, utan fokal aksentuering av bynamnet. Svararen tek det her for gjeve at ja, det er Trondheim det er snakk om, og jau då, det var der denne gryta vart stolen.

I både (2.4.2) og (2.4.3) er forresten «eg» fokalt aksentuert, som gjeven informasjon. Samstundes er det klart at det ville vera mogeleg å svara på andre måtar enn dei eg presenterer her, men eg har valt desse to måtane fordi dei er heller illustrerande.


Den fyrste IP-en i begge døma inneheld berre AP-en *eg har*. Me skal konsentrera oss om det skjer til høgare for denne fyrste AP-en. Strengen *eg har* til venstre er elles så stutt (berre éin AP) at han ikkje eignar seg for

analysar av neddrift. Han er med berre for å skapa høve til det som kjem etterpå.


I (2.4.2) har me då to fokale AP-ar, og dermed to IP-ar. Etter den fyrste AP-en har me ein ny IP, og me ser at han har neddrift på den måten me kjenner att frå (2.4.1).

Slik er det ikkje i (2.4.3). Der har me éin førekomst av fokus, nemleg eit snevert fokus heilt til venstre i ytringa. Det området som kjem etter den fyrste AP-en, har ikkje noko fokalt i seg. Og kva skjer med neddrifta? Jau, neddrift har me framleis, men med unntak av den fyrste førekomsten av $L_{lex}H_P$ -transisjon finn me ikkje nokon fonetisk overgang frå låg til høg tone. I staden for ei fonetisk stiging frå ein låg til ein høg frekvens har me ein heller jamn frekvens bortetter, før me fell i frekvens att når ein skal over frå ein høg til ein låg tone.

(2.4.2) (((¹EG har_{AP})_{IP}) ((²stole ei_{AP}) (²gryte i_{AP}) (²TRONDHEIM_{AP})_{IP})_{IU})



(2.4.3) (((¹EG har_{AP})_{IP}) (²stole ei_{AP}) (²gryte i_{AP}) (²trondheim_{AP})_{IU})




Distribusjonen av desse to neddriftstypane i sunnmørsk skil seg frå det som allereie er kjent frå austnorsk: Fretheim (1987:38) nemner for austnorsk, som har høg AP-grensetone, at «a nonfocal foot following a focal peak

normally has a very flat tone after the fall, with practically no elevation at the end». Med referanse til Gårding (1983) og termen *compressed falling grid* vert dette likevel sett på som ei stiging mot ein H sett i høve til den fallande grunnlina (streken som er trekt gjennom botnpunkta) i det postfokale området. Dette i motsetnad til «the level grid», som austnorsk har i den neddriftsfrie prefokale posisjonen.

Så medan det i austnorsk (sjå òg Nilsen 1992:28f) berre finst éi slags neddrift (og då berre postfokalt, sidan ein ikkje har neddrift prefokalt), har me altså to typar i sunnmørsk. I sunnmørsk har me neddrift både prefokalt og postfokalt, men postfokalt finn me altså ukomprimert neddrift når neddrifta skjer inni ein IP, og komprimert neddrift når neddrifta skjer i eit område som pga. manglande fokus må vera IP-eksternt, og sortera rett under eit høgre nivå i det prosodiske hierarkiet, intonasjonsytringa, IU, som me skal koma attende til.

Komprimert neddrift er neddrift der rørsle oppover frå L til H ikkje er ei rørsle i forhold til den absolutte y-aksen, men der oppoverrørsle er relativ til det koordinatsystemet som grunn- og topplina dannar. Sagt på ein mindre teknisk måte: Den fonologiske rørsle frå L til H vert ikkje realisert fonetisk som ei oppoverrørsle, berre slik at frekvensnivået nærmar seg den lina som er trekt gjennom toppunkta i konturen. Dette skjer då ved at toneleiet held seg på éin og same frekvens, medan lina gjennom toppunkta skrånar nedover. Tek me eit utsnitt frå det komprimerte neddriftsområdet i (2.4.3) og snur det litt mot klokka, slik at den fallande grunnlina (lina gjennom botnpunkta) ligg vassrett på papiret, (2.4.4), ser me tydelegare korleis dette er.

(2.4.4)



Ytringa med to fokale AP-ar kan noterast slik: (((¹EG har_{AP})_{IP}) ((²stole ei_{AP}) (²gryte i_{AP}) (²TRONDHEIM_{AP})_{IP})_{IU}). Og ytringa med éin fokal AP, og dermed berre éin IP, slik: (((¹EG har_{AP})_{IP}) (²stole ei_{AP}) (²gryte i_{AP}) (²trondheim_{AP})_{IU}).

Legg forresten merke til at den leksikalske, låge tonen i AP-ar med tonelag 2 (L_{lex} H_P L) alltid er fonetisk på same nivå som den låge AP-grensetonen i AP-en framføre. Sikre indikasjonar på ny neddrift kjem altså fyrst med den høge tonen i den fyrste AP-en i det nye neddriftsområdet (anten dette er IP-

internt eller IP-eksternt), då denne høge tonen sjølvsagt ligg noko høgre enn han ville ha lege om det ikkje hadde kome noka ny neddrift.

Overgangen nedover frå H_p til L] er òg noko meir samantrykt i komprimert neddrift enn i ukomprimert (det tilgjengelege frekvensregisteret vert smalare), men her skjer det framleis ei tydeleg fonetisk rørsle nedover.

2.4.3 Lyttetestar

Ut frå rein observasjon ser me at me kan skilja mellom fokus og ikkje-fokus ut frå om området før den eventuelt fokale AP-en har komprimert eller ukomprimert neddrift. Sidan IP har som hovud ein fokal AP, kan me seia at dersom neddrifta er ukomprimert, har me ein IP, elles sorterer AP-ane under neste nivå igjen, som er intonasjonsytringa, IU. Men finst det trekk også ved sjølve den fokale AP-en, den siste AP-en i ein IP, som skil slike AP-ar frå andre AP-ar? Finst det noko distinktivt i AP som signaliserer fokus eller ikkje-fokus?

Med programmet Praat kan ein manipulera F₀ i eit gjeve talesignal, slik at ein kan variera gjevne variablar i F₀, og deretter bruka desse manipulererte signala som grunnlag for lyttetestar. Dette har eg gjort.


Til grunn for manipulasjonane i lyttetestane mine ligg det nokre arbeidshypotesar for korleis fokal aksentuering kan realiserast i sunnmørsk, eller altså korleis ein avgrensar ein IP. Trass i morsmålskompetanse er dette eit spørsmål som eg ikkje har vilja vore for bastant i svaret på under arbeidet. Arbeidshypotesane har vore:

- IP-ar kan avgrensast gjennom ny neddrift, og ikkje noko anna.
- IP-ar kan avgrensast ved at heile den siste AP-en vert ekstra låg.
- IP-ar kan avgrensast ved at berre den låge AP-grensetonen i den siste AP-en er spesielt låg.
- IP-ar kan avgrensast ved at den neste neddrifta byrjar spesielt høgt.
- IP-ar kan avgrensast ved at den høge prominens-tonen vert ekstra høg i den siste AP-en.

Den siste arbeidshypotesen kan snøgt avskaffast. Me har allereie sett at den høge tonen ikkje er spesielt høg i den siste AP-en i ein IP. Samstundes skal det nemnast at jau, under innspelinga av dømeytringane (innlesne av meg) kom det tilfelle der denne høge tonen faktisk var ekstra høg. Men det har verka noko tilfeldig om det vart slik eller ikkje, og stort sett har den høge prominens-tonen berre kome lågare og lågare innanfor ein IP.

Eit døme på ein ekstra høg prominens finn me i «åt» i (2.4.5), «det store dyret ÅT den neddopa MANNEN». Sjå underkapittel 2.5.2 for nærare omtale av fenomenet.

(2.4.5) (det ((²store_{AP}) (¹dyret_{AP}) (¹ÅT den_{AP})_{IP}) ((¹neddopa_{AP}) (¹MANNEN_{AP})_{IP})_{IU})



Når eg har manipulert F0 etter dei opplista hypotesane, har eg konsentrert meg om heilt lokale område i konturane. Såleis har eg ikkje manipulert kva slags neddrift me har hatt (komprimert eller ukomprimert). Dermed kan det òg ha oppstått talesignal med ein kombinasjon av komprimert neddrift (signaliserer manglande fokalitet i siste AP) og ein final AP som er regelrett klipt og henta frå ein kontur med finalt fokus. Den kombinasjonen ville ikkje ha kome føre i naturleg tale.

Som i generativ lingvistikk elles tek eg då utgangspunkt i at den språklege kompetansen ligg føre og vil respondera på talesignal, same korleis desse talesignala ser ut. Ved å manipulera isolerte delar av F0 vil det kunna oppstå signal som i beste fall er marginale i naturleg tale, men som språkkompetansen likevel prosesserer.

Det er sjølvstøtt ikkje problemfritt å lata eit talesignal med låg eller ingen akseptabilitet passera gjennom ein språkleg prosesseringsmekanisme. Dersom talesignalet ikkje er akseptabelt, korleis kan det då brukast som grunnlag for kartlegging av dei språklege strukturane som det signalet tydelegvis ikkje representerer?

Om dette er eit problem, så er det likevel eit interessant problem, sidan det røyver ved det grunnleggjande spørsmål om kva språk som fenomen i grunnen er.

Såleis er dette spørsmålet i slekt med spørsmålet om t.d. korleis pidginspråk kan verta kreoliserte, og korleis kreolspråk då kan ha strukturar som ikkje fanst i det pidginspråket som låg til grunn: Både når det gjeld

kreolisering og når det gjeld prosessering av uakseptable talesignal, er det snakk om korleis språkkompetansen ser ut; for kreolisering gjeld det fyrst og fremst den generelle, medfødde språkkompetansen (universalgrammatikk, bioprogramhypotesen), for prosessering av uakseptable talesignal er det snakk om den same eigenskapen menneskja har til å leggja uakseptable ytringar inn i førehandsdefinerte strukturar, om enn no på eit særspråksnivå.

For begge handlar det likevel om den evna menneskja har til å bruka føreåtsdefinerte strukturar til å prosessera stimuli som desse føreåtsdefinerte strukturane ikkje ville ha produsert. I den ekstreme språksituasjonen som kreolisering er, er denne evna særleg tydeleg, sidan det vert etablert særspråksstrukturar på grunnlag av stimuli som desse særspråksstrukturane ikkje ville ha produsert. I den ikkje fullt så ekstreme språksituasjonen med eit uakseptabelt talesignal utan kreolisering er det framleis desse grunnleggjande eigenskapane ved språk som fenomen som er i sving. Det ser me òg når folk produserer uakseptable ytringar på eit framandspråk, men likevel vert forståtte.

Den retninga innan generativ lingvistikk der dette momentet vert trekt sterkast fram, er i dag kanskje optimalitetsteori. Der vert den språklege innputten sila forbi visse særspråksspesifikt ordna føringar, og kjem ut som ein fiks ferdig struktur, tilpassa det særspråket som føringane indikerte (eller: det særspråket som føringane utgjer, sidan den viktigaste skilnaden mellom språk på dette nivået er måten føringane er ordna på).

Medan tradisjonell filologi, korpuslingvistikk og tradisjonell strukturalisme (for å nemna nokre få) har som føremål å kartleggja faktisk språkbruk, performansen, har generativ lingvistikk som føremål å kartleggja den kompetansen som ligg til grunn for både produksjon og persepsjon av språk. I den samanhengen vil grensetilfelle vera spesielt interessante, sidan me då vil sjå korleis kompetansen prosesserer signal som eigentleg ikkje skulle ha vorte produserte. Når slikt skjer, kan det altså ikkje vera anna enn sjølve språkkompetansen me eksperimenterer med, ved å utsetja han for stimuli som *må* prosesserast.

2.4.3.1 Generelt om lyttetestane

Fyrst og fremst må terminologien presiserast. Eg bruker termen **dobbelfokus** om konstruksjonar som inneheld to fokale AP-ar, **vidfokus** om konstruksjonar som inneheld éin fokal AP som er plassert heilt til høgre, og **sneverfokus** om konstruksjonar som inneheld éin fokal AP som *ikkje* er plassert heilt til høgre. Desse termane er kjende frå arbeid om informasjonsstrukturering, t.d. Nilsen (1992). Det som må presiserast her, er

at eg bruker termene om dei reint fonologiske (eller fonetiske) tilhøva, utan å taka omsyn til informasjonsstrukturane. Dette kan stundom føra til terminologisk asymmetri mellom meg og t.d. Nilsen.

At eg bruker desse termene uavhengig av informasjonsstrukturane, tyder ikkje at informasjonsstrukturar er uviktige. Dei lyttetestane som eg gjennomfører her, gjer nytte nettopp av dei informasjonsstrukturelle funksjonane til intonasjonen. Bortsett frå det reint tekniske kriteriet å ha flest råd stemde segment (av omsyn til det dataprogrammet som skal analysere og manipulere talesignala akustisk) er testane utforma på grunnlag av respons og problem som dukka opp under pilottestane. Pilottestane kunne t.d. ha svaralternativ som «OK» og «ikkje OK» for å sjekke akseptabiliteten for eit gjeve talesignal. Informantane kunne då svara det eine og det andre på uventa måtar, fordi dei tolka inn kontekstar som ikkje hadde vorte tekne omsyn til. Reine testar på akseptabilitet ville altså lida under det at eit talesignal som var uakseptabelt i éin situasjon, kunne vera akseptabelt i ein annan som informanten sjølv kunne tolka inn.

Informantane kunne òg ha problem med prosesseringa av talesignala, t.d. dersom ei ytring for å verta lang nok til fonologisk analyse inneheldt ein syntaks som i seg sjølv kravde ein viss innsats for å verta prosessert.

Dette siste var tilfellet med «dame-testen», der dei originale talesignala var *ho dama som PRESENTERER vêret er FLINK* og *ho dama som presenterer vêret er FLINK*. Desse to skulle tyda høvesvis at det berre er éi dame som presenterer vêret på TV 2, og at ho dessutan er flink; og at ho som presenterer vêret akkurat no, er flink, men at det ikkje vert sagt noko om kor mange vêrdamer som arbeider i TV2.

Denne lyttetesten forvirra informantane, både fordi det vart brukt polaritetsfokus på verbet i som-setninga, som igjen modifiserte «dama» (altså forferdeleg mykje å prosessera), og fordi H_p i «vêret» i vidfokusvarianten truleg var så lite låg at informantane ofte oppfatta vidfokusvarianten som dobbelfokus med ny neddrift frå «vêret» av. «Dame-testen» vart difor bytt ut med «dyret-testen».

Dei endelege testane er då desse tre: «dyret-testen», «gryte-testen» og «Renault-testen». I «dyret-testen» er F_0 manipulert på (den potensielle) grensa mellom to (potensielle) IP-ar, for å sjå om det finst AP-spesifikke trekk som skil mellom fokalitet, altså om det finst fokale og ikkje-fokale AP-ar.

Dei to andre testane, «gryte-testen» og «Renault-testen», ser på fokalitet i final posisjon. Det einaste som skil dei to siste testane, er tonelaget i den AP-en som vert manipulert. Når eg tek med ein slik tonelagsspesifikk test for final posisjon, men ikkje for medial, er det fordi eg under pilottestane meinte å

leggja merke til at skiljet mellom fokale og ikkje-fokale AP-ar var vandare å observera finalt, fordi desse AP-ane er noko flatare enn andre AP-ar. Å taka med begge tonelaga der tener då som ein ekstra tryggleik ved at fenomenet vert forska ut dobbelt, særleg når ei slik flatare kurve skal innehalda like mange tonar som før (respektive H_{pL}] eller $L_{lex}H_{pL}$] for dei to tonelaga). Eg har derimot ingen grunn til å venta nokon skilnad for dei to tonelaga i måten som fokalitet ovrar seg på.

Eg skal presentera kvar av testane i detalj i avsnitta 2.4.3.3 og 2.4.3.4, men vil fyrst nemna stutt hovudtrekka:

I «dyret-testen» lyder talesignalet: *det store dyret åt den neddopa mannen*. Med dei ulike grunntonekonturane gjennom testen kan dette signalet oppfattast fonologisk som *det store dyret åt den neddopa MANNEN*, som gjev den tolkinga at det var mannen som vart eten, ikkje kvinna; eller det kan oppfattast fonologisk som *det store dyret ÅT den neddopa MANNEN*, med tolkinga at det var eten han vart, ikkje berre slikka på. Det som vert variert gjennom testen, er F0 i og like etter verbet *åt*.

I «Renault-testen» lyder talesignalet: *Om eg sette meg inn i nyebilen? Eg sette meg vitterleg inn i Renaulten*. Det som vert variert, er F0 i ordet *Renaulten* [$re^1no:i$], slik at ytringa kan oppfattast anten som *EG sette meg vitterleg inn i Renaulten*, dvs. at Renaulten er nyebilen; eller som *EG sette meg vitterleg inni RENAULTEN*, dvs. at Renaulten er ein annan bil enn nyebilen.

Sameleis for «gryte-testen»: *Om eg har stole ei gryte i byen? Eg har stole ei gryte i Trondheim*. Vert signalet oppfatta som *EG har stole ei gryte i Trondheim*, er det Trondheim som er den omtala byen. Med lesinga *EG har stole ei gryte i TRONDHEIM* er Trondheim ein annan by.

Sams for alle dei tre testane er at eg opererer med to autentiske talesignal, der kvart av signala borgar for kvar si tolking. Så vert kvart av dei to autentiske signala manipulert digitalt til å likna stendig meir på det andre signalet. Føremålet er å sjå kva tid eit gjeve signal bikkar over til å verta oppfatta som ekvivalent med det andre originalsignalet.

Manipulasjonane rettar seg mot einskilde variablar i F0-konturen, i tillegg til at einskildmanipulasjonane vert kombinerte. Også her er det altså dobbelt opp av materiale, denne gongen av ein openberr grunn: Når ein F0 vert manipulert, er det i prinsippet noko tilfeldig akkurat kor mykje ein gjeven type manipulasjon vert utført. Kan henda er manipulasjonen i eit gjeve tilfelle akkurat for liten til at signalet vert tolka annleis enn originalen. Ved å nærma seg grensa mellom dei to tolkingane frå begge sider vil me redusera faren for å gå glipp av slike grenseovergangar.

Eg vil òg presisera at eg med desse testane ikkje er ute etter absolutte verdiar for kor mykje ein må endra på ein gjeven variabel for å nå grensa mellom tolkingane. Sameleis har eg heller ikkje vore ute etter å presentera eller koma fram til absolutte verdiar for Hz-skilnadene som må til for å oppfatta ein AP-kontur som ein tonelag 1-AP eller tonelag 2-AP. Det eg er ute etter, er å kartleggja dei relevante variablane, der variablane tek utgangspunkt i dei hypotesane som eg ramsa opp i underkapittel 2.4.3. Om lyttetestane då skulle visa seg å gjeva utslag på ein gjeven variabel, vil eg difor heller ikkje venta at dette utslaget går att og er like markant for alle informantane. Det viktige er om lyttetestane i det heile gjev utslag for spesifikke variablar.

2.4.3.2 Spesielt om lyttetestane

Lyttetestane vart gjennomførde med øyrefelefon på kontoret mitt medan eg sat på eit anna rom. Informantane var seks sunnmøringar, tre av kvart kjønn, fødte i perioden 1969–1982. Eg har ikkje i utgangspunktet nokon mistanke om at det skulle vera skilnader mellom Søre og Nørdre Sunnmøre på dette punktet, men vil nemna at tre av informantane kom frå Søre, og tre frå Nørdre. Ingen av informantane frå Nørdre Sunnmøre var frå noko grenseområde mot Romsdal eller Oppland, bortsett frå GEH, som er frå Norddal kommune (grensar mot Oppland).

Dei seks informantane, med fødselsår, kjønn og geografisk opphav (kommune), var:

TK, 1969, mann, Ørsta
KMS, 1970, mann, Hareid
TS, 1970, kvinne, Herøy
IF, 1973, kvinne, Skodje
GEH, 1980, kvinne, Norddal
RB, 1982, kvinne, Sula

Ørsta, Hareid og Herøy ligg på Søre Sunnmøre, resten på Nørdre Sunnmøre. Alle talesignala som låg til grunn for lyttetestane, var innlesne av meg, som er frå Herøy.

Som me skal sjå, er responsane frå GEH atypiske. Det er vandt å seia om dette kjem av det geografiske opphavet, eller om det kan vera andre moment som òg spelar inn. Det kan nemnast at GEH var etter måten ung på tidspunktet for testen (21 år). Men me ser òg at GEH i snitt brukte heller stutt tid på å taka stilling til kvart talesignal: 9,8 sekund. I desse sekunda ligg det òg

5–6 sekund berre for å lasta ned kvart einskilde signal, i tillegg til eit par sekund for å spela av signalet. Det vil seia at ho ikkje har brukt meir enn eitt til to sekund på å taka stilling til korleis ho tolkar signalet, og det gjeld berre snittida. Av dei 120 signalførekomstane ho tok stilling til, var 11 unnagjorde på 6 sekund (medrekna nedlastinga) og 22 på 7 sekund. Me må difor rekna med at det var fleire signal ho knapt høyrde ferdig før ho leverte responsen sin.

Til samanlikning kan me føra opp GEH saman med snittidene for dei andre informantane:

| | | |
|------|------|--------|
| TK: | 11,1 | sekund |
| KMS: | 10,7 | sekund |
| TS: | 24,3 | sekund |
| IF: | 13,6 | sekund |
| GEH: | 9,8 | sekund |
| RB: | 9,4 | sekund |

Den som ligg nærast GEH, er RB, men til gjengjeld hadde ho berre tre signal som ho tok stilling til etter 6 sekund, og 20 etter 7 sekund. I tillegg til dette er RB frå den delen av Nørdre Sunnmøre som grensar mot Søre Sunnmøre.

Alt i alt vil eg i dei komande analysane leggja noko mindre vekt på GEH enn på dei andre informantane.

Testane vart utførde gjennom eit heimesnekra skript¹ over den lokale filen av Internett ved universitetet i Trondheim, dette av reint praktiske grunnar. Informantane fekk for kvar test fyrst lesa ein instruksjonstekst som skulle setja testsignala inn i ein gjeven kontekst. I denne instruksjonen fekk informantane òg høyra dei to originale talesignala.

Under sjølve testane fekk informantane høyra eitt og eitt talesignal, og skulle kvar gong klikka på éi av to mogelege tolkingar. I tillegg til at tolkinga vart registrert, vart det også, som eg allereie har vore inne på, registrert kor mange heile sekund det hadde gått frå informanten hadde klikka på tolkinga si av det førre talesignalet. (Informantane måtte òg klikka for å koma til det *fyrste* talesignalet i kvar test, slik at også den tida kunne registrerast.) Informantane hadde høve til å høyra talesignala på nytt (så mange gonger dei ville) før dei klikka på tolkinga.

¹Eit skript er ein type dataprogram.

Frå sosiolingvistikken kjenner me drøftinga av spørjeskjema med opne spørsmål og spørsmål med predefinerte svar. Opne spørsmål har den føremonen at informantane kan uttrykkja seg fritt, men samstundes kan ein då få svar på heilt andre ting enn det ein prøver å spørja om. Spørsmål med gjevne svarhøve kan på si side skuva svara inn i båsar som ikkje alltid passar heilt for den som skal svara kva han eller ho meiner.

Når det gjeld desse lyttetestane, vart pilottestane gjennomførde slik at informantane fekk velja mellom ulike tolkingar, samstundes som dei fekk kommentera fritt. Det skjedde forresten over telefon og på ein uformell måte. På dette viset kunne testane formast ut slik, både med talesignal og med kontekstar, at «konkurrerande kontekstar» ikkje skulle påverka tolkingane av talesignala. Det at informantane då fekk predefinerte svar å velja mellom, gjorde det endå enklare å tolka talesignala nettopp ut ifrå den konteksten som dei predefinerte svara høyrde heime i. Det høyrer sjølvsagt med til soga at dei predefinerte svara òg vart utforma slik at eventuelle andre mogelege kontekstar ikkje vart relevante for tolkinga.

Kvar lyttetest var altså oppbygd av to originale talesignal som vil gjeva ulik tolking, saman med fleire manipulasjonar av desse originalane. Kvar talesignal, både originalane og dei manipulerde, dukka opp tre gonger gjennom testen, og i tilfeldig rekkjefylgd (men med den same rekkjefylgda for alle informantane). Det var eitt unntak for den tilfeldige rekkjefylgda: Under testane var dei to fyrste talesignala alltid dei to originalane, før manipulasjonane. Dette vart gjort både for at informantane skulle verta litt meir fortrulege med den einskilde lyttetesten (ein skulle venta at originalar er lettare å tolka enn manipulasjonar er), og for at informantane då skulle få øva seg på materiale som likevel er noko perifert i analysen i høve til manipulasjonane. Det er jo manipulasjonane som skal fortelja oss kva som er dei viktigaste indikatorane på fokalitet.

Så til det praktiske rundt presentasjonen av testane:

Figurane med F0 for dei einskilde signala er mange, samstundes som alle signala innanfor éin lyttetest høyrer saman. Eg har difor valt å gjera det slik at alle F0-ane i for ein gjeven test er nummererte likt, med tillegg av ein bokstav og nok eit tal. Såleis er F0-ane i dyret-testen nummererte som (2.4.6) med tillegg. Alle signala som byggjer på det originale dobbelfokussignalet, vil få bokstaven *d* etter nummeret, medan signala som byggjer på det originale vidfokussignalet, vil få bokstavet *v*. Etter denne bokstaven vil det stå eit tal. Originalane vil få talet 0, manipulasjonane vil få tal frå 1 og oppover. Signal (2.4.6 v3) er då den tredje manipulasjonen av det opphavlege vidfokussignalet.

For gryte-testen og Renault-testen finst det sameleis eit opphavleg dobbelfokussignal (*d*) og eit opphavleg sneverfokussignal (*s*).

I figurane med manipulert F0 er den originale F0-en teken med som ei smal kurve, medan den manipulererte kurva er tjukkare, og ligg oppå kurva til originalen.

2.4.3.3 Lyttetest for mediale AP-ar: dyret-testen

Den instruksjonen som informantane fekk lesa før testen, lydde slik:

I skogen er det eit stort dyr som har ein stygg tendens til ikkje å slikka menneske, men å eta dei. Og særleg dersom mennesket er neddopa på førehand.

«Det store dyret åt den neddopa mannen» er ei fråsegn som kan leggja vekt på to ulike ting, alt etter korleis ein uttalar det.

«Det store dyret ÅT den neddopa mannen!» [Talesignal kunne høyrast her.] Dette legg vekt på at det var *eta* mannen det gjorde, ikkje slikka mannen. På lyttetesten skal du klikka på «Det var ETA mannen det gjorde, ikkje slikka mannen».

«Det store dyret åt den neddopa MANNEN!» [Talesignal kunne høyrast her.] Dette legg vekt på at det var *mannen* det åt, og ikkje kvinna. På lyttetesten skal du klikka på «Det var MANNEN det åt, ikkje kvinna».

Dei to originale signala var altså eit dobbelfokussignal,¹ skrive som «Det store dyret ÅT den neddopa mannen!» i instruksjonsteksten, og eit vidfokussignal, «Det store dyret åt den neddopa MANNEN!». Når eit signal vert tolka som dobbelfokus, indikerer det ei IP-grense etter AP-en *åt den*. Dobbelfokusformuleringa kunne i instruksjonsteksten sjølvsagt ha vorte skriven med store bokstavar også på det siste ordet, «mannen», sidan det ordet utgjer ein fokal AP (høg IU-grensetone, som her, finst berre etter ein fokal AP), men det vart vurdert som mest pedagogisk å sløyfa denne strikse notasjonen akkurat der.

No til dei einskilde signala. Eg vil berre kjapt repetera grunnlaget for manipulasjonane: Arbeidshypotesane er altså at IP kan avgrensast gjennom ny

¹Av fare for mistydingar hjå lesarar som har eit meir pragmatisk forhold til intonasjon, minner eg om presiseringa av den fonologiske bruken av termane *dobbelfokus*, *vidfokus* og *sneverfokus* øvst i avsnitt 2.4.3.1.

neddrift, ved at heile den fokale AP-en er ekstra låg, ved at berre L] er ekstra låg i den AP-en, eller ved at den neste neddrifta byrjar spesielt høgt. Ein hypotese om ekstra høg H_P i den fokale AP-en vart nemnd og funnen tvilsam, men er likevel teken med her. Dei variablane som eg undersøker i denne lyttetesten, er då praktisk avgrensa til høgda på H_P og L] i den siste AP-en i den fyrste IP-en, i tillegg til høgda på H_P i den fyrste AP-en i den andre IP-en. Detaljane er slik:

(2.4.6 d0) er det originale dobbelfokussignalet: (det ((²store_{AP})
(¹dyret_{AP}) (¹ÅT den_{AP})_{IP}) ((¹neddopa_{AP})
(¹MANNEN_{AP})_{IP})_{IU}).

(2.4.6 d1), her er H_P i ÅT gjord høgare.

(2.4.6 d2), her er H_P i ÅT gjord lågare.

(2.4.6 d3), her er L] i ÅT den gjord høgare.

(2.4.6 d4), dette er ei digital spleising av (2.4.6 d2) og (2.4.6 d3), slik at ÅT den har fått lågare H_P og høgare L], og dermed er noko flatare enn originalen.

Dette var manipulasjonane med endringar berre på venstre sida av IP-grensa.

(2.4.6 d5), her er H_P i neddopa gjord lågare.

Dette var ein manipulasjon med ei endring berre på høgare sida av IP-grensa. Resten av manipulasjonane av dobbelfokussignalet er laga ved å kombinera (2.4.6 d5) med dei føregåande. Dette er gjort med digital spleising.

(2.4.6 d6), her er H_P i ÅT gjord høgare, og H_P i neddopa gjord lågare.

(2.4.6 d7), her er H_P i ÅT og H_P i neddopa begge gjorde lågare.

(2.4.6 d8), her er L] i ÅT den høgare enn i originalen, medan H_P i neddopa er gjord lågare.

(2.4.6 d9), ÅT den har fått lågare H_P og høgare L], medan H_P i neddopa er gjord lågare.

Dette var dobbelfokussignalet med dei respektive manipulasjonane. No til vidfokussignalet. Her vert det gjort endringar på dei same stadene i talestrengen, men utgangspunktet er altså eit signal som berre har eitt fokus, og

dermed berre éin IP. Medan lyttetesten vil visa om nokon av manipulasjonane (2.4.6 d1) – (2.4.6 d9) vert oppfatta som vidfokus, vil den same lyttetesten òg visa om nokon av dei manipulasjonane (2.4.6 v1) – (2.4.6 v9) vert oppfatta som dobbelfokus. Sagt på ein annan måte vil lyttetestane visa om me klarer å manipulera bort, respektive inn, ei IP-grense.

Manipulasjonane av vidfokussignalet fylgjer det same mønsteret som manipulasjonane av dobbelfokussignalet.

(2.4.6 v0) er det originale vidfokussignalet: (det ((²store_{AP}) (¹dyret_{AP}) (¹åt den_{AP}) (¹neddopa_{AP}) (¹MANNEN_{AP})IP)IU).

(2.4.6 v1), her er H_P i *åt* gjord høgre.

(2.4.6 v2), her er L_J i *åt den* gjord lågare.

(2.4.6 v3), her er L_J i *åt den* gjord lågare.

(2.4.6 v4), dette er ei digital spleising av (2.4.6 v2) og (2.4.6 v3), slik at *åt den* har fått lågare H_P og lågare L_J, og dermed ligg heile AP-en noko lågare enn i originalen.

Dette var manipulasjonane med endringar berre på venstre sida av den IP-grensa som ikkje finst i originalen, men som kanskje dukkar opp i manipulasjonane.

(2.4.6 v5), her er H_P i *neddopa* gjord høgre.

Dette var ein manipulasjon på den høgre sida av den potensielle IP-grensa. Resten av manipulasjonane av vidfokussignalet er laga ved å kombinera (2.4.6 v5) med dei føregåande, på same måten som med dobbelfokussignalet.


(2.4.6 v6), her er både H_P i *åt* og H_P i *neddopa* gjorde høgre.

(2.4.6 v7), her er H_P i *åt* gjord lågare, medan H_P i *neddopa* er gjord høgre.


(2.4.6 v8), her er L_J i *åt den* lågare enn i originalen, medan H_P i *neddopa* er gjord høgre.

(2.4.6 v9), *åt den* har fått lågare H_P og lågare L_J, medan H_P i *neddopa* er gjort høgre.


(2.4.6 d0) (det ((²store_{AP}) (¹dyret_{AP}) (¹ÅT den_{AP})_{IP}) ((¹neddopa_{AP}) (¹MANNEN_{AP})_{IP})_{IU})




(2.4.6 d1)




(2.4.6 d2)




(2.4.6 d3)




(2.4.6 d4)




(2.4.6 d5)




(2.4.6 d6)




(2.4.6 d7)




(2.4.6 d8)




(2.4.6 d9)




(2.4.6 v0) (det ((²store_{AP}) (¹dyret_{AP}) (¹åt den_{AP}) (¹neddopa_{AP})
(¹MANNEN_{AP})IP)IU)




(2.4.6 v1)




(2.4.6 v2)




(2.4.6 v3)




(2.4.6 v4)




(2.4.6 v5)




(2.4.6 v6)




(2.4.6 v7)



(2.4.6 v8)



(2.4.6 v9)



Fem av dei seks informantane var med på denne testen: TK, TS, IF, GEH og RB. I tabell (2.4.7) ser me korleis informantane tolka dei ulike signala. Det eg fører opp her, er frekvensen av dei tolkingane som er motsette av det som originalsignalet skulle borga for, sidan me er ute etter å sjå kva som kan manipulerast for å oppnå nettopp den effekten. For signala d0, d1, d2 osv., der originalen er eit dobbelfokussignal, ser eg altså på kor mykje det har kome vidfokustolkingar. For v0, v1, v2 osv. er det dobbelfokustolkingane som vert talde.

Alle signala vart køyrde tre gonger kvar, og om ein informant har gjeve ei motsett tolking alle gongene, vil det då svara til talet 3. Til saman for alle dei fem informantane vil eit maksimalt tal vera 15. For oversynet si skuld sløyfar eg å skriva talet 0.

(2.4.7) Motsette tolkingar i «dyret-testen».

| signal | motsett tolking som | informantar | | | | | sum |
|--------|---------------------|-------------|----|----|-----|----|-----|
| | | TK | TS | IF | GEH | RB | |
| d0 | vidfokus | 1 | | | 1 | | 2 |
| d1 | vidfokus | | | | | | |
| d2 | vidfokus | | | | | | |
| d3 | vidfokus | 1 | | | | | 1 |
| d4 | vidfokus | | | | | | |
| d5 | vidfokus | 1 | | | 1 | | 2 |
| d6 | vidfokus | | | | 2 | | 2 |
| d7 | vidfokus | | | | 1 | | 1 |
| d8 | vidfokus | | | | 1 | | 1 |
| d9 | vidfokus | | | | | | |
| v0 | dobbelfokus | 1 | | | | | 1 |
| v1 | dobbelfokus | | | | 1 | 2 | 3 |
| v2 | dobbelfokus | | | | | | |
| v3 | dobbelfokus | | | | 1 | | 1 |
| v4 | dobbelfokus | | | | | | |
| v5 | dobbelfokus | | | | | | |
| v6 | dobbelfokus | | | | 1 | 1 | 2 |
| v7 | dobbelfokus | | | | 1 | | 1 |
| v8 | dobbelfokus | 1 | 2 | 2 | 1 | 1 | 7 |
| v9 | dobbelfokus | | 3 | | 1 | 1 | 5 |

Merk: Informant GEH rapporterte motsett tolking på originalsignalet d0. Dette gjeld éin førekomst av dette signalet, nemleg den fyrste førekomsten av det i heile lyttetesten. Dei to fyrste signala i lyttetesten var høvesvis v0 og d0. For informant TK var den tilsvarande motsette tolkinga noko som skjedde tredje gongen d0 vart spelt.

Informant TK rapporterte motsett tolking av originalsignalet v0 éin gong. Dette var det fyrste signalet i heile lyttetesten.

Det er spesielt ein av dei to yngste informantane, GEH, som alt i alt ser ut til å tolka flest av signalførekomstane motsett. GEH rapporterer motsett tolking 12 gonger. Ved dei opphavlege dobbelfokussignala som vert tolka som vidfokus, får ho fylgje så vidt det er, av den yngste informanten, RB. Begge desse er frå Nørdre Sunnmøre, men GEH er altså frå grenseområdet

mot Oppland, og har i tillegg, som me har sett, hatt ein omgang med testsignala som ein kan stilla spørsmål ved.

Dei signala, bortsett frå originalsignala, som har vorte tolka motsett av to informantar eller meir, er d5, v1, v6, v8 og v9. Dei signala som har vorte tolka motsett av minst tre informantar, er v8 og v9. Berre v8 har vorte tolka motsett av alle informantane.

Dei signala som oftast har vorte tolka motsett, er særleg v8 (7 motsette tolkingar av 15 mogelege) og v9 (5 av 15).

Me skal no sjå nærare på dette i lys av dei opplista arbeidshypotesane.

Hypotesen at IP vert avgrensa av ny neddrift åleine, er prøvd ut i v5, der ny neddrift er manipulert inn, utan at noko anna er endra. Ingen av informantane har tolka dette signalet som dobbelfokus, og det ser difor ut til at ny neddrift åleine ikkje er noko godt signal på at ein IP er avslutta.

I d8 har eg prøvt å laga eit vidfokussignal ved å heva L] i den fokale AP-en (hypotesen om ekstra låg L]) og gjera H_P lågare i etterfylgjande AP. Berre informant GEH har tolka dette signalet (éin gong) som eit vidfokussignal.

Hypotesen at IP vert avgrensa ved at den nye neddrifta byrjar spesielt høgt, er forsøkt prøvd ut i v4 (manipulert til ny neddrift frå eit middels høgt nivå i forhold til H_P i AP-en like framføre, ved at heile den fyrste av dei to AP-ane er gjort lågare) og v5 (manipulert til ny neddrift frå eit høgre nivå ved at H_P til høgre for den potensielle IP-grensa er gjort høgre). Her var det ingen av informantane som oppfatta noka ny IP-grense. Det kan dermed sjå ut som om ny neddrift i seg sjølv, med eller utan ekstra høgt nivå, ikkje har nokon effekt.

Då er det heller ikkje noka overrasking at d5 har vorte heller lite tolka som vidfokus. Der er den nye neddrifta er manipulert slik at den fyrste H i den nye neddrifta kjem på eit lågare nivå enn H framføre; at det er ny neddrift der, ser ein dermed berre av at L-ane byrjar på eit høgre nivå igjen. Signalet vert likevel tolka som eit dobbelfokussignal. Signal d5 har rett nok vorte tolka som vidfokus av to informantar, men berre éin gong kvar, og den eine informanten er GEH, som me har sett er ein atypisk informant. Det er likevel interessant at den andre informanten, TK, rapporterer ei vidfokustolking éin gong, medan den same TK ikkje rapporterer om noka dobbelfokustolking av v4 eller v5.

Hypotesen om at IP vert avgrensa av ein ekstra låg fokal AP, er prøvd i den allereie nemnde v4, som ved å ha ein ekstra låg AP fekk ny neddrift. Ingen tolka altså v4 som at han skulle ha to IP-ar. Den motsette strategien var d4, der den fokale AP-en er gjort høgre. Heller ikkje der var det nokon som gav motsett tolking i høve til originalsignalet.

Likevel er det interessant at informant AK har éi vidfokustolking av d3, der berre L] i den fokale AP-en er gjort høgre. Sameleis har GEH éi dobbelfokustolking av v3, der den same L] er gjord ekstra låg.

Signal v2 er endå eit signal der det er manipulert inn ny neddrift. Der er det gjort ved at H_p i den potensielt fokale AP-en er gjord lågare. Heller ikkje dette signalet vart tolka som dobbelfokussignal av nokon.

Så langt har me altså ikkje sikre indisium på noko som helst: korkje at ny neddrift (frå eit gjeve nivå) signaliserer IP-grense, at den fokale AP-en skal vera spesielt låg, eller at L] i den fokale AP-en skal vera spesielt låg.

Ein hypotese var at H_p kunne vera spesielt høg i den fokale AP-en. I v1 er denne tonen gjord ekstra høg, og me ser at éin informant (RB) faktisk tolkar signalet som eit dobbelfokussignal heile to gonger, medan ein annan informant gjer det same éin gong. Denne andre informanten er likevel GEH, som generelt er atypisk. Ein skal likevel merkja seg dei to tolkingane hjå RB. I underkapittel 2.5.2 skal me sjå at det finst situasjonar i sunnmørsk der ein har ein ekstra høg H_p i fokal AP, men då berre i samband med manglande neddrift. Når det finst neddrift i v1, kan dette ha gjort det vanskeleg å prosessera kombinasjonen med ekstra høg H_p, og dette kan vera noko av bakgrunnen for at ingen andre gav noka dobbelfokustolking av signalet.

Når me no har sett på einskildvariablar i manipulasjonane, kan me sjå på kombinasjonar av variablar.

Signal d6 er berre ei auking av dei tonale skilnadene på kvar side av IP-grensa: H_p er gjort høgre i den fokale AP-en og lågare i den som kjem like etter, fremst i den andre IP-en. Denne manipulasjonen er ikkje i samsvar med nokon av arbeidshypotesane, og berre GEH tolkar signalet som eit vidfokussignal (to gonger).

Signal d7 har gjort heile den fokale AP-en lågare, saman med H_p i etterfylgjande AP. Dette er altså ein kombinasjon av ein ikkje-eksisterande hypotese om at H_p i den nye neddrifta skal vera heller låg, med den eksisterande hypotesen om ein låg fokal AP. Utslaga i lyttetesten er minimale, slik me skulle venta, der berre GEH har éi vidfokustolking.

Det same (med tillegg av RB) er tilfellet for v6, som er ein kombinasjon av dei to hypotesane at H_p i fokal AP skal vera ekstra høg, og at H_p fremst i det nye neddriftsområdet skal vera ekstra høg (dvs. ny neddrift frå ekstra høgt nivå). Sidan dette vert ein kombinasjon av desse to, har me i praksis fått ein H_p fremst i det nye neddriftsområdet som rett nok er ekstra høg i eit globalt perspektiv, men som likevel er på omtrent det same fonetiske frekvensnivået som H_p i føregåande, fokale AP. Den lokale kontrasten i tonehøgde er dermed minimal, og kombinasjonen har truleg nøytralisert dei to variablane «ekstra

høg H_P i fokal AP» og «ekstra høgt startnivå på den nye neddrifta». Det er difor ikkje overraskande at denne kombinasjonen ikkje gav noka dobbelfokustolking.

Signal d9 er òg eit bastardsignal: Det er ein kombinasjon av den ikkje-eksisterande hypotesen at fokal AP skal vera ekstra høg, og den eksisterande hypotesen at manglande neddrift indikerer manglande IP-grense (ei omskriving av hypotesen at ny neddrift indikerer IP-grense). Alt i alt har me då fått eit signal som har ny neddrift for H-tonane, men ikkje for L-tonane, ein kombinasjon som ikkje kjem føre i naturleg tale. Ingen av informantane har oppfatta dette signalet som vidfokussignal.

I v7 har eg kombinert hypotesen om ny neddrift frå ekstra høgt nivå (ved at H_P i det nye neddriftsområdet er ekstra høg) med den ikkje-eksisterande hypotesen om ein noko lågare H_P i den potensielt fokale AP-en. Heller ikkje her skjer det spesielt mykje: GEH har éi dobbelfokustolking, og det er alt.

Fyrst i v8 og v9 ser det ut til at me har funne ein kombinasjon av variablar som gjev utslag. I v9 er heile den potensielt fokale AP-en gjort lågare, og i v8 er det L] i den AP-en som er gjort ekstra låg. Samstundes er det i begge signala gjort slik at H_P fremst i den potensielt andre IP-en er gjort ekstra høg, slik at den nye neddrifta byrjar frå eit ekstra høgt nivå.

Begge desse signala har eit etter måten stort innslag av dobbelfokustolkingar. Signal v9 er tolka som dobbelfokussignal både av GEH og RB (éin gong kvar), men òg (alle tre gongene) av TS. Endå meir har v8 vorte tolka som dobbelfokussignal. Det har alle informantane vore innom med dobbelfokustolking minst éin gong, og v8 er dermed òg det einaste signalet i heile lyttetesten som alle informantane har tolka motsett av originalsignalet.

Eg har tidlegare varsla at eg ikkje er ute etter absolutte mål, men indikasjonar på kva variablar som kan vera relevante når ein skal oppfatta ei IP-grense, dvs. fokalitet. Skal ein tolka noko ut av desse dataa, må det i alle fall vera at ut frå tolkingane av v8 vert fokalitet mest eintydig markert gjennom ein ekstra låg L] i den fokale AP-en, saman med ei ny neddrift i den etterfylgjande AP-en, der H_P ligg spesielt høgt.

Av v5 ser me at det ikkje held å berre få ny neddrift (heva H_P i *neddopa*), og det same gjeld v2 (H_P i *åt* er gjort lågare enn H_P i *neddopa*). Av v3 ser me sameleis at det ikkje er nok å ha ein ekstra låg L] åleine, ein må òg ha ein ekstra høg H_P etterpå, slik at me får ny neddrift.

Den informanten som ligg geografisk nærast mitt eige opphav, er TS. Ho har vakse opp ein kilometer unna meg, og har teke seg etter måten god tid med å taka stilling til testsignala. TS tolkar ikkje berre v8 motsett (altså med IP-grense etter *åt den*), men også v9. Signal v9 er som v8, men med tillegg av ein

lågare H i *åt*, slik at heile AP-en *åt den* kjem lågare. Me legg merke til at den tilsvarande v4, der den same AP-en er like låg, men der *neddopa* ikkje er manipulert, ikkje gjev noka motsett tolking hjå nokon av informantane.

Det er ikkje urimeleg å rekna med at opptil fleire av manipulasjonane kunne høyrast unaturlege ut, og at dette kan ha gjeve andre resultat enn det ein elles kunne ha venta. Persepsjon er trass alt noko anna enn produksjon. Tilnærminga med lyttetest er den stikk motsette av ei tilnærming med analyse av produsert, autentisk materiale.

Når det er slik, kan persepsjonsanalysar som denne likevel seia oss noko om særskilte kompetansen generelt, og det er språkkompetansen som både presiperer/prosesserer og produserer. Dette er spesielt relevant i situasjonar som denne, der det ikkje er berre éin variabel inne i biletet, men ein spesifikk kombinasjon av to variablar. Dette ville ha vore vanskelegare å avdekkja gjennom rein observasjon.

Dataa frå denne lyttetesten indikerer då at dei viktigaste fokalitetsvariablane, i alle fall inne i ei ytring, ser ut til å vera ein ekstra låg L] i den fokale AP-en, saman med ny neddrift etterpå, der H_p altså byrjar eit stykke over H_p-en i den fokale AP-en.

Det bør presiserast at «ekstra låg L]» ikkje naudsynleg handlar om eit stort frekvensfall frå H til L innanfor éin og same AP. Det handlar om at den «ekstra låge L]» ligg svært lågt i eit globalt perspektiv, i alle fall her i ytringsinnlyd (siste AP i det som potensielt er den fyrste av to IP-ar).

Eg har no konsentrert meg om dei manipulererte signala som oftast eller av flest informantar har vorte tolka motsett av originalen. Dette var i praksis nokre signal som opphavleg var vidfokussignal. Når det gjeld dei opphavlege dobbelfokussignala vel eg å ikkje gå meir i djupna på dei enn eg allereie har gjort, sidan dei motsette tolkingane er få, og stort sett avgrensa til ein av dei to yngste informantane. At det skulle vera ein slik påfallande skilnad mellom korleis manipulasjonane av høvesvis vidfokussignal og dobbelfokussignal vert tolka motsett, kan koma av noko så enkelt som at manipulasjonane av dobbelfokussignala ikkje har vore like heldige på dei avgjerande punkta som tilfellet var for den andre gruppa av talesignal.

Heilt til slutt skal signala d1 og d2 nemnast. Signal d1 gav den fokale AP-en eit ekstra stort frekvensregister (ved at H_p vart gjord ekstra høg). I d2 var det motsett, med eit smalare frekvensregister og lågare H_p. Desse to signala vart med i testen berre som manipulasjons-parallellar til v1 og v2. Ingen av informantane (ikkje eingong GEH!) tolka d1 eller d2 som vidfokussignal. Dette overraskar slett ikkje, for det var ikkje noko av desse to signala som på nokon måte var i samsvar med arbeidshypotesane, heller tvert imot.

2.4.3.4 Lyttetestar for finale AP-ar: «Renault-testen» og «gryte-testen»

«Dyret-testen» fortalde oss at IP-grensa vart signalisert gjennom eit samspel mellom variablar på begge sidene av grensa. Eit slikt samspel er sjølvstykke ikkje mogeleg dersom den fokale AP-en kjem sist i ytringa. Kva er det då som signaliserer om ein final AP er fokal eller ikkje-fokal?

Fyrst då: Ein opposisjon mellom fokal og ikkje-fokal AP i final posisjon kan berre finnast der det allereie er ein fokal AP tidlegare i ytringa. Sagt på ein annan måte, me må alltid ha minst éin IP.

Me har allereie sett at det er skilnad i neddriftstypen, slik at ein har ukomprimert neddrift inne i ein IP, og komprimert utanfor. Det vil seia at dersom den siste AP-en ikkje er fokal, så vil neddriftsområdet som denne AP-en er i, vera komprimert.

Det vil ikkje vera uventa om ein fokal AP som vert manipulert til å likna på ein ikkje-fokal, vil gjeva ei anna tolking enn originalsignalet, og motsett. Det er klart at ei komprimert neddrift som sluttar med ein ukomprimert AP, vil kunna skapa ein konflikt i prosesseringa, og det same gjeld ukomprimert neddrift som sluttar med ein komprimert AP. Likevel, om manipulasjonar av ein final AP gjev utslag, kan det òg underbyggja observasjonen kring «dyret-testen» om ein (i globalt perspektiv) ekstra låg AP-grensetone L] som indikator på fokus (sidan ein ekstra låg L] impliserer ikkje-kompresjon; sjå elles meir om dette i avsnitt 2.4.5.1). Eg vil presisera ordet «kan». Me skal nemleg ikkje sjå bort ifrå at ein final AP som har eit anna kompresjonsmønster enn neddriftsområdet som han markerer slutten på, kan få førerang under prosesseringa av motstridande kompresjonsdata.

Måten figurane er teikna på, har eg gått gjennom under presentasjonen av førre lyttetest. I «Renault-testen», (2.4.8), var instruksjonen slik:

Familien har fått seg ny bil, og har no to bilar.

«Om eg sette meg inn i nyebilen? Eg sette meg vitterleg inn i Renaulten!» Dette kan tyda to ting, alt etter korleis ein uttalar det.

«EG sette meg vitterleg inn i Renaulten!» [Talesignal kunne høyrast her.] Dette tyder at jau, eg sette meg inn i nyebilen, og nyebilen er Renaulten. Dersom du meiner at dette er den rette tydinga av det du høyrer under testen, klikkar du på «Renaulten er nyebilen».

«EG sette meg vitterleg inn i RENAULTEN!» [Talesignal kunne høyrast her.] Dette tyder at nei, eg sette meg ikkje inn i nyebilen, eg sette meg inn i Renaulten, eg. Dersom du meiner at dette er den rette tydinga av det du høyrer under testen, klikkar du på «Renaulten er gamlebilen».

Stimulussignala «eg sette meg vitterleg inn i Renaulten» vart alle innleidde med denne kontekstsetninga: *Om ¹eg sette meg ¹inn i ,nye¹bilen?* Kontekstsetninga «om eg sette meg inn i nyebilen?» var identisk for alle signala, medan det som kom etterpå, i alle fall dei to originale ytterpunkta, anten gav to fokale AP-ar (*EG sette meg* og *-NAULTEN*) eller berre éin fokal AP (*EG sette meg*).

Der talesignalet vart oppfatta som eit dobbelfokussignal, ville «Renaulten» verta tolka som gamlebilen. Ved sneverfokus, slik at «Renaulten» kom i eit postfokalt område, ville Renaulten verta tolka som identisk med nyebilen.

Også i denne testen kom kvart signal tre gonger, med to ikkje-manipulerte signal fyrst. I namngjevinga av signala fylgjer eg det same mønsteret som før, med bokstaven *d* ved eit originalt dobbelfokussignal, og bokstaven *s* ved eit originalt sneverfokussignal. I figurane tek eg ikkje med den innleiande kontekstsetninga.

Manipulasjonane er slik at dei skal stetta hypotesane om at IP vert avgrensa gjennom kor låg L] er eller kor høg H_P er. I praksis vil dette handla om kor stor skilnad det er mellom H_P og L], altså kor flat eller bratt konturen er. Og dette er igjen i praksis det same som å spørja om komprimert mot ukomprimert neddrift, sidan skilnaden mellom dei to neddriftstypane m.a. er at komprimert neddrift har eit mindre frekvensregister enn ukomprimert neddrift.

Sidan det er ein final AP som vert manipulert no, har me ikkje noko å manipulera etter denne, og me kan avgrensa oss til fire manipulasjonar.

(2.4.8 d0) er det originale dobbelfokussignalet: (((¹EG sette meg_{AP})_{IP}) (²vitterleg_{AP}) (¹inn i re-_{AP}) (¹NAULTEN_{AP})_{IP})_{IU}).

(2.4.8 d1), her er H_P i *-NAULTEN* gjord lågare, slik at AP-en vert noko flatare.

(2.4.8 d2), her er L] i *-NAULTEN* gjord høgare, slik at AP-en vert noko flatare.

(2.4.8 d3) er ei spleising av dei to førre, slik at både H_P vert lågare og L] høgare, og AP-en vert endå flatare.


(2.4.8 d4) er som originalen, men *-naulten* er her ikkje manipulert i seg sjølv, men er henta frå originalsignalet med sneverfokus, (2.4.8 s0), og limt inn i staden for den originale AP-en. Merk at segmenteringa i den siste AP-en er markert i tråd med segmentgrensene i d4-signalet, og ikkje i tråd med d0, sjølv om F0 frå d0 ligg som referanse med smal strek.

- (2.4.8 s0) er det originale sneverfokussignalet: (((¹EG sette meg_{AP})_{IP}) (²vitterleg_{AP}) (¹inn i re-_{AP}) (¹naul_{ten}_{AP})_{IU}).
- (2.4.8 s1), her er H_P fremst i *-naul_{ten}* gjord høgre, slik at AP-en vert noko mindre flat.
- (2.4.8 s2), her er L] til slutt i *-naul_{ten}* gjord lågare, slik at AP-en vert noko mindre flat.
- (2.4.8 s3) er ei spleising av dei to førre, slik at både H_P vert høgre og L] lågare, og AP-en vert endå mindre flat.
- (2.4.8 s4) er som originalen, men *-NAULTEN* er her ikkje manipulert i seg sjølv, men er henta frå originalsignalet med dobbelfokus, (2.4.8 d0), og limt inn i staden for den originale AP-en. Segmenteringa i figuren er i tråd med dei røynelege segmentgrensene i s4-signalet, og ikkje med referansekurva frå s0.


Skilnaden mellom signal 0–4 i kvart delsett er då i praksis ein gradvis skilnad i kor flat eller bratt konturen er i den finale AP-en (kor stort frekvensregister konturen har).

I d0 finn me det største frekvensregisteret, i d1 og d2 er det mindre, i d3 endå mindre, og i d4 er det minst. I s0 er frekvensregisteret minst, i s1 og s2 er det større, i s3 er det endå større, og i s4 er det størst.


(2.4.8 d0) (((¹EG sette meg_{AP})_{IP}) ((²vitterleg_{AP}) (¹inn i re-_{AP}) (¹NAULTEN_{AP})_{IP})_{IU})




(2.4.8 d1)




(2.4.8 d2)




(2.4.8 d3)




(2.4.8 d4)




(2.4.8 s0) (((¹EG sette meg_{AP})_{IP}) (²vitterleg_{AP}) (¹inn i re-_{AP}) (¹naulten_{AP})_{IU})




(2.4.8 s1)




(2.4.8 s2)



(2.4.8 s3)



(2.4.8 s4)



Alle dei seks informantane var med på denne testen. Me ser resultatet i tabell (2.4.9), med det same oppsettet som (2.4.7). Sidan det maksimale talet for motsett tolking er 3 for kvart signal, og sidan me har seks informantar her, er det maksimalt oppnåelege talet for eit gjeve signal 18 til saman (15 når me straks skal sjå bort frå GEH).

(2.4.9) Motsette tolkingar i «Renault-testen».

| signal | motsett tolking som | informantar | | | | | | sum |
|--------|---------------------|-------------|-----|----|----|-----|----|-----|
| | | TK | KMS | TS | IF | GEH | RB | |
| d0 | sneverfokus | | | | | 2 | 1 | 3 |
| d1 | sneverfokus | | | | 1 | | | 1 |
| d2 | sneverfokus | | | | | 1 | | 1 |
| d3 | sneverfokus | | | 3 | 1 | 3 | | 7 |
| d4 | sneverfokus | 3 | 3 | 3 | 2 | 1 | 3 | 15 |
| s0 | dobbelfokus | | 1 | | | 1 | | 2 |
| s1 | dobbelfokus | 1 | 1 | | | 3 | 1 | 6 |
| s2 | dobbelfokus | | | | | 3 | | 3 |
| s3 | dobbelfokus | 2 | 1 | | 2 | | 1 | 6 |
| s4 | dobbelfokus | 3 | 2 | 3 | 3 | 1 | 3 | 15 |

Igjen er det informant GEH som ser ut til å tolka signala noko annleis enn dei andre informantane. Eg vil difor freambleis vera varsam med å leggja vekt på henne. Ikkje noka av hennar to motsette tolkingar av originalsignalet d0 skriv seg frå den fyrste førekomsten av det signalet i lyttetesten. Den motsette tolkinga hennar av s0 er derimot den fyrste førekomsten av det signalet. Det same gjeld RB si motsette tolking av d0, medan KMS har tolka s0 motsett den andre av dei tre gongene det signalet vart spelt.

Dei to signala som informantane samla sett *oftast* tolkar motsett av originalen, er d4 og s4, som jo har fått bytt ut den siste AP-en sin med den tilsvarande AP-en frå det motsette originalsignalet. Ser me bort frå informant GEH, finn me deretter s3 (6 av 15 mogelege motsette tolkingar når GEH vert rekna frå), og under der igjen d3 (4 av 15).

Dei signala som *flest informantar* har tolka motsett av originalen, er dei same: d4 og s4 (alle seks informantane), s3 (fire informantar, men ikkje GEH) og d3 (tre informantar medrekna GEH). Dette overraskar ikkje, sidan d3 og s3 er manipulerte til å likna mykje nettopp på det me får i d4 og s4.

Alt i alt ser me her at kompresjonsgrad fungerer som indikator på postfokalt fokus eller postfokalt ikkje-fokus. Men som me ser i dei åtte figurane her, så er den finale L] også meir eller mindre like låg (i eit globalt perspektiv, og målt i Hz) i både dobbelfokus-signalet med manipulasjonar og i sneverfokussignalet med manipulasjonar. Sneverfokus-signala med final ikkje-fokal AP endar like lågt som dobbelfokus-signala med final fokal AP. Medan me for dyret-testen (variablar i ytringsinnlyd, ved slutten på den fyrste av to IP-ar og byrjinga på den andre IP-en) kunne identifisera ein L] som var ekstra låg i eit globalt perspektiv, ser det altså ut til at me i ytringsfinal posisjon er meir avhengige av ein *lokal* skilnad mellom H_P og L], i praksis eit større frekvensregister i fokal AP enn i ikkje-fokal AP.

Eg har allereie skissert kvifor eg har gjennomført to lyttetestar på finale AP-ar, nemleg som ein ekstra tryggleik når eg under pilottestane meinte å kunna observera at fokus mot ikkje-fokus i final posisjon var vanskelegare å skilja åt fonetisk enn tilfellet var for ikkje-final posisjon. Den andre testen for final posisjon, «gryte-testen», har tonelag 2 i den siste AP-en, med denne instruksjonen:

På spørsmålet om eg har stole ei gryte i byen, svarar eg: «Eg har stole ei gryte i Trondheim!» Dette svaret kan tyda to ting, alt etter korleis eg uttalar det.

«EG har stole ei gryte i Trondheim!» [Talesignal kunne høyrast her.] Dette tyder at ja, eg har stole gryta i byen, og den byen me snakkar om, er altså Trondheim. Under lyttetesten skal du klikka på «Ja, eg har stole ei gryte i byen» dersom du meiner at dette er den tydinga som er den rettaste.

«EG har stole ei gryte i TRONDHEIM!» [Talesignal kunne høyrast her.] Dette tyder at jau då, eg har stole ei gryte, men ikkje i den byen som du tenkjer på. Det var nemleg i Trondheim eg stal den gryta. Under lyttetesten skal du klikka på «Nei, det var i Trondheim eg stal den gryta» dersom du meiner at denne tydinga er den rettaste.


Den varierte og manipulerde delen av talesignala vart alltid innleidd av denne setninga: *Om ¹eg har ²stole ei ²gryte i ¹byen?* Etterfylgt av dobbelfokus-signalet *EG har stole ei gryte i TRONDHEIM* ville tolkinga verta at Trondheim var ein annan by enn den som det fyrst var tenkt på. Med sneverfokussignalet *EG har stole ei gryte i Trondheim* er tolkinga den at det heile tida er snakk om den same byen, nemleg Trondheim.

Dei same informantane gjekk gjennom denne testen som «Renault-testen». I figurane tek eg ikkje med den innleiande kontekstsetninga. Variablane er akkurat dei same som i «Renault-testen». Og også her vil manipulasjonane i praksis dreia seg om ein gradvis skilnad i kor flat eller bratt konturen er i den finale AP-en, eller kor stort frekvensregister er.


I d0 finn me det største frekvensregisteret, i d1 og d2 er det mindre, i d3 endå mindre, og i d4 er det minst. I s0 er frekvensregisteret minst, i s1 og s2 er det større, i s3 er det endå større, og i s4 er det størst.

- (2.4.10 d0) er det originale dobbelfokussignalet: (((¹EG har_{AP})_{IP}) ((²stole ei_{AP}) (²gryte i_{AP}) (²TRONDHEIM_{AP})_{IP})_{IU}).
- (2.4.10 d1), her er H_P i *TRONDHEIM* gjord lågare, slik at den AP-en vert noko flatare.
- (2.4.10 d2), her er L] (AP-grensetonen) gjord høgre, slik at den AP-en vert noko flatare.
- (2.4.10 d3) er ei spleising av dei to førre, slik at den AP-en vert endå flatare, med lågare prominens H_P og høgre AP-grensetone L]. Dermed vert AP-en endå flatare.
- (2.4.10 d4) er som originalen, men *Trondheim* er ikkje manipulert i seg sjølv, men er henta frå originalsignalet med sneverfokus, (2.4.10 s0), og limt inn i staden for den originale AP-en. Segmentmarkeringa i figuren er i samsvar med den røynelege d4-lyden, ikkje med referansekurva frå d0.
- (2.4.10 s0) er det originale sneverfokussignalet: (((¹EG har_{AP})_{IP}) (²stole ei_{AP}) (²gryte i_{AP}) (²trondheim_{AP})_{IU}).
- (2.4.10 s1), her er H_P i *trondheim* gjord høgre, slik at me får ei fonetisk stiging fremst i ordet, og slik at denne AP-en dermed òg vert mindre flat.
- (2.4.10 s2), her er L] gjord lågare, slik at den AP-en vert mindre flat.
- (2.4.10 s3) er ei spleising av dei to førre, slik at AP-en vert endå mindre flat.
- (2.4.10 s4) er som originalen, men *TRONDHEIM* er henta frå originalsignalet med dobbelfokus, (2.4.10 d0), og limt inn i staden for den originale AP-en. Segmentmarkeringa i figuren er i samsvar med den røynelege s4-lyden, ikkje med referansekurva frå s0.


(2.4.10 d0) (((¹EG har_{AP})_{IP}) ((²stole ei_{AP}) (²gryte i_{AP})
 (²TRONDHEIM_{AP})_{IP})_{IU})




(2.4.10 d1)




(2.4.10 d2)




(2.4.10 d3)




(2.4.10 d4)




(2.4.10 s0) (((¹EG har_{AP})_{IP}) (²stole ei_{AP}) (²gryte i_{AP}) (²trondheim_{AP})_{IU})




(2.4.10 s1)




(2.4.10 s2)



(2.4.10 s3)



(2.4.10 s4)



Resultatet av «gryte-testen» ser me i tabell (2.4.11), med 18 som det maksimale samla talet på motsett tolking av kvart signal.

(2.4.11) Motsette tolkingar i «gryte-testen».

| signal | motsett tolking som | informantar | | | | | | sum |
|--------|---------------------|-------------|-----|----|----|-----|----|-----|
| | | TK | KMS | TS | IF | GEH | RB | |
| d0 | sneverfokus | | | | | 1 | | 1 |
| d1 | sneverfokus | | | | | | | |
| d2 | sneverfokus | | | | | 1 | | 1 |
| d3 | sneverfokus | | | | 1 | 2 | | 3 |
| d4 | sneverfokus | 3 | 3 | 3 | 3 | 1 | 3 | 13 |
| s0 | dobbelfokus | | | | | 2 | | 2 |
| s1 | dobbelfokus | | | | | | | |
| s2 | dobbelfokus | | | | | | | |
| s3 | dobbelfokus | | | | | 1 | | 1 |
| s4 | dobbelfokus | 3 | 3 | 3 | 3 | 3 | 3 | 18 |

Som vanleg skil GEH seg ut ved å svara noko annleis enn dei andre informantane. Dei to motsette tolkingane hennar av s0 er dei to fyrste førekomstane av det signalet i testen, m.a. det fyrste talesignalet i det heile teke i lyttetesten. Den motsette tolkinga hennar av d0 dreier seg om den andre førekomsten av det signalet.

Også her er det d4 og s4 som både oftast og av flest informantar vert tolka motsett av originalsignalet. Ser me bort frå GEH, er det berre IF som i det heile har oppfatta eit anna signal enn dette som motsett av originalen, og då berre eitt tilfelle av d3, som er ein mellomting mellom d4 og d0.

Ut ifrå at Renault-testen indikerte at fokus i final AP har å gjera med kor stort frekvensregisteret er, er det noko overraskande at d3 og s3 har så få motsette tolkingar som dei har, særleg jamført med det noko større utslaget for d3 og s3 i Renault-testen. Dette *kan* ha å gjera med at eg har vore uheldig i den konkrete utforminga av 3. manipulasjon, men det kan òg ha å gjera med durasjonsforholda i originalsignala for gryte-testen, noko eg skal utdjupa i oppsummeringa no straks, rett nok med utgangspunkt i Renault-testen.

2.4.4 Oppsummering av lyttetestane

Alt i alt ser det ut til at fokus inne i ei ytring (i «ytringsinnlyd», jf. dyret-testen) vert best koda gjennom ein kombinasjon av to ting: Den fokale AP-en har ein ekstra låg grensetone, og den høge tonen i den fyrste postfokale AP-en er spesielt høg, dvs. at me får eit nytt neddriftsområde.

Me ser på typen neddrift (komprimert eller ukomprimert) om det som kjem etter den fyrste IP-en, er ein ny IP (med noko fokalt på slutten) eller noko som sorterer rett under IU (utan noko fokalt på slutten). Neddrift inne i ein IP er ukomprimert, neddrift utanfor IP er komprimert. Renault-testen og gryte-testen har ikkje anna enn stadfest dette: Ein final AP skil etter alt å døma mellom fokus og ikkje-fokus ved å ha same konturtype som dei andre AP-ane i neddriftsområdet sitt: komprimert neddrift utanfor IP (ikkje-fokal AP), ukomprimert neddrift innanfor IP (fokal AP). Samstundes såg me i figur (2.4.1) og (2.4.2) at i alle fall ein *final* fokal AP kan ha ein noko flatare kontur enn andre ukomprimerte AP-ar, i final AP kan L] jamvel vera omtrent like låg anten AP-en er fokal eller ikkje; men konturen er altså framleis flatare i ikkje-fokal final AP enn i fokal final AP.

Det er likevel eit spørsmål kvifor me fekk så få motsette tolkingar av dei manipulerte signala som me fekk. Eg har tidlegare indikert at slikt kunne skje, fordi det var noko tilfeldig akkurat korleis og kor mykje ein gjeven kontur vart endra under manipulasjonane.

Me bør vel heller ikkje undervurdera trykk- eller kvantitetstilhøva, eller skal me seia *durasjonstilhøva*, i dei ulike signala. Samanliknar me t.d. den nest siste stavinga [no:] i *Renaulten* [rɛ¹no:ɪ] i (2.4.8 d0) og (2.4.8 s0), ser me at denne er markant stuttare i sneverfokussignalet enn i vidfokussignalet. At det var så få motsette tolkingar, *kan* tyda på at desse durasjonstilhøva har

samanheng med fokus mot ikkje-fokus, men det trengst ein større analyse, og kanskje nye testar, for å avgjera dette. Det har ikkje eg tenkt å gjera, men nøyer meg med å peika på indisia.

I tillegg til durasjon kan det òg vera anna akustisk som er ulikt for dei to originalsignala i kvar av testane, og som ikkje vert endra når ein manipulerer F0, t.d. vokalkvalitet og lydstyrke. Alt dette kan sjølvstøtt stå i fare for å senda andre signal om fokaliteten enn det den manipulererte F0 sender. Me gjer difor best i å fokusera meir på kvar det i det heile teke kom motsette tolkingar av testsignala, enn på omfanget av dei motsette tolkingane.

2.4.5 Etter lyttetestane: litt meir fokus

I lyttetestane såg me ein ekstra låg L] i samband med fokus i ytringsinnlyd, og finalt såg me eit samspel med neddriftstype, dvs. frekvensregister. Her skal me fyrst sjå litt nærare på denne L], deretter skal me sjå på fokus i nokre andre høgtonedialektar. Der skal me òg koma innom kompresjonsfenomenet igjen.

2.4.5.1 L] i fokus igjen

Me har sett at me kan skilja mellom fokus og ikkje-fokus ved å sjå på om neddrifta er komprimert eller ikkje. Kva no om det andre neddriftsområdet, altså det som kjem etter den fyrste fokale AP-en, er éin einaste AP? For tonelag 2-AP-ar sin del (L_{lex} H_p L]) har me sett at den leksikalske tonen L_{lex} til venstre i AP-en kjem i den same fonetiske høgda som den låge AP-grensetonen framføre. Dette gjeld anten det er ei IP-grense imellom eller ikkje.

Dersom den siste AP-en i eit nytt neddriftsområde er ikkje-fokal, vil han vera komprimert. Det vil seia at overgangen frå L_{lex} til H_p vert fonetisk heller flat. Overgangen frå H_p til L] kjem framleis fonetisk til uttrykk gjennom ei nedoverrørsle.

Om me har berre éin postfokal AP, må det vera noko ved denne AP-en som signaliserer om han er fokal eller ikkje. Det kan anten vera noko i overgangen frå prominensstenen H_p til AP-grensetonen L], eller det kan, for tonelag 2 sin del (L_{lex} H_p L]), vera noko i overgangen frå den initiale L_{lex} til prominensstenen H_p .

For å taka det siste fyrst: Overgangen frå L_{lex} til H_p i tonelag 2 er den same i alle AP-ar som kjem like etter ein fokal AP: Den låge tonen er like låg som den ekstra låge AP-grensetonen i den fokale AP-en like til venstre, og den høge prominensstenen er nokså høg, fordi han markerer starten på eit nytt

neddriftsområde. Starten på den einaste postfokale AP-en seier oss altså ikkje noko om i kva grad AP-en er fokal eller ikkje.

Då må me sjå på slutten til AP-en. Kan overgangen frå H_P til L] finnast på to måtar, éin fokal og éin ikkje-fokal?

Me har sett at AP-ar i eit neddriftsområde som endar med ein ikkje-fokal AP, har komprimert neddrift. Dette bør òg gjelda einsame, ikkje-fokale AP-ar. Der, som elles, byrjar det nye neddriftsområdet med den høge H_P -en, slik at AP-grensetonen er inne i det komprimerte neddriftsområdet.

I Renault- og gryte-testen såg me at finale AP-ar kan enda med ein omtrent like låg L], i motsetnad til det me såg for ytringsinnlyd i dyret-testen. Sidan me no skal ha berre éin postfokal AP, og sidan den fyrste høgtonen etter ei IP-grense alltid er ekstra høg, har me ei ekstra utfordring: Her har me nemleg ikkje mange AP-ar å fordela neddrifta på, slik at final L] problemfritt kunne koma ned til det same fonetiske frekvensnivået uavhengig av fokalitet. Dersom den finale L] skal kunna koma like langt ned uavhengig av fokalitet, når me berre har éin AP å gjera det på, vil det i praksis innebera at ein fokal og ein ikkje-fokal AP ser likeeins ut.

Me har altså sett at komprimerte neddriftsområde har eit heller smalare frekvensregister å boltra seg innanfor samanlikna med ukomprimerte neddriftsområde. Sidan AP-grensetonen i ein einsam, postfokal, final AP er inne i neddriftsområdet, vil det vera aktuelt å spå at avgjerande for tolkinga av om denne AP-en er fokal eller ikkje, er kor stort frekvensregister han har å boltra seg på, i tråd med det me såg i Renault- og gryte-testen.


I praksis vil det seia at det må vera ein skilnad i kor lågt ned den låge AP-grensetonen kjem: Den høge prominensonen ligg fast på det særleg høge startpunktet for den nye neddrifta, då er det berre den låge AP-grensetonen att å variera.

Dette er ikkje så mykje anna enn det me allereie har sett for komprimerte neddriftsområde med fleire AP-ar. Men det bør vera ekstra viktig å kunna påvisa rolla til AP-grensetonen i slike einsame, postfokale AP-ar, sidan desse AP-ane ikkje har komprimerte granne-AP-ar som me kan jamføra med.


Me ser i (2.4.12) og (2.4.13) at AP-grensetonen oppfører seg som venta. I ein kontekst med spørsmålet «var det gutane du såg?», vil ein som såg jentene og ikkje gutane, kunna svara som i (2.4.12): (((¹EG såg_{AP})_{IP}) ((²JENTENE_{AP})_{IP})_{IU}). Om spørsmålet til den same personen derimot var «kven var det som såg jentene?», kan svaret vera som i (2.4.13): (((¹EG såg_{AP})_{IP}) (²jentene_{AP})_{IU}).

Det er nettopp djupna på L] i siste AP som skil: Den fokale AP-en *jentene* i (2.4.12) har ein lågare AP-grensetone L] enn det som er tilfellet for den ikkje-fokale tilsvarande AP-en i (2.4.13).

(2.4.12) (((¹EG såg_{AP})_{IP}) ((²JENTENE_{AP})_{IP})_{IU})



(2.4.13) (((¹EG såg_{AP})_{IP}) (²jentene_{AP})_{IU})



Det me har sett her, er ikkje anna enn ei stadfesting av Renault- og gryte-testen (at kompresjonstilhøva signaliserer fokustilhøva), med ei presisering av at ukomprimert neddrift inneber nettopp at den låge AP-grensetonen kjem lågare ned enn i komprimert neddrift. Alt i alt vert altså fokus markert gjennom neddriftstype og/eller kor lågt ned AP-grensetonen kjem. Dette er to sider av same sak, men konkret har ein i situasjonar med ein einsam, postfokal AP berre AP-grensetonen å halda seg til.

2.4.5.2 Fokus i eit par andre høgtonedialektar

Det som eg har skrive til no om fokusmarkering, er slikt som gjeld sunnmørsk. Det alle sunnmøringar veit, er at fjordamålet (Nordfjord, Sunnfjord, Ytre Sogn) har ein setningsmelodi som skil seg frå sunnmørsk akkurat så mykje at ein høyrer skilnaden, men slik at det framleis er vanskeleg å setja fingeren på kva skilnaden er.

Noko som i alle fall skil, er nettopp måten fokus vert markert på. Medan ein i sunnmørsk har ein ekstra låg AP-grensetone til høgre i fyrste IP, og med ny neddrift etterpå (sjå drøftingane av lyttetestane i delkapittel 2.4), vil ein i Ytre Sogn òg ha ein ekstra høg prominensstone H_P i den fokale AP-en i fyrste IP. Med «ekstra høg H» meiner eg ein høg tone som ligg høgre enn den tenkte lina som me trekkjer gjennom høgpunktta i eit neddriftsområde.

Fokusmarkering med ein ekstra høg prominensstone i skandinaviske høgtonedialektar er kjent frå litteraturen frå før, og tener her berre som ei utfylling etter presentasjonen av sunnmørsk. Til dømes nemner Riad (1998:94) Malmö og Dalarna med LHL¹ i tonelag 2, dvs. det me vil kalla høgtonedialektar. Bruce og Gårding (1978:224f) gjev figurar med omtale som indikerer at medan Dalarna har ein ekstra høg prominensstone H_P i fokal posisjon, har Malmö ikkje denne, men har i staden ein ekstra låg grensetone L].

Eg skal her taka føre meg ein informant frå Gulen i Ytre Sogn og ein frå Vestvågøy i Lofoten. Desse to dialektane er neppe representative i eitt og alt for vestlandsk og nordnorsk, men er med her for at me skal kunna sjå sunnmørsk i ein noko større samanheng. At det vart akkurat desse to dialektane, kjem av det enkle at det var desse informantane eg hadde tilgjengelege i skrivande stund. Det seier elles seg sjølv at det må takast atterhald både om kor representative desse informantane er for dialektområda dei representerer, og om kor valid jamføringa med sunnmørsk er. Eg har trass alt ikkje morsmålskompetanse med tilhøyrande intuisjonar for dialektane i Gulen og Vestvågøy.

I (2.4.14) ser me den kjende formuleringa *det store dyret ÅT den neddopa MANNEN* uttala av ein informant frå Gulen (kvinne, fødd 1971), og i (2.4.15) *det store DYRET åt den neddopa MANNEN* med fyrste fokus flytt litt til venstre for å kunna sjå det postfokale området betre, og for å kunna slå fast at det er eit neddriftsområde både til venstre og til høgre for den fyrste fokale AP-en, som på sunnmørsk. Me ser at den fyrste fokale AP-en i begge


¹Malmö med ein final H i tillegg. Sjå elles Abrahamsen 1998b for ein kritikk av analysane hans av desse tonesekvensane, med utgangspunkt i ein tidlegare versjon, Riad (1996).

figurane har ein ekstra høg prominens H_p , i tillegg til at den låge AP-grensetonen går ned til det lågaste punktet i heile konturen, på same nivå som den siste låge tonen i det heile. Etter den fokale AP-en går derimot ikkje F_0 like høgt opp som han gjer på sunnmørsk, men byrjar på det nye neddriftsområdet noko meir midt på treet. Til liks med sunnmørsk igjen vert det ikkje nokon ekstra høg H_p i den finale, fokale AP-en.

For oversynet si skuld gjentek eg den sunnmørske varianten (2.4.6 d0).


(2.4.6 d0) Herøy:

(det ((²store_{AP}) (¹dyret_{AP}) (¹ÅT den_{AP})_{IP}) ((¹neddopa_{AP}) (¹MANNEN_{AP})_{IP})_{IU})




(2.4.14) Gulen:

(det ((²store_{AP}) (¹dyret_{AP}) (¹ÅT den_{AP})_{IP}) ((¹neddopa_{AP}) (¹MANNEN_{AP})_{IP})_{IU})



(2.4.15) Gulen:

(det ((²store_{AP}) (¹DYRET_{AP})_{IP}) ((¹åt den_{AP}) (¹neddopa_{AP})
 (¹MANNEN_{AP})_{IP})_{IU})




Den vesle svingen fremst i [stu:re] vitnar ikkje om nokon høg tone til venstre, men er eit akustisk fenomen som ofte opptre etter ustemde lukkelydar, jf. Haggard, Ambler og Callow (1970), jf. òg Silverman (1986).

Lat oss no samanlikna med ein nordnorsk høgtonedialekt, og med informanten frå Vestvågøy i Lofoten (kvinne, fødd 1970). I (2.4.16) finn me *det store dyret ÅT den neddopa MANNEN*, og i (2.4.17) *det store DYRET åt den neddopa MANNEN*.


(2.4.16) Vestvågøy:

(det ((²store_{AP}) (¹dyret_{AP}) (¹ÅT den_{AP})_{IP}) ((¹neddopa_{AP})
 (¹MANNEN_{AP})_{IP})_{IU})



(2.4.17) Vestvågøy:

(det ((²store_{AP}) (¹DYRET_{AP})_{IP}) ((¹åt den_{AP}) (¹neddopa_{AP})
(¹MANNEN_{AP})_{IP})_{IU})




Både døma frå Gulen og døma frå Vestvågøy har ein ekstra høg prominensstone i den fyrste fokale AP-en, og begge byrjar på eit nytt neddriftsområde etterpå. Vestvågøy har jamvel det fyrste toppunktet i den nye neddrifta omtrent på same nivå som Gulen, altså under Sunnmøre. Skilnaden mellom Gulen og Vestvågøy er her at Vestvågøy har ein ekstra høg H_P også i den finale fokale AP-en.

Av desse to er det òg berre Vestvågøy (2.4.19) som har ein ekstra høg prominensstone i den fokale AP-en når denne er den einaste fokale AP-en i ytringa, og er final, dvs. når me har det som informasjonsstrukturforskarane kallar vidfokus. Gulen (2.4.18) har altså det same mønsteret som sunnmørsk, med eit framhald av neddrifta utan nokon ekstra høg prominensstone.

Eg lét informanten frå Vestvågøy her seia «det lille dyret» fordi det kom til ein del akustisk turbulens rundt [st] i «store» som gjorde det vanskeleg reint datateknisk å trekkja ut F_0 .


(2.4.18) Gulen:

(det ((²store_{AP}) (¹dyret_{AP})_{IP}) ((¹åt den_{AP}) (¹neddopa_{AP})
(¹MANNEN_{AP})_{IP})_{IU})



(2.4.19) Vestvågøy:

(det ((²lille_{AP}) (¹dyret_{AP}) (¹åt den_{AP}) (¹neddopa_{AP})
 (¹MANNEN_{AP})IP)IU)



Dette ser då ut til å skilja nord-vestlandsk frå nordnorsk, i alle fall representert med dialektane frå Gulen, Herøy og Vestvågøy: Vestvågøy har ein ekstra høg prominensstone i alle fokale AP-ar, jf. (2.4.16), (2.4.17) og (2.4.19); korkje Gulen eller Herøy har ein slik i finale, fokale AP-ar, jf. (2.3.6 d0), (2.4.14), (2.4.15) og (2.4.18); men Gulen har i ikkje-finale, fokale AP-ar, jf. (2.4.14) og (2.4.15).

I resten av dette underkapittelet skal me for referansen si skuld veldig kjapt sjå på neddrift i og utanfor IP, dvs. i dobbelfokus-signal mot sneverfokus-signal. Eg kjem ikkje til å gå like djupt i dette som eg har gjort for sunnmørsk.

Som me ser i (2.4.20) og (2.4.21), har både Gulen og Vestvågøy eit heller smalt frekvensregister i det som truleg er AP-ar som sorterer rett under IU, akkurat som tilfellet er for sunnmørsk. Det ser ved fyrste augnekast ut til at frekvensregisteret er smalare her enn for sunnmørsk, jf. (4.2.3). Det trengst truleg nøgnare analysar og betre materiale for å kunna seiast noko sikkert om dette. Ut ifrå dei sparsame dataa i (2.4.20) og (2.4.21) kan det like gjerne sjå ut som ein fonetisk interpolasjon (utan primærtrykk) mellom ein H til venstre og ein L til høgre i det postfokale området. Dette bør undersøkjast nærare ved eit anna høve.

(2.4.20) og (2.4.21) dreier seg om såpemerket Lano. For (2.4.20) må kommenterast at det brå søkket i kurva ved ca. 0,7 sekund kjem av at informanten hadde knirkestemme akkurat der. I (2.4.20) frå Gulen ser me òg at den nye, IP-eksterne neddrifta tek til på eit høgre frekvensnivå enn i (2.4.14) og (2.4.15), der den nye neddrifta var IP-intern. Eg har ikkje undersøkt om det ligg noko systematisk i dette.


Informanten frå Gulen fekk servert ein påstand frå meg om at ei høne hadde bada seg i gamal Lano, og informanten skulle stilla seg kritisk til meg som kjelde for denne opplysninga. Responsen vart som i (2.4.20).

Informanten frå Lofoten fekk spørsmålet: *Har du bada ei høne i Lano?* Svaret vart som i (2.4.21).

Sidan konteksten kunne borga for fleire responsar enn dei strukturane som eg var ute etter i (2.4.20) og (2.4.21), vart informantane instruerte til å reproducera på sine respektive dialektar ein struktur som eg fyrst produserte på sunnmørsk. Det må sjølvstakt alle atterhald om mistydingar, og me kan heller ikkje sjå bort ifrå at éin og same pragmatiske struktur kan verta gjenspegla i ulike måtar å strukturera tonaliteten på i ulike dialektar.


(2.4.20) Gulen:

((¹SÅG du_{AP})_{IP}) (²høna_{AP}) (²bad' i_{AP}) (²gammal_{AP}) (¹lano_{AP})_{IU})



(2.4.21) Vestvågøy:

((¹EG har_{AP})_{IP}) (²bada ei_{AP}) (²høne i_{AP}) (¹lano_{AP})_{IU})



For ein einsam AP like etter ein fokal AP såg me for sunnmørsk i (2.4.12) og (2.4.13) at fokus kom til uttrykk gjennom vidda på det det frekvensregisteret som vart brukt.


Etter (2.4.22)–(2.4.25) ser det ut til at det same gjeld for Gulen og Vestvågøy: Breitt frekvensregister svarar til fokal final AP, (2.4.22) og (2.4.23); smalt frekvensregister svarar til ikkje-fokal final AP, (2.4.24) og (2.4.25).

For produksjonen av (2.4.22) og (2.4.23) ligg desse spørsmåla til grunn: *Kva var det **du** såg? Kven var det **du** såg?* For (2.4.24) og (2.4.25): *Kven såg bilane? Kven såg jentene?*

I somme av desse døma er ordlyden noko annleis enn dei formuleringane som er brukte tidlegare, dette for å unngå nokre akustiske krumspring som ville ha vore misvisande i den grafiske framstillinga som datamaskina laga.


(2.4.22) Gulen:

((¹EG såg_{AP})_{IP}) ((²BILANE_{AP})_{IP})_{IU}




(2.4.23) Vestvågøy:

((¹EG såg_{AP})_{IP}) ((²JENTAN_{AP})_{IP})_{IU}




(2.4.24) Gulen:

((¹EG såg_{AP}) (²bilane_{AP})_{IU})



(2.4.25) Vestvågøy:

((¹EG såg_{AP}) (²jent'n_{AP})_{IU})



Nok ein gong vil eg understreka at eg ikkje har morsmålskompetanse for desse to dialektane, og at Gulen- og Vestvågøy-konturane som eg har presentert, kan vera noko anna enn eg trur dei er. Eg vil difor ikkje trekkja for bastante konklusjonar om dataa i (2.4.20)–(2.4.25), men lèt dei stå her som agn for fagfolk som ved seinare høve vonleg vil korrigera meg.

2.4.6 Ei oppsummering av 2.4

I delkapittel 2.4 har me sett på forholdet mellom AP og IP, fyrst og fremst korleis fokus vert realisert i sunnmørsk. I desse analysane brukte eg nokre omfattande lyttetestar, og kunne til slutt konkludera med at til slutt i den fyrste av to IP-ar vil L] koma på eit globalt lågt nivå, samstundes som det etterpå skal koma ny neddrift.

Ettersom alle IU-ar må ha minst éin IP, var undersøkinga av final fokalitet avgrensa til spørsmålet om korleis sin skil mellom fokal og ikkje-fokal AP

som er plassert ein stad *etter* ein initial AP, dvs. postfokalt. Dei to lyttetestane som tok føre seg dette, indikerte ikkje nokon fokalitetsavhengig skilnad i frekvensnivået på den finale L]: Både fokal og ikkje-fokal AP kunne enda med ein like låg L]. Det som skil mellom fokal og ikkje-fokal AP i ytringsfinal posisjon, er den lokale konturen i den AP-en, nærare sagt om me har eit smalt frekvensregister (dvs. relativt liten skilnad mellom H_p og L]) eller eit eit breitt frekvensregister. Dette svarar til neddrift innanfor og utanfor IP: Ved smalt frekvensregister er me utanfor IP, og har noko ikkje-fokalt i slutten av neddriftsområdet. Ved breitt frekvensregister er me inni IP, og har noko fokalt til slutt.

Stundom skjer det at området etter den fyrste IP-en er på berre éin AP. Alle AP-ar som kjem som fyrste AP etter ein fokal AP, har ein ekstra høg H_p . I motsetnad til dei lange, postfokale neddriftsområda i lyttetestane «Renault-testen» og «gryte-testen» har ein altså ikkje høve til å plassera denne H_p på andre gjevne stader enn langt der oppe på Hertz-skalaen. Når ein i denne situasjonen skal skilja mellom fokal og ikkje-fokal final AP, har ein berre L] å variera. Dette vil i praksis tyda at L] i ikkje-fokal AP i denne posisjonen vil landa på eit høgre frekvensnivå enn L] i fokal AP. Dette bryt likevel berre tilsynelatande med det me såg i lyttetestane, nemleg at L] kan landa på det same låge frekvensnivået, uavhengig av fokalitet. Det grunnleggjande prinsippet for lange og stutte postfokale område (med fleire respektive éin AP) er nemleg det same: breitt frekvensregister innanfor IP, smalt utanfor IP.

Det spesielle med konstruksjonane med berre éin postfokal AP er berre at ein ikkje rekk å driva ned (med neddrift) til den globalt lågaste punktet. Skulle ein taka heile den neddrifta i eitt jafs innanfor den einaste postfokale AP-en, ville det sprengja rammene for det smale frekvensregisteret utanfor IP, medan det nettopp er eit slikt jafs ned til det globalt lågaste punktet me har dersom AP-en er fokal, og dermed kan tillata seg eit breitt frekvensregister som eit slikt jafs vil innebera.

Eg har presentert jamførande data frå to andre høgtonedialektar, men vågar ikkje å leggja for stor vekt på dei, fordi eg ikkje har den morsmålskompetansen som ville vera ynskjeleg for djupare analysar.

2.5 IU og IP


Intonasjonsytringa, òg kalla intonasjonseining (*intonational utterance* og *intonational unit*), her avstytt IU, er det øvste nivået i det prosodiske hierarkiet. Etter Nilsen (1992:107) kan det i ein norsk IU av informasjonsstrukturelle grunnar vera minst eitt, maksimalt to fokusområde, dvs. IP-ar.

2.5.1 IU-grensetone

I tillegg til å gruppera IP-ar har IU-en ein tonal eigenskap, i at han deler ut ein grensetone til høgre. Denne tonen er anten H eller L, og vert av m.a. Nilsen (1992) notert med eit prosentteikn etter seg, **H%** og **L%**. Nilsen konsentrerer seg om austnorsk, men den tonale opposisjonen mellom dei to IU-grensetonane kan utan problem overførast til sunnmørsk.

Distribusjonen av H% og L% er dels pragmatisk motivert. Til dømes er skilnaden mellom H% og L% i kv-spørsmål slik at eit reint kv-spørsmål vil få L%, medan eit ekkospørsmål vil få H%. I (2.5.1) ser me det isolerte spørsmålet *kva gjorde dei i bilen?*, medan (2.5.2) er ekkospørsmålet til (2.5.1), der det vert spurt om *kva gjorde dei i bilen?* var det spørsmålet som vart stilt.¹ (2.5.1) har L%, (2.5.2) har H%, men segmentalt sett er dei identiske. Merk at syntaksen i sunnmørsk skil seg frå skriftmålet i kv-spørsmål. I normert språk vil (2.5.1) svara til *kva gjorde dei i bilen?*, medan (2.5.2) vil svara til *kva dei gjorde i bilen?*²


(2.5.1) (((¹kva dei_{AP}) (²gjord' i_{AP}) (¹BILEN_{AP})IP)IU) L%



¹Eventuelt kan (2.5.2) brukast som (overraska) reprisespørsmål for å få reprise på svaret.

²Figur (2.5.2) manglar neddrift, sjå underkapittel 2.5.2.


(2.5.2) (((¹kva dei_{AP}) (²gjord' i_{AP}) (¹BILEN_{AP})_{IP})_{IU}) H%




Den autosegmentale representasjonen av tonar vert då som i (2.5.1') og (2.5.2'). Legg merke til at L] og L% landar på éi og same sluttstaving i (2.5.1'). Einaste evidensen me har her og no for at L% finst i (2.5.1) og (2.5.1'), er at han står i opposisjon til H% i (2.5.2) og (2.5.2'), slik at me der kan sjå at IU lisensierer ein tone. Sjå likevel delkapittel 4.3 for fleire indikasjonar på at L% eksisterer som IU-grensetone.

I (2.5.1') og (2.5.2') tek eg elles med nokre boga liner mellom tonane og dei nodane i det prosodiske hierarkiet som dei sorterer under. Merk at desse boga linene ikkje er assosiasjonsliner, berre hjelpeliner som skal illustrera grafisk det me allereie veit: at leksikalsk tone, prominensstone og AP-grensetone sorterer under AP, medan IU-grensetonen er knytt til domenet IU. Det er eit poeng i figurane (2.5.1') og (2.5.2') at den eindimensjonale strengen av tonar vert relatert til dei hierarkisk ordna domena som dei tonale fenomena konstituerer. Dei einaste *assosiasjonslinene* i figurane er linene mellom tonane og stavingane, utan at eg no vil taka stilling til om det er stavingar eller moraer som er toneberande einingar. Akkurat det spørsmålet kjem me attende til i kapittel 3 (og svaret på spørsmålet vert *moraer*).

(2.5.1') (((¹ka dei_{AP}) (²gjord' i_{AP}) (¹BILEN_{AP})_{IP})_{IU}) L%



(2.5.2') (((¹ka dei_{AP}) (²gjord' i_{AP}) (¹BILEN_{AP})_{IP})_{IU}) H%

Distribusjonen av H% og L% er òg fonologisk avhengig. H% kan koma føre berre dersom den siste AP-en i IU-en er fokal. Det vil seia at berre L% er mogeleg etter eit komprimert neddriftsområde. Dette er den same regelen som Fretheim (1993:226f) formulerer slik for austnorsk: «Høy grensetone forutsetter at siste fot i ytringen er fokal, så lav grensetone er eneste mulighet i Figur 4 og Figur 5.» Hans figurar 4 og 5 er to F₀-kurver der den siste AP-en (eller «foten» i hans terminologi) er ikkje-fokal.

Eg vil tillata meg å uttrykkja ein viss skepsis til den austnorske varianten av denne regelen. I austnorsk er all neddrift komprimert. Ein IU må ha minst éin IP. Ein final AP som er ikkje-fokal, må dermed stå i eit postfokalt område, og dermed i eit neddriftsområde. Om denne AP-en har austnorsk tonelag 1, dvs. tonesekvensen L_PH], vil dette verta realisert fonetisk som ein jamn eller litt fallande tone, dette i motsetnad til tonelag 2, H_{lex} L_P H], som har eit meir markert fall frå H_{lex} til L_P, og deretter ein knekk til ein meir jamn tone igjen

frå L_P til H], jf. Nilsen (1992:30), Fretheim (1993, figurane) og ikkje minst Fretheim (1987). Kort sagt: Overgangar frå L til H vert fonetisk heller flate i komprimerte neddriftsområde, medan overgangar frå H til L vert realiserte som eit tydeleg fonetisk fall i frekvens.

Dette vil seia at ein komprimert, ikkje-fokal AP med tonane L_P H] L% på austnorsk burde kunna visa fram eit tydeleg fall frå den nest siste tonen (H]) til den siste tonen (L%).

Studerer ein F₀-kurvene til Fretheim og Nilsen, ser ein at det ikkje finst noko fall der det skulle ha vore eit slikt fall. AP-grensetonen H] i austnorsk kan altså i final, ikkje-fokal AP ikkje skiljast frå IU-grensetonen. Det vil då vera rimeleg å rekna med at IU-grensetonen er H%, ikkje L%.

Held ein seg til analysen av komprimerte neddriftsområde, med fonetisk fall frå H til L, men utan fonetisk stiging frå L til H, så er altså distribusjonen av fonologisk H% og L% den *motsette* i austnorsk av i sunnmørsk: L% kan i austnorsk koma føre berre etter ein fokal AP, medan H% kan koma føre både etter fokal og ikkje-fokal AP. I sunnmørsk er det H% som berre kan koma føre etter fokal AP, medan L% kan stå både etter fokal og etter ikkje-fokal AP.

Dette skal eg ikkje fordjupa meg meir i.

2.5.2 Manglande neddrift

I alt det eg har lagt fram til no om korleis fokus ovrar seg, har eg teke utgangspunkt i at alle IP-ar i sunnmørsk har neddrift. Det er då også rett at eit neddriftsområde tek slutt når ein IP tek slutt, og at det openbert finst neddriftsområde som kjem utanfor IP-ar, nemleg dei komprimerte neddriftsområda rett under IU, i alle fall slik eg har teke utgangspunkt i IP som domene for fokus og ikkje berre for neddrift.

I austnorsk har me sett at den fyrste IP-en ikkje har neddrift (Fretheim 1987:38, Slethei 1996:105). I sunnmørsk hender det òg at den fyrste IP-en ikkje har neddrift, men dette ser ut til å vera meir unntaket enn hovudregelen. Ein grunn til at dette ser ut til å vera unntak heller enn hovudregel, kan vera noko så enkelt som at det kan finnast fonologiske eller pragmatiske føresetnader for manglande neddrift, og at desse føresetnadene ikkje alltid er til stades når ein i ro og mak produserer enkle ytringar spesiallaga for analyseføremål. I figur (2.5.2) hadde me likevel ei dømeytring utan neddrift, innlesen av meg i ro og mak.

Eg har tidlegare gjort bruk av lyttetestar for å kartleggja fokusrealisering i IP-ar med neddrift. Dette er ikkje nokon aktuell strategi for IP-ar utan neddrift. IP-ar utan neddrift ser nemleg ut til å koma føre berre i

vidfokusytringar, altså når ein berre har éin IP til rådvelde, og ikkje noko kjem etter den IP-en. Dette gjer det umogeleg å laga lyttetestar som baserer seg på ulik fokusstruktur, slik me kunne gjera det for ytringane med to IP-ar i dei føregåande lyttetestane.

Distribusjonen av neddrift og manglande neddrift har eg ikkje klart å koma eintydig fram til gjennom introspeksjon. Eg meiner å ha lagt merke til at neddrift ofte manglar hjå meg når eg har høg IU-grensetone, men eg har òg sett tilfelle der eg manglar neddrift ved låg grensetone, og der eg har høg grensetone og framleis neddrift. Lenger enn dette vil eg ikkje trekkja introspeksjonen og sjølvanalysen.

I staden har Fosnavåg-avdelinga til Bygderadio Vest forsynt meg med opptak av ein del av kommunestyremøtet i Herøy på Sunnmøre 18.12.1997. Dette materialet inneheld mange engasjerte innlegg som ikkje er bundne av manuskript. Eg har ikkje teke meg tid til å transkribera eller analysera alle dei tre timane med kommunalpolitisk ordsifte som eg har opptak av, og eg kjem heller ikkje til å gjera noko slikt i denne studien. Kvantitative analysar av neddriftsvariasjonen er altså uaktuelt i denne samanhengen.

I staden har eg plukka meg ut nokre ytringar for å illustrera neddrift og manglande neddrift. Og om eg ikkje har laga statistikkar over det eg hørde i desse opptaka, er i alle fall hovudintrykket svært tydeleg:

- For det fyrste: Manglande neddrift og høg IU-grensetone ser ut til ofte å gå hand i hand.
- For det andre: Manglande neddrift ser ut til å koma føre berre i IU-ar som inneheld berre éin IP.

Til saman tyder dette at neddrift kan mangla (i alle fall særleg) i konstruksjonar med finalt fokus høg IU-grensetone. Det må presiserast at dette ser ut til å vera ein sterk tendens, og at unntak finst, utan at eg har vore i stand til å seia kvifor.


Det bør òg noterast at i spontan tale vil dei prosodiske konstituentane opptre mykje meir sjølvstendig i forhold til syntaktisk fulle ytringar enn det eg har lagt til grunn for døma mine til no. Døma har så absolutt vore språkleg korrekte, men eg har sett det som mest pedagogisk å bruka døme der IU-ane svarar til syntaktiske setningar. Nilsen (1992:145) nemner såleis ei ytring frå spontan tale sett saman av heile åtte IU-ar.

Som døme på IU-ar utan neddrift vel eg ei setning som er sett saman av to IU-ar, den fyrste typisk nok med H%, den andre med L%. Setninga vart ytra av ein mannleg herøyværing fødd 1944: *Det er jo ei budsjettending... på*


*budsjettet for... eh... 1997.*¹ For oversynet si skuld presenterer eg setninga over to figurar, (2.5.3) og (2.5.4). Den V-forma starten på (2.5.4) er mikroprosodisk, botnpunktet svarar til plosiven [b], jf. Silverman (1986) og Haggard, Ambler og Callow (1970).

Jamvel om eg allereie har presentert F0-kurver med neddrift og høg IU-grensetone, vil eg for ordens skuld taka med ei slik kurve også frå det nemnde kommunestyremøtet i figur (2.5.5), ytra av ein mannleg herøyværing fødd 1947: *Det vart ikkje med på økonomiplanen.*

(2.5.3) (((¹d'er jo ei bud-_{AP}) (¹SJETTENDRING_{AP})_{IP})_{IU}) H%




(2.5.4) (på bud-((¹sjettet for... eh... _{AP}) (²nitten nitti-_{AP}) (¹SJU_{AP})_{IP})_{IU}) L%



¹Det er ein syntaktisk «presenteringskonstruksjon» i dette dømet, eventuelt ein utbrytingskonstruksjon. Eg vil likevel åtvare mot å sjå den ekstra høge prominensjonen på bakgrunn av den syntaktiske konstruksjonen. Den syntaktiske kodinga av fokusstrukturar kan vera avgjerande for den tonale konstruksjonen med fokal AP, men då er det den tonale konstruksjonen me må leggja til grunn for høgda på prominensjonen. Jamfør òg døme (2.5.2), som òg manglar neddrift, og som har ein ekstra høg prominensstone i den fokale AP-en, men som ikkje representerer noko syntaktisk koda fokus på siste AP på line med det me finn i presentering eller utbryting.

(2.5.5) (det ((^lvart ikkje_{AP}) (^lmed på økono-_{AP}) (^lMIPLANEN_{AP})_{IP})_{IU}) H%



I figurane med F0 utan neddrift, (2.5.3) og (2.5.4), ser me at den fokale AP-en ikkje berre har ein grensetone L] som er lågare enn dei andre lågtonane i ytringa. I tillegg har den fokale AP-en ein ekstra høg prominensstone H_p. Me hugsar at ein slik ekstra høg H_p i fokale AP-ar som regel ikkje kjem føre i sunnmørske neddriftsområde, men at dei kjem føre i neddriftsområde både i Gulen og i Vestvågøy.

Og medan koplinga mellom høg IU-grensetone H% og manglande neddrift i sunnmørsk ser ut til å vera ein tendens med ikkje kartlagde unntak, så verkar det av desse døma som at ein endå sterkare tendens er koplinga mellom manglande neddrift og ekstra høg prominensstone i den fokale AP-en.

Det er kjent frå hausa at neddrift kan falla bort i spørsmål (Ladd 1998:151f), noko som vert analysert som «the operation or non-operation of the downstep rule at successive points in a sequence of tones» (op.cit.:152).¹

Overført til sunnmørsk kan analysen av hausa forklara koplinga mellom neddrift og prominensstenen i fokal AP slik: Det globale fallet i det sunnmørske pitch-registeret er (som utgangspunktet mitt har vore) fonologisk neddrift. Det er neddrift eller ikkje-neddrift som regulerer kor høg prominens-tonen skal vera. Dette skjer då slik: Utan dei fonologiske prosessane som konstituerer neddrift, det vil seia når neddrift ikkje er til stades, vil ein fokal AP markera fokaliteten sin ved å ha stor avstand mellom prominens-tonen H_p og

¹For å rekapitulera litt frå underkapittel 2.4.1: Neddrift (downdrift) er etter termbruken i Roca (1994:264) ei lokal lågning av grunntonen ved partiell assimilasjon frå lågtonane på høgtonane, med den konsekvensen at alt i alt vert det eit globalt fall. Nedsteg (downstep) er det same, berre at det her dreier seg om flytande, uassosierte lågtonar. I sitatet frå Ladd (1998:153) er «downstep» truleg brukt både slik Roca bruker «downdrift» (Ladd 1998:75), og slik Roca bruker «downstep» (t.d. Ladd 1998:270). Eg valde termen «neddrift» på grunnlag av Roca, med argument om at det her dreier seg om ein fonologisk prosess, og ikkje ein fonetisk-artikulatorisk, slik Slethei (1996:105) indikerte. Sletheis indikasjon svarar helst til det som både Roca og Ladd omtalar som «declination».

AP-grensetonen L]. Dette skjer ved at høgtonen vert ekstra høg, og/eller at lågtonen vert ekstra låg. Når neddrift vert kopla inn, vil lågtonen før den høge prominensonen i kvar AP gjera at prominensonen (og den låge AP-grensetonen) kjem stendig lågare gjennom IP-en, og jamvel ein fokal prominensone vil koma lågare enn prominensonen i AP-en framføre. Dette dreier seg då om det som ein med klassiske termar vil kalla ein partiell kontaktassimilasjon, der L gjer ein etterfylgjande H lågare enn han elles kunne ha vore.

Etter denne analysen er det altså fonologisk neddrift som, i form av kontaktassimilasjon, suspenderer fonetisk den ekstra høge prominensonen i den fokale AP-en.¹

Dette kan òg forklara kvifor eg under gjennomlyttinga av opptaket frå kommunestyremøtet ikkje greidde å finna eintydige døme på denne konturtypen: *manglande neddrift utan ekstra høg prominensone i fokal AP*.

Motsett kunne ein tenkja seg at det er ein ekstra høg prominensone som suspenderer neddrifta, men eg har vanskar med å sjå då korleis ein einsam, ekstra høg prominensone i den siste AP-en i ei ytring skulle kunna suspendera neddrifta i ein heil serie med AP-ar til venstre for seg. Likevel, når det er registrert ein tendens til manglande neddrift i samband med høg IU-grensetone, kan ein ikkje sjå heilt bort frå slike prosessar.

Ein analyse med fonetisk suspensjon av ekstra høg H_p er altså den mest tilgjengelege analysen med dei dataa me har her og no. I underkapittel 4.1.2 vil det likevel verta lagt fram ein fonologisk analyse på grunnlag av slikt som vert observert i delkapittel 4.1 med underkapittel.

¹Eit uforklara unntak er nemnt i figur (2.4.5).

3 Assosiering

Kapittel 2 presenterte dei einstilte domena i det prosodiske hierarkiet. Som del av dette såg me på ein del tonale fenomen og eigenskapar som knyter seg til dei einstilte domena. Her frå kapittel 3 av skal me bruka det prosodiske hierarkiet som referanseramme og analysereiskap, og sjå nærare på korleis tonane oppfører seg: I kapittel 3 skal me sjå på korleis dei oppfører seg med omsyn til assosiering og spreining, i kapittel 4 skal me sjå på korleis dei oppfører seg i posisjonar i det prosodiske hierarkiet som ikkje er drøfte enno, og i kapittel 5 skal me sjå på tonar og trykkforhold i samansette ord.

Me har altså fått etablert eit prosodisk hierarki etter tonale kriterium: Leksikalsk tone (for tonelag 2), prominensone og AP-grensetone sorterer under AP. AP-ar kan grupperast til IP-ar på grunnlag av fokus. IP-ar kan igjen grupperast til IU-ar, der ein IU så har sin grensetone til høgre.

Det me derimot ikkje har sett på, er korleis dei einstilte tonane assosierer seg til det segmentale materialet. Noko er teke med implisitt gjennom figurane, men me har enno ikkje sett systematisk på det. Lat det då vera nemnt at eg i analysane til no har lagt til grunn assosiering mellom tonar og stavingar, ikkje mellom tonar og moraer, utan at dette har vore spesielt viktig. Det er fyrst no når det skal sjåast nærare på assosieringa, at tilhøvet mellom stavingar og moraer i tonaliteten må avklarast.

Eit mål i dette kapittelet må nemleg vera å undersøkje på kva måte ein på sunnmørsk kan operera med ei toneberande eining. *Tone-bearing unit* (TBU) er den eininga som er i stand til å bera tonar, og som tonar dermed assosierer seg til. I litteraturen er det typisk snakk om stavingar eller moraer, der ein mora er ei metrisk eining på nivået under stavinga. Ideen er då at ein tone ikkje vert assosiert direkte til eit gjeve segment, men at assosieringa skjer til ein TBU.


Her som elles er det sunnmørsk som ligg til grunn for analysane, og framleis er det eg som har produsert talesignala bak F0-kurvane, med mindre noko anna er presisert.

3.1 Prominenstonen og AP-grensetonen: data frå tonelag 1


Det finst allereie mange døme på tonelag 1 i det eg har skrive til no, men i staden for å plukka mange figurar frå ulike andre stader for å dekkja dei ulike kontekstane skal eg berre gjeva eit par nye døme som til saman inneheld

fokale og ikkje-fokale AP-ar med éi staving og fleire stavingar, og med dei ikkje-fokale AP-ane i ukomprimert og komprimert neddrift. Figur (3.1.1) har to ikkje-komprimerte neddriftsområde, (3.1.2) har eitt komprimert neddriftsområde. Elles gjentek eg den neddriftsfrie (2.5.2) som (3.1.3).


(3.1.1) (((¹guten og_{AP}) (¹du_{AP}) (¹HEV no_{AP})_{IP}) ((¹råd til_{AP}) (¹BILEN_{AP})_{IP})_{IU}) H%



(3.1.2) (((¹EG_{AP})_{IP}) (¹ser_{AP}) (¹kva du_{AP}) (²gjerer_{AP}) (¹no_{AP})_{IU}) L%




(3.1.3) (((¹ka dei_{AP}) (²gjord' i_{AP}) (¹BILEN_{AP})_{IP})_{IU}) H%



Det me ser i desse tre figurane, er eintydig: Tonelag 1, som i sine AP-ar har tonesekvensen $H_pL]$, byrjar å falla allereie i fyrste stavinga. Prominenstonen H_p nøyter seg med venstre enden av trykkstavinga, og gjev høgre enden til den låge AP-grensetonen, jamvel om det finst fleire stavingar til høgre som AP-grensetonen legg seg på i tillegg.

Denne fyrste stavinga i AP-en er lang, slik ho må vera for å initiera ein ordaksent. Etter gjengse analysar er lange stavingar bimoraiske i norsk, medan stutte stavingar er monomoraiske (t.d. Kristoffersen 1992:43; 2000:116ff). Om me for figurane (3.1.1)–(3.1.3) tek utgangspunkt i at tonar må assosierast til anten stavingar eller moraer, vil dette seia at prominenstonen H_p vert assosiert til den fyrste ledige moraen, og han spreier seg ikkje.¹ Alt til høgre for denne moraen assosierer AP-grensetonen $L]$ seg til, slik det er skissert i (3.1.4). Eg tek ikkje stilling her til om $L]$ er primært assosiert til den eine eller den andre moraen, eller korleis han spreier seg til dei andre moraene, men kjem attende til dette spørsmålet i delkapittel 3.5.

(3.1.4) (¹guten og_{AP}) (¹du_{AP}) [¹gʊ:tɪ ɔ ¹dʊ:]



I dette er det vel verdt å merkja seg at AP-grensetonen vert assosiert til alle dei moraene som kjem etter prominenstonen. Dette er ulikt den varieteteten (eller dei varietetane) av søraustnorsk som Thorstein Fretheim og Randi A.

¹I (3.1.3) kjem me ikkje ned til sjølve botnpunktet for $L]$ i den fyrste AP-en før i den andre stavinga, jamvel om fallet byrjar i fyrste stavinga. Det er uvisst kvifor. I alle fall er ein på god veg, og når botnpunktet før vokalen i den andre stavinga.


Nilsen har granska. Eit døme er ytringa (((²thorstein_{AP}) (²snakker be-_{AP}) (¹standig om intona-_{AP}) (¹SJON_{AP})_{IP})_{IU}) L% som er attgjeven i figur (2.1.2) i delkapittel 2.1, henta frå Nilsen (1992:24). I AP-en *standig om intona* er den austnorske prominens-tonen L_P å finna heilt til venstre, og den austnorske AP-grensetonen H] heilt til høgre. Området imellom er ikkje assosiert til nokon tone, og i staden for ein heller brå overgang mellom prominens- og grensetone som i sunnmørsk har ein i søraustnorsk eit område med ein gradvis, fonetisk transisjon mellom dei to tonane.

Figur (2.1.2) er attgjeven her som (3.1.5), og då med tillegg av ein firkant (teikna inn av meg) rundt AP-en *standig om intona*. I (3.1.6) gjev eg att Nilsens analyse av toneassosiering, tidlegare attgjeven som (2.3.9).


Sjå til samanlikning (2.3.3) i delkapittel 2.3.1, som med sine mange stavingar viser endå tydelegare enn (3.1.1) og (3.1.2) korleis den låge AP-grensetonen på sunnmørsk vert assosiert til *heile* området etter prominens-tonen: (((¹mannen låg på_{AP}) (¹RYGGEN nedi løa_{AP})_{IP})_{IU}) L%. Denne er gjenteken her for oversynet si skuld som (3.1.7).


(3.1.5) Nilsen (1992:24) med tillegg av markering:

(((²thorstein_{AP}) (²snakker be-_{AP}) (¹standig om intona-_{AP}) (¹SJON_{AP})_{IP})_{IU}) L%



(3.1.6) Nilsen (1992:66)



(3.1.7) [l^hmɑ̃:n lɔg pɔ l^hrɥjʒ^h:i nedɪ lø:dɔ]

I Abrahamsen (1998a:26; artikkelen vart skriven i 1996) opplyste eg om at sekvensen H_PL] i tonelag 1-AP-ar på sunnmørsk kunne realiserast med H_P på den trykkstunge fyrstestavinga og L] på resten (i tillegg til H_PL] allereie i fyrstestavinga). Dette var henta frå ei semesteroppgåve eg skreiv i 1995, men eg kan i dag ikkje sjå anna enn at eg på den tida bygde på ein dårleg analyse. Det einaste eg kan finna i den nemnde semesteroppgåva som kan underbyggja at H_P skulle kunna ha heile den bimoraiske fyrstestavinga for seg sjølv, er ein F₀-kontur med spektrogram der eg må ha mistolka spektrogrammet.

I høgtonedialekten bergensk er stoda annleis enn i høgtonedialekten sunnmørsk. Lorentz (1995) rapporterer at i bergensk vil H_P assosiera seg til heile trykkstavinga.


Når prominenstonen i sunnmørsk ikkje vil assosiera seg til meir enn éin mora, er det aktuelt å konkludera med at den toneberande eininga i sunnmørsk er mora. For dette talar òg at også AP-grensetonen legg seg på alle dei ledige moraene etter prominenstonen, utan å krevja noko meir enn éin mora (i trykkstavinga ved tonelag 1, der berre den fyrste moraen vert okkupert av noko anna enn L]).

3.2 Prominenstonen og AP-grensetonen: data frå tonelag 2

Lat oss sjå ein gong til på figur (2.3.4), her attgjeven som (3.2.1), som har to AP-ar med tonelag 2, og som òg har fire og seks stavingar i AP-ane. Her ser me det tydeleg korleis den leksikalske tonen L_{lex} legg seg på den fyrste stavinga i AP-en, prominenstonen H_P legg seg deretter på den andre stavinga, før AP-grensetonen L] legg seg på resten av stavingane. Jamvel om

prominenstonen definerer trykket som primærtrykk, kan han altså sjølv assosierast til ei anna staving enn sjølve trykkstavinga.

(3.2.1) (((²jenta låg på_{AP}) (²MAGEN nedi løa_{AP})_{IP})_{IU}) L%
[²jæn:to lɔg pɔ ²mɑ:ji nedi ɫø:dɔ]



I førre delkapittel såg me for tonelag 1 sin del at prominenstonen H_P okkuperte berre éin mora, slik at ein kunne ha $H_P L$] på éi staving. Her i (3.2.1) ser me at H_P okkuperer ei heil staving, og at L] fyrst kjem på stavinga deretter igjen. Dette var òg det som vart rapportert om i Abrahamsen (1998a).


Grunnen til at tonane ser ut til å assosiera seg til *stavingar* her, ligg i datagrunnlaget. I alle dei sunnmørske døma med tonelag 2 til no har andrestavinga, der prominenstonen har landa, vore monomoraisk, og dermed har ho hatt plass berre til H_P . Lat oss difor sjå kva som skjer når andrestavinga vert bimoraisk.

I (3.2.2) har me denne ytringa: (((²dama vil ha_{AP}) (²blodmat i_{AP}) (¹DAG_{AP}))) L%. I andre AP-en, *blodmat i*, har me to moraer i både den fyrste og den andre stavinga. L_{lex} ligg på heile fyrstestavinga.¹ Dersom prominenstonen klarer seg med éin mora, skulle me få eit fall $H_P L$] allereie inne i den andre stavinga, i motsetnad til i fyrste AP-en, *dama vil ha*. Og me ser at slik er det i den figuren.²

¹Ein morabasert analyse av dette finn ein i delkapittel 3.3 straks.


²I delkapittel 5.3 vil validiteten til døma med *blodmat* verta drøft.

(3.2.2) (((²dama vil ha_{AP}) (²blodmat i_{AP}) (¹DAG_{AP})_{IP})_{IU}) L%
 [²da:mə vi ha ²blu:ma:t i ¹da:ǵ]



Lat det òg for ordens skuld vera nemnt at når me har ein AP med berre *to* bimoraiske stavingar (og ikkje noko meir), som *blodmat*, kan det like gjerne skje at L_{lex} H_P begge kjem på den fyrste stavinga, som om den andre stavinga skulle ha vore stutt, som *jenter* i (2.3.5), attgjeven som (3.3.1) i neste delkapittel. I (3.2.3) ser me såleis nesten den same ytringa som i (3.2.2), men med berre to stavingar i andre AP-en, før den tredje AP-en kjem med ei ny primærtrykkstaving. I (3.2.3) har me L_{lex} og H_P på fyrste stavinga i *blodmat* og L] på den andre stavinga.

(3.2.3) (((²dama vil ha_{AP}) (²blodmat_{AP}) (¹NO_{AP})_{IP})_{IU}) L%
 [²da:mə vi ha ²blu:ma:t ¹nu:]




Kvifor dette skjer når ein har fire moraer til rådvelde, har eg ikkje noko eintydig svar på. Eit framlegg kan vera at når den bimoraiske stavinga *mat* står slik mellom to stavingar med primærtrykk, slik at ein får (dobbelt opp av) det som i engelskspråkleg litteratur heiter «stress clash», så vert den andre stavinga metrisk redusert. Figur (3.2.3) syner visseleg at vokalen i den andre

stavinga i *blodmat* er stuttare enn vokalane i den fyrste stavinga, men han er framleis lengre enn vokalane i dei stutte stavingane i fyrste AP-en. For den metriske strukturen kan dette likevel vera nok: stavinga står imellom to trykkstavingar, og vil helst verta handsama som trykklett staving.


3.3 Den leksikalske tonen

I (3.2.1) og (3.2.2) var det nok stavingar og moraer til at den leksikalske L_{lex} kunne få ei staving for seg sjølv, og det har framleis vore plass til både prominensstone H_P og AP-grensetone L . I underkapittel 2.3.2 var me inne på at sekvensen $L_{lex} H_P L$ kan realiserast med ulike toneassosieringar, alt etter kor mange stavingar som finst i AP-en. Me såg at dersom det er tre eller fleire stavingar i AP-en (me vil vel no helst seia: fire eller fleire moraer), vil den fyrste tonen ha den fyrste stavinga for seg sjølv. Er det to stavingar i AP-en (med til saman tre moraer, derav to i den fyrste stavinga), vil den fyrste stavinga få tonane $L_{lex}H_P$, og den andre stavinga vil få L . Døma var *jenter* og *jentene*, her attgjevne på nytt som (3.3.1) og (3.3.2).

(3.3.1) (((2 JENTER_{AP})_{IP})_{IU}) $L\%$ [2 jæn:te]



(3.3.2) (((2 JENTENE_{AP})_{IP})_{IU}) $L\%$ [2 jæn:tjɛ]



Med tre moraer i AP-en må altså den leksikalske tonen dela staving med prominens-tonen. Lorentz (1995) ser på TBU i bergensk, ein vestnorsk høgtonedialekt som i det heile i klassisk dialektologi vert sett på som heller lik sunnmørsk. Lorentz registrerer for bergensk, som eg òg har registrert for sunnmørsk, at i tonelag 2-AP-ar ($L_{lex} H_P L$) med tre (eller fleire) stavingar vil det landa éin tone på kvar staving, medan dei to fyrste tonane vil samla seg på den fyrste stavinga (som er bimoraisk) dersom dei tre tonane berre har to stavingar å fordela seg på.

Lorentz konkluderer med at stavinga er den dominerande TBU i bergensk, men at mora kan fungera som TBU når det trengst. Analysen, som er optimalitetsteoretisk, inneheld denne formuleringa (s. 44):

A strict classification into languages having syllables and languages having morae as TBU, breaks down. Instead we see that both constraints are active in the language, and that the dominant constraint may be violated under duress.

For sunnmørsk vil det vera mindre aktuelt å rekna med ein slik vekslande TBU, sidan det allereie er indikert av både prominens-tonen og AP-grensetonen at det er mora som fungerer som primær TBU. Likevel ser me at når det er god plass i AP-en, og den leksikalske tonen dermed ikkje er under press, føretrekkjer han å landa på begge moraene i trykkstavinga.

Me har openbert å gjera med eit tilfelle av tonetrengsle både i sunnmørsk og i bergensk: tre tonar vil inn på ein plass som er litt for liten. Eg vil likevel vera varsam med å kalla dette eit reint fonetisk fenomen. Ein viktig grunn til denne varsemda er at når noko skal manifesterast fonetisk, skjer dette m.a. på grunnlag av prosessane på vegen frå den underliggjande strukturen til overflateforma. Særleg ved systematiske vekslingar vil slike prosessar utvilsamt sortera under fonologi, i alle fall i eit generativt perspektiv. Som fonetikk vil eg der rekna berre reint akustiske eller fysiologiske fenomen, saman med artikulatoriske smådetaljar. Til jamføring med sunnmørsk kan nemnast at i den same fonologiske særstoda har Kristoffersen (2000:246) opphoping av tonar til høgge i sin austnorske varietet. Når sunnmørsk då vel ei tilsvarende opphoping til venstre, må desse skilnadene koma av ulike implementasjonar i form av ulik fonologi, og ikkje av ulik fysiologi eller ulik akustikk.

Ein annan grunn til å vera varsam med å sjå på toneoppoppinga som fonetikk, er at me allereie har sett at TBU i sunnmørsk ser ut til å vera mora. Spørsmålet for vekslinga i assosiasjonen av L_{lex} i (3.3.1) og (3.3.2) er dermed heller ikkje kvifor det er to tonar på fyrste stavinga i (3.3.1), men kvifor det berre er éin tone på fyrste stavinga i (3.3.2). For bergensk kunne nok spørsmålet ha vore det motsette.

Den sunnmørske vekslinga kunne sjølvsagt indikera at ulike tonale einingar er spesifiserte for ulike primære TBU-ar. Ein kunne då seia at L_{lex} har stavinga som TBU, at resten har moraen som TBU, men at ein ved L_{lex} kan oppleva ei toneopphoping som i bergensk dersom det vert trengt om plassen.

Dette er likevel problematisk når ein ikkje er i stand til å finna parallelle ovringar i andre språk. Og når resten av materialet lèt seg analysera med mora som TBU, vil eg vera skeptisk til å innføra staving som TBU attpå, men vil heller sjå om ikkje det kan lata seg gjera å analysera også L_{lex} ut ifrå at TBU er mora. Ein slik analyse vil eg presentera i underkapittel 3.3.1 og 3.3.2. Ein mogeleg parallell til den sunnmørske situasjonen finn me nemleg i standard-latvisk.

3.3.1 Ein mogeleg parallell i latvisk

Med primærtrykk på bimoraiske stavingar (lang vokal; eller stutt vokal + sonorant) har standard-latvisk tre tonale måtar å framheva trykket på.¹ Desse tre «tonelaga» kan me her enkelt kalla tonelag 1, 2 og 3. Dette er mi private nummerering, berre til reint praktisk bruk akkurat her i dette underkapittelet, 3.3.1. I latvisk og engelskspråkleg litteratur vil dei tre ofte verta omtala slik:

1. stieptā intonācija; level tone
2. krītošā intonācija; falling tone
3. lauztā intonācija; broken tone

Tonelag 1, ved ord som *liela* ‘stor’ f., har ein høg tone på heile den fyrste stavinga, medan den andre stavinga får ein L, som vil svara til det som eg for sunnmørsk har kalla AP-grensetone. Denne L i latvisk vert elles assosiert til alt fram til neste primærtrykk.


Tonelag 2, ved ord som *diena* f. ‘dag’, har ein fallande tone på den fyrste stavinga, med L etterpå.

Tonelag 3, ved ord som *zāle* f. ‘gras’, vert gjerne skildra som ein HL-sekvens med stød (glottal lukkelyd) inni, alt innanfor den fyrste stavinga.

¹Denne omtalen av «tonelaga» i standard-latvisk byggjer på dei sparsame opplysningane i Lasmane (1981:16), fonetiske observasjonar i Ekblom (1933), framstillinga i Kariņš (1996), data frå ein latvisk informant, og personleg kommunikasjon med dr. Aleksandra Steinbergs, Memorial University of Newfoundland.

Det som er viktig for oss, er latvisk tonelag 1 og 2. I fig. (3.3.3) ser me kurva til ytringa *diena ir liela* ‘dagen er stor’.¹ Materialet er uttala av ei kvinne frå Rīga², fødd 1957, busett i Noreg. Det er to primærtrykk i ytringa. Det fyrste er «tonelag 2» på *dien’ ir* (-a i *diena* vart elidert framfor vokalen i det trykklette verbet etterpå, det tonale mønsteret er teke vare på), det andre er «tonelag 1» i *liela*. Det som ortografisk vert skriva «ie» i latvisk, svarar til ein diftong i området mellom [iɛ] og [ia]. I figuren har eg sett ein lang, loddbein strek framfor det andre primærtrykket.

(3.3.3) Latvisk: [²diɛn ir ¹liɛla]



Ver merksam på at den tilsynelatande lågtonen heilt til venstre er ein effekt frå den initiale [d]; det fonologiske tonale materialet kjem ikkje før i vokalen.

Me ser her det som allereie er omtala: Ved det fyrste primærtrykket kjem det ein HL-kontur allereie på den fyrste stavinga,³ ved det andre primærtrykket held H seg ut den fyrste stavinga, og L kjem ikkje før i andre stavinga. Dette ser ut til å vera ein parallell til det sunnmørske tilfellet der den leksikalske tonen såg ut til å vilja ha ei heil staving som TBU, medan resten av tonane eintydig hadde mora som TBU.

Kariņš (1996) analyserer det ikkje slik. Stutt sagt seier han dette (særleg s. 140ff): L til høgre er ein intonasjonell frasetone, dvs. ein tone på line med L] i sunnmørsk. Primærtrykk vert i latvisk markert med ein metrisk frasetone H,

¹Latvisk bøyer ikkje substantiv i definitet. Ordstillinga i døma er identisk med ordstillinga i den norske omsetjinga: *ir* tyder ‘er’.

²Rīga-dialekten ligg nær standardlatvisk, men har ikkje det tredje tonelaget.

³Denne konkrete konturen innbyr til ei alternativ tolking, nemleg fonetisk interpolasjon frå H i den fyrste stavinga til ein L i den andre stavinga. Eg vil likevel ikkje på grunnlag av dette isolerte dømet overprøva Kariņš (1996) eller andre med morsmålskompetanse og spesifikk fagkompetanse i latvisk, og tek med denne figuren berre som ein illustrasjon på det som Kariņš, som me straks skal sjå, analyserer som ulikt assosieringspunkt for den metriske høgtonen.

som etter mi forståing spelar ei metrisk rolle som kan jamførast med rolla til H_P på sunnmørsk. Denne metriske H er der i latvisk også om trykkstavinga er monomoraisk og ikkje kan skilja mellom ulike tonelag.

Det som skil tonelaga frå kvarandre i latvisk, er etter den optimalitetsteoretiske analysen til Kariņš dette (s. 141): «RIGHTMOST: Free tones (non-lexical) attach to the rightmost free tone bearing unit». TBU i latvisk er mora. «Nivåtonelaget» (som i *liela* 'stor') har ikkje nokon leksikalsk tone, og den metriske tonen H assosierer seg dermed til den høgre moraen i trykkstavinga. I praksis vert heile stavinga då høg eller noko stigande.

I «det fallande tonelaget» (som i *diena* 'dag') finst det ein leksikalsk tone L på den høgre moraen i trykkstavinga. (OCP slår ikkje saman denne leksikalske tonen med den låge frasetonen, fordi MAX-T er høgre rangert.) Dermed vert den metriske tonen H pressa til den venstre moraen, som då er den moraen lengst til høgre (*rightmost*) som er ledig. Resultatet er ein HL-kontur på fyrste stavinga.

I «det brotne tonelaget» (som i *zāle* 'gras') er den leksikalske tonen LH. Den underliggjande sekvensen vert då metrisk H på fyrste mora, LH på andre mora, og deretter frasetonen L. «Stød»-aspektet kjem inn som eit utslag av L i leksikalsk LH, medan H i leksikalsk LH òg gjer at ord med dette tonelaget alltid stig litt i tonen før eit fall til slutt.

Det viktige for oss er at jamvel om H i *diena* ser ut til å liggja til venstre i den fyrste stavinga (som om TBU skulle vera mora), medan H i *liela* ser ut til å liggja på heile den fyrste stavinga (som om TBU skulle vera staving), så lèt det seg i staden gjera å analysera skilnaden som ein skilnad i assosieringspunkt. Dette gjer det aktuelt å prøva ein liknande analyse for sunnmørsk, utan å postulera ulike TBU-ar for ulike tonar, slik me prøvde oss på i innleiinga til delkapittel 3.3.

3.3.2 Ein optimalitetsteoretisk analyse

Overfører me den latviske analysen til sunnmørsk, kan me seia at den leksikalske tonen L_{lex} i sunnmørsk assosierer seg til den høgre moraen i trykkstavinga, men kan nøya seg med venstre mora om det er dårleg med plass i AP-en. Den metriske prominens-tonen H_P vil (i tonelag 1, når det ikkje er nokon leksikalsk tone til stades) assosiera seg heilt til venstre i trykkstavinga, men kan flytta på seg til høgre mora eller jamvel til neste staving, om det kjem ein leksikalsk tone til venstre for han. Ein skilnad mellom sunnmørsk og

latvisk er forresten rekkjefylgda på tonane: I latvisk kjem den metriske tonen alltid før den leksikalske, i sunnmørsk er det motsett.

Ein føremon med ein slik analyse for sunnmørsk er at den leksikalske tonen oppfører seg slik som me skal sjå i delkapittel 3.5 at AP-grensetonen oppfører seg: han assosierer seg primært til høgre, og spreier seg deretter mot venstre (for å seia det på ein autosegmental måte). Ei ulempe med analysen er at det er umogeleg å påvisa fonetisk eller fonologisk eintydig at den leksikalske tonen faktisk er primært assosiert til høgre mora og spreier seg til venstre, sidan det ikkje finst noka tonal veksling som eintydig indikerer noko slikt. Analysen med leksikalsk tone på andre mora og spreining til fyrste mora er dermed fyrst og fremst ein analyse som unngår å innføra ulike TBU-ar for ulike tonale einingar, og som har den bonuseffekten at spreingsprosessar alltid skjer mot venstre. Sagt med andre ord er dette den mest konsistente analysen.

At ulike tonale einingar vert lina opp på motsette kantar av trykkstavinga, er elles ikkje nokon revolusjon, og er fullt i samsvar med Kariņš (1996), som òg må skilja mellom leksikalske og intonasjonelle tonar i OT-analysen sin.

Dersom me tek utgangspunkt i at sunnmørsk har mora som toneberande eining, at T_{lex} vil assosiera seg til andre moraen i trykkstavinga, og at dette siste likevel kan overstyrast av lengda på AP-en utan at det vert ugrammatisk, så har me ein situasjon som ikkje berre kan sjåast nærare på i ein OT-analyse. Me har òg ein situasjon av det slaget som motiverer optimalitetsteoretiske analysar i utgangspunktet: Ulike føringar kan gjerne stå i konflikt med kvarandre, og oppgåva til OT-analysen vil då vera å rangera føringane, slik at det vert klart kva for ei føring som skal overhaldast dersom føringane kjem i konflikt.

Eg vel difor å sjå nærare på desse toneassosieringane i eit optimalitetsteoretisk perspektiv. Eg reknar med at lesarane er kjende med OT, og eg vil ikkje utdjupa grunnlaget for slike analysar meir enn eg allereie har gjort. Ein kan elles lesa t.d. Kager (2001) og McCarthy (2002).


Føringane og føringsskjemaa (t.d. ALIGN) som eg skal bruka, vil fyrst og fremst vera slike føringar som er kjende frå før, men sjølvstøtt med språkspesifikt innhald (sidan t.d. ALIGN-føringsskjema skal lina opp einingar som ikkje alltid er universelle, t.d. T_{lex}). Ein viss bruk av ad hoc-føringar vil koma føre, og vil verta kommentert der og då.

For sunnmørsk kan me i fyrste omgang spesifisera desse føringane:¹

- ALIGN(T_{lex} , ' σ , Rt):** For kvar T_{lex} skal denne falla saman med høgrekanten til ei primærtrykkstaving.
- ALIGN (T_{lex} , Lt):** For kvar T_{lex} skal denne koma så langt til venstre som mogeleg. Saman med førre føring vil dette seia at T_{lex} spreier seg mot venstre når T_{lex} er lina opp med høgrekanten av trykkstavinga.²
- ALIGN (T_P , Lt):** For kvar T_P skal denne koma så langt til venstre som mogeleg.³
- ASSOC (T):** Alle tonar skal assosierast.

Med den noko underspesifiserte ALIGN (T_P , Lt) er det mindre viktig å lata T_P landa på sjølve trykkstavinga enn å lata T_{lex} få høgrekanten av trykkstavinga, jf. (3.3.4).

(3.3.4) Mangestava tonelag 2-AP i isolasjon.

| L_{lex} H_P L $\mu\mu.\mu.\mu\dots$ | ALIGN (T_{lex} , Lt) | ALIGN (T_P , Lt) | ASSOC (T) | ALIGN (T_{lex} , ' σ , Rt) |
|---|----------------------------|------------------------|-----------|---|
| a.  L.H.L... | | | | |
| b. LH.L... | | | | * |

Ein kunne sjølvsagt tenkja seg ein tredje utputt: $H_P + L_{lex} + L$. På den måten ville både T_{lex} få koma til høgre i trykkstavinga, og H_P ville få koma så langt mot venstre som det er mogeleg, jamvel i trykkstavinga, og framleis utan at noka av føringane vert brotne. Når dette ikkje skjer, vil det vera naturleg å analysera det slik at T_{lex} oppfører seg som eit tonalt prefiks, t.d. ved å rangera ALIGN (T_{lex} , Lt) over ALIGN (T_P , Lt). Eg skal ikkje gå djupare i det enn dette, og vil framover heller ikkje spesifisera denne rangeringa, men taka henne for gjeven der det trengst.

¹Yip (2002) inneheld truleg mykje som ville ha vore relevant for mine analysar. Diverre vart eg ikkje merksam på boka før like før denne avhandlinga skulle leverast, og eg må taka det atterhaldet at eg kunne ha analysert mangt annleis i kapittel 3 og 4 dersom eg hadde lese Yip fyrst.

²Gussenhoven (2000:153) formaliserer spreing ved å bruka ein tilsvarande kombinasjon av ei Align-føring som er spesifisert for samanfall mellom to konstituentgrenser, og ei Align-føring som ikkje er spesifisert for dette.

³Dvs. så langt til venstre i det tonale domenet som han sorterer under, dvs. AP.

I dette tablået, (3.3.4), har me ein mangestava tonelag 2-AP i isolasjon (fire eller fleire moraer, tre eller fleire stavingar), med nivåtone på den fyrste stavinga. I (3.1.1) var det ikkje slik, og den trimoraiske tonelag 2-AP-en fekk konturtone på fyrste stavinga. Det er openbert at det trengst endå ei føring dersom ein skal skildra denne vekslinga mellom nivåtone og konturtone. Ei slik føring kan vera denne:

MAX (contour): Ikkje slett ein tone som berre har motsette nabotonar.

Denne MAX-føringa er ei OCP-motivert føring som skal taka vare på kontrastar som ligg føre i innputt. Ei funksjonalisering av OCP er logisk sett todelt: For det fyrste kan ein setja inn (epentese) eller fjerna noko (elisjon) for å stetta OCP der innputt sjølv ikkje stettar OCP. For det andre kan ein unngå å sletta (eller setja inn) noko dersom ei slik sletting (eller innsetjing) vil føra til brot mot OCP.

MAX (contour) er ei formalisering av den andre delen av OCP-funksjonaliseringa, og vil vera høgare rangert enn MAX (T), som igjen vil vera høgare rangert enn den fyrste delen av OCP-funksjonaliseringa. Føringa MAX (contour) vert dermed broten dersom ein tone som står ved sida av ein motsett tone, vert sletta.

For tonelag 2-AP-ar med tre moraer vil me då få dette tablået (3.3.5):

(3.3.5) Trimoraisk/disyllabisk tonelag 2-AP i isolasjon.

| $L_{lex} H_p L_j$ | MAX (contour) | ALIGN (T_{lex}, Lt) | ALIGN (T_p, Lt) | ASSOC (T) | ALIGN ($T_{lex}, 'σ, Rt$) |
|-----------------------|------------------|----------------------------|------------------------|--------------|--------------------------------|
| a. \rightarrow LH.L | | | | | * |
| b. L.H \odot | | | | * | |
| c. L.H | * | | | | |


Merk at føringa MAX (contour) er mellombels, og bortsett frå referansen til OCP har eg ikkje grunnlag for å seia at ho skal vera universell. Her hjå meg har føringa rolle som ei ad hoc-føring. I underkapittel 4.2.1 vil MAX (contour) verta kjend mindre relevant for analysen, til fordel for eit føringspar som gjeld forholdet mellom trykkstavingar og den tonale sekvensen HL. Eit alternativ til MAX (contour)-analysane i delkapittel 3.3 og 3.4 vert skissert heilt på slutten av underkapittel 4.2.1.

3.4 Tonelag 2-AP-ar med tre moraer: konsekvensar for AP-grensetonen

Til no har me sett døme på mangestava tonelag 2-AP-ar, og me har sett døme på isolerte tostava tonelag 2-AP-ar. I den siste typen såg me at den leksikalske tonen deler staving med prominens-tonen når AP-en har berre tre moraer til rådvelde, slik at den fyrste stavinga får sekvensen $L_{lex}H_P$, og den andre stavinga får tonen L].

Det neste me skal sjå på, er døme på tostava, trimoraiske AP-ar der den leksikalske tonen ser ut til å okkupera *heile* den fyrste stavinga. Dette har m.a. ein tendens til å skje i ein trimoraisk tonelag 2-AP som står framfor ein annan tonelag 2-AP, som i (3.4.1).

(3.4.1) (((²grøne_{AP}) (²jenter_{AP}) (²LEVER_{AP})_{IP})_{IU}) L%
[²grø:nε ²jæn:te ²le:vε]



I den fyrste AP-en, ²grøne, ser me at den låge tonen til venstre held seg låg gjennom heile [ø:], bortsett frå ei stiging mot slutten, mot den H_P som kjem i andrestavinga [nε] (i tillegg kjem det noko mikroprosodisk rusk heilt til venstre i AP-en). I andrestavinga fell deretter kurva, men når ikkje lågpunktet før inne i fyrstestavinga i andre AP.


I andre AP-en, ²jenter, manglar delar av F_0 -kurva pga. den ustemde plosiven (jamvel delar av nasalen er ustemd), men også her ser me at H_P er plassert i den andre stavinga. Her òg fell kurva utan å nå L før inne i fyrste stavinga i neste AP igjen.

I tredje AP-en, ²lever, kjem H_P -punktet mykje lenger til venstre enn i dei to fyrste AP-ane, og den fyrste stavinga, [le:], hyser openbert begge dei to fyrste tonane, $L_{lex}H_P$.

Samanlikn no den fyrste AP-en i (3.4.1) med den fyrste AP-en i (3.4.2). I (3.4.2) er den andre AP-en ein tonelag 1-AP, resten er identisk med (3.4.1).

I (3.4.2) ser me ser at H_P i den fyrste AP-en kjem tidlegare enn i (3.4.1). Den fyrste AP-en i (3.4.2) har to tonar på den fyrste stavinga, den tilsvarande AP-en i (3.4.1) hadde openbert éin tone på den fyrste stavinga, og utsette H_P til andre stavinga.

(3.4.2) (((²grøne_{AP}) (¹dådyr_{AP}) (²LEVER_{AP})_{IP})_{IU}) L%
[²grø:ne ¹do:d,y:r ²le:vε]



Men om dette er det vanlege i denne situasjonen, er det likevel fullt mogeleg å få konturtoner på den fyrste stavinga, sjølv om det kjem ein tonelag 2-AP etterpå, som i fig. (3.4.3). Ytringa er henta frå kommunestyremøtet i Herøy 18.12.1997, der ein svært engasjert representant¹ (mann frå Herøy, fødd 1943) sa: *Og då... får du no sjå på om der er andre tomter som er betre eigna*. Den prosodiske strukturen er: (og ((¹då... får du no_{AP}) (¹sjå_{AP}) (¹på om der er_{AP}) (²andre_{AP}) (²tomter som er_{AP}) (²BETRE eigna_{AP})_{IP})_{IU}) L%

Sidan ytringa er så lang, tek eg med i figuren berre den siste delen: *sjå på om der er andre tomter som er betre eigna*.


Den tredje AP-en i figuren, *andre*, har $L_{lex}H_P$ på fyrste stavinga, sjølv om det kjem ein tonelag 2-AP etterpå. Sjølv dei to siste AP-ane, som begge har tre eller fleire stavingar, har i dette tilfellet $L_{lex}H_P$ på fyrste stavinga.²

¹Det er mogeleg at det nettopp er det sterke engasjementet som har ført til konturtonen, og at me har å gjera med den rolla som intonasjonen spelar som stemningsindikator og formidlar av den haldninga som sendaren har til det proposisjonelle innhaldet i ytringa.


²Ytringa ser forresten ut til å slutta på med ein IU-grensetone H%, men dette er feil. Det vesle søkket i konturen heilt til høgre er knirkestemme på dei to siste stavingane. Merk òg det markerte søkket fremst i AP-en *andre*, som ikkje er anna enn eit akustisk utslag av den glottale lukkelyden, kombinert med knirkestemme like framføre.

Denne personen produserte òg ytringar der prominensjonen venta til den andre stavinga, jf. den trestava AP-en *inne på* i (3.4.4)¹, i motsetnad til AP-en *Leikong viss*, som har $L_{lex}H_P$ på fyrste stavinga. (3.4.4) er eit utdrag frå ytringa *heilt inne på Leikong, viss det skulle vere noko* (((¹heilt_{AP}) (²inne på_{AP}) (²leikong viss_{AP}) (¹DET skulle vere noko_{AP})_{IP})_{IU}) L%.

(3.4.3) (¹sjå_{AP}) (¹på om der er_{AP}) (²andre_{AP}) (²tomter som er_{AP})
(²BETR' eigna_{AP})_{IP})_{IU}) L%



(3.4.4) (((¹heilt_{AP}) (²inne på_{AP}) (²leikong viss_{AP})...




I tillegg til at L_{lex} i ein trimoraisk tonelag 2-AP som oftast (men ikkje alltid, som me no har sett) vert assosiert til heile den fyrste stavinga når neste AP er ein tonelag 2-AP, finst det ein posisjon som ein tonelag 2-AP kan stå i, der han *må* få assosiert L_{lex} til heile den fyrste stavinga, same kor lang eller stutt AP-en er, og same kva som måtte koma etterpå. Dette er når tonelag 2-AP-en


¹For ordens skuld: Stavingsgrensa skulle etter gjengs formalisme helst ha vorte markert inne i den palatale nasalen i andre AP, men sidan eg har basert meg på segmentgrenser, markerer eg ny staving her etter det segmentet.

er plassert som fyrste AP etter ein fokal AP.¹ Døme er (3.4.5) og (3.4.6), med andre AP rett etter ein fokal AP, og med den leksikalske tonen assosiert til heile den fyrste stavinga der, uavhengig av kva som kjem i tredje AP.


(3.4.5) (((²GRØNE_{AP})_{IP}) (²jenter_{AP}) (²lever_{AP}) (¹DER_{AP})_{IP})_{IU}) H%



(3.4.6) (((²GRØNE_{AP})_{IP}) (²jenter_{AP}) (¹leser_{AP}) (¹DER_{AP})_{IP})_{IU}) H%



(3.4.7) (dei (((²GRØNE_{AP})_{IP}) (²jentene_{AP}) (¹leser_{AP}) (¹DER_{AP})_{IP})_{IU}) H%



¹Endå ein situasjon der den leksikalske tonen som oftast eller alltid okkuperer heile den fyrste stavinga, er ved manglande neddrift.

Nok ein gong ser me, no i (3.4.5), at L] i dei to fyrste AP-ane ikkje vert realisert på venstre side av AP-grensa. Dette er spesielt tydeleg i andre AP-en. At konturen går så langt ned som han trass alt gjer til høgre i fyrste AP, *GRØNE*, kan koma av at denne AP-en er fokal. Me såg i kap. 2 at fokalitet m.a. vert markert ved at L] vert spesielt låg. I (3.4.5) når tonekurva framleis ikkje botnen innanfor grensene til fyrste AP-en, men ho rekk å vera på god veg dit, i motsetnad til den ikkje-fokale andre AP-en.

I den same (3.4.5), der tredje AP er ein tonelag 2-AP (byrjar dermed på ein L_{lex}), ser me elles at det som venta finst ein L der som skaper eit søkk mellom dei to H_P -tonane i andre og tredje AP.


Me kan no samanlikna desse AP-ane med dei tilsvarende AP-ane i (3.4.6). Den tredje AP-en i (3.4.6) er ein tonelag 1-AP ($H_P L]$, ingen L_{lex} fyrst). Om L] i den *andre* AP-en i (3.4.6) på noko vis var assosiert til noko, skulle me venta eit slikt søkk der òg, som i (3.4.5), og slik som i (3.4.7), der den andre AP-en er på fire moraer og ikkje gjer det trongt om plassen for tonane. Sidan det ikkje finst noko slikt søkk mellom høgtonane i andre og tredje AP-en i (3.4.6), må det tyda at det ikkje finst nokon L] frå andre AP-en som er assosiert til noko.

Dersom andre AP-en i (3.4.6) dermed berre har tonane $L_{lex} H_P$, og tredje AP-en har tonane $H_P L]$, skulle me i utgangspunktet venta at grenseområdet mellom dei to AP-ane heldt seg fonetisk like høgt. Me ser at dette ikkje er tilfellet. Høgtonen i andre AP-en er høgst, deretter kjem ein knekk i konturen, før me kjem til ein noko lågare høgton i tredje AP-en. Med grunnlag i at ein assosiert L] imellom dei ville ha ført til eit *søkk* i konturen, og ikkje berre eit fall, må me konkludera med at knekken i konturen mellom dei to høgtonane er ein overgang mellom to ulikt høge høgtonar. Me ser då òg at konturen flatar seg ut i tredje AP-en der H_P er assosiert til fyrste moraen; konturen fer ikkje rakt ned frå H_P i andre AP-en (som er $L_{lex} H_P$) til L] i tredje AP-en (som er $H_P L]$), men markerer høgtonen i tredje AP-en undervegs.

Det einaste tonale materialet me har tilgjengeleg der knekken kjem, er L] frå andre AP-en, som altså ikkje er assosiert. Likevel må han openbert vera til stades, og me har ein flytande L], slik det er skissert i (3.4.8).¹ Den flytande tonen er markert med ein sirkel rundt seg, etter mønster frå t.d. Goldsmith (1990).

¹Ein alternativ analyse kunne vera at knekken er ein realisasjon av ein L] som er pressa av tonetrengele. Dette ville likevel ikkje vera noko anna enn ein fonetisk måte å skildra det på, det som ein i fonologien kallar ein flytande tone som påverkar ein grannetone, og der den flytande tonen er flytande nettopp pga. tonetrengele, slik som her.

(3.4.8) Autosegmental analyse av (3.4.6).



Dermed har me har eit sunnmørsk døme på nedsteg (*downstep* på engelsk), som elles er kjent frå ei rekkje andre språk: To H-tonar som står ved sida av kvarandre, skulle ha vore fonetisk like høge, men ein flytande L imellom dei gjer at H-tonen til høgre vert realisert noko lenger nede enn H-tonen til venstre.¹

Eit openbert spørsmål er kva som skjer med AP-grensetonen L] i dei to fyrste AP-ane i (3.4.1): I eit døme som (3.2.1), der den fyrste AP-en var på heile fire stavingar, var det god plass til alle dei tre tonane L_{lex} H_p L], og L] var altså til stades i AP-en, og låg på begge dei to siste stavingane. I (3.4.2) var det berre to stavingar (med tre moraer) i den fyrste AP-en, og me fekk konturtone på den fyrste stavinga. Framleis var L] til stades, og landa no på den siste stavinga i AP-en.

I (3.4.1) er den fyrste AP-en identisk med den fyrste AP-en i (3.4.2), og me skulle ha venta konturtone på fyrste stavinga, til liks med figur (3.4.2). Men slik er det ikkje. Det einaste som er ulikt for den fyrste AP-en i (3.4.1) og (3.4.2) er at i (3.4.1) grensar AP-en til ein tonelag 2-AP, medan han

¹Med utgangspunkt i drøftinga i delkapittel 2.4 kan ein òg nemna deklinasjon, eit ikkje-fonologisk og «gradual fall in the tone baseline» (Roca 1994:264), som må kunna føra til at to høgtonar ved sida av kvarandre har ulik fonetisk høgd. For sunnmørsk har me likevel sett (delkapittel 2.5.2) at neddrift er noko som må relaterast til fonologien, og i alle tilfelle er det ein tydeleg knekk mellom dei to relevante høgtonane i (3.4.6), som ikkje kan tilskrivast noko «gradual fall in the tone baseline». I kapittel 4 skal me elles sjå både døme på og drøfting av ulike H-tonar som står ved sida av kvarandre, og desse har den same fonetiske tonehøgda.

grensar til ein tonelag 1-AP i (3.4.1). Det som skjer, er altså at ein trimoraisk tonelag 2-AP vekslar mellom dei to assosieringsstrategiane for den leksikalske tonen (L_{lex} på heile den fyrste stavinga vs. på berre den fyrste moraen) alt etter kva slags tonelag som kjem i den etterfylgjande AP-en.

Dette kunne me ha venta dersom me *ikkje* hadde fått dissosiering av L] i (3.4.6), og då kunne me ha analysert (3.4.1) slik at L] i dei to fyrste AP-ane er flytande, noko som gjev betre plass til L_{lex} . Problemet med dette er: Ein slik analyse av (3.4.1) seier at det er det som skjer med L], som har konekvensar for kva som skjer med L_{lex} . Me ser jo i (3.4.2) at L] slett ikkje treng å verta pressa bort. Men dette er den motsette analysen av den me har i (3.4.6), der det er det som skjer med L_{lex} , som har konsekvensar for kva som skjer med L]. Det problematiske i dette er at me på den eine sida seier at L] er i stand til å pressa L_{lex} , men på den andre sida seier me at det er L_{lex} som er i stand til å pressa L]. Dersom det er L] som er i stand til å pressa L_{lex} , slik me ser ut til å ha evidens for i vekslinga mellom (3.4.1) og (3.4.2), så skulle me ikkje ha venta at L_{lex} hadde pressa L] i (3.4.6).

Denne motsetnaden treng ikkje vera problematisk. Om me framleis tek utgangspunkt i optimalitetsteori, har me her berre eit døme på ein konflikt som motiverer slike analysar, og me kan førestella oss ein samverknad mellom dei definerte føringane som i tablåa i (3.4.9) og (3.4.10). I tillegg til å peika ut vinnaren har eg for (3.4.10) markert den nest beste kandidaten også.

Merk at eg ikkje har teke med ALIGN (T_p , L_t) eller ALIGN (T_{lex} , L_t), sidan desse alltid vert overhaldne, og ikkje er viktige for denne analysen. For samanhengen si skuld tek eg i staden med denne føringa:

MAX (T): Alle tonar frå innputt skal finnast i utputt.¹

(3.4.9) Trimoraisk/disyllabisk tonelag 2-AP (LHL) før tonelag 1 (initial H)

| | L_{lex} H _p L] + H | MAX (contour) | ASSOC (T) | ALIGN (T_{lex} , 'σ, Rt) | MAX (T) |
|----|---------------------------------|------------------|--------------|--------------------------------|------------|
| a. | LH.L + H | | | * | |
| b. | L.H ⊙ + H | | * | | |
| c. | L.H + H | * | | | |

¹Det er ikkje umogeleg at ein bør operera med ei spesifisert føring à la MAX (T)], men i desse døma gjer eg det enkelt.

(3.4.10) Trimoraisk/disyllabisk tonelag 2-AP (LHL) før tonelag 2 (initial L)

| $L_{lex} H_P L] + L$ | MAX (contour) | ASSOC (T) | ALIGN ($T_{lex}, 'σ, Rt$) | MAX (T) |
|----------------------|------------------|--------------|--------------------------------|------------|
| a. ② LHL + L | | | * | |
| b. L.H ⊙ + L | | * | | |
| c. ↗ L.H + L | | | | * |

Som me ser i (3.4.10), er det ikkje berre ei dissosiering av $L]$ som er inne i biletet her, men rett og slett ei stryking av $L]$, med brot mot MAX (T). Dette kan gjerne vera eit utslag av OCP, med ei samanslåing av $L]$ i den fyrste AP-en med L_{lex} i den andre AP-en, noko som kan sameinast med MAX (contour). Når eg ikkje har lagt inn noka føring som *tvingar fram* ei slik samanslåing av identiske nabotonar, men i staden tek utgangspunkt i ein lågt rangert MAX (T), kjem det av at det finst evidens for at MAX (T) er høgare rangert enn ei eventuell slik samanslåingsføring i sunnmørsk. I kapittel 4 skal me i tråd med dette sjå nærare på korleis grannetonar med same polaritet ikkje vert fusjonerte.

I (3.4.10) ser me at $ALIGN (T_{lex}, 'σ, Rt) \gg MAX (T)$, sidan det er denne grensa som skil mellom vinnaren og den nest beste kandidaten, og me kan med godt samvit trekkja ei heil line mellom dei.

Det er verdt å merkja seg at den nest beste kandidaten i (3.4.10) er *a*, med konturtoner på fyrste stavinga. Dette er slik kommunestyrerepresentanten uttala AP-en *andre* i (3.4.3).

Rett etter ein fokal AP vert $ALIGN (T_{lex}, 'σ, Rt)$ alltid overhalden. Eg har ikkje noko klart svar på kvifor, men vonar at framtidig forskning kan seia noko om det. I alle fall, det at $ALIGN (T_{lex}, 'σ, Rt)$ alltid vert overhalden i slike situasjonar, har sine konsekvensar for $L]$. Sidan $ALIGN (T_{lex}, 'σ, Rt)$ av utforska grunnar alltid vert overhalden, tek eg med berre utputtar med L på heile den fyrste stavinga (og ikkje utputtar med konturtonar som t.d. (3.4.9a)). Når ein slik AP kjem framfor ein tonelag 1-AP, som i (3.4.6), sa den autosegmentale analysen i (3.4.8) at $L]$ vert flytande. I tablået i (3.4.11) ser me nettopp dette.

(3.4.11) Postfokal¹, trimoraisk tonelag 2-AP (LHL) før tonelag 1 (initial H).

| | $L_{lex} H_P L] + H$ | MAX (contour) | ASSOC (T) | ALIGN ($T_{lex}, 'σ, Rt$) | MAX (T) |
|----|---------------------------|------------------|--------------|--------------------------------|------------|
| a. | $L.H \textcircled{L} + H$ | | * | | |
| b. | $L.H + H$ | * | | | * |

(3.4.12) Postfokal, trimoraisk tonelag 2-AP (LHL) før tonelag 2 (initial L).

| | $L_{lex} H_P L] + L$ | MAX (contour) | ASSOC (T) | ALIGN ($T_{lex}, 'σ, Rt$) | MAX (T) |
|----|---------------------------|------------------|--------------|--------------------------------|------------|
| a. | $L.H \textcircled{L} + L$ | | * | | |
| b. | $L.H + L$ | | | | * |

(3.4.11) viser oss at MAX (contour) » ASSOC (T). Dei andre rangeringane er etablerte frå før, og me får det som er ført opp i tablåa: MAX (contour) » ASSOC (T) » ALIGN ($T_{lex}, 'σ, Rt$) » MAX (T). Utputt *b* i (3.4.11) slettar L] fullstendig, dermed får me ein tonesekvens LH + H der innputt hadde LHL + H. Dette bryt mot den høgt rangerte MAX (contour). Vinnaren er utputt *a*, som berre bryt mot ASSOC (T). At L] faktisk er flytande, har me då òg sett på at me får nedsteg i slike tilfelle, fig. (3.4.6) og (3.4.8).

Dersom det derimot er ein tonelag 2-AP som kjem etterpå, som i (3.4.12), er det utputt *b* som går av med sigeren. Det må likevel nemnast at det vil vera vanskeleg å etterprøva (3.4.12), sidan eit eventuelt nedsteg ved utputt *a* ikkje ville ha late seg kontrollera, ettersom neste assosierte tone likevel er L. Nedsteg kan ein påvisa sikkert berre ved to H-tonar som er assosierte attmed kvarandre.

Det me har sett her, er då dette: Me hadde evidens for at det er L_{lex} som er i stand til å pressa L], og me hadde evidens for at det er L] som er i stand til å pressa L_{lex} . Slike motsette evidensar kan ikkje i seg sjølve sameinast, i alle fall ikkje om me vil ha ein analyse som eintydig seier noko om kva for ei tonal eining som skal vera i stand til å pressa ei anna tonal eining. Men det som såg ut som ein motsetnad, viste seg å ikkje vera ein motsetnad likevel. Den tilsynelatande motsetnaden var berre eit symptom på ei viss rangering av føringar.

¹Terminologisk merknad: *Postfokal* tyder her 'som står like etter ein fokal AP'.

Både i (3.4.11)–(3.4.12) og i tidlegare tablå har det vorte teke for gjeve at ein TBU (mora) ikkje kan ha meir enn éin tone. Ei slik føring, *CROWD,¹ må vera høgare rangert enn både MAX (T), ALIGN (T_{lex}, 'σ, Rt) og ASSOC (T), sidan ein elles kunne ha fått vinnarutputtar som overheldt alle føringane i (3.4.5) og (3.4.9)–(3.4.12). I desse tablåa har eg ikkje teke med slike kandidatar, men vil koma attende til rolla til *CROWD både no straks i delkapittel 3.5, til slutt i underkapittel 4.2.1, og ikkje minst i delkapittel 4.3.

I (3.3.4) såg me på assosieringa av L_{lex} i isolerte tonelag 2-AP-ar med fire eller fleire moraer. I (3.4.13) og (3.4.14) ser me ein eksplisitt analyse av korleis L_{lex} vil assosiera seg til høgare i trykkstavinga i slike AP-ar uavhengig av kva som kjem etter: Det er rett og slett for god plass i AP-en til at det vil vera aktuelt å bryta med noka føring for å overhalda andre.

(3.4.13) Mangestava tonelag 2-AP (LHL) før tonelag 1 (initial H).

| | L _{lex} H _p L _j + H | MAX (contour) | ASSOC (T) | ALIGN (T _{lex} , 'σ, Rt) | MAX (T) |
|----|--|------------------|--------------|--------------------------------------|------------|
| a. | L.H.L... + H | | | | |
| b. | LH.L... + H | | | * | |

(3.4.14) Mangestava tonelag 2-AP (LHL) før tonelag 2 (initial L).

| | L _{lex} H _p L _j + L | MAX (contour) | ASSOC (T) | ALIGN (T _{lex} , 'σ, Rt) | MAX (T) |
|----|--|------------------|--------------|--------------------------------------|------------|
| a. | L.H.L... + L | | | | |
| b. | LH.L... + L | | | * | |

3.5 AP-grensetonen og IU-grensetonen

Kristoffersen (2000:241) meiner at «the choice of TBU can vary from language to language», og ynskjer å finna ut «what is the relevant TBU in East Norwegian, the mora or the syllable?» Kristoffersen kjem fram til (s. 245–246) at i hans varietet av austnorsk er det fyrst og fremst stavinga som fungerer som TBU, sidan ikkje noka staving i ein austnorsk AP, bortsett frå den siste stavinga, kan vera assosiert til meir enn éin tone.

Lorentz (1995) kunne fortelja oss frå bergensk at TBU der ser ut til å vera stavinga, men at TBU gjerne kan vera mora dersom det vart trongt om plassen.

¹Gussenhoven (2000:158): «*CROWD: A TBU is associated with at most one tone.»

For sunnmørsk ser det ut til at TBU er mora: Ingen av tonane treng noko meir enn ein mora for å verta assosiert. For sunnmørsk har me elles sett at der Kristoffersen i sin austnorske varietet, med stavinga som TBU, vil få ei opphoping av tonar til høgre, vil me på sunnmørsk få ei opphoping av tonar til venstre.

Ser me vidare på den sunnmørske AP-grensetonen L], har me observert at denne tonen stundom kan verta flytande, nemleg når det ikkje finst nokon ledig mora til han. L] treng dermed minst éin mora. Samstundes har me sett at i tonelag 1 AP-ar (H_pL]) vert L] knytt til berre den siste moraen i den fyrste stavinga, i tillegg til resten av området ut til AP-grensa til høgre, om AP-en er på meir enn éi staving.

At L] assosierer seg til alle TBU-ane mellom prominensjonen og høgrekanten på AP-en, må anten koma av at L] er primært assosiert i den høgre AP-kanten og spreier seg mot venstre (3.5.1a), eller at L] er primært assosiert til den fyrste ledige TBU-en til høgre for prominensjonen, og spreier seg mot høgre (3.5.1b).

(3.5.1) To kandidatar til analyse av korleis T] vert assosiert i sunnmørsk.

a) **ALIGN (T], AP, Rt):** For kvar T] skal denne falla saman med høgregrensa til ein AP.

ALIGN (T], Lt): For kvar T] skal denne koma så langt til venstre som mogeleg.

Autosegmentalt: T] vert primært assosiert ved høgre AP-grense, og spreier seg mot venstre.

b) **ALIGN (T], Lt, T_p, Rt):** For kvar T] skal denne falla saman til venstre med høgregrensa til ein T_p.

ALIGN (T], Rt): For kvar T] skal denne koma så langt til høgre som mogeleg.

Autosegmentalt: T] vert primært assosiert like etter H_p, og spreier seg mot høgre.


I figur (3.5.2) har me ei ytring¹ (((¹EG vil gå_{AP})_{IP})_{IU}) H%. Ytringa inneheld éin AP (med tonelag 1 og tre stavingar), og tonane me har, er H_p L] H%. Den siste stavinga i ytringa er lang (bimoraisk), og me ser at L] deler

¹Her som elles bruker eg lengdeteikn etter bimoraiske diftongar i sunnmørsk. Dette er ikkje alltid like vanleg i fonologisk litteratur, men eg vel å gjera det her fordi sunnmørsk òg har monomoraiske diftongar.


siste stavinga med IU-grensetonen H%. Dette indikerer at H% vil assosiera seg til ein mora, akkurat som L], og dermed kan dei dela stavinga mellom seg.¹ At L] ikkje okkuperer siste moraen, kan tyda på at det er hypotesen i (3.5.1b) som er rett.

Men i (3.5.3) har me ei parallell ytring (((¹EG vil ete_{AP})_{IP})_{IU}) H% der den siste stavinga er monomoraisk. Om (3.5.1b) er den rette hypotesen, skulle me her venta at den siste vokalen fekk H%, medan den nest siste vokalen fekk L]. Det me ser i (3.5.3), er likevel at den siste vokalen får både L] og H%. Her vil altså L] slett ikkje gjeva frå seg den siste moraen til H%.

(3.5.2) (((¹EG vil gå_{AP})_{IP})_{IU}) H% [¹ε: vɪ ,gɔ:]



(3.5.3) (((¹EG vil ete_{AP})_{IP})_{IU}) H% [¹ε: vɪ ,ε:tɛ]



¹Ver elles merksam på [v], som skaper ei lokal, mikroprosodisk lågning av F0. Saman med at (3.5.3) er 0,4 sekund lengre enn (3.5.2), men tek like mykje plass på papiret, kan det verta skapt eit falskt inntrykk av at fallet frå H til L i (3.5.2) skjer seinare og meir gradvis enn i (3.5.3). For begge er det likevel tilfellet at overgangen frå H til L skjer inne i den fyrste stavinga. Ei lita, mikroprosodisk lågning finn me òg heilt til venstre i begge figurane, i samband med [ʔ].

Kristoffersen (2000:244f) opplever parallelt for austlandsk at ei final, monomoraisk staving kan dela seg mellom to tonar. For Kristoffersen er dette eit indirekte hovudargument for at TBU i den varieteten av austnorsk er stavinga: Både den leksikalske tonen H_{lex} og prominens-tonen L_P i austlandsk føretrekkjer å ha ei heil staving for seg sjølve (for den austlandske prominens-tonen er dette spesielt tydeleg ved tonelag 1, der han alltid vil okkupera ei bimoraisk staving, om det er plass). Når det vert trøngt om plassen, som med tre tonar (tonelag 2) i ein AP på to stavingar, vert den fyrste tonen framleis assosiert til ei heil, bimoraisk staving, medan dei to siste må dela den andre stavinga mellom seg, sjølv om den stavinga er monomoraisk. Den austnorske strategien for å assosiera tonane når det er trøngt om plassen, er altså den motsette av strategien i bergensk og av (den vanlegaste strategien i) sunnmørsk. I Kristoffersens austnorsk er det då òg slik at dersom det ikkje er trøngt om plassen, vil kvar av tonane få ei staving for seg sjølv.

Kristoffersen tek ikkje føre seg korleis ein austnorsk IU-grensetone $L\%$ (som er ulik AP-grensetonen H) vil assosiera seg, men nøyer seg med å visa at samanstimlinga av tonar skjer til høgre når det er liten plass. For sunnmørsk har me sett at samanstimlinga skjer til venstre ved liknande omstende (tonelag 2-AP på to stavingar), men me ser òg at det skjer ei samanstimling til høgre når me har ei ytring som endar på L + $H\%$. Denne samanstimlinga skjer jamvel om AP-en er så lang at det ikkje skulle vera trøngt om plassen.

Den mest tilgjengelege forklaringa er at IU-grensetonen $H\%$ må assosierast til noko. Når AP-grensetonen L ikkje vik plass for $H\%$ på ei final, monomoraisk staving, slik at begge tonane landar på den same moraen, må det koma av at L er primært assosiert til denne siste posisjonen i AP-en. Dermed er ikkje dette nokon stad som L kan eller ikkje kan spreia seg til: det er her han vert spreidd *frå*.

Dette tyder på at hypotesen i (3.5.1a) er den mest korrekte. Samstundes tyder det på ei rangering ALIGN (L , AP, Rt) » *CROWD, som skissert i (3.5.4), med autosegmental representasjon i (3.5.5).

Det er sjølv sagt ikkje heilt uproblematisk å operera med optimalitetsteoretiske og autosegmentale analysar om kvarandre, slik eg gjer her, sidan det i prinsippet ligg til grunn ulike syn på korleis fonologiske prosessar er av natur. Medan den autosegmentale representasjonen i (3.5.5) impliserer at noko skjer fyrst, og deretter noko anna (fyrst primær assosiering, deretter spreining), vil den optimalitetsteoretiske analysen i (3.5.4) ikkje ha rom for noka intern rekkjefylgd av dei fonologiske operasjonane.


Samstundes er det likevel slik at dei to modellane (eller teoriane) kan utfylla kvarandre i forståinga av eit gjeve språkleg fenomen. Den autosegmentale

representasjonen i (3.5.5) seier oss at L] er låst til ein gjeven posisjon til høgre (nemleg ved høgre AP-grense, noko OT-analysen presiserer), men at han samstundes vert assosiert til tilgjengelege TBU-ar til venstre så langt det lèt seg gjera, men utan nokon fastlåst venstreposisjon. Dette er akkurat det same som OT-føringsparet i (3.5.1a) saman med rangeringa i (3.5.4) seier. Skilnaden vert i praksis at (3.5.5) fortel korleis den tonale stoda er, medan (3.5.4) seier kvifor det er slik. I eit OT-perspektiv vil då (3.5.5) seia mindre om *prosessar* (det vert overlate til (3.5.4)), men heller tena som rein representasjon av vinnarkandidaten i (3.5.4).

(3.5.4) Mogeleg analyse av (3.5.3).

| | L] H% μμ . μ | ALIGN (T], AP, Rt) | *CROWD |
|----|-----------------|--------------------|--------|
| a. | L . H | * | |
| b. | ☞ . L H | | * |

(3.5.5) (((¹EG vil ete_{AP})_{IP})_{IU}) H%



At éin mora kan delast mellom to tonar, er ikkje noko særst. Frå den same dialekten, sunnmørsk, er det vel kjent korleis to vokalar kan dela éin mora mellom seg. Stutte diftongar (t.d. i inkjekjønnsforma *raudt*, mot lang diftong i fleirtal *raude*) er skildra så tidleg som i 1848 av Ivar Aasen (Aasen 1996:34), og er elles kjende frå t.d. islandsk. Me har òg sett på at to tonar kan dela éin TBU i Kristoffersen (2000).

Når den siste stavinga derimot er bimoraisk, som i (3.5.2), verkar det som om L] gjerne kan vika for H% på den siste moraen, slik at ein bryt med ALIGN (T], AP, Rt).

Dersom T_{lex} kan identifisera mora som TBU, men likevel vera følsam for stavingsnivået (ved å assosiera seg til andre moraen i *trykkstavinga*), skulle det heller ikkje vera noka overrasking om også T] kan vera følsam for stavingsnivået, trass i at han elles ser ut til å identifisera mora som TBU. Det er difor freistande å gjera framlegg om at knippet ALIGN (T], AP, Rt) og ALIGN (T], Lt) kan skiftast ut med dette knippet:

ASSOC (T], σ): For kvar T] skal denne assosierast til (noko i) den siste stavinga i AP.

ALIGN (T], Lt): For kvar T] skal denne koma så langt til venstre som mogeleg.


Assosiasjonsføringa er naudsynt fordi T] ikkje vil gjeva slepp på siste stavinga, sjølv om denne er oppteken av T%. Eit problem med dette er likevel at ASSOC (T], σ) må vera høggre rangert enn *CROWD, noko som ikkje kan sameinast med den flytande L] me såg i samband med nedstegsfenomenet i delkapittel 3.4. Eit alternativ kunne då vera å dela *CROWD opp i *HL og *LH, begge med referanse til mora. Med ei rangering *HL » *LH vert den flytande L] teken vare på av *HL, medan *LH vert broten berre i tilfelle som (3.5.3).

Endå ein alternativ analyse kan vera at me held på føringsparet i (3.5.1a), men at me i (3.5.2) har å gjera med ein motsett parallell til strategien for dei to fyrste tonane i ein bergensk disyllabisk tonelag 2-AP: Medan den leksikalske tonen i bergensk ser ut til å identifisera stavinga som TBU, men kan nøya seg med ein mora når det vert trongt om plassen, vil L] (og andre tonar) i sunnmørsk identifisera mora som TBU, L] vert primært assosiert til TBU-en lengst til høggre i AP-en, men kan endra TBU for primær assosiering frå mora til staving dersom det kjem ein H% som òg vil ha denne posisjonen heilt til høggre. Frå å verta primært assosiert til den siste *moraen* går L] då over til å verta primært assosiert til den siste *stavinga*. *CROWD kan då ikkje lenger spesifiserast som «maksimalt éin tone pr. TBU», men må endrast til «maksimalt éin tone pr. primære TBU, dvs. mora», t.d. notert som *CROWD- μ (T).


Då kan me få eit tablå som i (3.5.6), der kandidat *a* har den assosieringa som ein intuitivt les ut av (3.5.2), men vert avvist fordi T] ikkje er lina opp med (den konstituenten som representerer) høggre AP-grense. Kandidat *b* overheld den føringa, ved at LH ikkje kjem før i siste moraen. Figuren i (3.5.2) tyder likevel ikkje på at stinginga LH kjem spesielt seint, og kandidaten må avvisast på empirisk grunnlag. Vinnaren vert kandidat *c*.

Ein autosegmental representasjon av analysen i (3.5.6), med stavinga som lokal TBU, vert då som i (3.5.7).

(3.5.6) Mogeleg analyse av (3.5.2).¹

| | L] H% | ALIGN (T], AP, Rt) | *CROWD- μ (T) | TBU = μ |
|----|--|--------------------|-------------------|-------------|
| a. | (L μ) (H μ) | * | | |
| b. | (... μ) (LH μ) | | * | |
| c. |  (LH σ) | | | * |

(3.5.7) (((¹EG vil gå_{AP})_{IP})_{IU}) H%



Det er likevel eit spørsmål om nokon av dei skisserte analysane av (3.5.2) er fullstettande, og om kva for ein analyse me eventuelt skulle peika ut som det beste. Riad (1998) tek til orde for at grensetonar (i vår forståing: IU-grensetonar) i visse dialektar ikkje er assosierte, berre lina opp med slutten av ytringa. Om H% i (3.5.2) såleis ikkje er assosiert, men berre lina opp, vil L] framleis kunna ha tilgang til den siste TBU-en i AP-en, jamvel om TBU framleis er mora. Problemet då vert at me har ei stiging gjennom den siste stavinga i (3.5.2), medan me berre skulle venta eit udokumenterbart² oppsteg (*upstep*) etter IU-en, ettersom L] skulle vera assosiert til siste mora.

¹Parentesane i utputtane markerer omfanget av moraer (i *a* og *b*) eller staving (i *c*). Utputt *a* og *c* vil vera fonetisk identiske, men fonologisk vil TBU vera ulik.

²Eit slikt oppsteg ville ha vore udokumenterbart fordi det ville ha kome etter at ytringa var slutt.


Alternativt kunne me seia at det er L] som er lina opp med høgre AP-grense utan naudsynleg å vera assosiert akkurat der. Men då skulle me heller ikkje ha venta at L] insisterte på å assosiera seg til siste mora i (3.5.3). Me har òg vore inne på andre problem i samband med drøftinga av det alternative knippet med føringar for T].

Omsider kan ein prøva å innføra posisjonsavhengige *CROWD-føringar, slik at opphopping av tonar er meir tillate i final posisjon enn i ikkje-final posisjon. Dette er diverre òg problematisk:

Taparkandidaten *a* i (3.5.4) er nemleg fullt mogeleg å produsera, men ikkje som utputt av den innputten som låg til grunn der. Innputten må vera ein trimoraisk tonelag 2-AP (dvs. at den fyrste stavinga er bimoraisk og den andre monomoraisk), der L_{lex} okkuperer heile den fyrste stavinga,¹ og der denne AP-en er etterfylgd av H%, som illustrert i (3.5.8) og (3.5.9).²

Ver elles merksam på at strykinga av L] i (3.5.9) ikkje får konsekvensar for analysane av (3.5.2) eller (3.5.3), sidan det i alle tilfelle ikkje var aktuelt å sletta L] der (problemet var assosieringspunktet til høgre, ikkje assosiering eller eksistens generelt).

(3.5.8) (((¹EG vil_{AP})_{IP}) ((²ETE_{AP})_{IP})_{IU}) H%



(3.5.9) Grov analyse av (3.5.8).

| | L_{lex} H _p L] H% | *CROWD | MAX (T) |
|----|--------------------------------|--------|---------|
| a. | L.HLH | ** | |
| b. | L.HL | * | * |
| c. | ☞ L.H | | ** |

¹Slike AP-ar finn me, som me har sett, særleg etter ein fokal AP.

²(3.5.8) og (3.5.9), med bortfall av L mellom to H-ar, er elles eit fint døme på at ein høgt rangert MAX (contour) bør skiftast ut med noko anna. Det kjem til å skje i kapittel 4.

I og med at ein føresetnad er at L_{lex} okkuperer hele trykkstavinga, er det mogeleg at *CROWD framleis er unøyaktig formulert. Det er, som me har sett, fullt mogeleg å ha to tonar på same mora. Det som derimot er umogeleg i alle tilfelle, er å ha tre tonar på éin mora.

Det kan likevel vera aktuelt med ei posisjonsavhengig *CROWD-føring dersom me innfører t.d. *CROWD-3 » *CROWD-2, der *CROWD-3 er ei føring mot tre tonar på same TBU, medan *CROWD-2 er ei føring mot to tonar på same TBU. Då kan to tonar (L] H%) på ein final TBU vera meir tillate enn tre tonar (H_P L] H%) på ein final TBU. I ikkje-final posisjon vil to tonar (H_P L]) på éin TBU vera mindre tillate enn i final posisjon, og i tilfelle som (3.4.6) vil L] dermed ikkje verta assosiert, og me får nedsteg.

På ei anna side er (3.5.9b) umogeleg (HL på éin final mora), medan (3.5.4b) er mogeleg (LH på éin final mora). Dette kan indikera at me nettopp må operera med ei rangering av *HL og *LH heller enn berre *CROWD, sjølv om *CROWD skulle vera posisjonsavhengig. Med ei rangering *HL » *LH vil me kunna få flytande L] som skissert i (3.4.8) (pga. *HL), medan det framleis er meir mogeleg å få L] H% i (3.5.3), jf. (3.5.5). Når (3.5.8) har mist L] i final TBU, kan det vera fordi innputt H_P L] H% ville bryta med *HL. I staden for tablået i (3.5.9) kan me då ha (3.5.10).

(3.5.10) Ny analyse av (3.5.8).

| | L_{lex} H_P L] H% | MAX (' σ) | *HL | MAX (T) |
|----|-----------------------|-------------------|-----|---------|
| a. | L.HLH | | * | |
| b. | L.HL | | * | * |
| c. | L.LH | * | | * |
| d. | L.HH | | | * |
| e. | L.H | | | ** |

I (3.5.10) har eg teke med ei føring MAX (' σ) som skal sikra at primærtrykk frå innputt skal finnast også i utputt. Utputt *c* svarar nemleg til den strukturen me har i (3.5.3), med berre éi primærtrykkstaving. Me kjem attende til MAX (' σ) i underkapittel 4.2.1.

3.6 Ein kommentar om assosiering

I innleiinga til delkapittel 3.3 indikerte eg at eg ville vera varsam med kva eg tilskriv fonetikk og kva eg tilskriv fonologi: Når noko skal manifesterast fonetisk, skjer dette m.a. i form av prosessane på vegen frå den underliggjande strukturen til overflateforma. Særleg ved systematiske vekslingar vil slike prosessar gjerne sortera under fonologi, i alle fall i eit generativt perspektiv, skreiv eg.

Gussenhoven og Bruce (1999:238–239) presenterer for svensk den hypotesen at i ein sekvens H+L (i praksis, og etter min terminologi: leksikalsk tone + prominensstone, det er altså snakk om tonelag 2) er det berre den fyrste tonen som vert assosiert til primærtrykkstavinga. L er lina opp med H, og ikkje med ikkje-tonalt materiale:

The representation of Accent II correctly expresses the fact that the beginning of the falling movement described by H+L, rather than its end, occurs at a fixed location in the stressed syllable. But what about the L? This tone is timed with reference to an adjacent target, the preceding H, rather than an element in the nontonal representation. Therefore, we do not show an association line. If the tone's target is placed at a fairly constant distance from the other target, as is the case here, we regard its relation with the adjacent tone as "close knit"; we will interpret the "+" in the representation of Accent II [...] to mean that the fall described by H+L has a relatively constant duration (in the speech of someone speaking at a given speech rate).

Dei dataa som me no har sett for sunnmørsk, viser at den tilsvarande stiginga $L_{lex} + H_P$ ikkje tek til i nokon konstant posisjon. I somme tilfelle skjer stiginga inne i ei bimoraisk staving, i andre tilfelle skjer stiginga i overgangen mellom den fyrste (bimoraiske) og den andre (mono- eller bimoraiske) stavinga. Det verkar difor som det i alle fall for sunnmørsk har meir føre seg å sjå overgangen frå T_{lex} til T_P i lys av moraer og stavingar enn i lys av den fonetiske durasjonen som er nemnd til slutt i sitatet.

Jamvel om T_P i sunnmørsk er sagt å vera lina opp «mot venstre», slik at plasseringa vert direkte avhengig nettopp av T_{lex} , vil eg framleis ikkje seia at ei slik opplining, som er ei plassering relativt til ein annan tone, kan borga for at T_P ikkje skulle vera assosiert. Plasseringa av ein tone, dvs. opplining, er noko anna enn assosiering.

Dette er spesielt tydeleg i den sunnmørske sekvensen $H_P + L$. AP-grensetonen L] skal som kjent koma like etter H_P . Sidan H_P aldri kan få meir enn éin mora (i motsetnad til L_{lex}), skulle me tru at me kunne bruka ein fonetisk analyse à la Gussenhoven og Bruce, for overgangen mellom dei to tonane har truleg ein heller konstant durasjon og ei konstant plassering i

forhold til den fyrste av dei to tonane. Men dette er altså ikkje nok for meg til å seia at t.d. ein av tonane ikkje er assosiert:

I (3.4.6), med analysar i (3.4.8) og (3.4.11), såg me t.d. at L] var plassert ein stad i den tonale strengen (nemleg straks etter H_p), men han var ikkje assosiert. Dermed fekk me nedsteg i staden for ein U-forma kontur. Skilnaden mellom søkket i (3.4.7) og nedsteget i (3.4.6) handlar nettopp om L] er assosiert eller ikkje, same kva som gjer at L] hamnar på den plassen i tonestrengen som han gjer.

Skal sjølve plasseringa (opplininga) av ein tone ha prinsipielle konsekvensar for korleis ein analyserer noko som assosiert eller uassosiert, så vil nedstegsfenomen truleg berre vera eitt av fleire fenomen som må analyserast på nytt, og nedsteg må analyserast uavhengig av assosieringsforhold. I tillegg vil til dømes direksjonal assosiering av tonar verta eit veldig problematisk fenomen, sidan ein tydeleg direksjonalitet i assosieringa, med éin tone pr. TBU bortover, vil kunna føra med seg ein konklusjon om at tonane likevel ikkje er assosierte til TBU-ane sine.

Eg kjem difor til å halda fram med å assosiera tonar, sjølv om dei skulle ha ei plassering i talestrengen som er avhengig av andre tonar.

4 Materiale utanfor AP

Innanfor metrisk¹ fonologi kjenner me «Strict Layer Hypothesis», SLH (t.d. Selkirk 1990:195; Roca 1994:195f). Enkelt oppsummert seier SLH at eit domenetre til ei gjeven ytring skal vera ordna slik at eit domene på eitt nivå alltid dominerer domenet som ligg på neste nivå. Det vil seia at t.d. domenet IU ikkje kan dominera ein AP direkte, men at denne AP-en må liggja inne i ein IP, som igjen er dominert av IU. Sameleis kan heller ikkje ei staving stå utanfor ein AP, og vera dominert direkte av ein IP eller IU.

I kapittel 2 gjennomførde eg analysar som var i strid med denne hypotesen, ved at eg definerte IP på grunnlag av fokalitet. Ein streng av AP-ar som vart avslutta med ein ikkje-fokal AP, vart dermed ikkje gruppert til ein IP, men vart plassert rett under IU. Eit alternativ kunne ha vore å operera med to slags IP-ar: éin type som slutta med ein fokal AP, og éin type som slutta med ein ikkje-fokal AP.²

Eit problem med ein slik alternativ analyse er at dei to IP-typane har ulike tonale eigenskapar, ikkje berre når det gjeld fokalitet, men òg når det gjeld neddriftstype: IP-ar med eit fokalt element til slutt ville hatt ukomprimert neddrift, IP-ar utan eit fokalt element ville hatt komprimert neddrift. Neddriftstypen er ein eigenskap for heile neddriftsområdet. Om me då skal ha to slags IP-ar, vil me ikkje berre få «to slags IP-ar», men to ulike domenetypar. Den eine domenetypan vil vera kjenneteikna av ukomprimert neddrift, den andre av komprimert neddrift. Desse to domenetypane måtte i tillegg finnast på eitt og same nivå.

Med ein slik analyse vil ein stå i fare for å «finna» svært mange ulike domenetypar som skal stå på same nivå i hierarkiet. Dette skaper m.a. det problemet at eit domene ikkje lenger kan forståast som ei delstrengsgruppering på eit gjeve nivå: Med to ulike domenetypar på same nivå vil ein oppleve at eit overordna domene (t.d. IU) må dominera direkte to ulike

¹Det som er skriva om metrisk fonologi i dette øvste avsnittet, vil også gjelda den hierarkiske ordninga av tonale domene. Det prosodiske hierarkiet som eg nyttar i skildringa av tonale forhold, byggjer på eit tilsvarande hierarki for metriske forhold, og til grunn for t.d. det tonale domenet AP ligg òg det metriske hierarkiet, med primærtrykk som lisensierer prominensjonen og den etterfylgjande AP-grensetonen.

²I tidlege arbeid innanfor Trondheimsmodellen, t.d. Nilsen (1988), vart IP brukt både om det som no er IP, og om ei postfokal gruppe av tonale føter som ikkje enda med nokon ny fokal fot. Dette har ein gått bort ifrå.

underdomene (dei to IP-typane), samstundes som desse to ulike underdomena dominerer éin og same domenetype igjen (AP). Dette er sjølvsagt i strid med den same SLH som motiverte nettopp ein slik analyse. Kuttar me i staden ut IP som eige nivå, må me operera med AP-ar som sorterer rett under IU, men då slik at me framleis har ulike slags AP-ar på same nivå: AP-ar med komprimert neddrift og AP-ar med ukomprimert neddrift.¹

Alternativet til dette alternative analyseparet er å sortera dei mange nye domena hierarkisk. Då vil me ikkje få to ulike domenetypar på same nivå, men me vil få dei over og under kvarandre. Men som Ladd (1998:240f) peiker på, vil ein då stå i fare for å få mange nye nivå av ulike domene som det ikkje eingong finst fonetisk evidens for.

Ladd og andre har løyst dette problemet ved å innføra omgrepet *ekstrametrikalitet*, og dermed bryta med den strenge bruken av SLH. I staden for å innføra mange nye domenetypar, så søkjer ein å analysera dei metriske/tonale indikasjonane som uttrykk for samspel mellom eit domene på eitt nivå og eit domene på eit gjeve anna nivå, der samspelet ikkje er apriorisk sett fast av den maksimale domenegeografien. Det vil for oss seia at ein AP kan vera dominert av ein IP, og då oppføra seg på éin måte (neddrifta vert ukomprimert); men ein AP kan òg vera direkte dominert av IU, og oppføra seg på ein annan måte (neddrifta vert komprimert).

Den ikkje-rekursive arven etter SLH er likevel teken med: Eit høgt ordna domene kan berre dominera domene som er lågare ordna. Ein AP kan t.d. ikkje dominera ein IP.

Ordet *ekstrametrisk* kan verka noko misvisande i eit tonalt hierarki. Alternativet *ekstratonal* kan òg verka noko misvisande, sidan me er innanfor det tonale systemet også i domene som er direkte dominerte av eit anna domene enn det som det typisk vil vera dominert av: IU-dominerte AP-ar har tonar, dei òg, sjølv om slike AP-ar står utanfor IP. Eg vel å ikkje bruka nokon eigen term for dette, og nøyer meg med å indikera om t.d. ein AP er dominert av ein IP-node eller direkte av ein IU-node.

¹Fokale og ikkje-fokale AP-ar kan sjå ut som ei mogeleg felle her, i og med at ein kan innvenda at eg sjølv har brukt to ulike slags AP-ar på same nivå i analysane til no. Forsvaret mitt vil vera at positiv fokalitet er ein eigenskap som er knytt til nivået IP, ikkje til AP, sjølv om dei tonale verknadene av fokalitet er å finna på ein plass i tonestrengen som også ligg inni ein AP. Motivasjonen for IP er elles å etablera ei grense mellom ulike neddriftsområde i same IU på ein måte som òg grupperer AP-ar som i ein slik samanheng har sams eigenskapar. Om «fokal AP» skulle tena som grense mellom neddriftsområde, utan IP, ville det vera ein meir innfløkt prosess å skildra dei to neddriftstypene som kvar AP kan realisera.


Me har allereie sett på AP-ar som stod utanfor IP, utan å problematisera det før no. Her i kapittel 4 skal me sjå nærare på stavingar som ser ut til ikkje å vera dominerte av nokon AP, men som sorterer rett under IP eller IU. Me skal òg sjå på nokre konsekvensar av dei analysane som kjem i dette kapittelet.

Ei avsluttande drøfting av den teoretiske (modellinterne) statusen til AP-eksterne stavingar kan lesast i oppsummeringa i kapittel 6, når kapittel 5 har gjeve oss betre høve til å trekkja inn statusen til metriske forhold. Eg vil då sjå dei AP-eksterne stavingane i samanheng med statusen til det tonale metriske hierarkiet som heilskap.

4.1 Anakrusar og ikkje-initiale parallellar

Ein AP er definert slik at han har ei staving med primærtrykk i venstre kant. Både i kapittel 2 og 3 har me sett nokre døme på ytringar som byrjar med noko trykklett før den fyrste AP-en, t.d. (3.4.7), her attgjeven som (4.1.1), som har eit trykklett «dei» fyrst:

(4.1.1) (dei ((²GRØNE_{AP})_{IP}) ((²jentene_{AP}) (¹leser_{AP}) (¹DER_{AP})_{IP})_{IU}) H%



Med ei slik avgrensing av AP må anakrusar, dvs. initiale trykklette stavingar, stå utanfor AP. Dette er i seg sjølv eit problem for ein streng bruk av SLH, noko Fretheim (1990) og Nilsen (1992:71ff) drøfter i detalj.


Eg har plassert anakrusar rett under IU utan å drøfta det. Både Nilsen og Fretheim plasserer anakrusar under IP. Ingen av dei presenterer nokon eksplisitt motivasjon for denne plasseringa, og det er då heller ikkje viktig for dei informasjonsstrukturelle analysane deira. Når anakrusar skal analyserast, er det å sjå nærare på forholdet mellom IU og IP meir relevant i ein fonologisk studie som min enn hjå Fretheim og Nilsen.

Eg vil no sjå nærare på anakrusar, og deretter vil eg sjå nærare på AP-eksternt materiale i ikkje-initial posisjon.

4.1.1 Anakrusar

Ein lengre anakruse enn den i (4.1.1) finn me i (4.1.2): *der var katamaranar*. IU-en har eitt primærtrykk, og dermed berre éin AP. Den AP-en byrjar med den sjetteste stavinga i heile ytringa, slik at fem stavingar kjem utanfor. I parentesnotasjonen over figuren har eg markert byrjinga på IU eksplisitt, men ikkje byrjinga på IP, sidan det er uvisst om denne skal falla saman med venstre IU-grense eller med venstre AP-grense.

(4.1.2) (IU der var katama- (¹ RANAR_{AP})IP)IU) L%




Me ser i (4.1.2) at anakrusen har ein jamt låg tone, i alle fall fonetisk sett.¹ Dersom han er låg også fonologisk sett, ser me at han likevel er fonetisk høgare enn lågtonen til høgre i figuren, noko som kan tilskrivas neddrift, i tillegg til fokaliteten til høgre, som gjer den finale L] ekstra låg (pga. stort frekvensregister i IP-intern neddrift). Legg merke til at ytringsinitial L_{lex} er på same nivået som anakrusar, t.d. i (4.1.1).

Me skal straks koma attende til spørsmålet om anakrusen i (4.1.2) er fonologisk låg, eller om han berre er fonetisk låg, og fonologisk «tonalt fri».

(4.1.2) er ein typisk anakruse i sunnmørsk, men det er likevel ikkje den einaste måten å laga anakrusar på. Ein annan måte er den som me finn i (4.1.3), med fyrst ein låg tone, og deretter ein gradvis stigande kontur fram til byrjinga av AP.

¹Nok ein gong kan me sjå bort frå dei mikroprosodiske tilhøva som skaper inntrykk av ein liten høgtone der dei ustemde plosivane tek slutt.

(4.1.3) (IU der var katama- (¹RANAR_{AP})IP)_{IU}) L%

Konturen i (4.1.3) byrjar å stiga før venstre AP-grensa, altså i anakrusen sjølv. Når det skjer ei tonal endring, plar ein rekna med at det finst prosodiske årsaker til den endringa. Ei prosodisk årsak til ei endring i F0 er det same som ei prosodisk grense akkurat der endringa skjer, anten det då er ei grense mellom grannetonar eller ei grense mellom ulike domene.

(4.1.3) kan dermed neppe analyserast annleis enn at det finst ei prosodisk grense inne i anakrusen, akkurat der konturen sluttar å vera flat, og byrjar å stiga. Dersom me ikkje innfører tilleggsnivå og nye domenetypar ad hoc, men held oss til dei me har til rådvelde frå før, vil det seia at i (4.1.3) må venstre IP-grensa vera der konturen tek til å stiga. Den fyrste stavinga i IP vil då vera *ka*. Ein plausibel analyse av (4.1.3) vil dermed vera denne: (der var (katama- (¹RANAR_{AP})IP)_{IU}) L%.¹

Dette vil òg seia at anakrusar med flat kontur er direkte dominerte av IU, og (4.1.2) vil ha denne strukturen: (der var katama- ((¹RANAR_{AP})IP)_{IU}) L%.

Dersom anakrusen har ein lågtone mellom venstre IU-kant og IP- eller AP-grensa, må det vera eit spørsmål kva denne lågtonen er for noko.

Om austnorsk skriv Fretheim (1990:92) at dei AP-eksterne² stavingane i døma hans «are supposed to be tonally ‘free’ in the sense that they are not associated with any tones specified on the tone tier». Med fokus på at AP-

¹Alternativt med *ka*- utanfor IP og *-tama*- innanfor, sidan *ka*- ser ut til å vera på det same nivået som *der var*. Det er vanskeleg å finna døme på stigande anakrusar i tilgjengeleg materiale, men mi eiga språkkjensle tilseier at stinginga kan byrja berre i samband med starten på eit nytt morfologisk ord, altså på eller like etter den fyrste stavinga i ordet. Om det ved seinare etterprøving skulle visa seg å vera ein systematikk i favør av språkkjensla mi, vil det tala for notasjonen med *ka*- innanfor IP, trass i at den fonetiske konturen i akkurat dette dømet, (4.1.3), ikkje kan seia noko eintydig om det. At både *der* og *var* òg er morfologiske ord, indikerer forresten at det kanskje vert stilt krav til kva slags ord som kan initiera ei slik stiging, kanskje at ordet må ha leksikalsk innhald.

²«F-external» i hans terminologi.

eksterne stavingar kjem føre også andre stader enn ytringsinitialt, vert dette sidan (s. 102) modifisert og presisert til at i austnorsk vil ei IP-dominert staving til slutt i ein IP ha den same tonen som den høge fokale tonen som ho kjem etter. Fremst i ein IP vil ei slik staving ha den same tonen som den fyrste tonen i den etterfylgjande AP-en i den IP-en. Fretheim (1990) er mest oppteken av dei informasjonsstrukturelle forholda, og ser berre på AP-eksterne stavingar i ikkje-initial posisjon.¹

For sunnmørsk må ein, i alle fall ytringsinitialt, taka litt andre omsyn, sidan ein sjølv i ein slik avgrensa posisjon har i alle fall to ulike anakrusar: låg og stigande.

Det at anakrusen i (4.1.2) er låg trass i den høge tonen i primærtrykkstavinga, tyder på at anakrusen ikkje er «tonalt fri». Det skjer ei tonal endring der AP-en tek til. Samanliknar ein med (4.1.1), ser ein òg at anakrusen der har det som må tolkast som ein L, sidan den fyrste AP-en er ein tonelag 2-AP med tonesekvensen LHL, og anakrusen er på nivå med starten på den AP-en. Det vil vera rimeleg å tolka dette slik at initiale, IU-dominerte stavingar har ein venstre grensetone %L frå IU.

Identisk tonenivå kan sjølvstøtt òg koma føre ved at ein ikkje har to tonar med same polaritet, men éin einaste tone. Mogleiken for at %L og L_{lex} er same tonen, vil verta drøft i underkapittel 4.2.2. Konklusjonen der er at dei ikkje er same tonen.

Venstre IU-grensetone vert ikkje delt ut dersom det vantar ein IU-dominert anakruse. Det ser me på at alle ytringar som opnar med ein tonelag 1-AP, faktisk byrjar med H_p, og ikkje med ein %L.² Her skil venstre IU-grensetone seg frå høgre IU-grensetone H%, som jo vert assosiert til siste TBU, jamvel om denne skulle vera oppteken av ein AP-grensetone, slik me har sett det i delkapittel 3.5.

¹IP-tilhøyrsla til AP-eksterne stavingar i ikkje-initial posisjon i ytringa er viktigare i eit informasjonsstrukturelt perspektiv enn saka er for AP-eksterne stavingar i initial posisjon i ytringa. Dette fordi ein i ikkje-initial posisjon, dvs. i grenseområdet mellom to IP-ar, vil kunna få ulike fokusforhold alt etter kva IP ei AP-ekstern staving høyrer til. Fretheim (1990) demonsterer korleis *du kan FÅ det der* kan ha ulike tydingar, alt etter om det AP-eksterne ordet *det* er til høgre eller venstre for den IP-grensa som kjem etter det fokale FÅ. Med *det* til venstre for IP-grensa vil *der* referera til ein stad. Med *det* til høgre for grensa vil *det der* fungera som eit demonstrativ, den distale varianten av *dette*. For ordens skuld bør det no nemnast at Fretheim i denne artikkelen opererer med ein IP nr. 2 som ikkje inneheld noko fokalt. Dette har han sidan gått bort frå, slik at Fretheims AP *der* no vil verta analysert som hjå meg: direkte under IU. Dette har ikkje konsekvensar for oss i dette tilfellet.

²Derimot kan det koma føre ein akustisk låg tone på den initiale konsonanten, t.d. i (3.1.1).


I (4.1.3) skjer det ei stiging frå IP-grensa til AP-grensa. Denne stiginga er gradvis, og liknar fonetisk sett mykje på den som me kjenner frå den AP-interne stiginga i austnorsk. I begge tilfella går stiginga frå ein L i venstre kant til ein H i høgre kant, og er uavhengig av kor mange stavingar som måtte liggja imellom. I austnorsk vert dette analysert som at stavingane er tonalt frie, og at stiginga inne i AP-en er ein fonetisk transisjon mellom dei to tonane. Den same analysen vil vera aktuell her: Stiginga i andre delen av anakrusen i (4.1.3) er ein fonetisk transisjon mellom ein L til venstre og ein H til høgre.

(4.1.2) og (4.1.3) er ordinære anakrusar. Det som skil dei, er at (4.1.3) er meir sannsynleg di lengre anakrusen er. I så måte skil dei seg frå (4.1.4), der heile anakrusen ser ut til å liggja på ein H. I (4.1.4) har eg korkje markert byrjinga av IU eller byrjinga av IP, av grunnar som skal drøftast i underkapittel 4.1.2. Medan (4.1.2) og (4.1.3) kan brukast meir eller mindre om kvarandre, vil anakrusar av typen i (4.1.4) typisk koma føre i situasjonar der ein fullfører noko som nokon annan har byrja på, t.d. slik:

A: Og då kom han og fortalde at... at...¹

B: ...(at) der var katamaranar.

(4.1.4) der var katama- (¹ RANAR_{AP})IP)IU) L%



Ser me på (4.1.3) igjen, vil det stigande IP-dominerte området openbert ha ein L til venstre, og denne L er det all grunn til å tru er venstre IU-grensetone %L, som elles er assosiert til alle dei IU-dominerte stavingane. H til høgre for det stigande området skulle intuitivt vera H_p, slik at det området som er direkte dominert av IP, ikkje sjølv får tildelt nokon tone, men er tonalt fritt. Dette er òg

¹A vil enda med ein lågtone, nemleg L]. Høgtonen fremst i B, som vist i (4.1.4), kan difor ikkje vera noka form for «smitte» eller «spreiing» av nokon høgone i A.

i samsvar med at F0 stig heilt fram til AP-grensa, og faktisk heilt til vokalen fremst i AP-en.


I delkapittel 4.2 skal me sjå at dette ikkje er fullt så enkelt, og at det finst ein IP-dominert H til venstre for AP-grensa. Inntil vidare skal eg likevel lata dette liggja, sidan det ikkje er viktig for analysen enno.

Dei tonale mønstra i (4.1.2) og (4.1.3) er i bruk også ved andre AP-eksterne område enn dei som finst ytringsinitialt. Eg skal difor taka føre meg stigande og høg anakruse om litt i underkapittel 4.1.2, når me kan sjå dei i lys av andre AP-eksterne stavingar.


4.1.2 AP-eksterne stavingar som ikkje er ytringsinitiale

AP er avgrensa mot høgre av L]. Etter ein fokal AP kan det skje at det kjem nokre stavingar som ikkje har denne AP-grensetonen (og som dermed ikkje kan vera med i AP-en), og som heller ikkje inneheld noko primærtrykk med realisering av tonelag. Dette kan skje i grenseområdet mellom to IP-ar, som i (4.1.5) og (4.1.6); det kan skje i grenseområdet mellom ein IP og eit IP-eksternt område med komprimert neddrift, som i (4.1.7); og det kan skje ytringsfinalt, som i (4.1.8). Eg har ikkje ført inn IU- eller IP-nivået i desse figurane, sidan det førebels er uvisst kvar IP-grensene skal vera. Derimot har eg markert med vassrette strekar (over og under IPA-teikna) det området av kvar figur som me skal sjå nærare på. Anakrusen *han* skal me ikkje sjå på.


(4.1.5) han (²OLA_{AP}) vilde male (¹MUREN_{AP}) L%




(4.1.6) han (²OLA_{AP}) vilde male (¹MUREN_{AP}) L%



(4.1.7) han (²OLA_{AP}) vilde male (¹muren_{AP}) L%



(4.1.8) han (²OLA_{AP}) vilde male muren H%




(4.1.5) og (4.1.6) er skilde åt ved at (4.1.5) har ei gradvis fonetisk stiging mellom ein L til venstre og ein H til høgre, medan (4.1.6) har H på heile det AP-eksterne området.¹ Som med anakrusar ser me at H fremst i siste AP er høgre enn slutten på det stigande området i (4.1.5), men på nivå med det høge området i (4.1.6).

Desse to konstruksjonane kjem føre spontant, og er informasjonsstrukturelt synonyme med (han ((²OLA ville måla_{AP})_{IP}) ((¹MUREN_{AP})_{IP})_{IU}) L%, altså med *ville måla* inni AP, som illustrert i (4.1.9).

(4.1.7) er sameleis synonym med (han ((²OLA ville måla_{AP})_{IP}) (¹muren)) L% som i (4.1.10), t.d. som stadfestande svar på eit spørsmål om Ola ville måla muren.



(4.1.8) er synonym med (han ((²OLA ville måla muren_{AP})_{IP})_{IU}) H% i (4.1.11), t.d. som eit «jau visst»-svar på eit spørsmål som «ville ikkje Ola måla muren, då?». Sams for (4.1.5)–(4.1.8) er likevel at dei verkar *forsterkande* på det fokale elementet som dei kjem etter, som ein fokalitets-«augmentativ».²

(4.1.9) (han ((²OLA vilde male_{AP})_{IP}) (¹MUREN_{AP})_{IP})_{IU}) L%



¹Ver elles merksam på den mikroprosodiske lågninga ved [m] fremst i den siste AP-en både i (4.1.6) og (4.1.7).

²Det ikkje-augmentative alternativet plasserer det elles AP-dominerte materialet inni AP-en som byrjar med *Ola*, slik det er indikert i notasjonane av informasjonsstrukturelt synonyme ytringar. Det vil seia at det ligg på ein låg tone, L], og at me ikkje får nokon H før F0 brått stig mot prominensjonen i fyrste AP-en etter denne igjen. Med andre ord vil det ikkje-augmentative alternativet sjå ut akkurat som dei døma me har sett i kapittel 2 og 3, før me byrja å sjå på ytringar med IP-dominerte stavingar her i kapittel 4.

(4.1.10) (han ((²OLA vilde male_{AP})_{IP}) (¹muren_{AP})_{IU}) L%(4.1.11) (han ((²OLA vilde male muren_{AP})_{IP})_{IU}) H%

Det AP-eksterne området i (4.1.6)–(4.1.8) ligg på ein høgtone. Me skal koma attende til denne høgtonen straks, og plassera han under IP, men fyrst skal me systematisera litt det materialet som ligg til grunn.

Det som er verdt å merkja seg fonologisk når ein har éin IP etterfylgd av éin eller fleire IP-eksterne AP-ar,¹ er at når me som her har AP-eksternt materiale rett under IP, så er det berre H-mønsteret i (4.1.7) som kjem føre. Lange, tonale transisjonsområde gjennom dei IP-dominerte stavingane, som i (4.1.5), finst ikkje der.

I denne delen av analysen møter me eit prinsipielt problem. AP-eksterne stavingar av den typen som me finn i (4.1.5)–(4.1.8), kan nok koma føre både no og då i spontan tale, men ikkje så systematisk at det utan vidare lèt seg gjera å finna eller framkalla strukturane eksperimentelt, t.d. ved å få respons på kontekstskildringar og utløysarspørsmål. Den augmentative funksjonen til desse strukturane er ikkje like medgjerleg i laboratoriesituasjonar som tilfellet ville ha vore for ein eventuell morfologisk augmentativ.

¹(2.4.3) gjev eit døme på dette, men utan at noko av materialet hamnar utanfor AP.

Alternativet til observert språkbruk er introspeksjon, i god, generativ tradisjon. Problemet med introspeksjon er velkjent: feilrapportering. Lyttetestar der ein kan svara på om noko høyrest greitt ut eller ikkje, er òg i prinsippet introspektive.

Påstanden om at H-mønsteret i (4.1.7) er det einaste mogelege for konstruksjonar med ikkje-fokus til høgre, er ein påstand som byggjer på min eigen introspeksjon. Eg har prøvt å produsera variantar av (4.1.7), men med gradvis overgang som den i (4.1.5), i staden for H på heile det AP-eksterne området. Og eg har lytta til opptak av (4.1.7) og samanlikna med opptak av slike variantar med stigande AP-eksternt område. Konklusjonen for min del er at eg er i stand til å produsera variantar av (4.1.7) med eit stigande AP-eksternt område der den verkelege (4.1.7) har ein H, men at eg må konsentrera meg veldig for å gjera det, og at språkkompetansen min reagerer mot det som ugrammatisk når eg høyrer det.

Med alle atterhald som sømer seg, vil eg difor halda fast ved at i konstruksjonar med IP- og IU-dominerte AP-ar kan IP-dominerte stavingar imellom den fokale AP-en og neste, IU-dominerte AP berre ha den høge konturen som er presentert i (4.1.7), og ikkje det gradvis stigande mønsteret som finst i grenseområdet mellom dei to IP-ane i (4.1.5).

Eit slikt stigande område var eg elles ikkje i stand til å produsera i ytringsfinal posisjon utan at eg konsentrerte meg der òg. Intuitivt høyrdest det fonetisk ut som austlandsk, og slett ikkje sunnmørsk.

Då har me denne distribusjonen av IP-dominerte stavingar:

Det som har vorte karakterisert som eit fonetisk transisjonsområde, finst i grenseområdet mellom to IP-ar (4.1.5), og det finst fremst i ein IP (4.1.3). Som anakruse (4.1.3) kjem det føre berre når det i tillegg finst materiale som sorterer rett under IU.

IP-dominerte stavingar som får tildelt ein H, finst i grenseområdet mellom to IP-ar (4.1.6) og ytringsfinalt (4.1.8).

Like interessant er det å sjå på kvar dei to mønstra ikkje finst. Det stigande mønsteret finst ikkje ytringsfinalt, og det finst ikkje etter ein IP som berre har IP-eksterne AP-ar etter seg. Mønsteret med H finst i og for seg ytringsinitialt (4.1.4), men då berre i kontekstar der ein held fram ei ytring for ein annan talar, noko som er ein pragmatisk spesiell situasjon.

Ei freistande generalisering er då at det stigande mønsteret finst i AP-eksterne område til venstre i ein IP, medan H-mønsteret finst i AP-eksterne område til høgre i ein IP. Dette vil seia at på same vis som IU deler ut %L til eventuelt materiale til venstre (IU-anakrusar), så deler IP ut H til eventuelt materiale til høgre.

Dermed vil AP-eksternt materiale til venstre i ein IP vera tonalt uassosiert, og berre ha ein fonetisk transisjon mellom venstre IU-grensetone %L eller AP-grensetone L] og oppover mot H til venstre i AP. AP-eksternt materiale til høgre i ein IP vil derimot få ein eigen H å assosiera seg til.

Det som i (4.1.4) er framstilt som ein anakruse, kan i staden analyserast som eit fonologisk spesialtilfelle som er i tråd med dei situasjonane der mønsteret kan dukka opp: Me kan her rett og slett ha å gjera med ein tonal rekonstruksjon av førre talars ufullførde IP, men sjølvstøtt utanfor AP (sidan det vert ein slags anakruse hjå den andre talaren), og då i ein rekonstruert hale frå førre IP, slik: *der var katama-IP* ((¹RANA_{AP})_{IP})_{IU}).

I så fall har me desse strukturane for (4.1.2)–(4.1.8):¹

- (4.1.2') (der var katama- ((¹RANAR_{AP})_{IP})_{IU}) L%
- (4.1.3') (der var (katama- (¹RANAR_{AP})_{IP})_{IU}) L%
- (4.1.4') der var katama-IP ((¹RANAR_{AP})_{IP})_{IU}) L%
- (4.1.5') (han ((²OLA_{AP})_{IP}) (vilde male (¹MUREN_{AP})_{IP})_{IU}) L%
- (4.1.6') (han ((²OLA_{AP}) vilde male_{IP}) ((¹MUREN_{AP})_{IP})_{IU}) L%
- (4.1.7') (han ((²OLA_{AP}) vilde male_{IP}) (¹muren_{AP})_{IU}) L%
- (4.1.8') (han ((²OLA_{AP}) vilde male muren_{IP})_{IU}) H%

Sidan det ikkje finst nokon nedoverbøy til slutt i (4.1.8), må høgre IU-grensetone vera H, og dermed på same nivå som den tonen som høgre IP-grense deler ut til AP-eksternt materiale.² Dette valet av H% framfor L% i (4.1.8) er elles i samsvar med den synonyme men ikkje-augmentative konstruksjonen, der alt det finale materialet er AP-internt, (*han ((²OLA vilde male muren_{AP})_{IP})_{IU}) H%*. Ein vanske med (4.1.8) er då at me ikkje kan påvisa om dei AP-eksterne stavingane verkeleg er IP-dominerte som i (4.1.8'), eller om dei skal vera IU-dominerte. Er dei IU-dominerte, kan me like gjerne seia at dei er høge pga. H%. Dette problemet skal eg lata liggja.

Eit spørsmål vil omsider vera kvar IP-høgtonen kjem frå. Dette spørsmålet må sjåast i lys av at den nemnde høgtonen dukkar opp berre dersom det finst materiale som er direkte dominert av IP. Eit mogeleg svar vil då kunna vera at fenomenet har samanheng med tidssamanfall vs. ikkje-tidssamanfall mellom

¹Eg har ikkje notert %L til venstre for IU-ane, sidan %L er obligatorisk i IU-dominert anakruse. Sameleis har eg heller ikkje notert L] til høgre i AP-ane.

²Noko anna er at dersom det hadde vore ein nedoverbøy mot ein L til slutt, ville dette truleg ha vorte oppfatta som ein ny AP. Dette er i alle fall røynsla i min morsmålskompetanse.

domenegrensene på ulike nivå i det prosodiske hierarkiet (her: at AP og IP ikkje har sams grense), på same måten som ein AP har komprimert eller ukomprimert neddrift alt etter forholdet til nivået over, IP.

Ei interessant utviding av ein slik analyse er at H frå IP kan ha noko å gjera med det at det alltid kjem eit nytt neddriftsområde etter IP. Som me ser av figurane, er IP-høgtonen mykje høgare enn høgtonane i den fyrste IP-en, men alltid på høgde med den fyrste høgtonen i den andre IP-en. Samanlikn òg med konturane i kapittel 2, t.d. (2.4.1), som ikkje har materiale som er direkte dominert av IP, men der den andre IP-en også der har sin fyrste høgtone over nivået til den høgste høgtonen i fyrste IP. Også i den figuren er den fyrste høgtonen i andre IP på nivå med den IP-dominerte høgtonen som me har vorte kjende med her i delkapittel 4.1.

Om H frå IP finst i ein eller annan tilstand i (2.4.1), og om det då er denne som er årsak til «oppsteget» (motsett av «nedsteg, downstep») til ny neddrift, så er det mogeleg at me har eit system som djupast sett liknar på det som er skildra i austlandsk. I austlandsk vert fokalitet markert med ein ekstra høg AP-grensetone H] (t.d. Fretheim 1990:91). Som me har sett i kapittel 2, vert fokalitet i sunnmørsk m.a. markert med ny neddrift, og me har lagt merke til at den fyrste H-en i den nye neddrifta er ekstra høg.

Det har vorte lagt til grunn (m.a. i kapittel 2 her) at IP er domenet for fokus. Me skal då ikkje sjå bort ifrå at den IP-dominerte, ekstra høge H som me har sett her, er det som er årsak til at ny neddrift byrjar frå eit ekstra høgt nivå, og at denne ekstra høge H òg er identisk med den ekstra høge H] i austlandske fokale AP-ar. Skilnaden mellom sunnmørsk og austlandsk, bortsett frå at sunnmørsk L] i fokal AP ser ut til å vera ekstra låg (globalt eller lokalt), er i så tilfelle at den ekstra høge H frå IP vert realisert til venstre for høgare IP-grensa i austlandsk (saman med H]), men til høgare for IP-grensa i sunnmørsk (saman med H_P). I begge dialektane kan han òg assosierast til AP-eksternt materiale.

Såleis vil høgtonedialekten sunnmørsk likna på lågtonedialektane i Trøndelag, som i motsetnad til austlandsk er kjenneteikna ved at den fokale H ikkje kjem som ein ekstra høg H] i den fokale AP-en, men som ein topp i den fyrste stavinga i neste AP (Nilsen 1992:91ff).

Me har elles sett i døme (2.5.3) og (2.5.4) at i alle fall ved manglande neddrift vil denne fokale høgtonen i sunnmørsk verta samlokalisert med H_P nettopp i den fokale AP-en, altså til venstre for IP-grensa, som på austlandsk. Stemmer denne analysen, har me ein fonologisk analyse av ekstra høg H_P i fokal AP, der underkapittel 2.5.2 vart avrunda med ein fonetisk analyse (fonetisk suspensjon av ekstra høg H_P pga. neddrift).

4.2 IP-dominert H: konsekvensar for tonelag 2

I delkapittel 4.1 la eg fram data som indikerer at materiale som er direkte dominert av IP, og som er til venstre i IP-en, er tonalt uassosiert. Materiale som er direkte dominert av IP, og som er til høgre i IP, vert assosiert til ein eigen H.

Dette er likevel ikkje det same som at IP deler ut ein H berre til høgre, og ikkje til venstre. Alle døma i delkapittel 4.1 hadde ein tonelag 1-AP etter det IP-dominerte området. Lat oss difor sjå på (4.2.1)–(4.2.3), som har ein tonelag 2-AP på den staden.¹

Det fyrste me legg merke til, er at L_{lex} ikkje lenger er L, men har vorte H. Me skal snøgt koma attende til korleis dette har skjett.

Eg vil nemleg hevda at T_{lex} ikkje har forsvunne, men berre skift polaritet frå L til H. Ein openberr grunn til dette er at L] i den fyrste AP-en etter det IP-dominerte området kjem der han også elles ville ha kome:

I ein AP med tre moraer (og med ingenting eller ein tonelag 1-AP etter seg) kjem L_{lex} til vanleg på den fyrste moraen, H_P på den andre, og L] på den tredje, som i *jenter* i (2.3.5). I ein tilsvarende AP med fire eller fleire moraer kjem L_{lex} til vanleg på heile den fyrste (bimoraiske) stavinga, deretter H_P på tredje mora, og L] på fjerde mora og ut AP-en, som i *jentene* i (2.3.6) eller *Ola ville male muren* i (4.1.11).

I (4.2.1) og (4.2.3) er den fyrste AP-en etter det IP-dominerte området *murar*, med tre moraer. Her kjem L] på tredje mora, slik som i *jenter* i (2.3.5). I (4.2.2) er AP-en *murar med*, med fire moraer, og L] landar på fjerde mora, slik som i *jentene* i (2.3.6) og *Ola ville male muren* i (4.1.11).

I (4.2.1)–(4.2.3) kan me ikkje identifisera nokon T_{lex} direkte, sidan me har ein H der L_{lex} skulle ha vore, og denne ligg mellom to andre posisjonar som skal ha H (nemleg det IP-dominerte området og H_P). Likevel ser me at L] har ei plassering som svarar til den ordinære utstrekninga av L] i situasjonar der L_{lex} kan identifiserast utan vanskar. Dette gjer det aktuelt å postulera at T_{lex} er til stades i (4.2.1)–(4.2.3), at det er T_{lex} som er årsak til den varierende plasseringa av L] her som elles, men at T_{lex} vert realisert som H, ikkje L.


Det fyrste me ser, er altså at L_{lex} har vorte H_{lex} .

Det neste me ser, er at i (4.2.3), der det IP-dominerte området ligg til venstre i IP-en, når F0 høgpunktet allereie på venstre sida av AP-grensa. Dette


¹Nok ein gong må ein vera merksam på alle dei mikroprosodiske ovringane. Ver spesielt merksam på forstyringane ved den glottale lukkelyden, og på «krusingane» i det høge, IP-dominerte området, særleg i (4.2.2).

er ein viktig skilnad frå t.d. (4.1.5), der høgpunktet ikkje kom før H_P inne i tonelag 1-AP-en.


(4.2.1) (han ((²OLA_{AP}) vilde male_{IP}) ((²murar_{AP}) (¹DÅ_{AP})_{IP})_{IU}) L%



(4.2.2) (han ((²OLA_{AP}) vilde male_{IP}) ((²murar med_{AP}) (²MALING_{AP})_{IP})_{IU}) H%



(4.2.3) (han ((²OLA_{AP})_{IP}) (vilde male (²murar_{AP}) (¹DÅ_{AP})_{IP})_{IU}) L%



Det finst altså ein H til venstre for AP-en *murar* i (4.2.3), ein H som dermed ligg til venstre i IP, om enn til høgre i det IP-dominerte området som

ligg til venstre i IP. Når OCP forbyr identiske element like etter kvarandre, er det interessant at denne IP-dominerte høgtonen i akkurat dette dømet *er til stades*, sjølv om han er nabo av ein H til venstre i AP like etter. Når ein slik IP-dominert H finst i (4.2.3), skulle ein ha venta ein slik H også i (4.1.5). Når det ikkje finst nokon slik IP-dominert høgtone i (4.1.5), tyder det på at den venstre IP-høgtonen der er sletta pga. naboskapen med H_P , med eit brot mot MAX (T) eller ein spesifisert variant av denne, noko me skal koma attende til i underkapittel 4.2.1, der me skal sjå på ein mogeleg OCP-prosess. Skilnaden mellom (4.1.5) og (4.2.3) er då òg nettopp den at (4.2.3) har ein tonelag 2-AP etter det IP-dominerte området, og dermed ein underliggjande lågtone imellom den IP-dominerte H og den AP-dominerte H_P . Denne underliggjande L_{lex} , som her har vorte H, blokkerer for ei OCP-motivert sletting av den IP-dominerte H, i motsetnad til døme med tonelag 1, som (4.1.5), som ikkje har nokon underliggjande L_{lex} mellom dei to underliggjande høgtonane.

Også det faktum at F_0 i (4.2.3) stig i det IP-dominerte området, trass i at AP like etter byrjar med ein underliggjande lågtone, gjer det umogleg å koma frå at me har å gjera med ein høgtone.

Spørsmålet vert i staden kva som har hendt med L_{lex} . Ettersom venstre IP-høgtone ikkje fell bort i (4.2.3), medan han gjorde det i (4.1.5), må me i alle fall registrera at venstre IP-høgtone fell bort berre når han grensar til H_P . Dersom T_{lex} var borte i (4.2.3), slik at ein hadde brote med ei føring à la MAX (T_{lex}), så ville venstre IP-høgtone vera næraste grannen til H_P , og ein skulle venta at venstre IP-høgtone fall bort i (4.2.3) òg. Slik er det altså ikkje fatt.

Den meir rimelege analysen er då at T_{lex} framleis finst i (4.2.3), men at han har vorte H_{lex} , og bryt med ei føring à la IDENT (T_{lex}).

Det som me skal sjå nærare på i dei komande delkapitla, er då dette: I underkapittel 4.2.1 skal me taka føre oss bakgrunnen for brotet mot IDENT (T_{lex}). Deretter skal me i underkapittel 4.2.2 sjå meir på tonelag 2 etter IP-dominert H, og halda dette saman med det bortfallet me har observert av IP-initial IP-dominert H som grensar til H_P . Dataa skal hjelpe oss til å avgjera om T_{lex} er ein leksikalsk tone, eller om skilnaden mellom tonelaga berre er ein assosieringsskilnad. Eg landar på at T_{lex} er ein leksikalsk (eller morfolleksikalsk) tone.

I underkapittel 4.2.3 skal me sjå døme på at H_P likevel kan finnast på ein høgreforskuvu plass etter ein bortfallen T_{lex} . Drøftinga frå underkapittel 4.2.2 vert dermed utvida i 4.2.3 til det sentrale spørsmålet: Er den leksikalske tonen verkeleg leksikalsk, eller er han eit intonasjonelt produkt etter ei høgreforskuving av H_P ?

4.2.1 Restriksjonar på HL

I kapittel 3 gjorde eg meg nytte av ei føring MAX (contour), som hindra sletting av tonar som berre har grannetonar med motsett polaritet, men allereie ved døme (3.5.8) kunne me sjå at ei slik føring ikkje har mykje føre seg, i alle fall når føringa er meint å vera svært høgt rangert.

Gjennom empirien er me likevel på sporet av noko som kan koma i staden for MAX (contour). Me har sett at L_{lex} endrar polaritet til H_{lex} etter ein IP-dominert H. Me har òg sett i (3.4.1) og (3.4.10) at L] kan forsvinna i trimoraiske tonelag 2-AP-ar før ein annan tonelag 2-AP, slik at den siste tonen i den fyrste av dei to AP-ane er H_P , men i slike tilfelle vil L_{lex} halda fram med å vera L, og ikkje skifta polaritet. Etter H_P vil ein elles normalt få L].

Ein L kan altså koma føre i desse situasjonane:

- etter H_P (då kan me ha L] eller L_{lex}),
- etter L] (då kan me ha L_{lex}),
- etter %L (då kan me ha L_{lex}).

Ein L kan derimot ikkje koma etter ein IP-dominert H. Der må me venta til H_P før me kan koma med ein L igjen.

Ei grei generalisering er då at sekvensen HL kan koma føre berre éin gong pr. AP.

Me såg i (3.5.8) med tilhøyrande analysar i (3.5.9) og (3.5.10) at HL ikkje treng koma føre i samband med ein AP. Samstundes vart det kommentert i ein note om (4.1.8) at ein ekstra nedverbøy (dvs. ein ekstra L etter ein H) ville ha vorte oppfatta som ein ny AP. Det vil i denne nye situasjonen seia at medan det ikkje treng å finnast nokon HL-sekvens i ein AP, så vil ein HL-sekvens indikera at ein AP er til stades. Ein L_{lex} etter ein IP-dominert H ville altså verta oppfatta som at det finst eitt primærtrykk meir enn det som innputt borgar for. Og det ekstra primærtrykket vil verta oppfatta å eksistera ein stad til venstre for denne L_{lex} .

Det er viktig å merkja seg skilnaden mellom lisensiering av dei tonane som finst i innputten, og det som spelar inn i prosessen frå innputt til utputt: I innputt vil det alltid finnast ein HL-kontur i kvar AP (prominenstone + AP-grensetone), men me har sett i (3.4.1) og (3.4.10) at i utputten kan L] falla bort. Det me skal sjå på her, er difor *ikkje* korleis nærværet av ei staving med primærtrykk fører til at me har ein H_P og ein L], det høyrer heime under

genereringa av det som her vert rekna som innputt. Det me har med å gjera, er at ein HL-sekvens i utputt er avhengig av at det finst ei staving med primærtrykk, eitt primærtrykk for kvar HL-sekvens. HL-sekvensen treng ikkje eingong vera identisk med $H_P + L$], jf. (3.4.1) og (3.4.10), der L] fell bort, men HL-konturen vert teken vare på av L_{lex} i etterfylgjande AP.


Ein L_{lex} (t.d. fremst i *murar*) like etter ein IP-dominert H vil altså verta oppfatta som L] eller som summen av L] + L_{lex} (jf. bortfall av L] framfor L_{lex} i visse tilfelle), slik at det siste som ligg under IP (siste stavinga i *male*), vil verta oppfatta som ein H_P , og dermed har me ein ny AP, som gjev *male* primærtrykk.

Ein liten lytte- og produksjonstest stadfester at HL krev trykk, og at ein L etter ein IP-dominert H dermed skaper ein ekstra AP. I (4.2.4) er ytringa (han ($^1SA\ der_{AP}$) var_{IP}) (($^2DØRER_{AP}$) $_{IP}$) $_{IU}$) $L\%$. Ordet *var* [va] utgjer ei stutt staving, og sorterer rett under IP, med ein H. Tonelag 2-AP-en etterpå har i tråd med dette ikkje L_{lex} men H_{lex} .


I (4.2.5) har me ein manipulert variant av (4.2.4). Det som er endra, er AP-en *dører*, der eg har justert F_0 slik at den leksikalske tonen er L, i tråd med den underliggjande representasjonen.

Eg bad tre sunnmøringar om å høyra på setningane, og for kvar av setningane bad eg informantane om å uttala setninga slik som dei sjølve ville ha uttala henne i ein «avslappa, nøytral situasjon», dvs. ikkje-augmentativt.¹ (4.2.4) uttala dei då konsekvent som (han ($^1SA\ der\ var_{AP}$) $_{IP}$) (($^2DØRER_{AP}$) $_{IP}$) $_{IU}$) $L\%$, dvs. utan noko trykk på *var*. (4.2.5) uttala dei derimot konsekvent som (han ($^1SA\ der_{AP}$) $_{IP}$) (($^1var_{AP}$) ($^2DØRER_{AP}$) $_{IP}$) $_{IU}$) $L\%$, dvs. med primærtrykk på *var* [va:] (som då må vera lang). Dette stemmer òg med min eigen morsmålskompetanse, og eg legg spesielt merke til at tolkinga vart slik trass i at stavinga [va] i testsignalet var stutt, og dermed ikkje skulle kunna ha primærtrykk.

¹Dei tre var ein mann fødd 1967, Volda; ein mann fødd 1973, Herøy; og ein mann fødd 1937, Herøy. Dei svara spontant. Ei kvinne frå Herøy med akademisk bakgrunn, fødd 1948, var openbert litt for mykje oppteken av å høyra på konkrete tonar, og i staden for å svara med det utgangspunktet ho vart beden om å svara med, fortalde ho meg kva manipulasjonen i (4.2.5) hadde gått ut på, før ho ved det talesignalet, etter å ha tenkt seg nøye og akademisk om, konkluderte stikk motsett av dei tre andre informantane.

(4.2.4) (han (¹SA der_{AP}) var_{IP}) ((²DØRER_{AP})_{IP})_{IU}) L%

(4.2.5) Manipulert variant av (4.2.4).



Det er mogeleg at dette kan uttrykkjast gjennom ein kombinasjon av ulike føringar, som til saman seier m.a. at for kvar H som kjem før ein L, skal det finnast ei trykkstaving. Korleis ein kan uttrykkja dette i den optimalitets-teoretiske formalismen, vert eit spørsmål som eg ikkje skal gå inn på her, anna enn at ei ALIGN-føring mellom ein slik H og 'σ må vera underspesifisert for høgre eller venstre kant (under er dette enkelt notert som HL/σ), og overlata den nøyaktige plasseringa av trykkstavinga til andre føringar. Dette fordi me veit dette om H i HL-sekvensen, medrekna ei føregriping av delkapittel 4.3:

- I tonelag 1 kjem H til venstre i trykkstavinga (delkapittel 3.1).
- I tonelag 2 kjem H til høgre i trykkstavinga når det er trengt om plassen (delkapittel 3.3).
- I tonelag 2 kjem H elles på fyrste mora etter trykkstavinga (delkapittel 3.3).
- I nokre marginale tilfelle kjem H på moraen før trykkstavinga (delkapittel 4.3).¹

¹I dei tilfella er det prominensjonen som vert sletta pga. OCP, og ikkje den IP-dominerte H.

H i sekvensen HL er altså avhengig av at det finst ei staving med primærtrykk, men sekvensen kan altså koma både i, etter, delvis før og delvis etter primærtrykkstavinga. Den nøyaktige plasseringa av H_P er styrd av i alle fall ALIGN (T_P , Lt) og ALIGN (T_{lex} , ' σ , Rt), med eventuelt brot mot den siste, som me allereie har vore inne på i kapittel 3.

For ordens skuld tek eg med ei språkspesifikk ad hoc-føring HL/' σ i tablået (4.2.6), på reint empirisk grunnlag. Føringa spesifiserer ikkje kvar trykkstavinga skal vera i forhold til HL-sekvensen. Det er mogeleg det finst betre måtar å notera det på, med ei intern rangering av *universelle* føringar (ikkje ad hoc-føringar), men så lenge eg har empirisk evidens for HL/' σ , vil eg ikkje konsentrera meg her om korleis samspelet HL/' σ best kan formaliserast gjennom universelle føringar. Det som er viktig i denne samanhengen, er *eksistensen* av eit samspel mellom HL og trykk i sunnmørsk, same korleis dette samspelet i seg sjølv skulle vera bygt opp.

Utan å gå nærare inn på kva som gjer at ein HL-sekvens er avhengig av primærtrykk, så kan ein i alle fall seia dette om den omsnudde polariteten for den leksikalske tonen: Når me i innputt har ein IP-dominert H etterfylgd av ein tonelag 2-AP ($L_{lex} + H_P + L$), har me ein innputt med tonesekvensen HLHL, samstundes som berre éin instans av HL (nemleg den andre instansen) er lisensiert av det primærtrykket som ligg i innputt. Om sekvensen HLHL overlever i utputt, vil dette tvinga fram eit primærtrykk som ikkje fanst i innputt. Ei slik framtvinging vil bryta mot DEP (' σ), som elles må vera høgge rangert enn IDENT (T_{lex}). Høgge rangert enn sistnemnde må også MAX (T_{lex}) vera.

- DEP (' σ):** Ikkje set inn eit primærtrykk i utputt som ikkje finst i innputt.
- HL/' σ :** For kvar HL-sekvens skal det finnast ei staving med primærtrykk. (Ad hoc!)
- IDENT (T_{lex}):** T_{lex} skal ikkje endra polariteten sin.
- MAX (T_{lex}):** Ikkje slett T_{lex} .

DEP (' σ) og HL/' σ overtek for den mellombelse føringa MAX (contour) frå kapittel 3, og må vera svært høgt rangerte.

(4.2.6) IP-dominert H + tonelag 2 (LHL).

| | H _{IP} + L _{lex} H _P L] | DEP ('σ) | HL/'σ | MAX (T _{lex}) | IDENT (T _{lex}) |
|------|--|----------|-------|-------------------------|---------------------------|
| a. | H _{IP} + L _{lex} H _P L] | | * | | |
| b. | H _{IP} + L _{lex} H _P L] | * | | | |
| c. ☞ | H _{IP} + H _{lex} H _P L] | | | | * |
| d. | H _{IP} + H _P L] | | | * | |

Kandidat *a* og *b* taper pga. sine respektive og komplementære brot mot HL/'σ og DEP ('σ). Kandidat *d* taper pga. brotet mot MAX (T_{lex}). At kandidat *d* vil vera ein tapskandidat, ser me av at T_{lex} stengjer for OCP-motivert sletting av venstre IP-dominert H føre H_P i (4.2.3), medan ei slik sletting skjer i (4.1.5), der T_{lex} ikkje ligg imellom dei to. Det vil seia at T_{lex} er til stades i (4.2.3), noko tablået i (4.2.6) må dekkja.

Utputt *d* vil i prinsippet kunna ha den same fonetiske realisering som *c*, dersom H_P ikkje flytter seg til venstre, men held seg på plassen sin på 2. eller 3. mora¹ i AP-en. Elles vil me få H på fyrste mora og L på resten.

Den OCP-motiverte slettinga av IP-dominert H føre H_P kan då uttrykkjast som i (4.2.7) og (4.2.8), med desse spesifikasjonane i tillegg til dei førre føringane:

- OCP/*MAX (H):** Slett ein H som står ved sida av ein annan H i same IP.
MAX (H_{IP}): Ikkje slett IP-dominert H til venstre i IP.
MAX (T_P): Ikkje slett T_P.


OCP-føringa er rettgjord ved at OCP kan overhaldast anten ved å bryta med MAX-føringar (då får ein bortfall av noko) eller ved å bryta med DEP-føringar (då får ein epentese). Her dreier det seg om å bryta med ei MAX-føring, noko eg reint praktisk har notert som «OCP/*MAX».

OCP-føringa må elles vera avgrensa til å gjelda H-tonar innanfor same IP, jf. at ein IP-dominert H til høgre i ein IP ikkje fell bort til fordel for H_P i ein tonelag 1-AP fremst i andre IP. Eit alternativ kunne kunne ha vore ei høgt


¹Alt etter kor lang AP er.

rangert MAX-føring for høgre IP-dominerte H, MAX (T_{IP}), som dermed ville ha vore spesifikk for ein tone, og ikkje i seg sjølv seia noko om prosessar som kan vera knytte til domene. Eg vel likevel å halda meg til den domeneavgrensa OCP-føringa, sidan det er godt kjent frå litteraturen nettopp at domene kan skapa grenser for gjevne fonologiske prosessar. Roca (1994:198ff) listar opp ein del slike domeneavgrensa prosessar, t.d. frikativering av intervokaliske ustemde plosivar i toskansk, som er avhengig av at vokalane på begge sidene av plosiven sorterer under det same (metriske) IP-domenet (med referanse til Nespor og Vogel 1986:206).

(4.2.7) IP-dominert H + tonelag 1 (HL).

| H _{IP} + H _P L] | DEP (σ) | HL/ ' σ | MAX (T _{lex}) | MAX (H _P) | OCP/ *MAX (H) | MAX (T _{IP}) | IDENT (T _{lex}) |
|--|---------------------|-------------------|----------------------------|--------------------------|------------------|---------------------------|------------------------------|
| a. H _{IP} + H _P L] | | | | | * | | |
| b. H _{IP} + L] | | | | * | | | |
| c.  H _P L] | | | | | | * | |

(4.2.8) IP-dominert H + tonelag 2 (LHL).

| H _{IP} + L _{lex} H _P L] | DEP (σ) | HL/ ' σ | MAX (T _{lex}) | MAX (H _P) | OCP/ *MAX (H) | MAX (T _{IP}) | IDENT (T _{lex}) |
|---|---------------------|-------------------|----------------------------|--------------------------|---------------------|---------------------------|------------------------------|
| a. H _{IP} + L _{lex} H _P L] 1 ' σ | | * | | | | | |
| b. H _{IP} + L _{lex} H _P L] 2 ' σ | * | | | | | | |
| c.  H _{IP} + H _{lex} H _P L] 1 ' σ | | | | | ** | | * |
| d. H _{IP} + H _P L] 1 ' σ | | | * | | * | | |
| e. H _P L] 1 ' σ | | | * | | | * | |
| f. H _{IP} + L] | | | * | * | | | |
| g. H _{IP} + H _{lex} L] 1 ' σ | | | | * | * | | * |

Tablået i (4.2.8) tek ikkje med alle tenkjelege kandidatar. For ordens skuld vil eg kjapt nemna kva for nokre kandidatar dette gjeld, og kvifor dei ikkje er tekne med:

Ein kunne tenkja seg ein utputt med stroken H under IP og HHL i AP. Denne er uaktuell å taka med fordi T_{lex} ikkje skulle ha nokon grunn til å verta H dersom IP-dominert H er borte.

Ein annan kandidat kunne vera å stryka IP-dominert H, og lata AP ha tonane LHL. Denne kandidaten er heller ikkje teken med, sidan det elles IP-dominerte området då ville ha lege mellom L] til venstre og L_{lex} til høgre, området ville dermed ha lege på eit L-nivå, og dermed ikkje skilja seg frå ytringar der alt er i AP, og ingenting ville ha vore direkte dominert av IP.

Det kan òg nemnast at utputtane d og g i (4.2.8) i prinsippet er identiske (nemleg med H på fyrste mora i AP, deretter L), med mindre ein set føre at H_P i d ikkje kjem før på 2. eller 3. mora, slik han ville ha gjort om T_{lex} var til stades. Då vil me i staden få ein overflatestruktur der d vert identisk med c (H på dei to eller tre¹ fyrste moraene i AP, deretter L).

Så langt kommentarar rundt (4.2.8).

Når eg no har innført DEP (' σ) og HL/' σ i staden for MAX (contour), har det konsekvensar for tidlegare analysar, og dei konsekvensane skal eg skissera kjapt her.

Analysen i (3.4.10) må reviderast. Det handla der om at L] i trimoraisk tonelag 2-AP forsvinn før ein annan tonelag 2-AP (LHL). Dette vart tillate fordi det ikkje braut med MAX (contour). Mitt nye framlegg er at det finst ei føring OCP/*MAX (L) som er så lågt rangert at ein som regel ikkje har noka samansmelting av L-tonar. Føringa er lågare rangert enn ei føring *CROWD som forbyd to tonar på same mora, eventuelt ei meir spesifikk føring *CROWD- μ (HL), eller formulert annleis: *HL (noko me kom inn på i delkapittel 3.5). Dermed kan L] strykast for å overhalda *CROWD eller *HL, dersom det finst ein L_{lex} like etter L].

For (3.4.9) og (3.3.5) gjeld det same, berre at der finst det ikkje nokon L_{lex} etter L] som kan gjera OCP/*MAX (L) relevant.

Rolla til MAX (T), i tydinga MAX (T]), i (3.4.9) og (3.4.10) vert elles mindre viktig når ein har ein analyse med ei komplementær OCP-føring. Utan å gjennomføra fullstendige, nye analysar av det som er skildra i kapittel 3, vil eg nøya meg med denne skissa.

¹Alt etter kor lang AP er.

4.2.2 Tonelag 2: ein ekstra tone eller ein «skillnad i timing»?

Det finst ein tradisjon m.a. i Sverige for å analysera dei to tonelaga som tonalt identiske, men med ulik assosiering. Bruce (1998:46) seier såleis at ein har «en skillnad i timing för ett och samma tonförlopp (H L), vilket relativt den betonade stavelsen kommer tidigare för H L* än för H* L». Stjerna indikerer kva for ein tone som er assosiert til trykkstavinga.


Bruce tek utgangspunkt i sveamål/stockholmsk, som er ein lågtonedialekt. Det som eg då etter sunnmørsk mønster ville ha kalla H_{lex} og L_P , vert i Bruces analyse skildra som at L i sekvensen HL vert assosiert til trykkstavinga ved tonelag 1, slik at H vert verande uassosiert. Ved tonelag 2 vert derimot H assosiert til trykkstavinga, og L kjem noko lenger til høgre. Ved tonelag 1 vil H likevel verta assosiert til ei eventuell staving like før trykkstavinga (s. 104f).

Dermed har ein i stockholmsk eit system som me med ein sunnmørsk-inspirert analyse kan skildra slik: Ikkje-fokale AP-ar har H] framfor tonelag 1, men ikkje framfor tonelag 2. Og forklaringa til Bruce er at T] som AP-grensetone ikkje finst. Det som derimot finst, er det som eg kallar T_{lex} . Ved tonelag 1 hamnar denne tonen til venstre for trykkstavinga, og risikerer å verta verande uassosiert (når det ikkje er noko der til venstre å assosiera seg til). Ved tonelag 2 vert tonen assosiert til trykkstavinga. Der eg seier at eg har ein T], vil altså Bruce seia at eg ikkje har nokon AP-grensetone, men berre ein T som hamna til venstre for AP-grensa, og som eigentleg er lisensiert av primærtrykket til *høgre* for AP-grensa.


Om Bruce ikkje har T], så har han likevel ein fokustone i fokale AP-ar. I ein AP finst dermed i utgangspunktet berre to tonar: H + L, eventuelt berre L (tonelag 1, med uassosiert initial H). Ein final H i den stockholmske AP-en (som då vert LH eller HLH) er anten den initiale H frå neste AP (når neste AP har tonelag 1), eller så er det snakk om ein fokustone, hjå Bruce kalla «fraccent».

Overført til sunnmørsk vil ein slik analyse seia oss dette:

Både tonelag 1 og tonelag 2 har tonesekvensen LH. I tonelag 2-AP-en ²*jenter* vil me fyrst få L og deretter H. I tonelag 1-AP-en ¹*guten* vert ikkje den initiale L assosiert til trykkstavinga, men H vert det. Dette er illustrert i (4.2.9).

(4.2.9) ²jente og ¹guten

I ein konstruksjon som (((¹der var_{AP}) (¹GUTEN_{AP})_{IP})_{IU}) har me i fyrste AP noko som eg har kalla L]. Denne L] er etter den Bruce-inspirerte analysen ikkje noko anna enn den initiale L frå *guten* som ikkje vart assosiert til trykkstavinga, men som i staden er assosiert til det som er til venstre for trykkstavinga, nemleg det som er til høgre i fyrste AP. Dette er illustrert i (4.2.10)

(4.2.10) (((¹der var_{AP}) (¹GUTEN_{AP})_{IP})_{IU})


Til skilnad frå stockholmsk vil denne L i sunnmørsk spreia seg til førre AP anten L er eller ikkje er assosiert til trykkstavinga. Dermed har me ein L til høgre i ein AP også neste AP skulle vera ein tonelag 2-AP. I stockholmsk (med motsett polaritet på tonane) finst som kjent H til slutt i ein AP berre dersom neste AP er ein tonelag 1-AP.

Denne analysen er dessutan i samsvar med det at me ikkje finn noka fonetisk endring (t.d. ei lågning av frekvensen) på grensa mellom mellom L] og L_{lex} som kunne ha indikert at dei to toneiningane er to ulike L-tonar. Når me likevel har ein lågtone til slutt i *finale* AP-ar i sunnmørsk, kan dette vera ein låg fokustone som kjem i fokale AP-ar, eller (om siste AP ikkje er fokal) jamvel L%. Slik treng me ikkje L] i analysen lenger.

Ein slik analyse kan i tillegg forklara kvifor me tilsynelatande får H_{lex} etter det som eg har analysert som ein IP-dominert H, og me treng ikkje føringa DEP (σ). Det held å seia at LHL-mønsteret i *-la vilde male mura* i (4.2.1) og i *der var dører* i (4.2.4) byrjar med den LH som er sams for alt, og at den siste

L kjem frå neste AP i (4.2.1), og frå L% eller ein låg fokustone L_{fok} i (4.2.4). Ei skisse til ein slik analyse av (4.2.1) er illustrert i (4.2.11).

(4.2.11) (han ((²OLA_{AP}) vilde male_{IP}) ((²murar_{AP}) (¹DÅ_{AP})_{IP})_{IU}), jf. (4.2.1).



Det kan vera eit problem at H likevel assosierer seg til trykkstavinga *mu* (i ²*murar*) i tonelag 2-AP-ane i desse døma. Det strid mot den tanken at tonelag 2 går ut på å assosiera ein L til trykkstavinga slik at H kjem seinare enn han elles ville ha gjort. Men dette problemet kan løysast ved å justera den Bruce-inspirerte analysen slik at det på eitt eller anna vis framleis berre er snakk om to/tre tonar LH(L), men med eit særtilfelle for assosieringa eller plasseringa av dei. Dermed kan H landa på heile trykkstavinga i staden for L, sjølv om det er tonelag 2, og me difor skulle ha venta at det var L som landa på trykkstavinga. Då har me framleis eit lite tal på toneeiningane, og me kan samstundes få dei tonale mønstra som me har fått.

Denne Bruce-inspirerte analysen er likevel problematisk, og han er problematisk fordi det må finnast både ein eigen IP-dominert H og ein eigen H_{lex} i desse døma:

Dersom L] og L_{lex} skulle vera den same tonen, så tyder det òg, som me har sett, at IP-dominert H er den same tonen som eg har kalla H_P : Det er H frå sekvensen LH som skal leggja seg på både det IP-eksterne området og det som kjem like etterpå.

Likevel ser me ein viktig skilnad mellom (4.1.5) og (4.2.3): I dømet med tonelag 1 etter det IP-dominerte området, (4.1.5), ser me ikkje nokon IP-dominert H. Der konturen i det IP-dominerte området stig, stig han heilt til H_P inne i den fyrste AP-en etter det IP-dominerte området.

Annleis er det med (4.2.3), som har tonelag 2 etter det IP-dominerte området. Der stig konturen gjennom det IP-dominerte området, men han når toppunktet *før* tonelag 2-AP-en byrjar.

Dette skjer systematisk, og indikerer at IP-dominert H ikkje berre er ein vilkårleg H, men at han finst som ei eiga toneeining også her til venstre i IP, der me kan kalla tonen H_{IP} . Ettersom tonelag 2 skulle vera ei forskuing av tonane mot *høgre*, vil eksistensen av H_{IP} vera endå sikrare, sidan me her har

ein ekstra H_{IP} til venstre for trykkstavinga, medan heile LH-sekvensen eigentleg skulle ha vorte flytt mot høgre.

Dersom H_{IP} finst, må analysen som eg har lagt fram tidlegare, vera korrekt: Ved tonelag 2 i (4.2.3) ligg det ein tone mellom H_{IP} og H_{P} som grunna høg rangering av MAX hindrar ei OCP-motivert sletting av H_{IP} eller H_{P} . Ein slik tone ligg ikkje imellom i tonelag 1-dømet (4.1.5), og me får OCP-motivert sletting av H_{IP} .


Dersom det ligg ein slik tone imellom H_{IP} og H_{P} ved tonelag 2, og denne tonen til overmål tek like mykje plass som L fremst i tonelag 2 elles (jf. (4.2.1)–(4.2.3)), så skulle alt tala for at denne tonen er T_{lex} , berre med omsnudd polaritet.

T_{lex} finst dermed som ei eiga eining. Dette er i og for seg heller ikkje i strid med Bruce. Der er det eksistensen av ein eigen T] som er problematisert.

Men dersom T_{lex} finst i tonelag 2-døma (4.2.1)–(4.2.3), så måtte ein med Bruce seia at denne tonen ligg til høgre for H_{IP} her, men til venstre for den sletta H_{IP} i tonelag 1-dømet (4.1.5).

Det vil i praksis seia at i (4.1.5) med tonelag 1 ligg T_{lex} , eller L frå sekvensen LH, til venstre for det tonalt uassosierte området som sorterer rett under IP (og eventuelt samlokalisert med ein låg «fokustone» til slutt i førre AP/IP). Dermed skulle me ved tonelag 1 etter IP-dominert område (som i dette dømet) ha ein sekvens L H*, med H* assosiert til trykkstavinga *mu* i *muren*, L skal vera assosiert til noko som ligg mykje lenger til venstre, nemleg *-la* i *Ola*, og imellom dei er det plass til eit tonalt infiks H_{IP} som rett nok har vorte sletta her fordi T_{lex} ikkje ligg imellom H_{IP} og H_{P} og blokkerer for slettinga. Dette er illustrert i (4.2.12), med eit fonologisk tonefritt område *vilde male*.

(4.2.12) (han ((²OLA_{AP})_{IP}) (vilde male (¹MUREN_{AP})_{IP})_{IU}), jf. (4.1.5).



L i sekvensen L H_{IP} H* skal ikkje berre liggja til venstre for eit tonalt uassosiert område. Han skal òg vera lisensiert av den trykkstavinga som H* til høgre for dette området er assosiert til.

Dersom skilnaden mellom dei to tonelaga då skal vera ein «skillnad i timing» for L og H i totone-sekvensen LH, då har me eit problem: L_{lex} (dvs. L frå sekvensen L H*) til venstre for det tonalt frie området kan nemleg ikkje påvisast. Me har ein L der, men han kan like gjerne vera ein «fokustone». Det einaste som *kan* påvisast, er at ved tonelag 2 finst det ein tone som ikkje finst ved tonelag 1, sidan denne tonen kan hindra ei OCP-motivert sletting av H_{IP} .

Når det finst L-anakruse (IU-anakruse) etterfylgd av stigande anakruse (IP-anakruse), som i (4.1.3), vil det òg vera problematisk å seia at %L er identisk med L_{lex} . (4.1.3) var (*der var (katama- (¹RANAR_{AP})_{IP})_{IU}) L%*). Dersom L_{lex} vil assosierast til tilgjengeleg materiale til venstre for AP, slik ein Bruce-inspirert analyse ville ha sagt, skulle me i det minste ha venta at han assosierte seg til dei ledige TBU-ane i det IP-dominerte området *katama* til venstre i IP. Men då ville stigande anakruse med tonalt uassosierte TBU-ar ha vore umogeleg, og me ville hatt berre L-anakrusar. Stigande, IP-dominerte område i IP nr. 2, som i (4.2.12), ville òg ha vore umogelege.

Det verkar difor for meg som om det er mest i tråd med empirien å lata %L, L] og L_{lex} gå inn i analysen som tre ulike tonale einingar, slik som eg har gjort det til no. Tonelag 2 er då ikkje tonalt identisk med tonelag 1, slik Bruces analyse seier. Skilnaden ligg ikkje i assosieringspunkta for tonane, men i at tonelag 2 har ein ekstra tone, T_{lex} , til venstre i AP.

I tillegg kjem den morfologiske rolla til den leksikalske tonen. Når eit adjektiv som *grøn* heiter [¹grø:nɛ] med $H_P + L$ i eintal (m. og f.) på sunnmørsk, men [²grø:nɛ] med $L_{lex} + H_P + L$ i fleirtal, så ville ein i andre språk utan tvil ha analysert den initiale L som eit tonalt prefiks, og ikkje som eit resultat av ein «skillnad i timing», med eit postulert, flytande L-prefiks i eintal som ikkje kunne påvisast. Det kjem meir om den morfologiske rolla til T_{lex} i underkapittel 4.2.3 straks.

Analysen av L_{lex} som tonalt prefiks gjer det òg mogeleg å tolka tonelagsskiftet frå ¹*snik* til ²*snikmord* som ei tonal samansetjingsfuge (L_{lex} mellom samansetjingslekkane, men som assosierer seg heilt til venstre i AP-en), slik Kristoffersen (1992) gjer framlegg om for austlandsk; eventuelt eit tonalt prefiks som lagar samansetjingsstamme. Alternativet til dette ville etter Bruces mønster vera ein prosess som endrar assosiasjonstilhøva mellom ein gjeven TBU og tonane T_{lex} og T_P , slik at det i *snik* er berre T_P som vert assosiert, medan det i *snikmord* er både T_{lex} og T_P . Dette må i t.d. sunnmørsk og austlandsk vidare vera leksikalsk avhengig, slik at somme ord får dette skiftet i toneassosiering, medan andre ord ikkje får det. Eit døme på dei siste kan vera ¹*brann*, som i samansetjing har det same tonelaget, t.d. ¹*brannmann*.

Som avrunding kan eg i tillegg nemna den innvendinga for austnorsk¹ som Nilsen (1995:121) avrundar sitt svar til andreopponenten (Horne 1995) med:

Å postulere en H foran L* ved tonelag 1 er like dårlig motivert som f.eks. å postulere en L foran H* ved tonelag 2 som skulle assosieres til anakrustiske stavelser i ord som f.eks. *sjoko²lade* og *kom²mune*. Under Bruces analyse vil *tuberku¹løse* ha en tone assosiert med anakrusen (opptakten) mens *tuberku²lose* ikke vil ha det.

Heller enn å sjå på tonelagsskilnaden som ein skilnad i assosieringsforholda, kjem eg altså framleis til å halda meg til den analysen at tonelag 2 har ein underliggjande leksikalsk tone som tonelag 1 ikkje har, i alle fall i sunnmørsk.


Me skal likevel sjå no at heller ikkje dette er uproblematisk.

4.2.3 Er den leksikalske tonen ein leksikalsk tone?


Til no har me sett døme på både tonelag 1 og tonelag 2 etter IP-dominert H inne i ei ytring, og me har sett døme på tonelag 1 etter IP-dominert H i byrjinga på ei ytring. Der den IP-dominerte H-en stod til venstre i same IP-en som H_P like etterpå, vart den IP-dominerte H-en sletta fordi han var nabo av H_P. Kom det ein T_{lex} imellom dei to H-ane, vart denne til ein H_{lex}, men H_[IP] vart ikkje sletta, trass i naboskapen sin med H_{lex}, dette truleg pga. ein høgre rangert MAX (T_{lex}).

Det me ikkje har sett på då, er tonelag 2 etter IP-dominert H i fyrste IP, dvs. tonelag 2 etter «stigande anakruse». Me har to døme i (4.2.13) og (4.2.14).

(4.2.13) (han (vilde male (²murar med_{AP}) (²MALING_{AP})_{IP})_{IU}) H%



¹I sunnmørsk vil denne innvendinga vera mindre relevant, sidan sunnmørsk alltid vil ha %L i IU-anakrusar, uavhengig av om den fyrste AP-en byrjar med H (ved tonelag 1) eller L (ved tonelag 2).

(4.2.14) (han (vilde male (²murar_{AP}) (¹DÅ_{AP})_{IP})_{IU}) H%

Noko av det som er påfallande her, er at H_{IP} og T_{lex} begge er borte. No kan det sjølvstgast tenkjast at føringa OCP/*MAX (H) er posisjonelt avhengig, og at ein må innføra ei eiga føring for den fyrste instansen av H, og operera med rangeringa: OCP/*MAX-INITIAL (H) » Max (T_{lex}) » OCP/*MAX (H).

Alternativt kunne ein gjera MAX (T_{lex}) var for posisjonar, og seia noko à la MAX-POSTFOKAL (T_{lex}) » OCP/*MAX (H) » MAX (T_{lex}).

Det lèt seg diverre ikkje avgjera med desse få dataa kva for eitt av desse rangeringssetta som er det beste. Det kan òg vera at det er andre posisjonsspesifikke faktorar som spelar inn her. For alle tilfella er det likevel ei sak at det ikkje er ukjent frå litteraturen at det kan finnast posisjonsspesifikke føringar, jf. t.d. Beckman (1998).

Eg har ikkje ambisjonar om å utvikla optimalitetsteorien på dette området, *positional (un)faithfulness*, og eg vel difor å ikkje gå djupare i toneslettinga å konstatere at T_{lex} fell bort saman med H_{IP} i initial posisjon, i motsetnad til ikkje-initial posisjon. I staden vil eg konsentrere meg om sider ved den ontologiske statusen til tonelag 2, ut ifrå det me har sett i døma (4.2.13) og (4.2.14), nemleg at T_{lex} kan falla heilt bort.

Ser me nærare på dei to døma, ser me dette: I (4.2.13) er den fyrste AP-en, *murar med*, på fire moraer (tre stavingar), i (4.2.14) er han på tre moraer (to stavingar), *murar*. Både H_{IP} og T_{lex} er borte, slik at H_P er den einaste høgtonen som er att. I (4.2.13) kjem denne høgtonen i stavinga *ra*, i (4.2.14) ein mora tidlegare.

Plasseringa av H_P er altså i samsvar med det mønsteret me har sett tidlegare, når T_{lex} er til stades: Når det er god plass i AP-en, kjem fyrst T_{lex} på heile den fyrste stavinga, og deretter kjem H_P . Er det berre tre moraer i AP-en, kjem T_{lex} på fyrste mora og H_P på andre mora, framleis i fyrste stavinga.

Dette har vorte forklara med at T_{lex} vil lina seg opp med høgrekanten av trykkstavinga, men at den føringa kan brytast, og at T_P i alle fall kjem rett etter ein eventuell T_{lex} .

Den forklaringa held ikkje her. Her manglar nemleg T_{lex} fullstendig, og H_P skulle ikkje ha nokon grunn til å landa på tredje, respektive andre, mora. I staden skulle me venta at H_P i mangel av ein sperrande T_{lex} la seg heilt inntil venstrekanten på AP, altså på fyrste mora, slik at me i praksis ville ha fått eit samanfall med tonelag 1. Likevel oppfører H_P seg som om det skulle ha vore ein T_{lex} til venstre for han.

Dette er problematisk, ikkje berre for mine analysar, men òg for analysar som den Bruce legg til grunn, sidan me ved bortfallen L^* i sekvensen $L^* H$ heller ikkje skulle venta at H heldt seg så langt til høgre som han gjer i (2.4.13) og (2.4.14).

Når H_P landar der han gjer i (4.2.13) og (4.2.14), trass i at det ikkje finst nokon T_{lex} til venstre som tvingar H_P dit, kan dette tala imot den arbeidshypotesen eg har lagt til grunn til no, og som eg lét vinna i underkapittel 4.2.2, nemleg at fenomenet *tonelag 2* går ut på å vera leksikalsk eller morfologisk merkt for eit tonalt prefiks. Tvert imot ser det her ut til at det slett ikkje er T_{lex} som tvingar H_P til høgre, men ein høgjustert H_P som skaper plass for den tonen som eg til no har kalla T_{lex} , ein tone som i desse siste døma ikkje lenger er til stades.

Der eg har teke utgangspunkt i at tonelag 2 er karakterisert ved eit morfoleksikalsk prefiks, og der Bruce har teke utgangspunkt i ein assosierings-tidsskilnad mellom tonelaga, har Lorentz (1981, sjå særleg s. 177f) ein tredje hypotese. Han opererer med [\pm delayed tone], slik at tonelag 1 er karakterisert ved at den metriske tonen kjem på trykkstavinga, [$-$ delayed tone], medan tonelag 2 er karakterisert ved at den tonen kjem seinare, [$+$ delayed tone].

I eit seinare arbeid, Lorentz (1995), har han gått vekk frå dette, og over til hypotesen om det me kan kalla ein morfoleksikalsk tone som i samsvar med morfologiske eller leksikalske tilhøve er eller ikkje er til stades.

Dataa i (4.2.13) og (4.2.14) gjer Lorentz (1981) unekteleg interessant. Eit spørsmål som likevel må avklarast, er i kva grad liknande fenomen også kan finnast i andre språk enn dei skandinaviske: Er det eit kjent fenomen at ord kan bøyast eller avleiast ved at ein tone (ikkje trykk, men tone; og i eller utan kombinasjon med segmentale affiks) vert flytt frå éi staving til ei anna, eller frå éin mora til ein annan? Om svaret er nei, vil eg vera måtehalden med å tillegga skandinaviske språk eit morfo-fonologisk fenomen som ikkje har parallellar andre stader.

Det er kjent frå ulike språk at tonar kan migrera frå staving til staving utan å verta pressa av andre tonar, slik at tonen dukkar opp andre stader enn den underliggjande representasjonen skulle tilseia, jf. Odden (2001). Men dette skjer uavhengig av morfologi, og dreier seg i staden om reint fonologiske eigenskapar ved dei språka.

Det er på ei anna side òg kjent frå ulike språk at plasseringa av tonar kan vera avhengig av den morfologiske strukturen, jf. Alderete (1999), som ser på russisk og japansk. Men i desse tilfella er det snakk om eit samspel mellom «root controlled accent» og «affix controlled accent», og ikkje om ei flytting av ein tone der flyttinga i seg sjølv er reint morfologisk (op. cit.:1):

- a. Root-Controlled Accent (RCA): inherent accent in the root precludes the realization of accent elsewhere in the word.
- b. Affix-Controlled Accent (ACA): the attachment of an affix correlates with a mutation of the accent in the base of affixation.

Dette skil seg altså frå den sunnmørske situasjonen, der tonelaga kan vera det einaste som skil mellom to ordformer, jf. (4.2.15a), og der tonelaga i seg sjølve ber morfologisk (4.2.15a) og/eller leksikalsk (4.2.15c) innhald.

(4.2.15) Tonelagspar i sunnmørsk.

- a) minimale par med morfologisk åtskilde ordformer av same leksem
 [¹skri:vɛ] *skriv* pres. ~ [²skri:vɛ] *skriva* inf.
 [¹stu:rɛ] *stor* adj. m./f. sg. ~ [²stu:rɛ] *store* pl.
- b) tonelagsopposisjon i kombinasjon med segmental morfologi
 [¹bi:lɪ] *bilen* bunden sg. ~ [²bi:lqɛ] *bilane* bunden pl.
 [¹te:kɛ] *tek* pres. ~ [²ta:kɛ] *taka* inf.
- c) leksikalske opposisjonar
 [¹ka:rɛ] *karet* bunden form sg. av *kar* n. ~ [²ka:rɛ] *kara* inf.
 [¹æn:dɛ] *ender* ubunden form pl. av *and* ~ [²æn:dɛ] *ende* m.

Dersom T_{lex} i sunnmørsk då framleis er morfo-leksikalsk, må (4.2.15b) i klassisk terminologi vera døme på diskontinuerlege affiks, med suffigert segmentalt materiale i kombinasjon med ein prefigert¹ tone. Om det derimot

¹At tonen vert prefigert i overflateforma, treng ikkje å tyda at han underliggjande er eit prefiks. Plasseringa som prefiks i overflateforma kan vera eit resultat av ei rangering

ikkje finst nokon slik morfo-leksikalsk tone, er (4.2.15b) eit døme på korleis affiks kan påverka plasseringa av T_P . Problemet då vert (4.2.15a) og (4.2.15c), der det ikkje finst nokon morfologisk eller fonologisk grunn til at T_P skulle flytta på seg.

Eg har ikkje funne døme frå andre språk på at ein tone kan flytta seg systematisk av morfologiske grunnar utan som utslag av affigering eller endra trykkplassering. Eg vil difor avvise hypotesen om at tonelag 2 i sunnmørsk går ut på å flytta T_P som utslag av eit trekk [+ delayed tone]. I staden vil eg halda meg til den opphavlege hypotesen: at tonelag 2 dreier seg om eit tonalt prefiks som ikkje er til stades i tonelag 1, og som pressar T_P til høgre.

Me er då attende hjå det problemet som førde til denne drøftinga: Kvifor held T_P seg på plassen sin på 2. eller 3. mora i tonelag 2, sjølv når T_{lex} manglar, og dermed ikkje kan pressa H_P til høgre?

Innanfor ein reint autosegmental analyse vil det vera naturleg å skissera at T_{lex} (og $T_{[IP]}$) vert sletta (eller slegne saman med T_P på plassen til T_P) etter at T_P er pressa til høgre av T_{lex} . Omsett til ein optimalitetsteoretisk analyse utan kronologisk ordna prosessar må me ha å gjera med at T_P i utputt forhold seg til slikt som er til stades i innputt, sjølv om det er borte i utputt (i praksis er det her altså snakk om å forhalda seg til T_{lex}).

Ein mogeleg analyse kan då vera å sjå på dei tonale strukturane i fyrste AP i (4.2.13) og (4.2.14) som nedstytte (*truncated*) former, og at desse korresponderer med ikkje-nedstytte former (*base forms*). Eg har leitt etter skildringar av tonar i slike samanhengar, men har i litteraturen stort sett berre funne andre prosodiske einingar, som stavingar og metriske føter. Vekslingane mellom base og nedstytt form i den litteraturen eg har funne, handlar dessutan om segment, medan den vekslinga som eg meiner å ha registrert i sunnmørsk, dreier seg om tonar: I basen har ein sekvensen $T_{lex} + T_P$, i den nedstytte forma er T_{lex} borte, men det segmentale materialet er på plass.

Fleire har brukt OO-føringar (*output-output*: eit systematisk samsvar mellom to utputtar) av typen IDENT-BT, der det skal vera ein eller annan gjeven identitet mellom baseforma (B, *base form*) og den nedstytte forma (T, *truncated form*). Baseforma er ein utputt der alt det relevante materialet er til stades (om det relevante materialet er tonar: til dømes at T_{lex} er til stades i utputt ved tonelag 2 etter noko som *ikkje* er IP-dominert), medan den nedstytte

ALIGN (T_{lex} , Lt) » ALIGN (T_P , Lt), som skissert i 3.3.2. Jamfør Kristoffersen (1992), som opererer med H_{lex} i austlandsk m.a. som ein leksikalsk gjeven del av fugeformativen *-e-*: Fugeformativen kjem mellom samansetjingslekka, men høgtonen som fylgjer med, landar heilt til venstre i det samansette ordet, slik at ein får tonelag 2.

forma er ein utputt der noko av det relevante materialet ikkje er til stades (t.d. at T_{lex} manglar). Kager (2001:264) har såleis ei slik føring brukt om heile segment, og Benua (1997:143f) opererer med OO-identitet i «truncated words». Ein slik BT-identitet mellom baseform og nedstytt form går ut på at den nedstytte forma har eigenskapar som ikkje kan skriva seg frå den nedstytte forma i seg sjølv, men som er i samsvar med eigenskapar frå baseforma. For utdjuping av dette kan ein sjå dei nemnde referansane.

På grunnlag av dei sunnmørske dataa vil eg her ved leggja fram den hypotesen at føringsskjema for korrespondanse mellom base og nedstytt form ikkje berre kan gjelda segment eller autosegment, men òg assosiasjonsliner.

Eit generelt skjema kan vera **IDENT-BT $_{\alpha}$ (ASSOC; β , γ)** ‘for korrespondansen mellom baseformer (B) og nedstytte former (T) av materiale av type α gjeld det at dersom ei assosiasjonsline i basen går mellom β , som er av type α , og γ , skal den assosiasjonslina gå slik også i den nedstytte forma’.

I dei sunnmørske døma her er materialtypen *tonar*, og me kan postulera ei høgt rangert føring slik:

IDENT-BT $_T$ (ASSOC; T_P , μ): Ved nedstyting av det tonale materialet skal assosiasjonslina mellom T_P og ein gjeven mora i den nedstytte forma vera identisk med assosiasjonslina frå T_P til den moraen i basen.

Dette vil i praksis seia at dersom andre reelle og ikkje-nedstytte utputtar gjev T_P på andre eller tredje mora i AP-en (slik tilfellet som oftast er ved tonelag 2, når ein T_{lex} kjem framfor T_P utan å forsvinna) så skal T_P framleis liggja på andre eller tredje mora, sjølv når det tonale materialet er nedstytt ved at T_{lex} manglar. Posisjonen til T_P vert altså bunden til den posisjonen som T_P ligg på i den ikkje-nedstytte overflateforma.

Det er verdt å nemna at også i (2.3.10) hadde me eit døme på ei nedstytt form, i at presensforma [2]le:vɛ] ‘lever’ miste den siste vokalen sin. Til den vokalen skulle eigentleg T_P vera assosiert, men denne tonen landa no på neste vokal, som låg i det neste morfologiske ordet. I det tilfellet var det ikkje tonar som utgjorde den relevante materialtypen, men vokalar, eventuelt moraer, i form av den moraen som tonen skulle assosierast til.

På ei anna side har me døme som presensforma av verbet *ha* på søresunnmørsk, som i fullforma si (base) er [2]he:vɛ] med LHL når ordet vert uttala i sin eigen AP. Den nedstytte forma manglar ei heil staving, og er [1]he:] med HL. Her er det òg segmentalt materiale som forsvinn til høggre, men H_P

vert ikkje verande på moraen sin av den grunn (2. mora i fullforma), faktisk ikkje under noko omstende som helst. I staden får me ein ordinær tonelag 1-AP (med H_P på 1. mora), og ikkje berre ein bortfallen T_{lex} på ein då tonalt uassosiert 1. mora.

Slike døme gjer at eg finn det best å spesifisera kva slags nedstyting det er snakk om i vekslinga mellom baseform og nedstytt form, om det er tonar eller t.d. ein mora eller ein vokal som forsvinn. I skjema av typen IDENT-BT $_{\alpha}$ vert dette spesifisert gjennom α , og i dette konkrete tilfellet i (4.2.13) og (4.2.14) handla det altså om tonal nedstyting.

Til slutt skal det kommenterast at denne utputt-utputt-korrespondansen ikkje er i konflikt med det faktum at T_P stundom kjem på andre, og stundom på tredje mora (eller på fyrste mora ved tonelag 1). Valet av plassering på andre eller tredje mora er avhengig av kor god plass det er til T_{lex} , anten T_{lex} er til stades (baseform) eller ikkje (avstytt form).

I spesialtilfellet som me straks skal sjå på (og som vart føregripe i strekpunkta i underkapittel 4.2.1), der H i HL-sekvensen kjem til venstre for AP-en ved tonelag 1, dreier det seg heller ikkje om brot med denne BT-korrespondansen, sidan H i dei tilfella er $H_{[IP]}$ eller $H_{[P]}$, og ikkje H_P . Dermed dreier det seg der om eit brot mot MAX (T_P), og *ikkje* om ei *flytting* av H_P , som jo ville ha brote med IDENT-BT $_T$ (ASSOC; T_P, μ).

4.3 IP-dominert H: eit spesialtilfelle ved tonelag 1

Etter IP-dominert materiale vil ein tonelag 1-AP som regel ha H på fyrste mora, dvs. på vanleg plass, slik me har sett i delkapittel 4.1, t.d. fig. (4.1.3), (4.1.5) og (4.1.6). I alle desse døma er det tre moraer i den AP-en. Hadde det vore fleire moraer der, ville det ha sett ut på same måten.


I (4.3.1) har me òg ein tonelag 1-AP etter det IP-dominerte området. Denne AP-en har berre éi staving, to moraer, og framleis kjem H_P på fyrste mora, og L] på andre mora.

Dette er ikkje tilfellet for (4.3.2) og (4.3.3). I dei to figurane er det ikkje nokon H_P i den bimoraiske tonelag 1-AP-en som kjem rett etter det IP-dominerte området. Det som skil desse to figurane frå tidlegare døme med AP-ar etter IP-dominert materiale, er kombinasjonen av ytringsfinalitet og berre to moraer.


Når ein tonelag 1-AP har to moraer, kjem til slutt i ytringa, og kjem like etter noko som er IP-dominert, forsvinn altså H_P . Dette er uavhengig av om IU-grensetonen er L%, som i (4.3.2), eller om han er H%, som i (4.3.3).

Etter eit IP-initialt AP-eksternt område (dvs. med stigande kontur i det IP-dominerte området) har me tidlegare sett at ved tonelag 1 vil H_{IP} forsvinna til fordel for H_P pga. OCP, t.d. (4.1.3). I (4.3.2) er det motsett: Der manglar H_P , og det er H_{IP} som overlever, akkurat til venstre for AP-grensa, der han elles er observert ved tonelag 2 i (4.2.3).


(4.3.1) (han ((²OLA_{AP}) vilde male_{IP}) ((¹MUR_{AP}) (¹NO_{AP})_{IP})_{IU}) H%



(4.3.2) (han (vilde male (¹MUR_{AP})_{IP})_{IU}) L%



(4.3.3) (han ((²OLA_{AP}) vilde male_{IP}) ((¹MUR_{AP})_{IP})_{IU}) H%



Etter analysen i (4.2.7) har me ei rangering MAX (H_P) » OCP/*MAX (H) » MAX (H_{IP}), der OCP-føringa var domeneavgrensa til H-ar i same IP. For tonelag 1-AP-ar like etter IP-dominert materiale til venstre i AP-en førde dette til at den IP-dominerte H-en forsvann, medan prominenstenen overlevde.

I døma (4.3.2) og (4.3.3) er det H_P som forsvinn. Når det eine særtrekket ved dette fenomenet er at det berre skjer ytringsfinalt (H_P forsvinn ikkje i (4.3.1)), er det freistande å mistenkja den ytringsfinale tonaliteten for å ha noko med det å gjera. Det som finst i slutten av ein IU, og som ikkje finst andre stader, er IU-grensetonen T%.

I underkapittel 2.5.1 hadde eg ikkje annan grunn til å operera med L% enn at L% stod i opposisjon til H%. For alt me kunne vita, kunne H% like gjerne vera eit tonalt ytringssuffiks, medan L% eigentleg ikkje eksisterte. L% er då heller ikkje mogeleg å observera direkte, sidan han kjem etter L], som allereie er låg, slik at me ikkje får noka endring i F0.

Om bortfallet av H_P no har noko å gjera med nærværet av ein T%, så stiller saka seg litt annleis. H_P fell nemleg bort ikkje berre i (4.3.3), som har H%, men òg i (4.3.2), som dermed òg må ha ein T%, nærare sagt ein L%.

Det andre særtrekket ved (4.3.2) og (4.3.3) var at AP-en utan H_P ikkje hadde meir enn to moraer, dvs. trykkstavinga og inkje meir. Med ein T% til stades har me to TBU-ar og tre tonar: H_P + L] + T%. Tankane går då intuitivt til tonetreningsle og ei eller anna utgåve av *CROWD igjen. I delkapittel 3.4 såg me fleire døme på at L] fall bort i trimoraiske tonelag 2-AP-ar dersom det kom ein L_{lex} like etterpå. Det me har i (4.3.2) og (4.3.3), må difor òg innebera at den føreslegne OCP/*MAX (L) ikkje berre må plasserast på rett stad i eit hierarki med *CROWD (slik at L] kan strykast mediant i ytringa) men òg at OCP/*MAX (L) er posisjonelt avhengig, slik at L] ikkje vert stroken pga. OCP i siste AP ved tonetreningsle der. Utan å gå det nøgnare etter i saumane kan dette uttrykkjast på fleire måtar. I (4.3.4) har eg valt å uttrykkja det med ein høgt rangert MAX/*OCP-FINAL (L), utan å trekkja inn den lågt rangerte OCP/*MAX (L).

(4.3.4) Final tonetreningsle ved L%, med IP-dominert H framføre.

| | H _{IP} + H _P L] L% μμ | MAX/*OCP- FINAL (L) | *CROWD | MAX (H _P) |
|----|--|------------------------|--------|-----------------------|
| a. | H _{IP} + H L L | | * | |
| b. | H _{IP} + L L | | | * |
| c. | H L L | | * | |
| d. | H _{IP} + H L | * | | |
| e. | H L | * | | |

Eit spørsmål som melder seg, er sjølvstykkt kvifor H_P ikkje på liknande vis kan forsvinna under tonetreningsle der det *ikkje* er nokon IP-dominert H rett framføre, som i siste AP-en i (4.2.1), som har $H_P + L] + L\%$. Dette er forresten akkurat den same tonetreningsla som i siste AP-en i (4.3.1), med $H_P + L] + H\%$ (einaste skilnaden mellom dei to er polariteten til T%). Svaret må openbert vera at i slike tilfelle vil ein AP-initial L] (for han vert AP-initial når H_P fell bort) auditivt sett fungera som framhald på L] i AP-en til venstre. Det finst dermed ikkje noko som indikerer at det finst eit primærtrykk der, og me bryt med ei føring MAX ('σ) som må vera heller høgt rangert.

Etter ein IP-dominert H vil derimot ein AP-initial L] kunna forsvarast ved at overgangen frå H til L genererer eit primærtrykk, slik me såg det i underkapittel 4.2.1. Medan HL/'σ i det underkapittelet forbaud visse konstruksjonar (og tvinga L_{lex} til å verta H_{lex}), er det her den same mekanismen som *bergar* vinnarkandidat *b* i (4.3.4) ved å indikera nettopp at ved HL skal det finnast eit primærtrykk, slik at me dermed heller ikkje bryt med MAX ('σ).

Tablået i (4.3.5) illustrerer ved fyrste augnekast ei anna side av det same, altså korleis HL og 'σ heng saman. Taparkandidat *b* har ikkje HL, og dermed saknar me eit primærtrykk. Døme (3.5.8) synte likevel at ein kan ha eit primærtrykk utan HL (der var det $L_{lex} + H$). Den prosessen som gjer at ein persiperer eit primærtrykk ved HL, gjeld altså ikkje motsett veg: Ein treng ikkje HL fordi om ein har eit primærtrykk. Når kandidat *b* taper i (4.3.5), kjem det av at ingenting skjer i AP-en. AP-en inneheld berre to lågtonar, noko som anten vil verta oppfatta som eit framhald på ein føregåande AP (og dermed forsvinn eit primærtrykk), eller som fråvær av metrisk informasjon i det heile teke. Alt i alt verkar det då som primærtrykk er avhengig i alle fall av ein H, medan HL i alle tilfelle vil indikera primærtrykk.

(4.3.5) Final tonetreningsle ved L%, utan IP-dominert H framføre.

| | (L) + $H_P L] L\%$ $\mu\mu$ | MAX ('σ) | MAX/*OCP- FINAL (L) | *CROWD | MAX (H_P) |
|----|--------------------------------|--------------|------------------------|--------|------------------|
| a. | ☞ (L) + H L L | | | * | |
| b. | (L) + L L | * | | | * |
| c. | (L) + H L | | * | | |

Når IU-grensetonen er H%, gjeld meir eller mindre dei same prosessane som når han er L%. Føringa MAX ('σ) er ikkje teken med i tablået i (4.3.4),

men ho er med i (4.3.6). Der trengst ho eksplisitt, samstundes som me ved H% ikkje treng å taka med MAX/*OCP-FINAL (L). Det same gjeld (4.3.7).

(4.3.6) Final tonetrenngle ved H%, med IP-dominert H framføre.

| | $H_{IP} + H_P L] H\%$ $\mu\mu$ | MAX (' σ) | *CROWD | MAX (H_P) |
|----|-----------------------------------|-------------------|--------|---------------|
| a. | $H_{IP} + H_P L] H\%$ | | * | |
| b. | $H_{IP} + L] H\%$ | | | * |
| c. | $H_P L] H\%$ | | * | |
| d. | $H_{IP} + H_P H\%$ | * | | |
| e. | $H_P H\%$ | * | | |

Kandidatane *d* og *e* i (4.3.6) ville ikkje ha sett annleis ut reint fonetisk enn ein ytringsfinal og IP-dominert H av den typen me såg i (4.1.8). Dermed ville heller ikkje primærtrykket i AP-en ha overlevd som primærtrykk, og AP-en ville ikkje ha overlevd som AP.

(4.3.7) Final tonetrenngle ved H%, utan IP-dominert H framføre.

| | $(L) + H_P L] H\%$ $\mu\mu$ | MAX (' σ) | *CROWD | MAX (H_P) |
|----|--------------------------------|-------------------|--------|---------------|
| a. | $(L) + H_P L] H\%$ | | * | |
| b. | $(L) + L] H\%$ | * | | * |
| c. | $(L) + H_P H\%$ | * | | |

Som me var inne på i delkapittel 3.5, er statusen til *CROWD noko som må sjåast nærare på, både med tanke på posisjonsavhengige prosessar og med tanke på ei eventuell oppsplitting i *HL og *LH. Vidare er den sentrale føringa HL/' σ ei språkspesifikk ad hoc-føring som treng å verta analysert som eit sett av universelle føringar.

Fleire stader manglar det òg evidens for ei indre rangering av ulike føringar, t.d. DEP (' σ), HL/' σ , MAX (T_P) og MAX (T_{lex}) i (4.2.7). Når det finst mange slike samgrupperingar utan indre rangering, trengst det openbert fleire undersøkingar før ein kan byrja å kombinera dei ulike føringssetta i stor stil.

Med slike manglar i analysen min vel eg å ikkje setja opp noko samla rangeringsskjema for dei føringane eg har brukt i kapittel 3 og 4.


5 Samansette ord

I den dialektologiske litteraturen er det nemnt at samansette ord i søresunnmørsk har «etterlekksaksent», eller «oksytonering», med primærtrykk på andre samansetjingslekken i dei tilfella der andre dialektar har tonelag 2 med primærtrykk på fyrste samansetjingslekken. Christiansen (1976:197ff) held dette saman med andre dialektområde, og nemner (s. 197): «Det er særleg dialektene i Nord-Gudbrandsdal, Øst-Telemark (Tinn), Trysil, Sunnmøre og Nordfjord som er kjent for bruk av etterleddsaksent.» Ho nemner fleire område på s. 197ff.

5.1 Oversyn

I delkapittel 2.3 presenterte eg ein figur (2.3.18), her attgjeven som (5.1.1). Berre den siste AP-en, *bra*, var skild ut med lang, loddbein strek i (2.3.18). Likevel skreiv eg at når H_p i ordet «jentenivået» kjem i fjerde stavinga, så var dette ei forskuving av primærtrykket, og at dei tre fyrste stavingane ikkje sorterer under den AP-en som primærtrykket i ordet, på fjerde stavinga, høyrer til. Ein alternativ analyse med L_{lex} på dei tre fyrste stavingane ville dermed vera feil, og ytringa må analyserast med anakruse: (jenteni- ((¹vået var)_{AP}) (¹BRA_{AP})_{IP})_{IU}) L%. I (5.1.1) er alle AP-grensene markerte i tråd med denne analysen.

(5.1.1) *Analysert slik:* (jenteni- ((¹vået var)_{AP}) (¹BRA_{AP})_{IP})_{IU}) L%



For søresunnmørsk avviste eg dermed å taka med Trondheimsmodellens morfo-tonale prosodiske ord (dvs. ‘segmentstreng frå og med primærtrykkstavinga til og med slutten på det morfologiske ordet’). For Vestvågøy

fann eg at eit slags prosodisk ord måtte finnast, sidan det avgjorde assosieringa av H_P , men utan at eg ville vera for bastant på om det var det metriske prosodiske ordet i eit metrisk prosodisk hierarki eller Trondheimsmodellens morfo-tonale prosodiske ord i eit tonalt hierarki.

Når eg avviste at det var eit morfo-tonalt prosodisk ord som avgjorde tonaliteten i (5.1.1), var dette å seia at den initiale L der ikkje er noko L_{lex} som spreier seg. Dermed dreier den initiale L-tonen seg ikkje om nokon parallell til den nordnorske spreinga av H_P .

Det sunnmørske dømet (5.1.1) skal etter denne analysen altså ikkje vera eit døme på at ein AP-initial L spreier seg på grunnlag av utstrekninga til eit morfo-tonalt prosodisk ord, men derimot at sjølve venstregrensa til AP flytter seg mot høgre. Tonelaget vert tonelag 1, altså utan L_{lex} . Den initiale L i (5.1.1) må vera %L, og primærtrykket kjem på stavinga *vå*.

I innleiinga til dette kapittelet nemnde eg at Christiansen (1976) ser på fenomenet. Selmer (1948, særleg s. 45ff) ser òg på det, men analysen hans er fonetisk fundert, og sidan 1948 var rundt 30 år før autosegmental fonologi vart lansert, problematiserer Selmer sjølv sagt ikkje i kva grad det er dei ulike tonane som berre har andre assosieringsmåtar enn me kjenner frå usamansette ord.

I Abrahamsen (1998a) argumenterte eg for den analysen som eg m.a. la til grunn for avvisinga av det morfo-tonale prosodiske ordet til slutt i delkapittel 2.3: at me ikkje har nokon spreidd L_{lex} i slike ord, men derimot anakruse, og at primærtrykket (med tonelag 1) kjem på ei seinare staving.

Det eine argumentet mitt den gongen gjekk ut på at fallet frå H_P til L] i slike samansette ord skjer innanfor éi staving. Dette ser me i (5.1.1), der dette fallet skjer innanfor stavinga *vå*. I Abrahamsen (1998a) la eg då til grunn at når dette fallet skjer innanfor éi og same staving, så er dette identisk med det som kan observerast ved tonelag 1. Ved tonelag 2, derimot, deler H_P og L] ikkje staving. Overgangen frå H_P til L] ved etterlekkstrykk var altså identisk med den tilsvarande overgangen frå H_P til L] i det som utvilsamt er tonelag 1.

Problemet med dette argumentet er, som me har sett i kapittel 3, at grunnen til at H_P og L] ved tonelag 2 til vanleg ikkje deler staving, er at den andre stavinga i tonelag 2-AP-ar som oftast er monomoraisk, medan H_P ved tonelag 1 alltid er å finna til venstre i ei bimoraisk staving (primærtrykkstavinga), som dermed òg har plass til L]. Dermed ser overgangen frå H_P til L] ut til å skje på ulikt vis ved tonelag 1 og tonelag 2, men i røynda er det ikkje tonelaget men stavingsstrukturane som avgjer korleis den overgangen skal skje (inne i éi staving eller fordelt på to stavingar). Argumentet fell altså saman fordi det bygde på ein for dårleg analyse av dei tonale forholda i søresunnmørsk.

Eit anna argument i Abrahamsen (1998a) var: Når ein plasserer eit samansett ord med potensielt etterlekkstrykk (eg brukte dømet *vanedyra*) etter ein IP-dominert H, så held tonen seg på eit H-nivå langt inn i det gjevne ordet. Såleis plasserte eg *vanedyra* etter ein IP-dominert H, og tonen heldt seg på H-nivået gjennom stavingane *vane*, før me fekk eit HL-fall i *dy* og L i *ra*. Det ville for *jentenivået* svara til eit H-nivå på *jenteni*, fall på *vå* og L på *et*, dersom ordet vert plassert etter ein IP-dominert H.

Eg meinte her at dersom dei initiale stavingane i ordet *vanedyret*, dvs. stavingane *vane* (eller *jenteni* i (5.1.1)), i utgangspunktet bar på ein leksikalsk lågtone, så ville det vera umogeleg å skifta ut denne lågtonen med ein H. Stavingane *vane* (eller *jenteni*) måtte difor, når dei hadde ein H, vera plasserte rett under IP, og dermed måtte AP-en byrja fyrst med stavinga *dy* (*vå*). At AP-en byrjar der, er ein annan måte å seia det på, at den stavinga ber primærtrykket.

Men som me har sett i kapittel 4, baserer også dette argumentet seg på ein mangelfull analyse: For det fyrste finst T_{lex} som tonal eining i sunnmørsk (etter alt å døma som underliggjande L), og det er både vel og bra. Men for det andre er det fullt mogeleg å ha ein H_{lex} , og eg har presentert fleire døme på at H_{lex} då framleis er ein eigen H til skilnad frå H-tonane rundt han, sjå t.d. (4.2.1) og drøftingane i delkapittel 4.2 med underkapittel. At byrjinga av ordet *vanedyra* ligg på eit H-nivå når det vert produsert like etter ein IP-dominert H, seier altså i seg sjølv ingenting om i kva grad desse fyrste stavingane i ordet er inni eller til venstre for AP-en, eller om ein T_{lex} er eller ikkje er til stades.

Det tredje argumentet mitt den gongen handla òg om det som skjer etter IP-dominert H, nemleg det me har sett i delkapittel 4.3 (sjå t.d. døme (4.3.3)): Ein monosyllabisk (dvs. bimoraisk) tonelag 1-AP (i final posisjon, det vart ikkje presisert i den artikkelen) manglar H_p .

I artikkelen brukte eg dømet *vanedyr*, med postulert primærtrykk på siste stavinga, medan dei to fyrste stavingane vart sagde å vera direkte dominerte av IP, og dermed hadde H: ((($^1der_{AP}$) ($^1GJENGER_{AP}$) eit vane-IP) (($^1DYR_{AP}$)IP)IU) L%. Dømet var altså, med unntak av polariteten til T%, parallelt med (4.3.3): (han (($^2OLA_{AP}$) vilde male_{IP}) (($^1MUR_{AP}$)IP)IU) H%.

Eg viste i artikkelen at den siste stavinga i *vanedyr* mangla H_p , til skilnad frå ein tilsvarende konstruksjon med *vanedyra*, som òg hadde eit postulert primærtrykk på tredje stavinga, og dei to fyrste rett under IP: *vanedyr* [vá:nédý:r] mot *vanedyra* [vá:nédý:rà]. Det konkrete dømet var ((($^1der_{AP}$) ($^1GJENGER_{AP}$) no vane-IP) (($^1DYRA_{AP}$)IP)IU) L%, som er parallelt med (4.1.6): (han (($^2OLA_{AP}$) vilde male_{IP}) (($^1MUREN_{AP}$)IP)IU) L%

Eg la til grunn ein autosegmental analyse, og meinte at eit slikt bortfall av H_P berre kunne skjje i monosyllabiske AP-ar. Det var då òg i og for seg rett, noko som er drøft på ein heilt annan måte (nemleg optimalitetsteoretisk) i delkapittel 4.3. Dermed burde analysen av *vanedyr* i den samanhengen vera grei nok: *dyr* var åleine i AP.

Problemet med dette er at det er fullt mogeleg å analysera det slik at etter IP-dominert H (på stavinga *eit i der gjenger eit vanedyr*) har *vanedyr* tonelag 2 med tonane H_{lex} (på 1. staving) + H_P (på andre staving) + L] (siste staving): [vá:nédÿ:r]. H_P skulle eigentleg koma på tredje stavinga, kunne me seia, slik tilfellet er for *vanedyra* [vá:nédÿ:rà] etter IP-dominert H, og dessutan for *vanedyr* [và:nèdÿ:r] som ikkje kjem etter ein IP-domert H. Så kan ein seia at pga. tonetrengele må H_P skuvast litt til venstre, noko som av ymse grunnar går greitt, og dermed har me altså det som er skissert: H_{lex} på 1. staving, H_P på andre staving, og L] (siste staving): [vá:nédÿ:r].

Dermed kan det sjå ut til at konturen til venstre i (5.1.1) kan analyserast både som ei forskuving av primærtrykket til fjerde stavinga, og som ei realisering av tonelag 2 der L_{lex} ligg på alle dei tre fyrste stavingane. Det trengst ei avklaring, og særleg når det påståtte etterlekkstrykket berre finst i ord som har tonelag 2 i andre dialektar. Eit samansett ord som ¹*brannmannen*, som har tonelag 1 med primærtrykk på fyrste stavinga i t.d. austlandsk, har dermed tonelag 1 med primærtrykk på fyrste stavinga også i søresunnmørsk.

5.2 Diakron evidens

Ein skal vera varsam med å trekkja inn diakrone tilhøve, men som ei innleiing kan slikt vera nyttig for oversynet sin del. Kunnskapar om korleis eit språk har vore på eit tidlegare stadium, kan gjeva oss idear om korleis ein kan analysera det same språket på eit seinare stadium, men ein kan sjølvsagt ikkje *låsa* den synkrone analysen på grunnlag av diakron evidens.

I dagens sunnmørsk vil eit samansett ord som *jentenivået* ha to moraer både i den stavinga der primærtrykket ligg i den usamansette fyrstelekken, og i den stavinga der primærtrykket ligg i den usamansette andrelekken. Med dei usamansette formene [ʔjæn:te] og [n¹vo:ε] vil det seia at i ordet *jentenivået* er både den fyrste og den fjerde stavinga bimoraisk.

Hevdar me at me har tonelag 1 med trykkforskuving mot høgre, så er dette ein analyse som seier at fjerdestavinga har primærtrykk og fyrstestavinga sekundærtrykk.

Hevdar me derimot at me har tonelag 2 med ein utstrekt leksikalsk tone, så er dette ein analyse som seier at fyrstestavinga har primærtrykk og fjerdestavinga sekundærtrykk. Eg legg då til grunn at den leksikalske tonen finst berre innanfor ein AP, og er assosiert til primærtrykkstavinga (jf. drøftinga i underkapittel 4.2.2 og 4.2.3, med den konklusjonen at ein L til venstre for ein AP anten er %L eller ein L], som igjen er noko anna enn L_{lex}).

I eldre sunnmørsk var dei metriske forholda annleis enn no i ord som *jentenivået*, noko som leksikaliserte former vitnar om også i dag. Eit døme er *tralemasket* ‘alle smågreiene, heile ruklet’, som er sett saman av *tral* ‘skrap, verdilaus ting’ og *mask* ‘småbitar, rusk’ med *e* som fuge. I produktivt samansetjingsmønster skulle dette ha vorte [trà:lèməç:cçè], men det er leksikalisert som [trà:lèməç:cçè]. Den leksikaliserte forma har éi lang staving, nemleg den tredje, som dermed er den einaste kandidaten til rolla som primærtrykkstaving, og som dermed innleier ein tonelag 1-AP. Ordet *tralemasket* har dermed same tonalitet og metrikk som kvart eit ord som har fire stavingar med tonelag 1 og primærtrykk på tredje staving, t.d. *telefonen*.¹

Christiansen (1976:203) nemner fleire døme, men desse døma må vera frå ei tid då denne kvantitetsvekslinga var produktiv. Ho nemner t.d. (med hennar transkripsjon) *grågå'sa*, dvs. (i mi omskriving) [grø¹go:sà], med same metrikk som i framandordet *metrikken*. I dagens sunnmørsk vil det heita [grò:gô:sà], altså med lang fyrstestaving (men framleis *me¹trikken* med stutt fyrstestaving).

At det har funnest ei produktiv veksling mellom ulike metriske forhold, tyder i det minste på at det ein gong i tida verkeleg har handla om etterlekkstrykk. Spørsmålet er korleis ein skal analysere LHL-sekvensen i den produktive forma [grò:gô:sà], altså om primærtrykket framleis ligg på andrestavinga (eller fjerdestavinga i *jentenivået* [jæ̀n:tènìvô:è]), slik at fyrstestavinga berre har sekundærtrykk, eller om det ligg eit primærtrykk på fyrstestavinga, og eit sekundærtrykk på stavinga *gå* (*vå*).² Ein konsekvens av denne siste analysen er at ein eventuell L_{lex} frå innputt rett og slett forsvinn på vegen mot utputt.

¹Det finst mange slike leksikaliserte former med kvantitativt redusert fyrstestaving og primærtrykk på andrelekk, særleg i stadnamn, t.d. *Vanylven* [vàn'ýl:vì] *Sykkylven* [s'çç'ýl:vì], *Sævikane* [sèvî:kàjè]. Til det siste stadnamnet svarar forresten slektsnamnet *Sævik* [sè:vî:k], som har lang fyrstestaving.

²Eg tek då utgangspunkt i at den leksikalske tonen alltid skal vera assosiert til (noko i) primærtrykkstavinga til venstre i AP, jf. underkapittel 4.2.2 og dei problema for analysen av dei empiriske dataa som oppstår dersom me lèt den leksikalske tonen stå nokon stad til venstre for AP.

Dei to arbeidshypotesane er altså at me anten har etterlekkstrykk med tonelag 1 (og dermed utan T_{lex}), eller at me har tonelag 2 med primærtrykk på den fyrste stavinga (og dermed ein T_{lex} som vert assosiert til meir enn berre den fyrste stavinga). Det kan sjølvstøtt vera at T_{lex} , trass i alle drøftingane i 4.2.2 og 4.2.3, ikkje treng vera avhengig av å landa på primærtrykkstavinga, og at han dermed under visse omstende (t.d. i samansette ord) kan innleia ein AP som har den metrisk tyngste stavinga lenger til høgre, dvs. primærtrykk på *vå* i *jentenivået*, men framleis T_{lex} på *jenteni*. Denne tredje hypotesen skal eg lata liggja, og konsentrera meg om det overordna spørsmålet: Er T_{lex} til stades, eller er han ikkje til stades i eit ord som *jentenivået*? Er T_{lex} ikkje til stades, vil denne tredje hypotesen i alle fall vera irrelevant.

I det ubøygde dømet *grågå's* med lang fyrstestaving og lang andrestaving er det sjølvstøtt òg eit spørsmål kvar primærtrykket og sekundærtrykket ligg. Der er tonaliteten den same som i *blodmat i* i fig. (3.2.2), der det vart sagt at me hadde tonelag 2, og dermed implisitt primærtrykk på den fyrste stavinga. Dømet *blodmat* vil difor verta særleg drøft i omtalen av figurane (5.3.4) og (5.3.5) under.

5.3 Synkron evidens

For moderne søresunnsmørsk kan altså spørsmålet om etterlekkstrykk eller ikkje etterlekkstrykk formulerast slik: Har me ein T_{lex} i slike tilfelle? Dersom me har ein T_{lex} , må me utvida analysen med spørsmålet om kvar den metrisk sterkaste stavinga ligg (jf. den tredje hypotesen).

I delkapittel 4.2 såg me at etter ein stigande, IP-dominert kontur (dvs. med materiale til venstre og direkte under IP) i ikkje-initial posisjon (dvs. IP nr. 2 i ein IU) vil T_{lex} stengja for ein OCP-fusjon av H_{IP} og høgtonane til høgre. Dermed vert H_{IP} synleg til venstre for venstre AP-grense, jf. fig. (4.2.3).


Dersom det finst ein T_{lex} til venstre i (5.1.1), anten den fyrste stavinga har primærtrykk eller (som i den tredje hypotesen) sekundærtrykk, så må me venta at når det ordet som lisensierer den tonen, *jentenivået*, vert plassert til høgre for IP-dominert materiale til venstre i andre IP, så vil me kunna sjå H_{IP} på slutten av det stigande området, og før ordet *jentenivået* tek til. Ein struktur som (*han* (²*OLA*_{AP})_{IP}) (*vilde prat' om* (²*JENTENIVÅET*_{AP})_{IP})_{IU}) skal då vera den einaste mogelege, og stavinga *om* skal ha ein H. Om T_{lex} ikkje er til stades, skal me få (*han* (²*OLA*_{AP})_{IP}) (*vilde prat' om jenteni-* (¹*VÅET*_{AP})_{IP})_{IU}) med ei stiging gjennom heile *vilde prat' om jenteni*, og deretter éin einaste H, nemleg på *vå*.

Dersom H_{lex} ikkje er til stades, tyder det at lågtonen til venstre i (5.1.1) ikkje er leksikalsk, men intonasjonell, nærare sagt %L. Det tyder vidare at primærtrykket ligg på den fjerde stavinga, og at me har tonelag 1. Ved IP-dominert materiale til venstre i IP nr. 2 skal me då få ei stiging opp mot éin einaste H, og den høgtonen skal liggja inne i den fjerde stavinga i ordet *jentenivået*, og vera identisk med H_P . H_{IP} skal ikkje vera synleg, sidan han er OCP-fusjonert i og med at T_{lex} ikkje la seg imellom H_{IP} og H_P og sperra for den fusjonen.

Resultatet ser me i fig. (5.3.1), *han OLA vilde prat' om JENTENIVÅET*. Stiginga frå *vilde* held fram gjennom heile *jenteni-*, og når ikkje H_P før i stavinga *vå*. Det finst berre éin høgtone i ordet *jentenivået*, dvs. at det ikkje finst nokon H_{IP} eller H_{lex} der. Utan leksikalsk tone har me tonelag 1; og H_P , som ikkje har nokon T_{lex} til venstre for seg, legg seg ved venstrekanten av primærtrykkstavinga. Primærtrykkstavinga er altså *vå*, og me har å gjera med etterlekkstrykk.

Transkripsjonen og AP-inndelinga i (5.3.1) vert difor slik som dei er presenterte der.


(5.3.1) (han (²OLA_{AP})_{IP}) (vilde prat' om jenteni- (¹VÅET_{AP})_{IP})_{IU}) L%




Minimale par mellom tonelag 2 og etterlekkstrykk finst, slik at ein skil mellom samansette og usamansette ord. Substantivet *leigebil* har såleis obligatorisk primærtrykk på *bil*, medan verb + objekt *leige bil* ikkje har det. Ein sekvens [læ̀:ɾ:gébi:l] med H_P på *ge* vert eintydig oppfatta som (²LEIGE bil_{AP}), t.d. i ein konstruksjon som *han får LEIGE bil*; medan *leigebil* må realiserast som [læ̀:ɾ:gèbî:l] med H_P på *bil*. Det er òg berre desse tonale tilhøva som skil mellom *han fekk fiskemat* (han fekk fiske- (¹MAT_{AP})_{IP})_{IU}) og *han fekk (laut) FISKE mat* (han fekk ((²FISKE mat_{AP})_{IP})_{IU}). I det fyrste tilfellet fekk han servert mat med fisk som viktig ingrediens, t.d. fiskekaker, i det andre tilfellet måtte han sjølv ut på sjøen og fiska seg mat. Leigebil-dømet er

illustrert i (5.3.2) og (5.3.3). Ver merksam på det mikroprosodiske rusket som får den stutte, fyrste stavinga *han* i figurane til å sjå ut som eit HL-fall.

(5.3.2) (han fær (²LEIGE bil_{AP})_{IP})_{IU}) L%



(5.3.3) (han fær leige-(¹BIL_{AP})_{IP})_{IU}) L%




Christiansen (1976:203) nemner: «Tostavete komposita har som regel aksenten på 1. ledd[.] Har ordet dobbelt tonelag, skifter aksenten over til etterleddet i de bøyde formene.» Ho nemner døme som m.a. *grå`gå's*, dvs. [²gro:go:s], mot *grågå`sa*, dvs. [gr̥¹go:sa].

I døme (3.2.2) brukte eg dømet *blodmat*, og sa at fyrste stavinga, *blod-*, fekk L_{lex}, medan *mat* fekk H_p + L]. Dette var ein del av drøftinga av mora som TBU. Eg problematiserte likevel ikkje der om dette kunne vera eit tilfelle av etterlekkstrykk, slik at me ikkje hadde L_{lex} på fyrstestavinga, men at denne heller sorterte under førre AP, med L].


Om Christiansen har rett, er ikkje dette noko problem, sidan samansetjinga berre har to stavingar, og dermed har tonelag 2. I figurane (5.3.4) og (5.3.5) prøver me ut dette. Og det me ser, er at *blodmat* i (5.3.4) har ein H gjennom heile den fyrste og halve den andre stavinga, i tillegg til noko som er litt utydeleg på konturen, men som må vera ein H_{IP} til venstre for fyrstestavinga.

Dette rimar godt med at me har ein H_{lex} på *blod-*. I (5.3.5) ser me derimot *blodmaten*, som ikkje har H før til venstre i stavinga *mat*. Dette rimar med etterlekkstrykk og tonelag 1.

(5.3.4) (((DAMENE vil- AP) IP) (d' ete (BLODMAT no AP) IP) IU) $L\%$



(5.3.5) (((DAMENE AP) IP) (vild' ete blod- (MATEN no AP) IP) IU) $L\%$



For ordens skuld vert siste AP-en i dei to figurane avslutta med *no*, for å unngå eventuelle tonetreningsleeffektar som eg ikkje har tenkt på.

Jamvel om Christiansen er morfologisk orientert, og skriv «i de bøyde formene», vil det i eit fonologisk perspektiv vera naturleg å sjå på vekslinga mellom tonelag 2 i (5.3.4) og etterlekkstrykk i (5.3.5) som eit utslag av lengda på ordet *blodmat/blodmaten* målt i talet på metriske einingar, t.d. stavingar.

Dette ekstra *no* i (5.3.4) viser forresten at etterlekkstrykk er knytt til ordnivået, ikkje til AP-nivået, sidan me med *no* (som har sekundærtrykk i begge figurane) har den ekstra stavinga som elles ville ha ført til etterlekkstrykk.

5.4 Morfologisk status og morfologiske tilhøve

Både Christiansen og Selmer omtalar etterlekkstrykk i søresunnmørsk som eit reint morfologisk fenomen, som har å gjera med at orda er samansette. At komposita generelt kan ha ein særstatus i språk, er heller ikkje noko nytt, sjå t.d. Johannessen (2001) for eit morfologisk perspektiv på dette. Ove Lorentz (personleg melding) fortel òg om talemålet i indre Nord-Troms og Finnmark, som ikkje har tonelagsmotsetnader, men som likevel skil mellom *antabusen* (lækjarmiddel) og *altabussen* (bussen til Alta) reint tonalt. Begge orda har primærtrykk på fyrstestavinga og sekundærtrykk på tredjestavinga. Det usamansette ordet *antabusen* har H på *an* og L på resten,¹ medan det samansette ordet *altabussen* har H på *alta*, og L frå sekundærtrykkstavinga og utover, *bussen*.

5.4.1 Morfologi mot fonologi

Eit spørsmål er om det er statusen som morfologisk samansett ord som fører til etterlekkstrykk i søresunnmørsk, eller om det er andre restriksjonar som er knytte til ordforma som heilskap.

For nokre år gjekk det eit språkprogram på radioen, der ein av dei meir normative passasjane gjekk ut på at ordet *adjektiv* skulle uttalast med tonelag 2. Etter å ha spurt meg føre mellom austlendingar som snakkar meir eller mindre «standard søraustnorsk», og som legg trykket på siste stavinga i ord som *avis* og *banan*, har eg fått det stadfest at *adjektiv* gjerne vert uttala nettopp med tonelag 2 (og trykk på fyrste stavinga, som i sunnmørsk), om enn tonelag 1 òg er brukt. Også orda *substantiv*, *Abraham* og *Abrahamsen* vert ofte uttala med tonelag 2, og trykk på fyrste stavinga, altså: ²*adjek₁tiv*, ²*substan₁tiv*, ²*Abra₁ham*, ²*Abra₁hamsen*.

For meg som har morsmålskompetansen min frå Søre Sunnmøre, heiter det ¹*adjek₁tiv*, ¹*substan₁tiv*, ¹*Abra₁ham* og ¹*Abra₁hamsen*.²

Sams for desse orda er at dei har to tunge stavingar: primærtrykket ligg på fyrste stavinga, medan tredje stavinga har eit sekundærtrykk, t.d. (på sunnmørsk) [¹ad:jek₁ti:v] og [¹a:bra₁ham:]. Sams er òg at det for meg med nemnde morsmålskompetanse er direkte ugrammatisk å seia [²ad:jek₁ti:v] osb. Eg klarer det rett nok, men berre fordi eg er trenna i å eksperimentera med

¹Det same gjeld *ananasen* og andre usamansette ord med dei same metriske tilhøva.

²Eg skal ikkje løyna at det er uttalen av *Abrahamsen* som har sett meg på sporet av denne skilnaden mellom sunnmørsk og søraustlandsk.

tonar. Dei to einaste grammatiske måtane å uttala dette ordet på er [¹ad:ʒek,tiv] og [¹ad:ʒek¹ti:v]. Det er den fyrste av dei to uttalane som er den leksikalsk etablerte. Den andre er fonologisk uproblematisk (men finst ikkje i vanleg sunnmørsk), og er den som melder seg i staden for tonelag 2 når eg prøver å uttala ordet i tråd med retningslinene frå det nemnde radio-programmet. Det same gjeld dei andre orda.¹

Det verkar såleis som etterlekkstrykket i ord som *jentenivået* ikkje treng å ha med statusen som morfologisk samansett ord å gjera. Det kan like gjerne grunna i at eit morfologisk ord ikkje kan ha primærtrykk på fyrste stavinga med tonelag 2 og sidan eit sekundærtrykk.

Ein slik restriksjon på tonelag 2 + sekundærtrykk lyder unekteleg noko spesiell og umotivert. Det melder seg difor ein tredje analyse som ein mellomting mellom desse to. Kristoffersen (2000:186f) nemner morfologisk usamansette ord som oppfører seg prosodisk (metrisk) som samansette ord. Ut ifrå tilordninga av primærtrykk i austlandsk meiner han at ord som *objektiv*² og *eventyr* [²e:uŋ.ty:r] må vera prosodisk samansette. Om adjektivet *objektiv* har eit historisk suffiks *-iv*, er i alle fall *eventyr* morfologisk usamansett, og om denne siste typen seier han (s. 187): «What is problematic with these words is that they have the prosodic structure of a compound, but lack the morphological structure that would justify an analysis of them as compounds.»

Kristoffersen legg til grunn at morfologi og fonologi ikkje alltid fylgjast åt (han refererer til den leksikalsk spesifiserte syllabifiseringa av austlandsk *sagn* [¹sagn] mot *lyngen* [¹lyŋ.ŋŋ]), og ser på det morfologisk usamansette *eventyr* som prosodisk samansett.

Frå ein slik synsvinkel kan sunnmørsk ¹*adjek,tiv* og ¹*Abra,ham* (og ¹*even,tyr*, som òg har tonelag 1 på sunnmørsk) sjåast på nettopp som prosodisk samansette, slik at dei har ein prosodi som svarar til den dei ville hatt om dei var morfologiske samansetjingar: *adjek+tiv* og *abra+ham*.


Eit spørsmål som melder seg då, er kvifor desse orda likevel har primærtrykket på den fyrste stavinga, og ikkje på den andre samansetjingslekken, dvs. på tredje stavinga. Dette spørsmålet kjem me attende til i 5.4.2, etter at dei samansette orda *herrepelshuve* i (5.4.1)–(5.4.4) er presenterte og drøfte.

¹Om eg, som har trening i å eksperimentera med tonar, verkeleg uttalar *adjektiv* ugrammatisk, med tonelag 2 [¹ad:ʒékti:v], høyrst det intuitivt ut som eg syng ordet på melodien til barnesongen «Mikkel rev».

²I dette siterte dømet har me den metriske bruken av aksentar, der oppskrå indikerer primærtrykk og nedskrå indikerer sekundærtrykk.

Legg elles merke til at det ikkje er noko problem å ha ein AP med tonelag 2, der det kjem eit sekundærtrykk seinare i AP-en, men etter det initiale ordet, sjå t.d. fig. (2.3.10), som er sitert her. Det tyder på at jamvel om eksistensen av etterlekkstrykk i søresunnmørsk i seg sjølv ikkje er knytt til statusen som *morfologisk* samansett ord, så handlar det likevel ikkje berre om samspelet mellom metriske forhold og tonalitet. Det handlar òg om morfologi: Ein AP kan gjerne ha tonelag 2, og ha, rekna frå venstre, bimoraisk, monomoraisk, monomoraisk og bimoraisk staving (og meir til), som i (2.3.10). Det er når desse stavingane med desse morastrukturane er i det same morfologiske ordet, at det vert problem.

(2.3.10) (han ((²LEV' ikkje lenger_{AP})_{IP})_{IU}) L%
[ʔɑɲ ʔle:v ic̥ε̃ ,læŋ:geɾ]



Det dreier seg altså om morfologi (etterlekkstrykk er avhengig av ordgrensene), det dreier seg om fonologi (prosodiske samansetjingar), og det dreier seg dermed òg om samspelet mellom morfologi og fonologi.

Det dreier seg jamvel om kva ordklasse samansetjingslekkane har, nærare sagt den fyrste samansetjingslekkane. Eit døme er *firetau*. Det kan vera eit tau som vert brukt til å fira med, men det kan òg vera «tau nr. 4». Når den fyrste samansetjingslekkane svarar til verbet *fire*, heiter det *fire¹tau*. Er det derimot snakk om «tau nr. 4», slik at den fyrste samansetjingslekkane svarar til talordet *fire*, heiter det *fire²tau*. Liknande observasjonar er elles gjorde for romsdalsk, jf. Sandøy (1986).

Det morfologiske aspektet med ordgrenser kjem til synes også på denne måten: Dersom eit morfologisk ord ikkje byrjar på primærtrykkstavinga, altså dersom ein AP byrjar inne i eit morfologisk ord, vert det ikkje etterlekkstrykk. Ordet *kommunestyre*, av [ku²mø:nε̃] og [²sty:rε̃], vert såleis uttala [ku²mø:nε̃sty:rε̃]. Hadde *kommune* berre heitt *munε̃*, framleis med tonelag 2,


ville me derimot fått etterlekkstrykk, med primærtrykket (tonelag 1) på *sty*, [ˌmʉːnɛ¹styːrɛ].¹

5.4.2 Morfologiske strukturar

I tillegg til dette finst det òg ein systematikk i staden som etterlekkstrykket kjem på, som er avhengig av den morfologiske strukturen til samansetjinga.

Ei *herrepelshuve* kan vera minst to ting. Det kan dreia seg om ei huve som er laga av pels, og som klesmoten tilseier at berre menn skal bruka. Den morfologiske strukturen då er [herre + [pels + huve]], som i (5.4.1). Men ei *herrepelshuve* kan òg vera noko meir usmakeleg, nemleg ei huve som er laga av herrepels, dvs. huda frå menn som har mykje hår på brystet og magen. Då er strukturen [[herre + pels] + huve], som i (5.4.2).


Begge dei samansette orda har etterlekkstrykk i søresunnmørsk, men ikkje på same staden. Ordet i (5.4.1) har primærtrykket på andre stavinga, sjå (5.4.2), medan ordet i (5.4.3) har primærtrykket på tredje stavinga, sjå (5.4.4).² I (5.4.1) er begge dei to fyrste stavingane lange, i (5.4.3) kan dei gjerne vera det (og er det i (5.4.4)), men det er for (5.4.3) sin del òg mogeleg å redusera kvantiteten til andrestavinga.




¹Det finst truleg geografisk variasjon her. På føremiddagen den 29.1.2003 var det ein radiojournalist frå Volda (mann, fødd 1973) på kanalen NRK Alltid nyhende som fleire gonger snakka om *ko_,mune¹styret*. Same kvelden kunne ein sportsjournalist frå Volda (kvinne, fødd 1975) snakka på NRK fjernsynet om *e_,lite¹serien*, som eg ville ha kalla *e²lite_,serien*.

²Den mellomlange streken mellom fyrste og andre stavinga i (5.4.2) og (5.4.4) er lagd til segmentgrensa mellom [r] og [ɛ], jf. delkapittel 1.5.


(5.4.2) *herre¹pels,huve* som i (5.4.1): (herre- (¹PELSHUVE_{AP})_{IP})_{IU}) L%



(5.4.3) *herrepels¹huve*



(5.4.4) *herre₁pels¹huve* som i (5.4.3): (herrepels- (¹HUVE_{AP})_{IP})_{IU}) L%



Det same som for *herrepelshuve* gjeld *dame¹hårpynt* ‘hårpynt for damer’ mot *damehår¹pynt* ‘pynt laga for eller av damehår’; *dame¹skinnhanske* ‘skinnhanske for damer’ mot *dameskinns¹hanske* ‘hanske laga av dameskinn’; *husdør¹seljar* ‘person som sel husdører’ mot *hus¹dørseljar* ‘dørseljar som går frå hus til hus, eller som sel ved dørene berre inne i eitt einiskild hus’; *husdør¹sal* ‘sal av husdører’ mot *hus¹dørsal* ‘dørsal ved/i husa’, osb.

Det vil seia at ved etterlekkstrykk i ord med tre lekkar landar primærtrykket til venstre i den andre av dei to primære samansetjingslekkane (dvs. på det nest øvste nivået i den morfologiske strukturen). I (5.4.1) vil denne lekken vera *pelshuve*.

Alt i alt: Eit samansett ord kan ha etterlekkstrykk,¹ men det skjer berre dersom det ikkje i staden har tonelag 1, då kan nemleg primærtrykket koma på den fyrste lekken, som i ¹*brann,mannen*. Ser me bort frå ord som byrjar på trykklett staving, som *ko²mune(-huset)*,² har me altså denne situasjonen:

Tonelag 2 pluss sekundærtrykk er umogeleg dersom ordforma har minst tre stavingar. Er ordet sett saman av to eller fleire morfologiske røter (som i *grågåsa* og begge variantane av *herrepelshuve*), kan ein unngå tonelag 2 med primærtrykk på fyrste staving ved å leggja primærtrykket (med tonelag 1) på den tunge stavinga lengst til venstre i den andre primære samansetjingslekken. Primærtrykket hamnar difor på den tunge stavinga lenst til venstre i den andre primære (men sjølv samansette) samansetjingslekken *-pelshuve* i (5.4.3), og sameleis på den tunge stavinga lengst til venstre i den andre primære (og sjølv usamansette) samansetjingslekken *-huve* i (5.4.4). På same måten hamnar primærtrykket også på den tunge stavinga lengst til venstre i den andre (og i seg sjølv usamansette) samansetjingslekken *-gåsa* i ¹*grå¹gåsa*, og sameleis på *vå* i lekken *-nivået* i samansetjinga *jenten¹vået* i (5.1.1).³

Eit alternativ til etterlekkstrykk kunne ha vore å leggja primærtrykket på fyrstelekken, men då med tonelag 1 (som er det einaste mogelege då). Men dette ville ha brote med dei leksikalske eller morfologiske opplysningane om at det skal brukast noko anna enn tonelag 1 når den lekken er fyrstelekk i ei samansetjing.⁴

¹Og ordet *etterlekkstrykk* heiter då typisk nok *etter,lekks¹trykk* på søresunnmørsk.

²Ortografi og fonologi går ikkje alltid hand i hand. Den fyrste stavinga i *kommune* er *ko*, ikkje *kom*. For å unngå mistydingar vel eg å avvika frå rettskrivinga til dette ordet når eg markerer trykk og tone. Eg kjem sidan til å avvika på liknande vis med ordet *kollega*.

³Unntak finst. Sjølv uttalar eg *litlejolaftan* som [ˌlɪfːɛjuːlɔfːtɑ], med primærtrykk på tredje samansetjingslekken, der ein skulle ha venta primærtrykk på andre lekken, sidan ordet er sett saman som *litle+jolaftan*. Dette, saman med andre tilsvarande døme, kan tyda på at tilfella med primærtrykk på den andre av tre samansetjingslekkar kan ha ein *presiserande* funksjon i høve til den morfologiske strukturen, når den primære samansetjingsstaden går mellom fyrste og andre lekken. Til skilnad frå *litlejolaftan* må eg t.d. skilja obligatorisk mellom ¹*gamle far¹saka* (saka om gamlefar) og ¹*gamle¹fars¹saka* (den gamle far(skap)ssaka). Derimot er det valfritt for meg med *jole¹høg¹tida* eller *jole¹høg¹tida*; ¹*Nynorsk¹ord¹boka* eller ¹*Nynorsk¹ord¹boka*. Det kan sjølv sagt òg vera at eg som informant og sunnmøring har to konkurrerande system i språkkompetansen min.

⁴Kristoffersen (1992) drøfter den leksikalske statusen til tonale eigenskapar ved samansetjingar, og meiner at det er ein leksikalsk eigenskap ved t.d. *lys* når *lysår* i

Visse restriksjonar må det likevel vera her. Dersom andrelekken i eit trikompositum har minst éi staving etter den potensielle trykkstavinga si (dvs. dersom andrelekken har minst éi monomoraisk staving etter den leksikalsk bimoraiske), vil dette blokkera for primærtrykk på tredjelekken, og primærtrykket kjem obligatorisk på andrelekken: $\text{,hus}^1\text{eigar,}^1\text{bil}$ ‘bilen til huseigaren’, sjølv om me etter den kartlagde strukturen skulle ha venta $^*\text{,hus,}^1\text{eigar}^1\text{bil}$. Sameleis $\text{,storko}^1\text{mune,}^1\text{prat}$ ‘prat om storkommune’, ikkje $^*\text{,storko,}^1\text{mune}^1\text{prat}$. Med den tunge stavinga plassert *til slutt* i andrelekken (t.d. *nivå*) vert derimot ikkje trykkplasseringa på tredjelekken blokkert: $\text{,jenti,}^1\text{våbe}^1\text{styrar}$. Me kjem attende til dette i underkapittel 5.5.2.

Merk at «den tunge stavinga lengst til venstre» gjerne kan vera ei staving som berre har sekundærtrykk i det usamansette ordet som lekken representerer. Ordet *fantasi* har såleis sekundærtrykk på den fyrste stavinga og primærtrykk på den tredje: $[\text{,f}^1\text{an:t}^1\text{a:si}]$. Samansetjinga *barnefantasi* har derimot primærtrykket på stavinga *fan*, slik: $[\text{,ba:n}^1\text{e}^1\text{f}^1\text{an:t}^1\text{a:si}]$. Sameleis *orangutang* $[\text{?u:raŋ:gu}^1\text{taŋg}]$ men *barneorangutang* $[\text{,ba:n}^1\text{e}^1\text{?u}^1\text{raŋ:gu}^1\text{taŋg}]$; *identiteten* $[\text{,i:d}^1\text{æ:n:t}^1\text{ite:t}^1]$ men *dameidentiteten* $[\text{,da:m}^1\text{e}^1\text{?i}^1\text{d}^1\text{æ:n:t}^1\text{ite:t}^1]$.¹

Då kan me koma attende til spørsmålet om kvifor *adjektiv* og *Abraham* ikkje har primærtrykket på tredje stavinga, men på den fyrste, med tonelag 1.

I orda *adjektiv* og *Abraham*, som har vorte analyserte som *prosodisk samansette*, finst det berre eitt leksikalsk morfem. Orda er *morfologisk usamansette*. Her har primærtrykket ikkje nokon alternativ morfologisk node å verta knytt til, og primærtrykket må dermed halda seg på fyrste stavinga. På grunn av statusen som *prosodiske* samansetjingar vert det i den situasjonen umogeleg å få tonelag 2. Alternativet ville vera, som skissert, å få primærtrykket på tredje stavinga (slik som i substantiva *objek¹tiv* og *penta¹gram*), men dette ville bryta med den leksikalske plasseringa av primærtrykket på fyrste stavinga. Løysinga vert då å leggja trykket på den fyrste stavinga, men då med tonelag 1, som i morfologiske samansetjingar av typen $^1\text{esel} + ^2\text{hale} = ^1\text{esel,hale}$.

Kvifor det ikkje kan vera tonelag 2 i slike tilfelle, vert såleis eit spørsmål om kvifor etterlekkstrykk i samansette ord berre finst som obligatorisk avløyser til tonelag 2, medan samansetjingar med primærtrykk på den fyrste stavinga i den fyrste lekken berre har tonelag 1 ($^1\text{brann,mannen}$, $^1\text{esel,hale}$). Eg tek ikkje mål av meg her i denne studien til å svara på dette mest grunnleggjande

austnorsk har tonelag 2, medan *lakksko* har tonelag 1. Analysen hans jamfører dette med segmentale fugar som e-fugen i *sansebedrag* og s-fuge i *dåpshandling*.

¹Dei metriske forholda i slike samansetjingar vil verta nærare drøfte i delkapittel 5.5.

spørsmålet, men minner om at i både nordnorsk og i delar av svensk er tonelag 2 obligatorisk i samansette ord (Lorentz 1981:168f; Bruce 1998:53f). Der kan ein sameleis spørja om kvifor det ikkje kan finnast tonelag 1 i slike tilfelle, men eg vel altså å ikkje gjeva meg i kast med nokon analyse her.

Etterlekkstrykk vert då i alle fall resultatet av eit samspel mellom morfologi og fonologi. Flyttinga av trykket er i seg sjølv ikkje reint morfologisk basert, men grunnar truleg i (ikkje utforska) restriksjonar på det som fonologisk sett er eit samansett ord, og då innanfor det prosodiske domenet som er konstituert av det morfologiske ordet, jf. opposisjonen mellom *leigebil* og *leige bil*. Det morfologiske aspektet kjem òg til uttrykk i måten etterlekkstrykket oppfører seg på, t.d. dei to utgåvene av *herrepelshuve*.

5.4.3 Det prosodiske ordet igjen

Om lengda på ordet har mykje å seia for etterlekkstrykk, er det likevel ikkje nok å taka i bruk det morfo-tonale prosodiske ordet til Fretheim og Nilsen, som eg for sunnmørsk sin del avviste i 2.3.3. Hadde venstregrensa til det morfologisk baserte prosodiske domenet per definisjon falle saman med venstrekanten til AP, slik deira prosodiske ord er, ville ikkje samansetjinga *kommunestyre* kunna hatt tonelag 2, fordi ho ville ha fått ein prosodisk struktur som *munestyre* eller *leigebil*, som må ha etterlekkstrykk. Om me i samsvar med Fretheim og Nilsen flytter den venstre grensa av det (morfo-tonale) prosodiske ordet til primærtrykkstavinga, slik at *leigebil* berre har eit prosodisk ord som er avgrensa til *bil*, ville me heller ikkje hatt noka forklaring på kvifor trykkstavinga (og dermed Fretheim og Nilsens prosodiske ord) kom akkurat der, og ikkje på *lei*. Me ville berre hatt ei skildring av at det er der primærtrykket ligg. Men spørsmålet om trykkplasseringa er då òg eit *metrisk* spørsmål, og dermed heller ikkje noko for eit domene i eit *tonalt* hierarki.

Dette vil seia at om eg for sunnmørsk har avvist det prosodiske ordet til Fretheim og Nilsen, så treng me framleis eit ordbasert prosodisk domene for å avgjera trykkplasseringa i samansetjingar. Dette domenet må vera metrisk, og stemmer meir overeins med det prosodiske ordet hjå t.d. Selkirk (1981) og Roca (1994:203). Hjå dei femner det metriske prosodiske ordet om heile det morfologiske ordet, og kan dermed, som i døma *ko²mune* og *jenteni¹vået* i sunnmørsk, liggja på tvers av ei AP-grense.

I døma (2.3.11) og (2.3.12) brukte eg verb med verbpartiklar, der *slo ned* og *slo inn* fekk tonelag 2. Dette er eit heller nytt fenomen i vestnorsk, jf. Christiansen (1976:206). For sunnmørsk gjeld det at dersom verbet har to stavingar, slik at partikkelen byrjar på den tredje stavinga i sambandet, så er

tonelag 2 umogeleg, og ein *må* få primærtrykk på partikkelen: *ˌkjenne* ¹*gjen*, *ˌleite* ¹*opp*. Dette minner mykje om det me har sett som gjeld etterlekkstrykk elles: To stavingar og tonelag 2 går fint, men tre stavingar med tonelag 2 og primærtrykk på den fyrste går ikkje. Verb pluss partikkel oppfører seg med andre ord som eitt metrisk prosodisk ord.



Dette gjeld òg dersom det kjem noko trykklett imellom verbet og partikkelen: *ˌleite dei* ¹*opp*, *²*leite dei* ¹*opp*.¹ Det avgjerande er at verb + partikkel, saman med eventuelt trykklett materiale imellom, er på minst tre stavingar. Såleis heiter det òg *ˌslå dei* ¹*ned*, medan *²*slå dei* ¹*ned* er umogeleg, sjølv om ²*slå* ¹*ned* ¹*folket* er greitt.

I underkapittel 2.3.3 såg me elles at austlandsk har tonelagsskifte i samband med verbpartiklar, og som i sunnmørsk opptre det partikkel-relaterte fenomenet også dersom det kjem noko imellom verbet og partikkelen. Når ein ser denne likskapen på tvers av dialektane, vil eg heller landa på at verb + partikkel i austlandsk oppfører seg som eit (metrisk) samansett ord (med tonal fuge, jf. Kristoffersen 1992), enn at verb + partikkel i austlandsk skulle gjera det naudsynt med eit eige domene i det *tonale* prosodiske hierarkiet.

I det same underkapittel 2.3.3 kom eg fram til at Fretheim og Nilsens prosodiske ord ikkje ville vera i strid med dei tonale fenomena me ser t.d. i Vestvågøy. Når det gjeld Vestvågøy, er det likevel vanskeleg å seia om det er statusen som morfologisk samansett ord som som fører til spreining av H_P, som i (2.3.15), eller om det er statusen som *prosodisk* samansetjing. For rett nok vert *adjektiv* i den dialekten uttala som eit ordinært tonelag 1, med ein uspreidd H_P til venstre og deretter L], som i (5.4.5), og rett nok vert samansetjinga *adjektivfrasan* (bunden form fleirtal av *adjektivfrase*) uttala med tonelag 2 og spreidd H_P, som i (5.4.6).² Og rett nok ser tonelag 2 ut til å vera obligatorisk i (morfologisk) samansette ord, slik det òg er i sentralsvensk (Bruce 1998:53f).

¹Denne siste kan brukast for å presisera verbet, t.d. om lyttaren har misforstått, og hørde *banke (dei) opp* i staden for det korrekte *leite (dei) opp*. Slik sett verkar det som om verb + partikkel dels oppfører seg som ei samansetjing, og dels (i metadiskursive samanhengar) ikkje.

²Informanten er den same som i delkapittel 2.3.

(5.4.5) Vestvågøy: ¹adjektiv (leksikalsk uttale med tonelag 1).¹(5.4.6) Vestvågøy: (((²adjektivfrasan var_{AP}) (¹BRA_{AP})_{IP})_{IU}) L%²


Men om spreiiinga av H_P i (5.4.6) har å gjera med statusen som *morfologisk* samansett ord (som må vera tilfellet i indre Nord-Troms og Finnmark), eller om det også her (som i søresunnmørsk) er eit utslag av noko som kan kallast ei prosodisk samansetjing, det er vanskeleg å seia noko om, rett og slett fordi morfologisk usamansette ord som *adjektiv* likevel alltid har tonelag 1. Det lèt seg altså vanskeleg gjera å finna lange, usamansette ord med tonelag 2, tidleg primærtrykk og seint sekundærtrykk.

Informanten min frå Vestvågøy rapporterer likevel at det er mogeleg (i motsetnad til i sunnmørsk) å uttala eit oppkonstruert ord som *bulimavan* med tonelag 2, primærtrykk på fyrste stavinga og sekundærtrykk på siste stavinga, her bøygte i bunden form fleirtal, *bulimavanan*: [²bʉ:lɪma,vɑ:nan].

Me ser dette i (5.4.7), og legg merke til at dette oppkonstruerte og usamansette ordet har den same spreiiinga av H_P som *adjektivfrasan* i (5.4.6).

¹ Sjå bort frå den falske F0 i grenseområdet mellom [k] og [t], som skriv seg frå støy. Figuren endar med knirkestemme, noko som gjer F0 usynleg på slutten.

²Av ein eller annan grunn er H_P lågare i andre AP enn i fyrste AP, sjølv om det er den andre som skal vera fokal.

(5.4.7) Vestvågøy: *bulimavanan* [²bʉ:lɪmɑ,vɑ:nɑŋ].

Det kan då sjå ut til at Vestvågøy har ein slektskap med Søre Sunnmøre på den måten at det ikkje er den *morfologiske* statusen som samansett ord som er avgjerande for eit gjeve fenomen, men derimot fonologiske forhold som kan analyserast som *prosodiske* samansetjingar.

Kristoffersen (2000:158f og passim) opererer med ein *Main Stress Rule* for norsk som m.a. har som eigenskap å orientera primærtrykket mot den høgre kanten av ordet («Form a moraic trochee at the right end», s. 158). Dette predikerer at dersom *bulimavanan* ikkje vert oppfatta som ei eller anna slags samansetjing, skal me få primærtrykket mykje lenger mot høgre.

Det kan nemnast i den samanhengen at informanten kommenterte at ho like gjerne kunne ha uttala ordet som [bʉ:lɪmɑ¹vɑ:nɑŋ], fordi det såg ut som eit framandord. Dette stadfester prediksjonen, og indikerer igjen at me kan ha å gjera med eit fenomen som er knytt til det som Kristoffersen har analysert som prosodiske, ikkje morfologiske, samansetjingar.

Problem med tonelag 2 hadde informanten i alle fall ikkje, i motsetnad til sunnmøringar med etterlekkstrykk, som må vera spesielt trenna i tonar for å produsera noko slikt. Informanten er ikkje trenna i tonar, berre til å høyra skilnaden mellom tonelaga.

I alle tilfelle vil det vera freistande å avskriva Fretheim og Nilsens morfo-tonale prosodiske ord også for Vestvågøy sin del, til fordel for det metriske prosodiske ordet. Det er i alle fall ingenting som tyder på at det metriske prosodiske ordet skulle vera problematisk med Vestvågøy på nokon måte.¹

¹Informanten frå Vestvågøy seier *kul¹tur* og *mi¹nister*, men *kul²turmi¹nister*, med L_{lex} på *tur* og Hp på *minis*, altså med H-spreiing som i *adjektivfrasan*. Det er dermed ikkje nokon skilnad mellom samansette ord som har primærtrykk på fyrste stavinga (²*adjektivfrasan*) og samansette ord som har primærtrykk på andre stavinga (*kul²turmi¹nister*), og me har ikkje noko direkte indisium på at det er det reint morfologisk avgrensa (metriske) prosodiske

Om det skulle visa seg i seinare forskning at testordet *bulimavanan* var dårleg eigna, og at det likevel er den *morfologiske* statusen som samansett ord som verkar inn på spreinga av H_P , så vil Vestvågøy skilja seg frå indre Nord-Troms og Finnmark ved at indre Nord-Troms og Finnmark ikkje kan ha nokon L til venstre for H_P , og dermed ikkje noko tonelagsskilje i tydinga ‘legg til T_{lex} ’.

5.5 Metriske strukturar

Denne avhandlinga har konsentrert seg om tonal fonologi, og analysane av etterlekkstrykk hittil har òg stort sett vore tonale. Samstundes har dei tonale analysane indikert at etterlekkstrykk nettopp handlar om at primærtrykket landar på ein ikkje-initial lekk. I underkapittel 5.4.2 kom me jamvel inn på at trykkplasseringa ved etterlekkstrykk er avhengig av stavingstyngd (jf. dømet *barneo¹rangu₁tang*, der trykket landar på *ran*, ikkje på *o*). Då har me allereie kome inn på metriske strukturar. Her i delkapittel 5.5 skal dei metriske premissane for etterlekkstrykk utdjupast.

5.5.1 Eit tilsynelatande spesialtilfelle

At primærtrykk i den reint tonale tydinga (nærvær av H_P) berre kan skje i samband med ei lang staving i norsk, finst det lange faglege tradisjonar for. Med unntak av Nord-Gudbrandsdalen og somme andre målføre heiter det at lang staving + ordaksent er primærtrykk, lang staving utan ordaksent er sekundærtrykk, stutt staving utan ordaksent er trykklett staving, medan stutt staving med ordaksent ikkje finst.

I sunnmørsk finst det likevel unntak til dette.

Ordet *parasollen* [paɾɑ¹sɔl:lɪ] har to monomoraiske stavingar og éi bimoraisk, der primærtrykket ligg, før den siste monomoraiske stavinga. Ordet *hageparasollen* [hɑ:ge¹paɾɑ₁sɔl:lɪ], sjå (5.5.1)¹, har framleis to stutte stavingar til venstre i andre lekken. Likevel kjem H_P obligatorisk på den stutte stavinga *pa*. I dette tilfellet, der den fyrste (og einaste) bimoraiske stavinga til høgre for morfemgrensa ikkje kjem før på tredje stavinga etter den grensa, må H_P


ordet som speler inn; då i motsetnad til sunnmørsk, der etterlekkstrykk ikkje kjem føre i ord som *ko²mune₁styre*, jf. slutten på underkapittel 5.4.1.

¹Den mellomlange streken mellom nest siste og siste stavinga er lagd til segmentgrensa mellom [l] og [ɪ].

obligatorisk liggja på den fyrste stavinga i den samansetjingslekken, sjølv om stavinga er stutt.

Eg vil presisera at det finst (fonetisk og fonologisk) både lange og stutte r-ar på sunnmørsk, sjå t.d. lange i (5.4.2) og (5.4.4). Når [r] er stutt i (5.5.1), kan det altså ikkje vera fordi han er ein tapp, som dermed ikkje kan gjerast lang. Derimot har han høve til å vera ein tapp nettopp fordi han er stutt. I (5.4.2) og (5.4.4) er han ein trill.

(5.5.1) (hage- ((¹PARASOLLEN_{AP})IP)_{IU}) L%





Sameleis kan det skje som i (5.5.2), at H_p landar på den monomoraiske stavinga *ko* i *lærarkollega*, som er sett saman av ²*lærar* og *ko*¹*lega*, altså [_læ:rər¹ku_le:ga].¹

Eg har ikkje dokumentasjon for det, men det er mitt inntrykk at H_p fremst i ein ikkje-initial samansetjingslekk, der denne lekken byrjar med éi lett og éi tung staving, er meir vanleg i t.d. Volda (Indre Søre Sunnmøre) enn i Herøy (Ytre Søre Sunnmøre). Jamvel om ein i Herøy som oftast vil seia *lærarkollega* med primærtrykk på *le*, som i (5.5.3) [_læ:rərku¹le:ga], er (5.5.2) likevel fullt mogeleg, medan (5.5.1), med *to* (og ikkje éi) monomoraiske stavingar fremst i den andre lekken, altså er obligatorisk.²

¹Ortografi og fonologi går som sagt ikkje alltid hand i hand. Den fyrste stavinga i *kollega* er *ko*, ikkje *kol*.

²Såleis vart det observert i romjola 2002 at då ei kvinne frå Herøy, fødd 1948, fekk ein mobiltelefon med stemmeaktivert oppringing i jolegåve, uttala ho menyvalet *talesignal* som [_tæ:le¹sɪgna:l], medan sonen, fødd 1973, svara med [_tæ:les¹gna:l]. Også *jentenivået* kan uttalast slik, [_jæn:te¹niv_o:ɛ], og *barneorangutang* [_bæ:n¹ʔura_n:g_utəŋ] osb. Ein radiojournalist (kvinne, fødd 1973) frå Fjørtofta i Haram kommune på Ytre Nørde Sunnmøre, like ved grensa til Ytre Romsdal, sa elles *flyttebyrå* [_flyt_e:¹b_yro:] på kanalen NRK Alltid nyhende den 29.1.2003. For ordens skuld kan det nemnast at også Ytre Romsdal har etterlekkstrykk, jf. Sandøy (1986).

(5.5.2) (lærar- ((¹KOLEGA_{AP})_{IP})_{IU}) L%(5.5.3) (lærarko- ((¹LEGA_{AP})_{IP})_{IU}) L%

Me har tidlegare sett at H_P kan liggja på ei stutt staving, nemleg etter T_{lex} . Det me ser her, er likevel noko anna. Hugs at me har etterlekkstrykk og dermed tonelag 1 her, slik at H_P i mangel av T_{lex} ligg heilt til venstre i AP, slik me såg i delkapittel 5.3. Når H_P då ligg på ei stutt staving i (5.5.1) og (5.5.2), tyder det at den tradisjonelle regelen om at ordaksent (H_P eller $L_{lex}H_P$) ikkje kan liggja på stutt staving, ikkje gjeld fullt ut.

H_P i døme som (5.5.2) er framleis ein metrisk tone, og skulle vera lisensiert av ei staving med primærtrykk. Den einaste tradisjonelle kandidaten til å vera ei slik staving (nemleg den einaste lange stavinga), er *le*, stavinga etter H_P . Stavinga *le* ser òg ut til å vera fonetisk like lang som den tilsvarande stavinga i (5.5.3), der ho utvilsamt har primærtrykk. Då kunne ein kanskje analysera (5.5.2) slik at H_P kjem på stavinga føre primærtrykkstavinga, til skilnad frå tilfelle med tonelag 2, der H_P ofte kjem på stavinga *etter* primærtrykkstavinga.

Eg vel likevel å ikkje analysera det slik. Grunnen er fyrst og fremst det me har observert i (5.5.1). Der hadde me òg H_P på ei stutt staving, og den einaste stavinga i området som var lang, og dermed kunne vera kandidat til funksjonen som tradisjonell staving med primærtrykk, låg ikkje berre éi men to stavingar

mot høgre: *soll*. Det ville vera nokså eineståande om ein prominensstone berre kunne landa opptil fleire stavingar før trykkstavinga, men ikkje på sjølve trykkstavinga.

For (5.5.2) vil eg difor heller gjera framlegg om at primærtrykket er reint tonalt markert, og at primærtrykkstavinga er *ko*, trass i at ho er stutt. For (5.5.1) må sameleis primærtrykket liggja på den stutte stavinga *pa*.

Denne hypotesen kan sjå uvanleg ut for ein norsk dialekt som i dialektologisk tradisjon ikkje har korte trykkstavingar. I eit vidare perspektiv, med sunnmørsk som eit germansk språkssystem, finst det likevel tidlegare analysar som kan rettgjera ein slik hypotese.

Dresher og Lahiri (1991) lanserer «den germanske foten». Det har vist seg at visse fonologiske prosessar i m.a. gamalengelsk opptre i kontekstar som ved fyrste augnekast ser ut til å vera metrisk grunnleggjande ulike: Tronge, korte vokalar i gamalengelsk fell bort dersom dei kjem i ei open staving som er plassert anten etter ei lang staving, eller etter stutt staving + stutt eller lang staving.

Analysen deira er at to stutte stavigar (til saman to moraer) veg like mykje som ei lang staving (med to moraer til saman). Bortfall av stutt, trong vokal i open staving skjer då når denne vokalen er plassert etter minst to moraer innanfor den same metriske foten, anten no desse (minst) to fyrste moraene utgjør éi eller to stavingar til saman.

Den metriske foten er i alle tilfelle trokeisk. Hovudet, den *sterke* delen av foten (*strong*, S), ligg altså til venstre, medan ein eventuell *veik* del (*weak*, W) ligg til høgre. Som veik del av ein binært forgreina fot kan ein ha berre *lette*, dvs. monomoraiske, stavingar. Hovudet kan sjå ut som eitt av desse tre:

- $\mu\mu$: éi tung staving, t.d. i føtene (*goo.du*) og (*wor.du*)
- $\mu.\mu$: to lette stavingar, t.d. i foten (*[we.ru].du*)
- $\mu.\mu\mu$: éi lett og éi tung staving, t.d. i foten (*[fæ.rel].du*)

Derimot kan hovudet ikkje vera bygt opp av éi bimoraisk + éi monomoraisk staving, sidan det i seg sjølv ville konstituera ein trokeisk fot.

Døma *goodu* osb. er ikkje-eksisterande i gamalengelsk, sidan evidensen for at desse tre fothovud-strukturane er ekvivalente, ligg nettopp i at tronge vokalar som *u* fell bort når dei er plasserte i lette stavingar til høgre i ein forgreina fot. Ikkje-tronge vokalar fell ikkje bort.

Kristoffersen (2000:158f) vil for *usamansette* ord i søraustnorsk leggja primærtrykket til hovudet i ein *moraisk troké*¹ til høgre ordet, i praksis den

¹Moraisk troké, sjå Kristoffersen (2000:146) med referanse til Hayes (1995, særleg s. 104f). Skiljet mellom moraisk og syllabisk troké er ikkje relevant å drøfta her, og me kjem berre stutt tilbake til det heilt på tampen av neste underkapittel, 5.5.2.

siste tunge stavinga (med unntak i visse markerte tilfelle). Dette vert i søraustnorsk overstyrt av andre reglar i samansetjingar, slik at ein i umarkerte tilfelle vil få primærtrykket til venstre i staden (op.cit.:196).


For sunnmørsk kunne me tenkja oss at samansette ord ikkje har den same overstyringa av trykktildordninga som i søraustnorsk. Dermed vil primærtrykket koma mot høgre (dvs. at me får etterlekkstrykk), men av uutforska grunnar skjer dette berre dersom ein elles står i fare for å få tonelag 2 til venstre: Primærtrykk til venstre med tonelag 1 er heilt uproblematisk. I tillegg finst det openbert visse morfologiske restriksjonar som lèt oss skilja mellom dei to typane av *herrepelshuve*.

Den germanske foten kan, om han finst i sunnmørsk, saman med Kristoffersen forklara både (5.5.1), (5.5.2) og (5.5.3). Eg skal fyrst taka føre meg (5.5.1), *hageparasollen*.

I (5.5.4) ser me den metriske strukturen for det usamansette ordet *para¹sollen*. Med den germanske foten som analysegrunnlag vil ordet vera sett saman av to føter. Den fyrste har ein sterk del (S) og inkje meir, men den sterke delen er bygd opp av to moraer som er fordelte på to stavingar. Den andre foten har både ein sterk og ein veik del. Primærtrykket fell her på hovudet i den siste foten, jf. Kristoffersen.

Teiknet ω i dei fylgjande figurane står for det *metriske* prosodiske ordet, og er indeksert etter nivået i den morfologisk-metriske strukturen, der det finst fleire ω i same strukturen. All omtale av prosodiske ord i delkapittel 5.5 dreier seg òg om det metriske prosodiske ordet, og ikkje om det morfo-tonale prosodiske ordet til Fretheim og Nilsen.


(5.5.4) Metrisk struktur for *para¹sollen*.



Dersom me lagar eit samansett ord som det i (5.5.1), *hageparasollen*, ser den metriske strukturen ut som i (5.5.5). Eg skreiv at me for sunnmørsk kan tenkja oss at me i samansetjingar ikkje har den same overstyringa av høgretrykk som dei har i austlandsk. I samband med *herrepelshuve* var eg òg inne på at trykket skal landa til venstre i den siste primære samansetjingslekken (som i seg sjølv kan vera både samansett, *-pelshuve*, eller usamansett, *-huve*).

Dette vil seia at trykket skal landa på (hovudet i) fyrste foten i det siste metriske prosodiske ordet på det morfologiske nivået som er nærast den ferdig samansette ordforma (dvs. det nest øvste nivået). Det siste metriske prosodiske ordet på nest øvste nivå i (5.5.5) er *parasollen*, og den fyrste foten der er *para*. Trykket landar difor på *para*.¹

(5.5.5) Metrisk struktur for *hageparasollen*.



¹Det vil vera eit spørsmål om trykk vert tilordna fothovud eller stavingar, eller kanskje til og med moraer. Dette spørsmålet ligg likevel langt utanfor det som er hovudstudieobjektet i denne avhandlinga, nemleg tonalitet, og eg nøyer meg med å observera at *prominenstonen* kjem så langt til venstre som mogeleg, anten han i (5.5.1) og (5.5.5) kjem «til venstre i trykkfoten» eller «til venstre i trykkstavinga».

Korleis ein eventuell SW-struktur internt mellom dei to moraene i *para* er, vert eit spørsmål som ligg langt utanfor det tonale hovudføremålet med denne avhandlingam, men med ein trokeisk struktur bør det vera fyrste mora som er S og andre mora som er W. Ver òg merksam på at i figurane markerer eg SW-forholda berre for det nivået like under fotnoden.

Med slike fotstrukturar må me òg venta at H_P på *ra* skal vera umogeleg, *₁*hagepa*¹*ra*₁*sollen*, med metrisk struktur *(*ha.ge*)<*pa*>(ra)(*sol.len*), som (under føresetnad av at H_P ved tonelag 1 skal landa ved ei venstregrense til ein prosodisk konstituent) ville ha gjeve ein monomoraisk fot *ra*, noko som ville vera heller tvilsamt. Og prediksjonen er korrekt: H_P kan *ikkje* landa på *ra* i *hageparasollen*.

Analysen av trykktildelinga i *hageparasollen* som er skissert i (5.5.5), gjer «trykk på stutt staving» til noko som ikkje lenger er eit spesialtilfelle, men som er akkurat det same som trykktildelinga i dei to tilfella av *herrepelshuve*. Med *para* som eigen fot har me òg ei direkte forklaring på kvifor **hagepara*¹*sollen* er umogeleg: Trykket skal landa på hovudet i den *fyrste* foten i samansetjingslekken, og den fyrste foten er altså *para*.


I [herre + [pels + huve]] (5.5.6) vil det siste prosodiske ordet på nest øvste nivå vera *pelshuve*, med fotstrukturen (*pels*)(*hu.ve*). Foten *pels* er bimoraisk, som *para*, men har til skilnad berre éi staving. Foten *pels* er den fyrste foten i det prosodiske ordet *pelshuve*, og trykket landar på *pels*, som i (5.4.1) og (5.4.2).

(5.5.7) med [[herre + pels] + huve] har derimot på nest øvste nivå dei to prosodiske orda *herrepels* og *huve*. Lengst til høgre finn me det prosodiske ordet *huve*, som har éin fot, og denne einsame foten er dermed òg den foten som er lengst til venstre i dette prosodiske ordet *huve*. Foten *huve* får dermed trykket. Trykktildelinga i *herrepelshuve* (begge variantane) og *hageparasollen* er altså éin og same prosessen.


For figurane her kan ein merkja seg at (metriske) prosodiske ord som fonologiske domene i praksis vil svara til morfologiske ord (men ikkje alltid, jf. observasjonen i underkapittel 5.4.4 om at verb + partikkel oppfører seg metrisk som eitt samansett ord). Den metriske struktureringa på ordnivåa i dei to figurane svarar til den morfologiske strukturen, men dette er openbert slik fordi trykktilordninga er avhengig nettopp av dei morfologiske strukturane. Den metriske grupperinga av ω_1 - og ω_2 -konstituentane i (5.5.6) og (5.5.7) er altså ikkje i seg sjølv ei metrisk forklaring, men derimot ei skildring av metriske forhold, der dei metriske forholda har morfologiske premisser. Eg presiserer dette for å unngå mistydingar av kva figurane illustrerer.

I denne sammenhengen ser eg altså på det metriske prosodiske ordet som eit rekursivt domene, som kan innehalda andre prosodiske ord. Det kan godt vera at ein analyse med prosodiske «del-ord» av eitt eller anna slag kunne ha gjort same nytten (eller betre nytte). Eg vil difor presisera at eg her og no ikkje ynskjer å taka prinsipiell stilling til akkurat dette, men bruker denne postulerte rekursiviteten som ei reint praktisk hjelperåd. Det kan òg vera at eit betre grafisk oppsett ville ha vore å kombinera ein eksplisitt og reint morfologisk trestruktur med ein eksplisitt og reint metrisk trestruktur. Den metriske trestrukturen vil då vera som skissert i (5.5.6) og (5.5.7), men med t.d. S og W der det no står ω_1 og ω_2 .¹

(5.5.6) Metrisk struktur for *herre¹pelshuve*.




¹Det ville i tilfelle vera W på plassen til venstre ω_1 og høgre ω_2 , og S på plassen til høgre ω_1 og venstre ω_2 .

(5.5.7) Metrisk struktur for *herrepels¹huve*.

Skilnaden mellom *lærar¹kolega* i (5.5.2) og *lærarko¹lega* i (5.5.3) er truleg ein dialektkilnad, sjølv om begge dei to aksentueringsstrategiane er mogelege innanfor eitt og same geografiske område. Frå sosiolingvistikken er det gamalt nytt at to system kan leva side om side, jamvel hjå eitt og same individ.¹

(5.5.3) med *lærarko¹lega* vil det vera aktuelt å analysera som (*læ.rar*)<*ko*>(le.ga), med *ko* ekstrametrisk, utanfor føtene. Dette er illustrert i (5.5.8). I det samansette ordet *lærarkollega* har me ein trøkeisk fot til høgre i lekken *kollega*, og trykket vert då tilordna her, sidan denne foten er den einaste foten (og dermed foten lengst til venstre) i det prosodiske ordet *kollega*. Trykkstavinga vert dermed *le*, som er hovudet i den foten.

¹Ein av dei mest ekstreme måtane dette kan manifestera seg på, er kodeveksling (t.d. Fasold 1992:180ff).


(5.5.8) Metrisk struktur i *lærarko¹lega*.

Varianten *lærar¹kolega* (eller for den saks skuld, *jente¹nivået* med H_P på den stutte stavinga *ni*) kan på si side forklarast på i alle fall to måtar. Det kan anten dreia seg om ein annan måte å laga føter på, eller det kan dreia seg om ei reint morfologisk trykktilordning.

Me har vore inne på at Drescher og Lahiri (1991) tillèt hovudet i ein gamalengelsk trokeisk fot å ha desse strukturane:

- $\mu\mu$: éi tung staving
- $\mu.\mu$: to lette stavingar
- $\mu.\mu\mu$: éi lett og éi tung staving

Fothovud-typen med to lette stavingar, $\mu.\mu$, trengst openbert i sunnmørsk, jf. (5.5.5). Det vil difor vera aktuelt å spørja om også $\mu.\mu\mu$ kan vera fothovud i sunnmørsk, slik at *lærar¹kolega* som i (5.5.2) kan analyserast som i (5.5.9).

(5.5.9) Eventuell struktur for *lærar¹kolega*.

Er (5.5.9) korrekt, vil det seia at skilnaden mellom (5.5.2) og (5.5.3) ligg i korleis ein fot kan sjå ut. I begge tilfella vil trykket landa på hovudet i den foten som er lengst til venstre i det prosodiske ordet som står til høgre på nest øvste nivå.

Vel å merka vil *[¹ku,le:ga] som usamansett ord *kollega* vera umogeleg. Meir generelt lèt det seg ikkje gjera å leggja H_P på fyrste stavinga i ei ordform dersom den stavinga er monomoraisk. Dette talar likevel ikkje imot analysen i (5.5.9), sidan det openbert (jf. heile kapittel 5) finst ulike trykktilordningsprosessar for samansette og usamansette ord (høgretrykk i usamansette ord, venstretrykk på høgrelekk i samansette ord). Derimot vil ein analyse som den i (5.5.9) vera problematisk fordi *kollega* som usamansett ord utvilsamt må vera <ko>(¹le.ga), med ekstrametrisk *ko*, og ikkje med noko trimoraisk fothovud *ko.le*, som ville ha gjeve H_P på *ko*, som i det samansette ordet i (5.5.9). Dermed måtte me ha operert med eit tillate fothovud $\mu.\mu\mu$ i samansetjingar og eit forbode fothovud $*\mu.\mu\mu$ i usamansette ord. Sidan det er

dei tillatne fotstrukturane som, uavhengig av morfologisk struktur, skal romma trykk, vert denne analysen urimeleg.¹

Den andre måten å forklara *lærar¹kolega* på er at me har den same metriske strukturen som i (5.5.8), men at med dette trykktildelingssystemet vert trykk tilordna ikkje den fyrste *foten* i høgre samansetjingslekken, men den fyrste *stavinga* (eller moraen). Likskapen mellom *lærar¹kolega* og *lærarko¹lega* vert då at trykket vert tilordna venstregrensa til ein metrisk konstituent. Skilnaden ligg i at for *lærarko¹lega* er denne konstituenten ein fot, medan konstituenten er eit prosodisk ord i *lærar¹kolega*.

Og for denne andre forklaringa har me allereie no ytre evidens å trekkja inn: Det er nettopp morfologiske strukturar som er årsak til dei metriske strukturane (les: trykktilordninga) i *herrepelshuve* (5.5.6) og (5.5.7). Då har me allereie sett i den same dialekten at morfologi avgjer trykkplasseringa, og då er vegen heller ikkje lang til å seia at i *lærar¹kolega* er trykket lina opp nettopp med den metriske konstituenten ω , medan det er lina opp med venstre fotgrense i *lærarko¹lega*.

Me har òg sett at ein tillaten fotstruktur med to monomoraiske stavingar, jf. analysen i (5.5.5), predikerer korrekt at *hage¹parasollen* er obligatorisk medan **hagepa¹rasollen* ville vera umogeleg, sidan me dfor sistnemnde måtte ha fått ein monomoraisk fot *ra*. Dersom fothovudet $\mu.\mu\mu$ frå (5.5.9) *lærar¹kolega* var ein korrekt analyse, skulle me sameleis ha venta at *rasoll* kunne fungera som fothovud, slik at **hagepa¹rasollen* var mogeleg. Men slik er det altså ikkje. Eg vil difor forkasta analysen i (5.5.9). Plasseringa av H_P i *hage¹parasollen*, *lærarko¹lega* og *lærar¹kolega*, men ikkje **hagepa¹rasollen*, indikerer tydeleg at dersom H_P i desse døma er lina opp med ei prosodisk venstregrense så kan ikkje ein sekvens $\mu.\mu\mu$ konstituera ei slik venstregrense.

5.5.2 Blokkering av morfologisk avhengig trykktilordning

I underkapittel 5.4.2 var me inne på at det finst visse restriksjonar for etterlekkstrykk: Ein kan ikkje flytta trykket forbi ein andrelekk som har to stavingar. Det må heita $\text{,}hus^1eigar\text{,}bil$ ‘bilen til huseigaren’, ikkje $*\text{,}hus\text{,}eigar^1bil$, trass i den morfologiske strukturen. Derimot er

¹I tillegg ville det vera kontroversielt i det heile teke å ha eit jambisk fothovud i ein trokeisk fot, sjølv om Drescher og Lahiri har nettopp det.

*jenteni*₁*våbe*¹*styrar* mogeleg,¹ sjølv om det (som òg i *huseigarbil*) ligg éi monomoraisk staving mellom dei to potensielle trykkstavingane i 2. lekken (*eig, vå*) og 3. lekken (*bil, sty*).


Me kan illustrera skilnadene mellom desse to orda i figurane (5.5.10) og (5.5.11), der eg har teke med den metriske strukturen frå moraer og opp til det nedste ω -nivået.

Skilnaden er at (5.5.10), *huseigarbil* har ein forgreina fot i det andre prosodiske ordet på det nivået. I (5.5.11), *jenteni*₁*våbestyrar*, er den tilsvarende foten i (5.5.11) uforgreina.


Ved etterlekkstrykk har me altså morfologiske strukturar som avgjer kva for ein samansetjingslekk som skal få primærtrykket, og trykket vert då delt ut til hovudet i den fyrste foten i denne lekken. Den morfologisk baserte delen av trykkplasseringa vert likevel overstyrd av metriske forhold, ved at ein ikkje-initial forgreina fot vil blokkera for ei trykktilordning til høgre for seg.

Kvifor det er slik, har eg derimot ikkje noka god forklaring på her, og eg vel å ikkje gå djupare inn i det, sidan føremålet med denne avhandlinga fyrst og fremst har vore å sjå på tonale forhold, i tråd med den modellen (Trondheimsmodellen) som er lagd til grunn.

(5.5.10) *hus*¹*eigarbil* opp til nedste ω -nivået



¹Også *jenteni*₁*våbe*₁*styrar* er mogeleg, men det viktige for oss her og no er altså at **hus*₁*eigar*₁*bil* er umogeleg. Eit autentisk døme kunne vera *reiseby*₁*rå*₁*dame*, som eg greip meg sjølv i å seia på denne måten den 16.1.2001.

(5.5.11) *jentenivåbe*¹styrar opp til nedste ω-nivået

Til slutt skal det nemnast at ein noko annleis måte å analysera dataa i delkapittel 5.5 på ville vera å taka utgangspunkt i moraiske trokear (Hayes 1995:69), slik Kristoffersen (2000, t.d. s. 158) gjer for austlandsk. Då vil ein fot alltid vera på to moraer (anten to monomoraiske stavingar, der den fyrste er S og den andre W; eller éi bimoraisk staving, som i seg sjølv er S). Eit døme som *herrepelshuve* (begge variantane) vil på denne måten ha fotstrukturen *(her)<re>(pels)(hu)<ve>*. Dømet *parasollen* vil vera *(pa.ra)(sol)<len>*, og *hageparasollen* vert *(ha)<ge>(pa.ra)(sol)<len>*. Då kan ein framleis seia at trykket skal landa i venstre foten i høgre lekk. Problemet med moraiske trokear i sunnmørsk er då at me treng den forgreina foten μμ.μ for å forklara skilnaden mellom *huseigarbil* (5.5.10) og *jentenivået* (5.5.11), og ein slik fot er det ikkje plass til i ein moraisk troké.

5.6 Sluttmerknader om etterlekkstrykk

Me har sett at stutte stavingar kan få primærtrykk i sunnmørsk (i form av nærvær av den metriske tonen T_p), og dette er jo noko heilt anna enn den gamle, tradisjonelle regelen som seier at primærtrykk på norsk må realiserast på ei lang staving. I staden har me i alle fall å gjera med rolla til metriske føter og rolla til morfologiske forhold.

Ein må likevel hugsa at etterlekkstrykk ser ut til å vera ein strategi for å unngå å få T_{lex} på ei ordinal initial primærtrykkstaving når ordet er (prosodisk) samansett. Vekslinga mellom ²*grå*₁*gå*s og ₁*grå*¹*gå*sa, og sameleis ²*blod*₁*mat*

og *blod¹maten*, er òg noko som indikerer at til grunn for etterlekkstrykk ligg eit tonelag 2 som det finst visse distributoriske restriksjonar på. Kvifor det likevel er tonelag 2 i *grågås*, er uvisst. Ordet *grågås* er sett saman av to lekkar, kvar med sin fot. Ein må tydelegvis ha ei ordform på minst tre stavingar for å få etterlekkstrykk i staden for tonelag 2 (*leige¹bil*, *grå¹gåsa*), samstundes som den fyrste lekken ikkje kan byrja med noko foteksternt (*ko²mune*).

Etterlekkstrykk, anten H_P landar på ei lang eller på ei stutt staving, gjenspeglar dermed ikkje tonaliteten i dei underliggjande formene direkte. I dei underliggjande formene må det framleis finnast ein T_{lex} som potensielt kan fungera som tonalt prefiks, men som i visse tilfelle forsvinn, og så vert kontrasten til det T_{lex}-frie primærtrykket (tonelag 1) oppretthalden på ein annan måte, nemleg ved etterlekkstrykk. Det finst med andre ord ikkje noko som tyder på at sunnmørsk kan ha underliggjande former med tonalt primærtrykk på monomoraiske stavingar, sjølv om det finst representasjonar som (5.5.1) og (5.5.2), som i eit meir strukturalistisk perspektiv kunne ha vorte analyserte slik. Dette er ikkje meir mystisk enn det me har sett i tallause døme på tonelag 2, at alt etter omstenda kan H_P koma på den andre stavinga i AP-en (som gjerne er monomoraisk) når ein T_{lex} kjem framføre. Noko av det spesielle med tilfella der H_P ved etterlekkstrykk landar på ei monomoraisk staving, er at me reint tonalt må operera med ei AP-venstregrense på same staden, i alle fall i overflaterrepresentasjonen/utputt.

Når dette er sagt, kan det leggjast til at ein kvinneleg informant frå Herøy, fødd 1948, vekslar ein del mellom tonelag 2 og etterlekkstrykk i samansette ord (og eg har ikkje funne nokon systematikk i det). Det er uvisst om dette er eit utslag av ein generell diakron prosess på Sunnmøre, eller om dei to systema har funnest jamsides med kvarandre lenge. I målførelitteraturen om etterlekkstrykk (sjå delkapittel 5.1) har ein i tråd med dialektologiske tradisjonar ikkje sagt noko om eventuell variasjon, men i staden konsentrert seg om å skildra det som vert rekna som særmerkt for dei ulike geografiske områda. Etterlekkstrykk er i alle fall framleis dominerande på Søre Sunnmøre, og underskrivne, som er son av nemnde informant, har det dominerande systemet som det einaste mogelege, med dei avgrensingane som er skisserte (jf. døma *2fire₁tau₁et* og *ko²mune₁styre*).

Alt i alt botnar etterlekkstrykk i både metriske og morfologiske tilhøve. Desse tilhøva er skisserte og delvis analyserte, men mykje manglar før ein kan seia at dei er kartlagde.

Dei viktigaste spørsmåla som har dukka opp i kapittel 5, er:

- Kvifor treng ein tre stavingar for å få etterlekkstrykk (jf. vekslinga mellom ²*grågås* og *grå¹gåsa*)?
- Kvifor kan ein ikkje få trykkforskuving forbi ein forgreina fot (som *eigar* i *huseigarbil*)?
- Kvifor er trykkforskuving aktuelt berre ved underliggjande T_{lex}?
- Kvifor er etterlekkstrykk avhengig av ordklassetilhøyrse (*firetauet*)?
- Kvifor er etterlekkstrykk uaktuelt dersom den fyrste lekken byrjar med ei trykklett staving (*kommune*)?

Det er mi oppleving at vidare analysar av etterlekkstrykk i sunnmørsk er avhengige av at ein fyrst kartlegg den metriske fonologien betre. Dette er ikkje gjort her, og alle skissene mine til analysar av etterlekkstrykk må difor sjåast på som speulasjonar eller framtidige arbeidshypotesar.

Vidare analysar av etterlekkstrykk i sunnmørsk bør òg skje i samanheng med analysar av etterlekkstrykk i andre dialektar. For kapittel 2, 3 og 4 hadde eg studiar av andre dialektar og språk å stø meg til. Eg vonar at kapittel 5 sameleis kan vera eit utgangspunkt for korrigerande analysar anten hjå andre fagfolk eller hjå meg sjølv. Med den sparsame kunnskapen om metriske forhold i sunnmørsk, og med den tonale vinklinga for denne avhandlinga, har eg ikkje funne grunnlag for å gå djupare i dei metriske analysane enn eg har gjort.

6 Sluttord

I innleiingskapittelet sette eg meg føre å kartleggja sunnmørsk intonasjonsfonologi ved hjelp av den hierarkiske modellen som Thorstein Fretheim og Randi Alice Nilsen har tilpassa til austnorske dialektar, Trondheimsmodellen.

I kapittel 2, 3 og 4 såg me på korleis dette tonale prosodiske hierarkiet er bygt opp, me har sett på assosiering av tonar, og me har sett på fenomen som er knytte til dei ulike posisjonane i hierarkiet. Tilnærminga har basert seg på den vestnorske dialekten søresunnmørsk, med analysegrunnlag i eit hierarki av prosodiske domene. Det prosodiske hierarkiet som analysereiskap er frå før kjent særleg frå metrisk fonologi, sjå t.d. Selkirk (1981, 1984, 1990), Nespor og Vogel (1982, 1986) og Hayes (1989).

Den hierarkiske tilnærminga til språkmaterialet var i seg sjølv heller uproblematisk. Visse justeringar måtte likevel gjerast i høve til den bruken av det prosodiske hierarkiet som Thorstein Fretheim og Randi A. Nilsen har lagt til grunn for austnorsk. Deira utgangspunkt er reint tonalt (med unntak av det prosodiske ordet *deira*, som var tonalt og morfologisk), medan det prosodiske hierarkiet elles i litteraturen har eit eksplisitt metrisk utgangspunkt.

I delkapittel 4.2 (særleg underkapittel 4.2.1) vart den hierarkiske analysen avhengig av ei eksplisitt relatering av tonaliteten til metriske tilhøve gjennom føringa DEP ('σ). Analysen var framleis tonalt-hierarkisk, sidan det låg til grunn at dei ulike tonale einingane sorterte under ulike domene, ulike nivå i det tonale prosodiske hierarkiet. I delkapittel 3.3 var det sameleis naturleg i samanlikninga med latvisk å omtala prominenstonen (i sunnmørsk) som *metrisk tone*. AP-grensetonen T] må sameleis vera lisensiert av metriske forhold, nærare sagt av nærværet av den same trykkstavinga til venstre.

Den fyrste drøftinga mi av statusen til det morfo-tonale prosodiske ordet *hjá* Fretheim og Nilsen (underkapittel 2.3.3) munna ut i ein noko diffus konklusjon. I 5.4.3 vart konklusjonen tydelegare: Det prosodiske ordet trengst i skildringa av tonale forhold, men for søresunnmørsk må dette vera det *metriske* prosodiske ordet i eit *metrisk* prosodisk hierarki, og eg fann heller ingen grunn til å gjera det annleis for Vestvågøy i Lofoten. Det metriske prosodiske ordet var òg avgjerande for analysane i 5.5.

Kristoffersen (1995:102ff) problematiserer måten som Nilsen (1992) har brukt ekstrametrikalitätsanalysar på. Nilsen hadde nemleg plassert somme stavingar utanfor AP, noko også eg har gjort. Kristoffersen innvender, kort

sagt, at ekstrametrisk materiale skal utgjera ein eigen konstituent, noko strengene av «ekstrametriske» stavingar hjå Nilsen ikkje gjer.

Til dette vil eg kommentera at me no har sett eit visst samspel mellom metriske og tonale strukturar. Dei tonale strukturane byggjer openbert på metriske forhold, og eg har sjølv måtta trekt inn dei metriske forholda i noko større grad enn Trondheimsmodellen har invitert til.

Når det fyrst er slik fatt, vil den tonale analysemodellen framleis vera nyttig, og han kan òg forsvarast ut ifrå fonologiske prosessar som er reint tonale. Til dømes trengst det tonale domenet AP, m.a. fordi førekomsten av flytande L] og plasseringa av T_{lex} (på heile eller berre byrjinga av trykkstavinga) er avhengig av kor stor den tonale konstituenten AP er.

Akkurat desse tonetrengelefenomena kan sjølv sagt også sjåast i samanheng med plasseringa av primærtrykket, noko som vert ein metrisk basert analyse. Samstundes finst det ikkje nokon metrisk ekvivalent til AP, sidan eit AP-initialt ord med trykklett fyrstestaving (t.d. *for¹teljingar*) vil verta delt mellom to AP-ar, t.d. (²*store for-AP*)(¹*teljingar_{AP}*). Den trykklette fyrstestavinga *for* hamnar i halen på ein føregåande AP, og får den AP-grensetonen L] som, ved å vera grensetonen til ein AP, er lisensiert av primærtrykket i denne føregåande AP-en; og primærtrykket i denne føregåande AP-en ligg sjølv sagt i eit heilt anna ord, nemleg *store*. Tonaliteten på stavinga *for* vil altså ha samanheng med ein annan metrisk konstituent enn den som resten av ordet sorterer under.

Men om det tonale prosodiske hierarkiet dermed er rettgjort, må ein likevel vera merksam på rolla til det metriske hierarkiet, eit hierarki som jo ligg til grunn for dei tonale fenomena som me har brukt eit tonalt hierarki til å analysere. Det er nok å minna om at det tonale domenet AP alltid opnar med ei metrisk trykkstaving.

Det AP-eksterne (Nilsen 1992: «ekstrametriske») i det tonale hierarkiet (kapittel 4 hjå meg) som Kristoffersen (1995) har problematisert, er ikkje tonale konstituentar, men det AP-eksterne materialet svarar til metriske konstituentar i det metriske hierarkiet: stavingar og føter. Det er ikkje noko éin til éin-forhold mellom det metriske hierarkiet og det tonale hierarkiet. Med ei slik presisering vil kritikken frå Kristoffersen vera mindre viktig, men presiseringa er altså naudsynt.

Dette er i og for seg òg delvis presisert av Nilsen sjølv (Nilsen 1995:117), som svar på fyrsteopponent Kirstoffersen (Kristoffersen 1995):

Vårt ekstrametrikalitetsbegrep [...] handler om tonal ekstrametrikalitet på overflaten. Når en streng av ord, eller en del av et ord defineres som ekstrametrisk i vår forstand, er det rett og slett fordi denne delen tonalt sett ikke domineres av den prosodiske noden som tilsvarer neste nivå i det prosodiske hierarkiet.

Nilsen legg til at det på ei anna side ikkje er naudsynt å bruka ein terminologi som strid mot tradisjonell bruk, og føreslår i staden «foteksterne stavelser» (dvs. «AP-eksterne stavingar» i min terminologi).

I denne studien har eg stort sett vore tonalt orientert. Ei nærare utforsking av samspelet mellom metriske og tonale forhold bør t.d. kunna seia oss meir om kva som kan hamna rett under IP (utanfor AP) enn eg har klart å koma fram til her. Ei slik utforsking er òg naudsynt for å få svar på dei mange spørsmåla som eg skisserte til slutt i kapittel 5.

Samstundes har eg herved presentert i alle fall den *tonale* delen av dei fonologiske vilkåra som ligg til grunn for intonasjon i sunnmørsk, slik eg skisserte målet for studien i delkapittel 1.1. Analysemodellen viste seg å vera brukande, både i grunnstruktureringa i kapittel 2 og 3 og i djupdykka i kapittel 4; men under analysane, særleg i kapittel 5, kom det altså fram at tonale og metriske tilhøve, i alle fall i sunnmørsk, må sjåast i samanheng med kvarandre, somme tider meir enn elles, somme tider mindre.

Vedlegg

Tabellar over lyttetestane i delkapittel 2.4

Tabellane har tre kolonnar. I den fyrste kolonnen står koden til kvart signal. I den andre kolonnen står den responsen som informanten gav. I den tredje kolonnen er det oppgjeve i sekund kor lang tid det gjekk før informanten gav responsen sin, rekna frå det tidspunktet då informanten leverte førre respons (eller, for det fyrste signalet sin del: rekna frå det tidspunktet då informanten klikka på «OK» for å starta lyttetesten). Tida det tok å lasta ned og høyra signalet, er dermed rekna inn der, og det var òg mogeleg å høyra signalet på nytt. Resultata i tabellane er presenterte med den rekkjefylgda som signala hadde under lyttetestane.

Sjølve stimulussignala varde så lenge, medrekna kontekstsetningane for dei signala som hadde slike (nemleg Renault-testen og gryte-testen):

Det store dyret åt den neddopa mannen:

| <i>signal</i> | <i>tid (s)</i> |
|---------------|----------------|
| d0 | 3,18 |
| d1 | 3,18 |
| d2 | 3,18 |
| d3 | 3,18 |
| d4 | 3,18 |

| <i>signal</i> | <i>tid (s)</i> |
|---------------|----------------|
| d5 | 3,18 |
| d6 | 3,18 |
| d7 | 3,18 |
| d8 | 3,15 |
| d9 | 3,16 |

| <i>signal</i> | <i>tid (s)</i> |
|---------------|----------------|
| v0 | 3,08 |
| v1 | 3,08 |
| v2 | 3,08 |
| v3 | 3,08 |
| v4 | 3,08 |

| <i>signal</i> | <i>tid (s)</i> |
|---------------|----------------|
| v5 | 3,08 |
| v6 | 3,08 |
| v7 | 3,08 |
| v8 | 3,08 |
| v9 | 3,07 |

Eg sette meg vitterleg inn i Renaulten:

| <i>signal</i> | <i>tid (s)</i> |
|---------------|----------------|
| d0 | 5,51 |
| d1 | 5,51 |
| d2 | 5,51 |
| d3 | 5,50 |
| d4 | 5,33 |

| <i>signal</i> | <i>tid (s)</i> |
|---------------|----------------|
| s0 | 5,30 |
| s1 | 5,30 |
| s2 | 5,30 |
| s3 | 5,29 |
| s4 | 5,44 |

Eg har stole ei gryte i Trondheim:

| <i>signal</i> | <i>tid (s)</i> |
|---------------|----------------|
| d0 | 5,70 |
| d1 | 5,70 |
| d2 | 5,70 |
| d3 | 5,70 |
| d4 | 5,40 |

| <i>signal</i> | <i>tid (s)</i> |
|---------------|----------------|
| s0 | 5,43 |
| s1 | 5,43 |
| s2 | 5,43 |
| s3 | 5,43 |
| s4 | 5,75 |

Lyttestest: Det store dyret åt den neddopa mannen.

| informant: TK | | |
|----------------------|--|------------|
| <i>signal</i> | <i>respons</i> | <i>tid</i> |
| v0 | Det var ETA mannen det gjorde, ikkje slikka mannen | 13 |
| d0 | Det var ETA mannen det gjorde, ikkje slikka mannen | 14 |
| v3 | Det var MANNEN det åt, ikkje kvinna | 19 |
| d6 | Det var ETA mannen det gjorde, ikkje slikka mannen | 15 |
| v1 | Det var MANNEN det åt, ikkje kvinna | 9 |
| d7 | Det var ETA mannen det gjorde, ikkje slikka mannen | 10 |
| v7 | Det var MANNEN det åt, ikkje kvinna | 23 |
| d4 | Det var ETA mannen det gjorde, ikkje slikka mannen | 10 |
| v9 | Det var MANNEN det åt, ikkje kvinna | 12 |
| d4 | Det var ETA mannen det gjorde, ikkje slikka mannen | 9 |
| v4 | Det var MANNEN det åt, ikkje kvinna | 10 |
| d3 | Det var ETA mannen det gjorde, ikkje slikka mannen | 12 |
| v9 | Det var MANNEN det åt, ikkje kvinna | 10 |
| d8 | Det var ETA mannen det gjorde, ikkje slikka mannen | 10 |
| v5 | Det var MANNEN det åt, ikkje kvinna | 10 |
| d7 | Det var ETA mannen det gjorde, ikkje slikka mannen | 10 |
| v6 | Det var MANNEN det åt, ikkje kvinna | 9 |
| d2 | Det var ETA mannen det gjorde, ikkje slikka mannen | 22 |
| v2 | Det var MANNEN det åt, ikkje kvinna | 7 |
| v7 | Det var MANNEN det åt, ikkje kvinna | 8 |
| d7 | Det var ETA mannen det gjorde, ikkje slikka mannen | 10 |
| v0 | Det var MANNEN det åt, ikkje kvinna | 7 |
| d5 | Det var ETA mannen det gjorde, ikkje slikka mannen | 10 |
| d6 | Det var ETA mannen det gjorde, ikkje slikka mannen | 8 |
| v8 | Det var MANNEN det åt, ikkje kvinna | 13 |
| d8 | Det var ETA mannen det gjorde, ikkje slikka mannen | 8 |
| v2 | Det var MANNEN det åt, ikkje kvinna | 7 |
| d5 | Det var ETA mannen det gjorde, ikkje slikka mannen | 10 |
| v8 | Det var ETA mannen det gjorde, ikkje slikka mannen | 12 |
| d9 | Det var ETA mannen det gjorde, ikkje slikka mannen | 10 |
| v4 | Det var MANNEN det åt, ikkje kvinna | 9 |
| d0 | Det var ETA mannen det gjorde, ikkje slikka mannen | 9 |

| | | |
|----|--|----|
| v9 | Det var MANNEN det åt, ikkje kvinna | 15 |
| d8 | Det var ETA mannen det gjorde, ikkje slikka mannen | 13 |
| v2 | Det var MANNEN det åt, ikkje kvinna | 8 |
| d2 | Det var ETA mannen det gjorde, ikkje slikka mannen | 16 |
| v0 | Det var MANNEN det åt, ikkje kvinna | 7 |
| v1 | Det var MANNEN det åt, ikkje kvinna | 8 |
| d2 | Det var ETA mannen det gjorde, ikkje slikka mannen | 12 |
| v6 | Det var MANNEN det åt, ikkje kvinna | 6 |
| d3 | Det var ETA mannen det gjorde, ikkje slikka mannen | 10 |
| v4 | Det var MANNEN det åt, ikkje kvinna | 8 |
| d1 | Det var ETA mannen det gjorde, ikkje slikka mannen | 14 |
| v5 | Det var MANNEN det åt, ikkje kvinna | 11 |
| d3 | Det var MANNEN det åt, ikkje kvinna | 9 |
| v3 | Det var MANNEN det åt, ikkje kvinna | 9 |
| v8 | Det var MANNEN det åt, ikkje kvinna | 13 |
| d0 | Det var MANNEN det åt, ikkje kvinna | 12 |
| d9 | Det var ETA mannen det gjorde, ikkje slikka mannen | 8 |
| v5 | Det var MANNEN det åt, ikkje kvinna | 9 |
| d1 | Det var ETA mannen det gjorde, ikkje slikka mannen | 9 |
| d4 | Det var ETA mannen det gjorde, ikkje slikka mannen | 9 |
| v1 | Det var MANNEN det åt, ikkje kvinna | 8 |
| d5 | Det var MANNEN det åt, ikkje kvinna | 15 |
| v3 | Det var MANNEN det åt, ikkje kvinna | 8 |
| d6 | Det var ETA mannen det gjorde, ikkje slikka mannen | 7 |
| v7 | Det var MANNEN det åt, ikkje kvinna | 7 |
| d1 | Det var ETA mannen det gjorde, ikkje slikka mannen | 8 |
| v6 | Det var MANNEN det åt, ikkje kvinna | 12 |
| d9 | Det var ETA mannen det gjorde, ikkje slikka mannen | 8 |

| informant: TS | | |
|----------------------|--|------------|
| <i>signal</i> | <i>respons</i> | <i>tid</i> |
| v0 | Det var MANNEN det åt, ikkje kvinna | 24 |
| d0 | Det var ETA mannen det gjorde, ikkje slikka mannen | 36 |
| v3 | Det var MANNEN det åt, ikkje kvinna | 42 |
| d6 | Det var ETA mannen det gjorde, ikkje slikka mannen | 42 |
| v1 | Det var MANNEN det åt, ikkje kvinna | 66 |
| d7 | Det var ETA mannen det gjorde, ikkje slikka mannen | 23 |
| v7 | Det var MANNEN det åt, ikkje kvinna | 25 |
| d4 | Det var ETA mannen det gjorde, ikkje slikka mannen | 8 |
| v9 | Det var ETA mannen det gjorde, ikkje slikka mannen | 40 |
| d4 | Det var ETA mannen det gjorde, ikkje slikka mannen | 8 |
| v4 | Det var MANNEN det åt, ikkje kvinna | 14 |
| d3 | Det var ETA mannen det gjorde, ikkje slikka mannen | 17 |
| v9 | Det var ETA mannen det gjorde, ikkje slikka mannen | 70 |
| d8 | Det var ETA mannen det gjorde, ikkje slikka mannen | 11 |
| v5 | Det var MANNEN det åt, ikkje kvinna | 26 |
| d7 | Det var ETA mannen det gjorde, ikkje slikka mannen | 9 |
| v6 | Det var MANNEN det åt, ikkje kvinna | 18 |
| d2 | Det var ETA mannen det gjorde, ikkje slikka mannen | 17 |
| v2 | Det var MANNEN det åt, ikkje kvinna | 12 |
| v7 | Det var MANNEN det åt, ikkje kvinna | 44 |
| d7 | Det var ETA mannen det gjorde, ikkje slikka mannen | 8 |
| v0 | Det var MANNEN det åt, ikkje kvinna | 13 |
| d5 | Det var ETA mannen det gjorde, ikkje slikka mannen | 8 |
| d6 | Det var ETA mannen det gjorde, ikkje slikka mannen | 24 |
| v8 | Det var ETA mannen det gjorde, ikkje slikka mannen | 103 |
| d8 | Det var ETA mannen det gjorde, ikkje slikka mannen | 18 |
| v2 | Det var MANNEN det åt, ikkje kvinna | 12 |
| d5 | Det var ETA mannen det gjorde, ikkje slikka mannen | 17 |
| v8 | Det var ETA mannen det gjorde, ikkje slikka mannen | 26 |
| d9 | Det var ETA mannen det gjorde, ikkje slikka mannen | 13 |
| v4 | Det var MANNEN det åt, ikkje kvinna | 12 |
| d0 | Det var ETA mannen det gjorde, ikkje slikka mannen | 8 |
| v9 | Det var ETA mannen det gjorde, ikkje slikka mannen | 39 |
| d8 | Det var ETA mannen det gjorde, ikkje slikka mannen | 9 |

| | | |
|----|--|-----|
| v2 | Det var MANNEN det åt, ikkje kvinna | 7 |
| d2 | Det var ETA mannen det gjorde, ikkje slikka mannen | 111 |
| v0 | Det var MANNEN det åt, ikkje kvinna | 8 |
| v1 | Det var MANNEN det åt, ikkje kvinna | 13 |
| d2 | Det var ETA mannen det gjorde, ikkje slikka mannen | 21 |
| v6 | Det var MANNEN det åt, ikkje kvinna | 11 |
| d3 | Det var ETA mannen det gjorde, ikkje slikka mannen | 54 |
| v4 | Det var MANNEN det åt, ikkje kvinna | 11 |
| d1 | Det var ETA mannen det gjorde, ikkje slikka mannen | 8 |
| v5 | Det var MANNEN det åt, ikkje kvinna | 11 |
| d3 | Det var ETA mannen det gjorde, ikkje slikka mannen | 25 |
| v3 | Det var MANNEN det åt, ikkje kvinna | 14 |
| v8 | Det var MANNEN det åt, ikkje kvinna | 31 |
| d0 | Det var ETA mannen det gjorde, ikkje slikka mannen | 14 |
| d9 | Det var ETA mannen det gjorde, ikkje slikka mannen | 18 |
| v5 | Det var MANNEN det åt, ikkje kvinna | 7 |
| d1 | Det var ETA mannen det gjorde, ikkje slikka mannen | 13 |
| d4 | Det var ETA mannen det gjorde, ikkje slikka mannen | 55 |
| v1 | Det var MANNEN det åt, ikkje kvinna | 8 |
| d5 | Det var ETA mannen det gjorde, ikkje slikka mannen | 19 |
| v3 | Det var MANNEN det åt, ikkje kvinna | 9 |
| d6 | Det var ETA mannen det gjorde, ikkje slikka mannen | 17 |
| v7 | Det var MANNEN det åt, ikkje kvinna | 7 |
| d1 | Det var ETA mannen det gjorde, ikkje slikka mannen | 12 |
| v6 | Det var MANNEN det åt, ikkje kvinna | 9 |
| d9 | Det var ETA mannen det gjorde, ikkje slikka mannen | 71 |

| informant: IF | | |
|----------------------|--|------------|
| <i>signal</i> | <i>respons</i> | <i>tid</i> |
| v0 | Det var MANNEN det åt, ikkje kvinna | 9 |
| d0 | Det var ETA mannen det gjorde, ikkje slikka mannen | 9 |
| v3 | Det var MANNEN det åt, ikkje kvinna | 9 |
| d6 | Det var ETA mannen det gjorde, ikkje slikka mannen | 16 |
| v1 | Det var MANNEN det åt, ikkje kvinna | 24 |
| d7 | Det var ETA mannen det gjorde, ikkje slikka mannen | 9 |
| v7 | Det var MANNEN det åt, ikkje kvinna | 27 |
| d4 | Det var ETA mannen det gjorde, ikkje slikka mannen | 10 |
| v9 | Det var MANNEN det åt, ikkje kvinna | 18 |
| d4 | Det var ETA mannen det gjorde, ikkje slikka mannen | 8 |
| v4 | Det var MANNEN det åt, ikkje kvinna | 10 |
| d3 | Det var ETA mannen det gjorde, ikkje slikka mannen | 8 |
| v9 | Det var MANNEN det åt, ikkje kvinna | 15 |
| d8 | Det var ETA mannen det gjorde, ikkje slikka mannen | 16 |
| v5 | Det var MANNEN det åt, ikkje kvinna | 9 |
| d7 | Det var ETA mannen det gjorde, ikkje slikka mannen | 9 |
| v6 | Det var MANNEN det åt, ikkje kvinna | 9 |
| d2 | Det var ETA mannen det gjorde, ikkje slikka mannen | 8 |
| v2 | Det var MANNEN det åt, ikkje kvinna | 8 |
| v7 | Det var MANNEN det åt, ikkje kvinna | 14 |
| d7 | Det var ETA mannen det gjorde, ikkje slikka mannen | 8 |
| v0 | Det var MANNEN det åt, ikkje kvinna | 8 |
| d5 | Det var ETA mannen det gjorde, ikkje slikka mannen | 7 |
| d6 | Det var ETA mannen det gjorde, ikkje slikka mannen | 8 |
| v8 | Det var ETA mannen det gjorde, ikkje slikka mannen | 10 |
| d8 | Det var ETA mannen det gjorde, ikkje slikka mannen | 8 |
| v2 | Det var MANNEN det åt, ikkje kvinna | 8 |
| d5 | Det var ETA mannen det gjorde, ikkje slikka mannen | 7 |
| v8 | Det var ETA mannen det gjorde, ikkje slikka mannen | 8 |
| d9 | Det var ETA mannen det gjorde, ikkje slikka mannen | 7 |
| v4 | Det var MANNEN det åt, ikkje kvinna | 24 |
| d0 | Det var ETA mannen det gjorde, ikkje slikka mannen | 8 |
| v9 | Det var MANNEN det åt, ikkje kvinna | 16 |
| d8 | Det var ETA mannen det gjorde, ikkje slikka mannen | 8 |

| | | |
|----|--|----|
| v2 | Det var MANNEN det åt, ikkje kvinna | 7 |
| d2 | Det var ETA mannen det gjorde, ikkje slikka mannen | 8 |
| v0 | Det var MANNEN det åt, ikkje kvinna | 7 |
| v1 | Det var MANNEN det åt, ikkje kvinna | 7 |
| d2 | Det var ETA mannen det gjorde, ikkje slikka mannen | 8 |
| v6 | Det var MANNEN det åt, ikkje kvinna | 8 |
| d3 | Det var ETA mannen det gjorde, ikkje slikka mannen | 18 |
| v4 | Det var MANNEN det åt, ikkje kvinna | 7 |
| d1 | Det var ETA mannen det gjorde, ikkje slikka mannen | 9 |
| v5 | Det var MANNEN det åt, ikkje kvinna | 8 |
| d3 | Det var ETA mannen det gjorde, ikkje slikka mannen | 7 |
| v3 | Det var MANNEN det åt, ikkje kvinna | 8 |
| v8 | Det var MANNEN det åt, ikkje kvinna | 12 |
| d0 | Det var ETA mannen det gjorde, ikkje slikka mannen | 7 |
| d9 | Det var ETA mannen det gjorde, ikkje slikka mannen | 8 |
| v5 | Det var MANNEN det åt, ikkje kvinna | 14 |
| d1 | Det var ETA mannen det gjorde, ikkje slikka mannen | 8 |
| d4 | Det var ETA mannen det gjorde, ikkje slikka mannen | 7 |
| v1 | Det var MANNEN det åt, ikkje kvinna | 7 |
| d5 | Det var ETA mannen det gjorde, ikkje slikka mannen | 7 |
| v3 | Det var MANNEN det åt, ikkje kvinna | 7 |
| d6 | Det var ETA mannen det gjorde, ikkje slikka mannen | 8 |
| v7 | Det var MANNEN det åt, ikkje kvinna | 7 |
| d1 | Det var ETA mannen det gjorde, ikkje slikka mannen | 7 |
| v6 | Det var MANNEN det åt, ikkje kvinna | 8 |
| d9 | Det var ETA mannen det gjorde, ikkje slikka mannen | 8 |

| informant: GEH | | |
|-----------------------|--|------------|
| <i>signal</i> | <i>respons</i> | <i>tid</i> |
| v0 | Det var MANNEN det åt, ikkje kvinna | 20 |
| d0 | Det var MANNEN det åt, ikkje kvinna | 10 |
| v3 | Det var ETA mannen det gjorde, ikkje slikka mannen | 12 |
| d6 | Det var MANNEN det åt, ikkje kvinna | 9 |
| v1 | Det var ETA mannen det gjorde, ikkje slikka mannen | 8 |
| d7 | Det var MANNEN det åt, ikkje kvinna | 8 |
| v7 | Det var MANNEN det åt, ikkje kvinna | 8 |
| d4 | Det var ETA mannen det gjorde, ikkje slikka mannen | 9 |
| v9 | Det var MANNEN det åt, ikkje kvinna | 10 |
| d4 | Det var ETA mannen det gjorde, ikkje slikka mannen | 11 |
| v4 | Det var MANNEN det åt, ikkje kvinna | 12 |
| d3 | Det var ETA mannen det gjorde, ikkje slikka mannen | 10 |
| v9 | Det var ETA mannen det gjorde, ikkje slikka mannen | 7 |
| d8 | Det var MANNEN det åt, ikkje kvinna | 7 |
| v5 | Det var MANNEN det åt, ikkje kvinna | 11 |
| d7 | Det var ETA mannen det gjorde, ikkje slikka mannen | 8 |
| v6 | Det var ETA mannen det gjorde, ikkje slikka mannen | 12 |
| d2 | Det var ETA mannen det gjorde, ikkje slikka mannen | 9 |
| v2 | Det var MANNEN det åt, ikkje kvinna | 8 |
| v7 | Det var ETA mannen det gjorde, ikkje slikka mannen | 11 |
| d7 | Det var ETA mannen det gjorde, ikkje slikka mannen | 7 |
| v0 | Det var MANNEN det åt, ikkje kvinna | 7 |
| d5 | Det var MANNEN det åt, ikkje kvinna | 7 |
| d6 | Det var MANNEN det åt, ikkje kvinna | 12 |
| v8 | Det var ETA mannen det gjorde, ikkje slikka mannen | 8 |
| d8 | Det var ETA mannen det gjorde, ikkje slikka mannen | 11 |
| v2 | Det var MANNEN det åt, ikkje kvinna | 7 |
| d5 | Det var ETA mannen det gjorde, ikkje slikka mannen | 7 |
| v8 | Det var MANNEN det åt, ikkje kvinna | 8 |
| d9 | Det var ETA mannen det gjorde, ikkje slikka mannen | 7 |
| v4 | Det var MANNEN det åt, ikkje kvinna | 10 |
| d0 | Det var ETA mannen det gjorde, ikkje slikka mannen | 6 |
| v9 | Det var MANNEN det åt, ikkje kvinna | 8 |
| d8 | Det var ETA mannen det gjorde, ikkje slikka mannen | 6 |

| | | |
|----|--|----|
| v2 | Det var MANNEN det åt, ikkje kvinna | 7 |
| d2 | Det var ETA mannen det gjorde, ikkje slikka mannen | 7 |
| v0 | Det var MANNEN det åt, ikkje kvinna | 7 |
| v1 | Det var MANNEN det åt, ikkje kvinna | 9 |
| d2 | Det var ETA mannen det gjorde, ikkje slikka mannen | 6 |
| v6 | Det var MANNEN det åt, ikkje kvinna | 7 |
| d3 | Det var ETA mannen det gjorde, ikkje slikka mannen | 7 |
| v4 | Det var MANNEN det åt, ikkje kvinna | 7 |
| d1 | Det var ETA mannen det gjorde, ikkje slikka mannen | 6 |
| v5 | Det var MANNEN det åt, ikkje kvinna | 8 |
| d3 | Det var ETA mannen det gjorde, ikkje slikka mannen | 7 |
| v3 | Det var MANNEN det åt, ikkje kvinna | 10 |
| v8 | Det var MANNEN det åt, ikkje kvinna | 7 |
| d0 | Det var ETA mannen det gjorde, ikkje slikka mannen | 7 |
| d9 | Det var ETA mannen det gjorde, ikkje slikka mannen | 7 |
| v5 | Det var MANNEN det åt, ikkje kvinna | 6 |
| d1 | Det var ETA mannen det gjorde, ikkje slikka mannen | 7 |
| d4 | Det var ETA mannen det gjorde, ikkje slikka mannen | 7 |
| v1 | Det var MANNEN det åt, ikkje kvinna | 6 |
| d5 | Det var ETA mannen det gjorde, ikkje slikka mannen | 6 |
| v3 | Det var MANNEN det åt, ikkje kvinna | 6 |
| d6 | Det var ETA mannen det gjorde, ikkje slikka mannen | 7 |
| v7 | Det var MANNEN det åt, ikkje kvinna | 6 |
| d1 | Det var ETA mannen det gjorde, ikkje slikka mannen | 6 |
| v6 | Det var MANNEN det åt, ikkje kvinna | 6 |
| d9 | Det var ETA mannen det gjorde, ikkje slikka mannen | 7 |

| informant: RB | | |
|----------------------|--|------------|
| <i>signal</i> | <i>respons</i> | <i>tid</i> |
| v0 | Det var MANNEN det åt, ikkje kvinna | 9 |
| d0 | Det var ETA mannen det gjorde, ikkje slikka mannen | 7 |
| v3 | Det var MANNEN det åt, ikkje kvinna | 9 |
| d6 | Det var ETA mannen det gjorde, ikkje slikka mannen | 8 |
| v1 | Det var ETA mannen det gjorde, ikkje slikka mannen | 12 |
| d7 | Det var ETA mannen det gjorde, ikkje slikka mannen | 8 |
| v7 | Det var MANNEN det åt, ikkje kvinna | 7 |
| d4 | Det var ETA mannen det gjorde, ikkje slikka mannen | 7 |
| v9 | Det var ETA mannen det gjorde, ikkje slikka mannen | 10 |
| d4 | Det var ETA mannen det gjorde, ikkje slikka mannen | 8 |
| v4 | Det var MANNEN det åt, ikkje kvinna | 8 |
| d3 | Det var ETA mannen det gjorde, ikkje slikka mannen | 7 |
| v9 | Det var MANNEN det åt, ikkje kvinna | 8 |
| d8 | Det var ETA mannen det gjorde, ikkje slikka mannen | 8 |
| v5 | Det var MANNEN det åt, ikkje kvinna | 8 |
| d7 | Det var ETA mannen det gjorde, ikkje slikka mannen | 7 |
| v6 | Det var ETA mannen det gjorde, ikkje slikka mannen | 9 |
| d2 | Det var ETA mannen det gjorde, ikkje slikka mannen | 8 |
| v2 | Det var MANNEN det åt, ikkje kvinna | 7 |
| v7 | Det var MANNEN det åt, ikkje kvinna | 7 |
| d7 | Det var ETA mannen det gjorde, ikkje slikka mannen | 7 |
| v0 | Det var MANNEN det åt, ikkje kvinna | 8 |
| d5 | Det var ETA mannen det gjorde, ikkje slikka mannen | 8 |
| d6 | Det var ETA mannen det gjorde, ikkje slikka mannen | 9 |
| v8 | Det var MANNEN det åt, ikkje kvinna | 8 |
| d8 | Det var ETA mannen det gjorde, ikkje slikka mannen | 7 |
| v2 | Det var MANNEN det åt, ikkje kvinna | 7 |
| d5 | Det var ETA mannen det gjorde, ikkje slikka mannen | 6 |
| v8 | Det var MANNEN det åt, ikkje kvinna | 8 |
| d9 | Det var ETA mannen det gjorde, ikkje slikka mannen | 9 |
| v4 | Det var MANNEN det åt, ikkje kvinna | 8 |
| d0 | Det var ETA mannen det gjorde, ikkje slikka mannen | 7 |
| v9 | Det var MANNEN det åt, ikkje kvinna | 7 |
| d8 | Det var ETA mannen det gjorde, ikkje slikka mannen | 8 |

| | | |
|----|--|----|
| v2 | Det var MANNEN det åt, ikkje kvinna | 10 |
| d2 | Det var ETA mannen det gjorde, ikkje slikka mannen | 8 |
| v0 | Det var MANNEN det åt, ikkje kvinna | 7 |
| v1 | Det var ETA mannen det gjorde, ikkje slikka mannen | 10 |
| d2 | Det var ETA mannen det gjorde, ikkje slikka mannen | 8 |
| v6 | Det var MANNEN det åt, ikkje kvinna | 11 |
| d3 | Det var ETA mannen det gjorde, ikkje slikka mannen | 7 |
| v4 | Det var MANNEN det åt, ikkje kvinna | 8 |
| d1 | Det var ETA mannen det gjorde, ikkje slikka mannen | 8 |
| v5 | Det var MANNEN det åt, ikkje kvinna | 6 |
| d3 | Det var ETA mannen det gjorde, ikkje slikka mannen | 8 |
| v3 | Det var MANNEN det åt, ikkje kvinna | 8 |
| v8 | Det var ETA mannen det gjorde, ikkje slikka mannen | 8 |
| d0 | Det var ETA mannen det gjorde, ikkje slikka mannen | 7 |
| d9 | Det var ETA mannen det gjorde, ikkje slikka mannen | 8 |
| v5 | Det var MANNEN det åt, ikkje kvinna | 15 |
| d1 | Det var ETA mannen det gjorde, ikkje slikka mannen | 6 |
| d4 | Det var ETA mannen det gjorde, ikkje slikka mannen | 8 |
| v1 | Det var MANNEN det åt, ikkje kvinna | 7 |
| d5 | Det var ETA mannen det gjorde, ikkje slikka mannen | 7 |
| v3 | Det var MANNEN det åt, ikkje kvinna | 8 |
| d6 | Det var ETA mannen det gjorde, ikkje slikka mannen | 7 |
| v7 | Det var MANNEN det åt, ikkje kvinna | 7 |
| d1 | Det var ETA mannen det gjorde, ikkje slikka mannen | 7 |
| v6 | Det var MANNEN det åt, ikkje kvinna | 9 |
| d9 | Det var ETA mannen det gjorde, ikkje slikka mannen | 8 |

Lyttetest: Eg sette meg vitterleg inn i Renaulten

| informant: TK | | |
|----------------------|--------------------------|------------|
| <i>signal</i> | <i>respons</i> | <i>tid</i> |
| d0 | Renaulten er gamle bilen | 17 |
| s0 | Renaulten er ny bilen | 15 |
| d1 | Renaulten er gamle bilen | 15 |
| s3 | Renaulten er gamle bilen | 15 |
| d3 | Renaulten er gamle bilen | 12 |
| s1 | Renaulten er ny bilen | 14 |
| d4 | Renaulten er ny bilen | 15 |
| s1 | Renaulten er gamle bilen | 17 |
| d1 | Renaulten er gamle bilen | 10 |
| s3 | Renaulten er gamle bilen | 14 |
| d2 | Renaulten er gamle bilen | 11 |
| s4 | Renaulten er gamle bilen | 13 |
| d2 | Renaulten er gamle bilen | 10 |
| d4 | Renaulten er ny bilen | 16 |
| s4 | Renaulten er gamle bilen | 10 |
| d2 | Renaulten er gamle bilen | 9 |
| s3 | Renaulten er ny bilen | 10 |
| d4 | Renaulten er ny bilen | 11 |
| s0 | Renaulten er ny bilen | 11 |
| s4 | Renaulten er gamle bilen | 10 |
| s2 | Renaulten er ny bilen | 10 |
| d1 | Renaulten er gamle bilen | 11 |
| d3 | Renaulten er gamle bilen | 12 |
| s0 | Renaulten er ny bilen | 14 |
| d0 | Renaulten er gamle bilen | 10 |
| s2 | Renaulten er ny bilen | 20 |
| d0 | Renaulten er gamle bilen | 9 |
| s2 | Renaulten er ny bilen | 11 |
| d3 | Renaulten er gamle bilen | 10 |
| s1 | Renaulten er ny bilen | 11 |

| informant: KMS | | |
|-----------------------|-----------------------|------------|
| <i>signal</i> | <i>respons</i> | <i>tid</i> |
| d0 | Renaulten er gamlebil | 11 |
| s0 | Renaulten er nybil | 11 |
| d1 | Renaulten er gamlebil | 17 |
| s3 | Renaulten er nybil | 12 |
| d3 | Renaulten er gamlebil | 10 |
| s1 | Renaulten er nybil | 15 |
| d4 | Renaulten er nybil | 16 |
| s1 | Renaulten er nybil | 17 |
| d1 | Renaulten er gamlebil | 11 |
| s3 | Renaulten er gamlebil | 12 |
| d2 | Renaulten er gamlebil | 14 |
| s4 | Renaulten er gamlebil | 12 |
| d2 | Renaulten er gamlebil | 13 |
| d4 | Renaulten er nybil | 11 |
| s4 | Renaulten er nybil | 12 |
| d2 | Renaulten er gamlebil | 13 |
| s3 | Renaulten er nybil | 11 |
| d4 | Renaulten er nybil | 11 |
| s0 | Renaulten er gamlebil | 11 |
| s4 | Renaulten er gamlebil | 10 |
| s2 | Renaulten er nybil | 11 |
| d1 | Renaulten er gamlebil | 9 |
| d3 | Renaulten er gamlebil | 11 |
| s0 | Renaulten er nybil | 10 |
| d0 | Renaulten er gamlebil | 11 |
| s2 | Renaulten er nybil | 16 |
| d0 | Renaulten er gamlebil | 11 |
| s2 | Renaulten er nybil | 12 |
| d3 | Renaulten er gamlebil | 13 |
| s1 | Renaulten er gamlebil | 17 |

| informant: TS | | |
|----------------------|--------------------------|------------|
| <i>signal</i> | <i>respons</i> | <i>tid</i> |
| d0 | Renaulten er gamle bilen | 25 |
| s0 | Renaulten er ny bilen | 20 |
| d1 | Renaulten er gamle bilen | 55 |
| s3 | Renaulten er ny bilen | 11 |
| d3 | Renaulten er ny bilen | 31 |
| s1 | Renaulten er ny bilen | 24 |
| d4 | Renaulten er ny bilen | 33 |
| s1 | Renaulten er ny bilen | 41 |
| d1 | Renaulten er gamle bilen | 12 |
| s3 | Renaulten er ny bilen | 47 |
| d2 | Renaulten er gamle bilen | 13 |
| s4 | Renaulten er gamle bilen | 21 |
| d2 | Renaulten er gamle bilen | 55 |
| d4 | Renaulten er ny bilen | 11 |
| s4 | Renaulten er gamle bilen | 13 |
| d2 | Renaulten er gamle bilen | 41 |
| s3 | Renaulten er ny bilen | 11 |
| d4 | Renaulten er ny bilen | 11 |
| s0 | Renaulten er ny bilen | 19 |
| s4 | Renaulten er gamle bilen | 10 |
| s2 | Renaulten er ny bilen | 19 |
| d1 | Renaulten er gamle bilen | 63 |
| d3 | Renaulten er ny bilen | 45 |
| s0 | Renaulten er ny bilen | 33 |
| d0 | Renaulten er gamle bilen | 75 |
| s2 | Renaulten er ny bilen | 18 |
| d0 | Renaulten er gamle bilen | 20 |
| s2 | Renaulten er ny bilen | 18 |
| d3 | Renaulten er ny bilen | 35 |
| s1 | Renaulten er ny bilen | 11 |

| informant: IF | | |
|----------------------|--------------------------|------------|
| <i>signal</i> | <i>respons</i> | <i>tid</i> |
| d0 | Renaulten er gamle bilen | 11 |
| s0 | Renaulten er ny bilen | 57 |
| d1 | Renaulten er ny bilen | 21 |
| s3 | Renaulten er ny bilen | 17 |
| d3 | Renaulten er ny bilen | 21 |
| s1 | Renaulten er ny bilen | 20 |
| d4 | Renaulten er ny bilen | 26 |
| s1 | Renaulten er ny bilen | 27 |
| d1 | Renaulten er gamle bilen | 64 |
| s3 | Renaulten er gamle bilen | 23 |
| d2 | Renaulten er gamle bilen | 13 |
| s4 | Renaulten er gamle bilen | 12 |
| d2 | Renaulten er gamle bilen | 10 |
| d4 | Renaulten er gamle bilen | 15 |
| s4 | Renaulten er gamle bilen | 18 |
| d2 | Renaulten er gamle bilen | 10 |
| s3 | Renaulten er gamle bilen | 19 |
| d4 | Renaulten er ny bilen | 42 |
| s0 | Renaulten er ny bilen | 10 |
| s4 | Renaulten er gamle bilen | 11 |
| s2 | Renaulten er ny bilen | 18 |
| d1 | Renaulten er gamle bilen | 18 |
| d3 | Renaulten er gamle bilen | 11 |
| s0 | Renaulten er ny bilen | 17 |
| d0 | Renaulten er gamle bilen | 10 |
| s2 | Renaulten er ny bilen | 11 |
| d0 | Renaulten er gamle bilen | 10 |
| s2 | Renaulten er ny bilen | 11 |
| d3 | Renaulten er gamle bilen | 31 |
| s1 | Renaulten er ny bilen | 16 |

| informant: GEH | | |
|-----------------------|--------------------------|------------|
| <i>signal</i> | <i>respons</i> | <i>tid</i> |
| d0 | Renaulten er gamle bilen | 11 |
| s0 | Renaulten er gamle bilen | 10 |
| d1 | Renaulten er gamle bilen | 13 |
| s3 | Renaulten er ny bilen | 10 |
| d3 | Renaulten er ny bilen | 11 |
| s1 | Renaulten er gamle bilen | 13 |
| d4 | Renaulten er ny bilen | 11 |
| s1 | Renaulten er gamle bilen | 16 |
| d1 | Renaulten er gamle bilen | 10 |
| s3 | Renaulten er ny bilen | 12 |
| d2 | Renaulten er ny bilen | 16 |
| s4 | Renaulten er ny bilen | 10 |
| d2 | Renaulten er gamle bilen | 12 |
| d4 | Renaulten er gamle bilen | 9 |
| s4 | Renaulten er ny bilen | 10 |
| d2 | Renaulten er gamle bilen | 12 |
| s3 | Renaulten er ny bilen | 18 |
| d4 | Renaulten er gamle bilen | 11 |
| s0 | Renaulten er ny bilen | 9 |
| s4 | Renaulten er gamle bilen | 11 |
| s2 | Renaulten er gamle bilen | 16 |
| d1 | Renaulten er gamle bilen | 16 |
| d3 | Renaulten er ny bilen | 10 |
| s0 | Renaulten er ny bilen | 11 |
| d0 | Renaulten er ny bilen | 10 |
| s2 | Renaulten er gamle bilen | 14 |
| d0 | Renaulten er ny bilen | 11 |
| s2 | Renaulten er gamle bilen | 11 |
| d3 | Renaulten er ny bilen | 11 |
| s1 | Renaulten er gamle bilen | 15 |

| informant: RB | | |
|----------------------|--------------------------|------------|
| <i>signal</i> | <i>respons</i> | <i>tid</i> |
| d0 | Renaulten er nyebilen | 16 |
| s0 | Renaulten er nyebilen | 9 |
| d1 | Renaulten er gamle bilen | 12 |
| s3 | Renaulten er gamle bilen | 17 |
| d3 | Renaulten er gamle bilen | 14 |
| s1 | Renaulten er nyebilen | 13 |
| d4 | Renaulten er nyebilen | 16 |
| s1 | Renaulten er gamle bilen | 15 |
| d1 | Renaulten er gamle bilen | 12 |
| s3 | Renaulten er nyebilen | 13 |
| d2 | Renaulten er gamle bilen | 12 |
| s4 | Renaulten er gamle bilen | 12 |
| d2 | Renaulten er gamle bilen | 13 |
| d4 | Renaulten er nyebilen | 11 |
| s4 | Renaulten er gamle bilen | 11 |
| d2 | Renaulten er gamle bilen | 10 |
| s3 | Renaulten er nyebilen | 10 |
| d4 | Renaulten er nyebilen | 12 |
| s0 | Renaulten er nyebilen | 9 |
| s4 | Renaulten er gamle bilen | 10 |
| s2 | Renaulten er nyebilen | 10 |
| d1 | Renaulten er gamle bilen | 11 |
| d3 | Renaulten er gamle bilen | 11 |
| s0 | Renaulten er nyebilen | 9 |
| d0 | Renaulten er gamle bilen | 10 |
| s2 | Renaulten er nyebilen | 10 |
| d0 | Renaulten er gamle bilen | 10 |
| s2 | Renaulten er nyebilen | 9 |
| d3 | Renaulten er gamle bilen | 12 |
| s1 | Renaulten er nyebilen | 10 |

Lyttetest: Eg har stole ei gryte i Trondheim

| informant: TK | | |
|----------------------|--|------------|
| <i>signal</i> | <i>respons</i> | <i>tid</i> |
| s0 | Ja, eg har stole ei gryte i byen | 13 |
| d0 | Nei, det var i Trondheim eg stal den gryta | 10 |
| d3 | Nei, det var i Trondheim eg stal den gryta | 11 |
| s3 | Ja, eg har stole ei gryte i byen | 12 |
| d0 | Nei, det var i Trondheim eg stal den gryta | 10 |
| d2 | Nei, det var i Trondheim eg stal den gryta | 14 |
| s0 | Ja, eg har stole ei gryte i byen | 10 |
| d3 | Nei, det var i Trondheim eg stal den gryta | 12 |
| d4 | Ja, eg har stole ei gryte i byen | 10 |
| s4 | Nei, det var i Trondheim eg stal den gryta | 10 |
| s0 | Ja, eg har stole ei gryte i byen | 9 |
| d1 | Nei, det var i Trondheim eg stal den gryta | 11 |
| s2 | Ja, eg har stole ei gryte i byen | 11 |
| d4 | Ja, eg har stole ei gryte i byen | 11 |
| s3 | Ja, eg har stole ei gryte i byen | 11 |
| d2 | Nei, det var i Trondheim eg stal den gryta | 10 |
| s1 | Ja, eg har stole ei gryte i byen | 10 |
| s4 | Nei, det var i Trondheim eg stal den gryta | 10 |
| d1 | Nei, det var i Trondheim eg stal den gryta | 13 |
| s2 | Ja, eg har stole ei gryte i byen | 9 |
| s1 | Ja, eg har stole ei gryte i byen | 10 |
| d0 | Nei, det var i Trondheim eg stal den gryta | 12 |
| s2 | Ja, eg har stole ei gryte i byen | 9 |
| d4 | Ja, eg har stole ei gryte i byen | 17 |
| s1 | Ja, eg har stole ei gryte i byen | 10 |
| d3 | Nei, det var i Trondheim eg stal den gryta | 12 |
| s3 | Ja, eg har stole ei gryte i byen | 10 |
| d1 | Nei, det var i Trondheim eg stal den gryta | 11 |
| d2 | Nei, det var i Trondheim eg stal den gryta | 10 |
| s4 | Nei, det var i Trondheim eg stal den gryta | 10 |

| informant: KMS | | |
|-----------------------|--|------------|
| <i>signal</i> | <i>respons</i> | <i>tid</i> |
| s0 | Ja, eg har stole ei gryte i byen | 10 |
| d0 | Nei, det var i Trondheim eg stal den gryta | 9 |
| d3 | Nei, det var i Trondheim eg stal den gryta | 9 |
| s3 | Ja, eg har stole ei gryte i byen | 9 |
| d0 | Nei, det var i Trondheim eg stal den gryta | 9 |
| d2 | Nei, det var i Trondheim eg stal den gryta | 9 |
| s0 | Ja, eg har stole ei gryte i byen | 9 |
| d3 | Nei, det var i Trondheim eg stal den gryta | 9 |
| d4 | Ja, eg har stole ei gryte i byen | 9 |
| s4 | Nei, det var i Trondheim eg stal den gryta | 10 |
| s0 | Ja, eg har stole ei gryte i byen | 8 |
| d1 | Nei, det var i Trondheim eg stal den gryta | 10 |
| s2 | Ja, eg har stole ei gryte i byen | 8 |
| d4 | Ja, eg har stole ei gryte i byen | 10 |
| s3 | Ja, eg har stole ei gryte i byen | 9 |
| d2 | Nei, det var i Trondheim eg stal den gryta | 9 |
| s1 | Ja, eg har stole ei gryte i byen | 9 |
| s4 | Nei, det var i Trondheim eg stal den gryta | 9 |
| d1 | Nei, det var i Trondheim eg stal den gryta | 9 |
| s2 | Ja, eg har stole ei gryte i byen | 9 |
| s1 | Ja, eg har stole ei gryte i byen | 9 |
| d0 | Nei, det var i Trondheim eg stal den gryta | 9 |
| s2 | Ja, eg har stole ei gryte i byen | 9 |
| d4 | Ja, eg har stole ei gryte i byen | 9 |
| s1 | Ja, eg har stole ei gryte i byen | 9 |
| d3 | Nei, det var i Trondheim eg stal den gryta | 8 |
| s3 | Ja, eg har stole ei gryte i byen | 9 |
| d1 | Nei, det var i Trondheim eg stal den gryta | 9 |
| d2 | Nei, det var i Trondheim eg stal den gryta | 9 |
| s4 | Nei, det var i Trondheim eg stal den gryta | 9 |

| informant: TS | | |
|----------------------|--|------------|
| <i>signal</i> | <i>respons</i> | <i>tid</i> |
| s0 | Ja, eg har stole ei gryte i byen | 40 |
| d0 | Nei, det var i Trondheim eg stal den gryta | 19 |
| d3 | Nei, det var i Trondheim eg stal den gryta | 118 |
| s3 | Ja, eg har stole ei gryte i byen | 44 |
| d0 | Nei, det var i Trondheim eg stal den gryta | 12 |
| d2 | Nei, det var i Trondheim eg stal den gryta | 10 |
| s0 | Ja, eg har stole ei gryte i byen | 11 |
| d3 | Nei, det var i Trondheim eg stal den gryta | 14 |
| d4 | Ja, eg har stole ei gryte i byen | 50 |
| s4 | Nei, det var i Trondheim eg stal den gryta | 12 |
| s0 | Ja, eg har stole ei gryte i byen | 10 |
| d1 | Nei, det var i Trondheim eg stal den gryta | 12 |
| s2 | Ja, eg har stole ei gryte i byen | 30 |
| d4 | Ja, eg har stole ei gryte i byen | 18 |
| s3 | Ja, eg har stole ei gryte i byen | 11 |
| d2 | Nei, det var i Trondheim eg stal den gryta | 10 |
| s1 | Ja, eg har stole ei gryte i byen | 13 |
| s4 | Nei, det var i Trondheim eg stal den gryta | 12 |
| d1 | Nei, det var i Trondheim eg stal den gryta | 13 |
| s2 | Ja, eg har stole ei gryte i byen | 13 |
| s1 | Ja, eg har stole ei gryte i byen | 16 |
| d0 | Nei, det var i Trondheim eg stal den gryta | 14 |
| s2 | Ja, eg har stole ei gryte i byen | 19 |
| d4 | Ja, eg har stole ei gryte i byen | 27 |
| s1 | Ja, eg har stole ei gryte i byen | 11 |
| d3 | Nei, det var i Trondheim eg stal den gryta | 11 |
| s3 | Ja, eg har stole ei gryte i byen | 20 |
| d1 | Nei, det var i Trondheim eg stal den gryta | 26 |
| d2 | Nei, det var i Trondheim eg stal den gryta | 10 |
| s4 | Nei, det var i Trondheim eg stal den gryta | 11 |

| informant: IF | | |
|----------------------|--|------------|
| <i>signal</i> | <i>respons</i> | <i>tid</i> |
| s0 | Ja, eg har stole ei gryte i byen | 9 |
| d0 | Nei, det var i Trondheim eg stal den gryta | 9 |
| d3 | Nei, det var i Trondheim eg stal den gryta | 27 |
| s3 | Ja, eg har stole ei gryte i byen | 21 |
| d0 | Nei, det var i Trondheim eg stal den gryta | 10 |
| d2 | Nei, det var i Trondheim eg stal den gryta | 11 |
| s0 | Ja, eg har stole ei gryte i byen | 18 |
| d3 | Ja, eg har stole ei gryte i byen | 11 |
| d4 | Ja, eg har stole ei gryte i byen | 17 |
| s4 | Nei, det var i Trondheim eg stal den gryta | 26 |
| s0 | Ja, eg har stole ei gryte i byen | 9 |
| d1 | Nei, det var i Trondheim eg stal den gryta | 21 |
| s2 | Ja, eg har stole ei gryte i byen | 10 |
| d4 | Ja, eg har stole ei gryte i byen | 11 |
| s3 | Ja, eg har stole ei gryte i byen | 20 |
| d2 | Nei, det var i Trondheim eg stal den gryta | 17 |
| s1 | Ja, eg har stole ei gryte i byen | 26 |
| s4 | Nei, det var i Trondheim eg stal den gryta | 10 |
| d1 | Nei, det var i Trondheim eg stal den gryta | 11 |
| s2 | Ja, eg har stole ei gryte i byen | 10 |
| s1 | Ja, eg har stole ei gryte i byen | 10 |
| d0 | Nei, det var i Trondheim eg stal den gryta | 10 |
| s2 | Ja, eg har stole ei gryte i byen | 17 |
| d4 | Ja, eg har stole ei gryte i byen | 17 |
| s1 | Ja, eg har stole ei gryte i byen | 17 |
| d3 | Nei, det var i Trondheim eg stal den gryta | 11 |
| s3 | Ja, eg har stole ei gryte i byen | 20 |
| d1 | Nei, det var i Trondheim eg stal den gryta | 10 |
| d2 | Nei, det var i Trondheim eg stal den gryta | 10 |
| s4 | Nei, det var i Trondheim eg stal den gryta | 10 |

| informant: GEH | | |
|-----------------------|--|------------|
| <i>signal</i> | <i>respons</i> | <i>tid</i> |
| s0 | Nei, det var i Trondheim eg stal den gryta | 14 |
| d0 | Nei, det var i Trondheim eg stal den gryta | 11 |
| d3 | Ja, eg har stole ei gryte i byen | 10 |
| s3 | Ja, eg har stole ei gryte i byen | 10 |
| d0 | Ja, eg har stole ei gryte i byen | 10 |
| d2 | Nei, det var i Trondheim eg stal den gryta | 11 |
| s0 | Nei, det var i Trondheim eg stal den gryta | 12 |
| d3 | Ja, eg har stole ei gryte i byen | 11 |
| d4 | Ja, eg har stole ei gryte i byen | 13 |
| s4 | Nei, det var i Trondheim eg stal den gryta | 9 |
| s0 | Ja, eg har stole ei gryte i byen | 9 |
| d1 | Nei, det var i Trondheim eg stal den gryta | 13 |
| s2 | Ja, eg har stole ei gryte i byen | 9 |
| d4 | Nei, det var i Trondheim eg stal den gryta | 11 |
| s3 | Ja, eg har stole ei gryte i byen | 11 |
| d2 | Nei, det var i Trondheim eg stal den gryta | 10 |
| s1 | Ja, eg har stole ei gryte i byen | 9 |
| s4 | Nei, det var i Trondheim eg stal den gryta | 11 |
| d1 | Nei, det var i Trondheim eg stal den gryta | 10 |
| s2 | Ja, eg har stole ei gryte i byen | 9 |
| s1 | Ja, eg har stole ei gryte i byen | 10 |
| d0 | Nei, det var i Trondheim eg stal den gryta | 9 |
| s2 | Ja, eg har stole ei gryte i byen | 10 |
| d4 | Nei, det var i Trondheim eg stal den gryta | 11 |
| s1 | Ja, eg har stole ei gryte i byen | 9 |
| d3 | Nei, det var i Trondheim eg stal den gryta | 11 |
| s3 | Nei, det var i Trondheim eg stal den gryta | 13 |
| d1 | Nei, det var i Trondheim eg stal den gryta | 9 |
| d2 | Ja, eg har stole ei gryte i byen | 10 |
| s4 | Nei, det var i Trondheim eg stal den gryta | 13 |

| informant: RB | | |
|----------------------|--|------------|
| <i>signal</i> | <i>respons</i> | <i>tid</i> |
| s0 | Ja, eg har stole ei gryte i byen | 11 |
| d0 | Nei, det var i Trondheim eg stal den gryta | 10 |
| d3 | Nei, det var i Trondheim eg stal den gryta | 10 |
| s3 | Ja, eg har stole ei gryte i byen | 10 |
| d0 | Nei, det var i Trondheim eg stal den gryta | 10 |
| d2 | Nei, det var i Trondheim eg stal den gryta | 10 |
| s0 | Ja, eg har stole ei gryte i byen | 9 |
| d3 | Nei, det var i Trondheim eg stal den gryta | 11 |
| d4 | Ja, eg har stole ei gryte i byen | 10 |
| s4 | Nei, det var i Trondheim eg stal den gryta | 10 |
| s0 | Ja, eg har stole ei gryte i byen | 9 |
| d1 | Nei, det var i Trondheim eg stal den gryta | 11 |
| s2 | Ja, eg har stole ei gryte i byen | 11 |
| d4 | Ja, eg har stole ei gryte i byen | 9 |
| s3 | Ja, eg har stole ei gryte i byen | 11 |
| d2 | Nei, det var i Trondheim eg stal den gryta | 10 |
| s1 | Ja, eg har stole ei gryte i byen | 10 |
| s4 | Nei, det var i Trondheim eg stal den gryta | 10 |
| d1 | Nei, det var i Trondheim eg stal den gryta | 11 |
| s2 | Ja, eg har stole ei gryte i byen | 10 |
| s1 | Ja, eg har stole ei gryte i byen | 9 |
| d0 | Nei, det var i Trondheim eg stal den gryta | 10 |
| s2 | Ja, eg har stole ei gryte i byen | 12 |
| d4 | Ja, eg har stole ei gryte i byen | 9 |
| s1 | Ja, eg har stole ei gryte i byen | 10 |
| d3 | Nei, det var i Trondheim eg stal den gryta | 10 |
| s3 | Ja, eg har stole ei gryte i byen | 10 |
| d1 | Nei, det var i Trondheim eg stal den gryta | 10 |
| d2 | Nei, det var i Trondheim eg stal den gryta | 10 |
| s4 | Nei, det var i Trondheim eg stal den gryta | 10 |

Litteratur

- Abrahamsen, Jardar Eggesbø 1998a. Remarks on the oxytonic accentual pattern in a West Norwegian dialect. *Stefan Werner* (1998:23–33).
- Abrahamsen, Jardar Eggesbø 1998b. Ordaksent og andre tonar: ein kommentar. *Faarlund, Mæhlum og Nordgård* (1998:2–12).
- Alderete, John D. 1999. *Morphologically Governed Accent in Optimality Theory*. Doktoravhandling, Department of Linguistics, University of Massachusetts Amherst.
- Alnæs, Ivar 1916. *Norsk sætningsmelodi. Dens forhold til ordmelodien*. Kristiania: H. Aschehough & Co.
- Bakke, Camilla 2001. *I møte med vestnorske tonem. Ein studie av tonale trykkstrukturar i nokre vestnorske dialektar, og ei gruppe andre-språklege si tileigning av desse*. Hovudfagsoppgåve, Nordisk institutt, Universitetet i Bergen.
- Beckman, Jill N. 1998. *Positional Faithfulness*. Doktoravhandling, Department of Linguistics, University of Massachusetts Amherst.
- Benua, Laura 1997. *Transderivational Identity: Phonological Relations between Words*. Doktoravhandling, Department of Linguistics, University of Massachusetts Amherst.
- Beito, Olav T. og Ingeborg Hoff (red.) 1973. *Frå norsk målføregransking. Utvalde utgreiingar 1908–1963*. Oslo, Bergen, Tromsø: Universitetsforlaget.
- Benediktsson, Hreinn (red.) 1972. *The First Grammatical Treatise*. Reykjavík: University of Iceland.
- Bondevik, Jarle, Oddvar Nes og Terje Aarset (red.) 1992. *Sunnmørsgrammatikkane av Ivar Aasen*. Bergen: Norsk bokreidingslag.
- Bruce, Gösta og Eva Gårding 1978. A Prosodic Typology for Swedish Dialects. *Gårding, Bruce og Bannert* (1978:219–228).
- Bruce, Gösta 1998. *Allmän och svensk prosodi*. Institutionen för lingvistik, Lunds universitet.

- Brøndsted, Mogens 1967. *Dansk for normænd*. Oslo: Aschehoug.
- Bußmann, Hadumod 1990. *Lexikon der Sprachwissenschaft*. Stuttgart: Alfred Kröner Verlag.
- Chomsky, Noam og Morris Halle 1968. *The Sound Pattern of English*. New York: Harper and Row.
- Christiansen, Hallfrid 1954. Hovedinndelingen av norske dialekter. *Maal og Minne* 1954, 30–41. Attgjeven i Beito og Hoff (1973:39–48).
- Christiansen, Hallfrid [1976]. *Norske dialekter*. Oslo: Tanum-Norli.
- Cruttenden, Alan 1986. *Intonation*. Cambridge University Press.
- van Dommelen, Wim A. og Thorstein Fretheim (red.) 2001. *Nordic Prosody. Proceedings of the VIIIth Conference, Trondheim 2000*. Frankfurt am Main, Berlin, Bern, New York, Paris, Wien: Peter Lang Europäischer Verlag der Wissenschaften.
- Dresher, E. Elan og Aditi Lahiri 1991. The Germanic Foot: Metrical Coherence in Old English. *Linguistic Inquiry*, Volume 22, 2/1991, 251–286.
- Ekblom, R. 1930. *Zur Entstehung und Entwicklung der slavo-baltischen und der nordischen Akzentarten*. Uppsala: Almqvist & Wiksells boktryckeri. Leipzig: Otto Harrassowitz.
- Ekblom, R. 1933. *Die lettischen Akzentarten*. Uppsala: Almqvist & Wiksells boktryckeri; Paris: Libraire Anc. H. Champion; Leipzig: Otto Harrassowitz; Haag: Martinus Nijhoff.
- Engstrand, O. 1995. Phonetic interpretation of the word accent contrast in Swedish. *Phonetica* 52, 171–179.
- Fasold, Ralph 1992. *The Sociolinguistics of Society*. Blackwell.
- Fretheim, Thorstein 1981a. Intonational Phrasing in Norwegian. *Nordic Journal of Linguistics*, 111–137.
- Fretheim, Thorstein (red.) 1981b. *Nordic Prosody II. Papers from a Symposium*. Trondheim: Tapir.
- Fretheim, Thorstein 1987. Phonetically Low Tone–Phonologically High Tone, and Vice Versa. *Nordic Journal of Linguistics* 10, 35–58.

- Fretheim, Thorstein 1990. The Form and Function of Foot-External Syllables in Norwegian Intonation. Wiik og Raimo (1990:87–110).
- Fretheim, Thorstein 1993. Om ikoniske og ikke-ikoniske delmelodier i østnorske intonasjonsmønstre. *Det Kongelige Norske Videnskabers Selskabs Forhandlinger 1992*. Trondheim: Universitetsforlaget, 219–233.
- Fretheim, Thorstein og Arne Kjell Foldvik 1987. Accentuation and semantic specificity. Gregersen og Basbøll (1987:51–60).
- Faarlund, Jan Terje; Brit Mæhlum; Torbjørn Nordgård (red.) 1998. *MONS 7. Utvalde artiklar frå det 7. Møtet Om Norsk Språk i Trondheim 1997*. Oslo: Novus forlag.
- Goldsmith, John A. 1990. *Autosegmental and Metrical Phonology*. Oxford (UK), Cambridge (USA): Blackwell.
- Gregersen Kirsten og Hans Basbøll (red.): *Nordic Prosody IV*. 51–60.
- Gussenhoven, Carlos 2000. The lexical tone contrast of Roermond Dutch in Optimality Theory. Horne (2000:129–167).
- Gussenhoven, Carlos og Gösta Bruce 1999. Word prosody and intonation. van der Hulst (1999:233–271).
- Gårding, E. 1983. Superposition as an invariant feature of intonation. Innlegg på symposium om «Invariance and Variability», MIT.
- Gårding, Eva; Gösta Bruce; Robert Bannert (red.) 1978. *Nordic Prosody. Papers from a Symposium*. Department of Linguistics, Lund University.
- Haggard, Mark; Stephen Ambler; Mo Callow 1970. Pitch as a Voicing Cue. *The Journal of Acoustical Society of America* 47 (1970), 614–617.
- Hayes, Bruce 1989. The Prosodic Hierarchy in Meter. Kiparsky og Youmans (1989:201–260).
- Hayes, Bruce 1995. *Metrical Stress Theory. Principles and Case Studies*. Chicago: University of Chicago Press.
- Hofgaard, S.W. 1890. *Omrids af lydlæren*. Kristiania.
- Hognestad, Jan K. 1997. *Tonemer i en høytone-dialekt. En undersøkelse med utgangspunkt i Egersund bymål*. Oslo: Det Norske Samlaget.

- Horne, Merle 1995. Andre opponent. *Norsk Lingvistisk Tidsskrift* 1/1995. Oslo: Novus, 106–110.
- Horne, Merle (red.) 2000. *Prosody: Theory and Experiment. Studies Presented to Gösta Bruce*. Dordrecht – Boston – London: Kluwer Academic Publishers.
- van der Hulst, Harry og N. Smith (red.) 1982. *The Structure of Phonological Representations (Part I)*. Dordrecht: Foris.
- van der Hulst, Harry (red.) 1999. *Word Prosodic Systems in the Languages of Europe*. Berlin, New York: Mouton de Gruyter.
- Jahr, Ernst Håkon og Ove Lorentz (red.) 1983. *Prosodi/Prosody*. Oslo: Novus.
- Jensen, Martin Kloster 1956. «Høytone». *Opplegg til en systematikk*. Universitetet i Bergen: Årbok 1956. Historisk-antikvarisk rekke. Nr. 1.
- Johannessen, Janne Bondi 2001. Sammensatte ord. *Norsk Lingvistisk Tidsskrift* 1/2001. Oslo: Novus, 59–91.
- Kager, René 2001. *Optimality Theory*. Cambridge University Press.
- Kariņš, Arturs Krišjānis 1996. *The prosodic structure of Latvian*. Doktoravhandling, University of Pennsylvania.
- Katamba, Francis 1991. *An Introduction to Phonology*. London – New York: Longman.
- Kehrein, Wolfgang og Richard Wiese (red.) 1998. *Phonology and Morphology of the Germanic Languages*. Tübingen: Max Niemeyer Verlag.
- Kingston, J. og M.E. Beckman (red.) 1990. *Papers in Laboratory Phonology, vol. I*. Cambridge: Cambridge University Press.
- Kiparsky, P. og G. Youmans (red.) 1989. *Rhythm and Meter*. Orlando, FL: Academic Press.
- Kristoffersen, Gjert 1992. Tonelag i sammensatte ord i østnorsk. *Norsk Lingvistisk Tidsskrift* 1/1992. Oslo: Novus, 39–65.
- Kristoffersen, Gjert 1995. Første opponent. *Norsk Lingvistisk Tidsskrift* 1/1995. Oslo: Novus, 91–105.

- Kristoffersen, Gjert 2000. *The Phonology of Norwegian*. Oxford University Press.
- Ladd, D. Robert 1998. *Intonational phonology*. Cambridge University Press.
- Lasmane, Valentine 1981. *Översikt över lettisk grammatik*. Stockholm: Lettiska Centralrådet i Sverige/Zvedrijas Latviešu Centrālās.
- Liberman, Mark 1975. *The Intonational System of English*. Doktoravhandling, Massachusetts Institute of Technology, Cambridge.
- Liberman, Mark og Alan Prince 1977. On Stress and Linguistic Rhythm. *Linguistic Inquiry* 8, 249–336.
- Lorentz, Ove 1981. Adding tone to tone in Scandinavian dialects. *Fretheim* (1981b:166–180).
- Lorentz, Ove 1995. Tonal Prominence and Alignment. *Phonology at Santa Cruz* 4, 39–56.
- Louis-Jensen, Jonna og Hendrik W. Poulsen (red.) 1992. *The Nordic languages and modern linguistics: proceedings of the Seventh International Conference of Nordic and General Linguistics in Tórshavn, 7–11 August 1989*. Vol. II. Tórshavn: Føroya Fróðskaparfelag.
- McCarthy, John J. 2002. *A Thematic Guide to Optimality Theory*. Cambridge University Press.
- Mo, Eilert 1923. *Tonelagstilhøve i rindalsk. Med umtale av nokre eksperimentale freistnader på Det Fonetiske Institutt*. Melding til Det Akademiske Kollegium, Kristiania. (Videnskapselskapets Forhandlinger 1922 nr. 1.) Kristiania: Jacob Dybwad.
- Nespor, M. og I. Vogel 1982. Prosodic Domains of External Sandhi Rules. van der Hulst og Smith (1990:225–255)
- Nespor, M. og I. Vogel 1986. *Prosodic Phonology*. Dordrecht: Foris.
- Nilsen, Randi Alice 1988. *On prosodically marked information structure in spoken Norwegian*. Hovudfagsoppgåve, Lingvistisk institutt, Universitetet i Trondheim.
- Nilsen, Randi A. 1992. *Intonasjon i interaksjon — sentrale spørsmål i norsk intonologi*. Universitetet i Trondheim.

- Nilsen, Randi A. 1995. Svar frå doktoranden. *Norsk Lingvistisk Tidsskrift* 1/1995. Oslo: Novus, 111–122.
- Nilsen, Randi Alice 2001. “Borderline Cases”. Tonal characteristics of some varieties of spoken South Norwegian. van Dommelen og Fretheim (2001:173–186).
- Nilsen, Randi Alice og Thorstein Fretheim 1992. The East Norwegian “No Big Deal” Intonation. Louis-Jensen og Poulsen (1992:453–463).
- Odden, David 2001. Tone Shift and Spread in Taita I. *Studies in African linguistics* 30, 75–110.
- Pierrehumbert, Janet og Mary Beckman 1988. *Japanese Tone Structure*. Cambridge, London: The MIT Press.
- Riad, Tomas 1996. Remarks on the Scandinavian tone accent typology. *Nordlyd* 24, 1996, 129–156.
- Riad, Tomas 1998. Towards a Scandinavian accent typology. Kehrein og Wiese (1998:77–109).
- Richards, Jack; John Platt; Heidi Weber 1985. *Dictionary of Applied Linguistics*. Longman.
- Roca, Iggy 1994. *Generative Phonology*. London, New York: Routledge.
- Sandøy, Helge 1986. Trykk og tonem i dialekten i Ytre Romsdal. *Norsk Lingvistisk Tidsskrift* 1–2/1986. Oslo: Novus forlag, 133–142.
- Selkirk, Elisabeth O. 1981. On Prosodic Structure and its Relation to Syntactic Structure. Fretheim (1981b:111–140).
- Selkirk, Elisabeth O. 1984. *Phonology and Syntax: The Relationship between Sound and Structure*. Cambridge, MA: MIT Press.
- Selkirk, Elisabeth O. 1990. On the Nature of Prosodic Constituency. Kingston og Beckman (1990:179–200).
- Selmer, Ernst W. 1921. *Tonelag og tonefald i Bergens bymaal*. (Videnskapsselskapets Skrifter. II. Hist.-filos. Klasse. 1921. No. 8.) Kristiania: Jacob Dybwad.
- Selmer, Ernst W. 1948. *Sunnmøre-studier*. (Avhandlinger utgitt av Det Norske Videnskaps-Akademi i Oslo. II. Hist.-filos. klasse. 1948. No. 2.) Oslo: Jacob Dybwad.

- Silverman, Kim 1986. F₀ Segmental Cues Depend on Intonation: The Case of the Rise after Voiced Stops. *Phonetica* 43, 3/1986, 76–91.
- Slethei, Kolbjørn 1996. *Grunnbok i fonetikk for språkstudenter*. Cappelen Akademisk Forlag.
- Tronstad, Ingunn 1995. *Myter og realiteter om norsk intonasjon*. Hovudfagsoppgåve, Institutt for nordistikk og litteraturvitskap, Universitetet i Trondheim.
- Vanvik, Arne 1956. Norske tonelag. *Maal og Minne* 1956:92–102. Attgjeven i Jahr og Lorentz (1983:209–219).
- Vanvik, Arne 1986. *Kort innføring i fonetikk*. Oslo, Bergen, Stavanger, Tromsø: Universitetsforlaget.
- Werner, Stefan (red.) 1998. *Nordic Prosody VII. Proceedings of the VIIth Conference, Joensuu 1996*. Frankfurt am Main, Berlin, Bern, New York, Paris, Wien: Peter Lang Europäischer Verlag der Wissenschaften.
- Wiik, Kalevi og Ilkka Raimo (red.) 1990. *Nordic Prosody V*. Turku: Painosalama.
- Worren, Dagfinn 1980. Om bortfall av palatal nasal på Søre Sunnmøre. *Maal og Minne*. Oslo: Bymålslaget, 193–214.
- Yip, Moira 2002. *Tone*. Cambridge University Press.
- Aasen, Ivar 1996 (utg. Terje Aarset). *Det norske Folkesprogs Grammatik*. Høgskulen i Volda.

